HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Kommunestyret
**Møtestad:** Kommunestyresalen Herøy rådhus
**Dato:** 29.08.2013
**Tid:** 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 21.08.2013

Arnulf Goksøyr
ordførar

# OFFENTLEG SAKLISTE:

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 92/13 | Godkjenning av innkalling og sakliste. |
| PS 93/13 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 94/13 | Delegasjonssaker |
| PS 95/13 | Referatsaker |
| PS 96/13 | Skatterekneskapen 2012 |
| PS 97/13 | Reguleringsendring for Vågsholmen - Sluttbehandling |
| PS 98/13 | Reguleringsplan Nærøykrysset FV 18 - Behandling av klage på vedtak |
| PS 99/13 | Detaljreguleringsplan for Hjelmeset 3. Klage på kommunestyret sitt vedtak |
| PS 100/13 | Reguleringsplan for FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg, alt. 2. Klage på kommunestyret si godkjenning i K-sak 49/13. |
| PS 101/13 | Campus Fosnavåg. Godkjenning av grunnavtale. |
| PS 102/13 | Skilting av kommunale vegar og gater. Behov for løyving. |
| PS 103/13 | Økonomisk avslutning prosjekt 51005 avløpsanlegg Eggesbønes |
| PS 104/13 | Oppretting av stillingar i bu og habiliteringsavdelinga, Toftetunet avl. |
| PS 105/13 | Oppretting av midlertidig stillingar ved barn, familie og helseavdelinga. |
| PS 106/13 | Val av to representantar frå formannskapet til arbeidsgruppe for Byutviklingsprosjekt - Fosnavåg by. |
| PS 107/13 | Permisjon frå politiske verv. |

| | |
|---|---|
| | Delegasjonssaker frå avdelingane |
| DS 169/13 | Unni Hjørdis Evensen og Roar Evensen 11/143 - Rammeløyve for oppføring av to rorbuer. |
| DS 170/13 | Amalie Leikanger/Ole-Ottar K. Høgstavoll 46/71/2 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - utviding terrasse. |
| DS 171/13 | Bjørg Sæter -78/8 - Løyve til riving av eldre bygningar |
| DS 172/13 | Gnr 60 Bnr 46 - Frådeling av bustadtomt |
| DS 173/13 | Søknad om å ta skjenkeløyvet ut av lokalet i samband med Maritim sommarfestival - Hotel Neptun |
| DS 174/13 | Gnr 9 Bnr 12 -Frådeling av 2 bustadtomter |
| DS 175/13 | Aksel Lervik 48/82 - Løyve til tiltak fylling, båtsoppstillingsplass. |
| DS 176/13 | Peter Lind 8/44 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - tilbygg til løe. |
| DS 177/13 | Kristin Rønnestad - 37/81 og 94 - Takoverbygg |
| DS 178/13 | Ole-Anton Arhaug 16/58 - Løyve til tiltak - ny uteplass/altan. |
| DS 179/13 | Unni Hjørdis Evensent - 11/51 - ferdigattest |
| DS 180/13 | Svar på søknad om skjenkebevilling - enkeltanledning/ambulerande |
| DS 181/13 | Helge Sande 14/8 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - utfyllyng av nausttomt og utlegging av flytebrygge |

| | |
|---|---|
| DS 182/13 | Herøy Byggsenter as - 23/2 - opparbeiding av tomter/planering |
| DS 183/13 | Kristin M Rønnestad - 37/81 og 94 - Ferdigattest |
| DS 184/13 | Herøy kommune 36/16 - Igangsetjingsløyve - nytt kloakk renseanlegg. |
| DS 185/13 | Kjetil Jøsok og Magnar Jøsok - 82/45 og 46 - Utvida fylling i sjø |
| DS 186/13 | Herøy Byggsenter AS 24/85 - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket |
| DS 187/13 | Karl Kristian Storøy 16/118 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus |
| DS 188/13 | Geir Knotten 45/166 - Rammeløyve bustadhus |
| DS 189/13 | Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Løyve til oppføring av tomannsbustad med garasje |
| DS 190/13 | Kjøp av gnr 29 bnr 349 på Bergsøya |
| DS 191/13 | Kjøp av tomt gnr 12 bnr 309 |
| DS 192/13 | Frode Njål Hide - 35/158 - Overbygg terrasse |
| DS 193/13 | Huldal barnehage SA 34/508,365 - Løyve til tiltak - tilbygg barnehage. |
| DS 194/13 | Endre Rolf Riise - 26/88 - Løyve til oppføring av einebustad |
| DS 195/13 | Erik Andre Bakke 29/140 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett. |
| DS 196/13 | Kjøp av boligtomt. 45/158 Dragsund |
| DS 197/13 | Maria Elena Nilsen 31/40 Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg til bustadhus, riving av gamal garasje og bygging ny garasje |
| DS 198/13 | Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket |
| DS 199/13 | Fosnavåg Vekst AS 34/5 mfl - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket |
| DS 200/13 | Gnr 22 Bnr 20,34 og 35- Frådeling av næringsareal |
| DS 201/13 | Gnr 37 Bnr 5 og 26 - Frådeling av veggrunn |
| DS 202/13 | Maria Lewell og Arild Helsem Kvalsund - 4/328 - Endra plassering av bygg |
| DS 203/13 | Peter Lind 8/44 - Løyve til tiltak, oppføring av garasje |
| DS 204/13 | Ferdigattest - 22/58 - MMC Tendos as |
| DS 205/13 | Terje Lima - 30/94 - Oppføring av Garasjebygg |
| DS 206/13 | Torunn Torgersen Bjørlykke og Jan Erik Bjørlykke - 34/538 og 54 - Endring av tidlegare gitt løyve |
| DS 207/13 | Jon Kvalsund 5/52,53 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg og levegg. |
| DS 208/13 | Linda Arnesen og Endre Tjervåg 56/94 - Løyve til tiltak - oppføring av garasje. |
| DS 209/13 | Stian Kvalsvik 37/240 Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg og fasadeendring. |
| DS 210/13 | Fluda Eiendom as - 25/47 - Tilbygg |
| DS 211/13 | Eileen Gjerde og Frode Rougnø - 45/170- Rammeløyve |
| DS 212/13 | Gnr 26 Bnr 169 - Frådeling av tilleggsareal tilgnr 26 bnr 73 |
| DS 213/13 | Gnr 60 Bnr 252 - Frådeling av nausttomt |
| DS 214/13 | Gnr 79 Bnr 31 -Frådeling av tilleggsareal til gnr 79 bnr 134 |
| DS 215/13 | Maria Lewell og Arild Helsem Kvalsund 4/328 - Løyve til oppføring av bustadhus m/garasje |

| | |
|---|---|
| DS 216/13 | Gnr 60 Bnr 22 - Frådeling av bustadtomt. |
| DS 217/13 | Gnr 24 Bnr 2 - Deling av tomt til høgdebasseng. |
| DS 218/13 | Gnr 25 Bnr 9 og bnr 11 - Frådeling av 2 bustadtomter. |
| DS 219/13 | ferdigattest - 38/280 |
| DS 220/13 | Guttorm Rabben - 59/50 - Løyve til endring |
| DS 221/13 | Øyvind Jøsok - 86/1 og 17 - sel |
| DS 222/13 | Sidsel Skorpen - 36/97 seksjon 4 - tilbygg carport |
| DS 223/13 | Aurvoll og Furesund AS 35/148 og 34/399 - Løyve til tiltak - masseutskifting |
| DS 224/13 | Kirsti Hammerø og John Normann Pettersen - 22/56 - Ferdigattest |
| DS 225/13 | Serveringsløyve - Det Lille Hjørnet |
| DS 226/13 | Siv Midtlien/Are Pilskog 82/5 - Løyve til tiltak - oppføring av naust |
| DS 227/13 | Mellombels bruksløyve - 29/151- 2 etg Bergsøy Klubbhus |
| DS 228/13 | Vegard Hide 4/303 - Løyve til oppføring av garasje |
| DS 229/13 | Eva Janne Djupvik 44/7 - Løyve til oppføring av nytt tilbygg |
| DS 230/13 | Pål-Ove Husøy 4/318 - Løyve til oppføring av nytt bustadhus |
| DS 231/13 | Herøy Byggsenter AS 4/307 - Igangsettingsløyve resterende arbeid |
| DS 232/13 | Herøy Byggsenter AS 4/306 - Igangsetjingsløyve resterande delar av tiltaket |
| DS 233/13 | Bente Larsen Nerland 16/131 - Løyve til utviding av terrasse |
| DS 234/13 | Geir Knotten 45/166 - Igangsettingsløyve for grunnarbeid |
| DS 235/13 | Ørsta Byggservice AS 37/493 - Løyve til oppføring av 2-manns bustad med carport m/bod |
| DS 236/13 | Arne Sandvik 83/101 - Ferdigattest fritidsbustad |
| DS 237/13 | Herøy Byggsenter as - 24/85 - Igangsetting delar av tiltak |
| DS 238/13 | Gnr 4 Bnr 4 -Frådeling av grunn til gravplass |
| DS 239/13 | Andre Nerlid Gjerde - 58/39 - ferdigattest |
| DS 240/13 | Rune Moltu - 54/71 - Igangsettingsløyve byggearbeid naust |
| DS 241/13 | Gnr 6 Bnr 32 - Løyve til tiltak- påbygg bustadhus |
| DS 242/13 | Jan Erik Sundnes 25/7 - Løyve til deling grunneigedom - tilleggsareal til gnr 25 bnr 16 |
| DS 243/13 | Søknad om utvida skjenketid f.o.m. 31.08.2013 t.om. 01.09.2013 til kl. 02:00 |
| DS 244/13 | Roar Sandvik - 40/74 - Igangsettingsløyve |
| DS 245/13 | Søknad om utvida skjenketid 14.06. - tom 16.06. 2013 - Fosnavåg Brygge |
| DS 246/13 | Åslaug Hildre 45/156 - Løyve til tiltak, oppføring av bustadhus. |
| DS 247/13 | Bygg & System Eigedom AS 23/29 - Løyve til endring av fasade |
| DS 248/13 | Einedalen skule - 24/74 - Løyve til grunnarbeid og betongarbeid for nytt tilbygg |
| DS 249/13 | Gnr 31 Bnr 7 og 9 - Frådeling av 3 bustadtomter |
| DS 250/13 | Vegard Sævik/Johanne Leine Sævik 26/207 - Igangsettingsløyve for deler av grunnarbeid - fjerning av jordmasser på tomta |
| DS 251/13 | Jarleif Igesund 31/7 - Løyve til opparbeiding av bustadtomt |

| | |
|---|---|
| DS 252/13 | Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Igangsettingsløyve for deler av betongarbeidet |
| DS 253/13 | Igangsettingsløyve for riving av bygning på gnr 29 bnr 71 |
| DS 254/13 | Gnr 76 Bnr 105 - Frådeling av areal til sameiget på Budaneset. |
| DS 255/13 | Trond Nærø 37/389 - Løyve til tiltak - oppføring av leveggar m/takoverbygg som tilbygg til bustadhus |
| DS 256/13 | Gnr 62 Bnr 27 - Frådeling av 3 nausttomter |
| DS 257/13 | Kjøp av gnr 26 bnr 200 Leinøy |
| DS 258/13 | Einedalen skule 24/74 - Oppføring av tilbygg - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket |
| DS 259/13 | Petter Oskar Pettersen Notø 40/6 - Rammeløyve for oppføring av fritidsbustad |
| DS 260/13 | Bård Kvalsund og Siv Jensen -29/296 - Utekjøkken 12m2 |
| DS 261/13 | Geir Knotten 45/166 - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket |
| DS 262/13 | Svein Olav Hatlen - 30/74 - Drivhus |
| DS 263/13 | Meison Mosavi og Nazem Ali Razi 21/12 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 21, bnr 29 og 30 |
| DS 264/13 | Arne Andreas Kvalsund 4/127 - Bruksendring |
| DS 265/13 | Knut Tandberg 79/107 - Løyve til tiltak - tak over del av veranda. |
| DS 266/13 | John Arne og Irene Winsnes 81/1 - Feridattest |
| DS 267/13 | Havyard House 34/526 - Ferdigattest for ombygging av 1.etg til kontor |
| DS 268/13 | Andre Fugledal Kvalsund 4/304 - Mellombels bruksløyve for 1.etg og garasje |
| DS 269/13 | Aina og Oddvin Nilsen 36/116 - Mellombels bruksløyve. |
| DS 270/13 | Oddlaug og Johannes Kleppa 6/12 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg |
| DS 271/13 | John Arne 81/1 - Ferdigattest |
| DS 272/13 | Per-Arne Herskedal - Løyve til til tiltak - Garasje og hagestove - Gnr. 36 bnr. 85 seksjon 2. |
| DS 273/13 | Asbjørn Myklebust - Løyve til tiltak - Rehabilitering skorstein - Gnr. 37 bnr. 334 i Herøy. |
| DS 274/13 | Delegert vedtak - sal av gnr. 26 bnr. 208 på Leine til Eldar og Inger-Lise Lillerovde |
| DS 275/13 | Helge Toreson Remøy 38/233 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg bustadhus |
| DS 276/13 | Serverings- og/eller skjenkebevilling |
| DS 277/13 | Einedalen skule 24/74 - Mellombels bruksløyve for tilbygg |

| | |
|---|---|
| | Referatsaker |
| RS 29/13 | Årsrekenskap 2012 Stiftinga Sunnmøre Museum |
| RS 30/13 | Bestilling av arkeologisk utgraving - Innfartsveg frå Myklebust til Campus. |
| RS 31/13 | Årsrapport 2012 Den offentlege tannhelsetenesta. |

PS 92/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 93/13 Protokoll frå førre møte.

PS 94/13 Delegasjonssaker

PS 95/13 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Skatteavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | JD | Arkivsaknr: | 2013/251 |
| | | Arkiv: | 203 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 132/13 | Formannskapet | 20.08.2013 |
| 96/13 | Kommunestyret | 29.08.2013 |

## SKATTEREKNESKAPEN 2012

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013**

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2012 til vitande.

**<u>Tilråding:</u>**

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2012 til vitande.

Særutskrift:

Skatteoppkrevjaren i Herøy
Kontrollutvalet i Herøy
Skatt Midt-Norge

**Vedlegg:**

Herøy kommune, Kontrollutvalet, Uttale i sak 09/13.
Skatt Midt-Norge, Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Herøy kommune.
Skatteoppkrevjaren i Herøy, Årsmelding 2012 og Årsrekneskap 2012.
Nordre Sunnmøre kemnerkontor, Årsmelding interkommunal arbeidsgjevarkontroll.

**Saksopplysningar:**

Skatterekneskapen for 2012 syner ein total skatteinngang i Herøy kr 1 520 165 300. Dette er ei auke med kr 218 871 750 samanlikna med 2011.

Det vart innbetalt skatt frå personlege skattytarar kr 800 515 942. Dette er ei auke med kr 104 194 688 eller 15,0 % samanlikna med 2011.
Skatt frå upersonlege skattytarar (selskapsskatten) vart kr 379 781 486, ei auke med kr 77 984 465 eller 25,8 % samanlikna med 2011.
Det vart innkravd arbeidsgjevaravgift kr 336 618 504, ei auke med kr 42 966 865 eller 14,6 % frå 2011.

Herøy kommune sin del av skatteinngangen i 2012 er kr 242 141 463. Dette er ei auke med kr 28 052 061eller 13,1 % frå 2011.

Skatteinngangen vart i 2012 høgare enn kommunen hadde budsjettert med i sitt budsjett for 2012. Kommunen hadde i utgangspunktet budsjettert med ein skatteinngang på 217,5 mill.kr, men budsjettet vart seinare korrigert til 240,0 mill.kr i desember 2012.

Det er i 2012 halde arbeidsgjevarkontroll hjå 3,4 % av arbeidsgjevarane i kommunen. Dette er ein vesentleg forbetring samanlikna med 2011, då berre 0,9 % av arbeidsgjevarane vart kontrollerte.
Kontrollfrekvensen er framleis ikkje høg nok til å tilfredstille kravet til kontrollfrekvens som er 5,0 %.

Det vert synt til årsmelding 2012 for meir detaljerte opplysningar.

**Vurdering og konklusjon:**

Skatterekneskapen er ført etter gjeldande regelverk, og skatteinngangen til kommunen i 2012 er den beste kommunen nokon gong har hatt.

Skatteinngangen syner ein god vekst på alle dei store skatteartane; arbeidsgjevaravgift, skatt frå personlege skattytarar, og skatt frå upersonlege skattytarar (selskapsskatten). Særleg positivt for kommunen er den sterke veksten i skatt frå personlege skattytarar. Det er frå denne skattearten at kommunen får det aller meste av sine skatteinntekter.

Restanseutviklinga er og i hovudsak positiv. Skatteoppkrevjaren i Herøy hadde ved årsskiftet uteståande krav kr 14 872 481. Restansen er redusert med kr 2 581 432 samanlikna med førre år. Når det gjeld effektiviteten i innkrevjinga, så er alle resultatkrav som er sett av Skatt Midt-Norge oppfylt.

Arbeidet med arbeidsgjevarkontrollen oppfyller heller ikkje i 2012 kravet til kontroll av 5,0 % av arbeidsgjevarane i kommunen. Det vart i 2012 halde kontroll hjå 3,4 % av arbeidsgjevarane i kommunen, ein sterk vekst samanlikna med 2011, då resultatet vart 0,9 %.
Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av ei interkommunal kontrollordning administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund. Herøy kommune kjøper kontrolltenester tilsvarande 0,5 årsverk frå denne kontrollordninga. Ein har som ei klar målsetjing å klare kravet med dei ressursar ein er tildelt, men knappe ressursar gjer ein sårbar for fråvær grunna sjukdom og andre vakansar.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 26.07.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jan Driveklepp
Skatteoppkrevjar

Sakshandsamar: Jan Driveklepp

## HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

**UTSKRIFT**

**frå**

**MØTEBOK**

| Utval: | Sak nr.: | Arkiv: | Møtedato: |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Herøy kommune | 09/13 | HE 01-13 SAK 09-13 | 04.03.2013 |

**SAK 09/13 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2012 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN**

**Samrøystes vedtak/uttale:**
Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, skatterekneskapen og årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll vedkomande Herøy kommune for 2012.

Rett utskrift
Åram, 18. mars 2013

Ida B Marholm
Ida Birgitte Marholm
Sekretær

**Utskrift til:** **Rådmannen – for vidare saksbehandling til formannskap og kommunestyret**
**Skatteoppkrevjaren**

# VEST KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT(VKUS)

26.02.13

**Kontrollutvalet**

**SAK 09/13 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2012 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN**

**Vedlegg:**

- Kontrollrapport 2012 frå Skatteetaten, av 15.02.13
- Årsmelding 2012 Skatteoppkrevjaren, av 14.01.13
- Årsrekneskap 2012 for skatterekneskapen, av 14.01.13
- Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2012, av 18.01.13

**Saksopplysning/saksutgreiing:**
Eg viser til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren, skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna intern kontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og framlegginga av rekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

- Det er ikkje kome noko som ikkje er tilfredsstillande.

Innkrevjinga/skatteinngangen:

- Det vert vist til Skatteetaten sin kontrollrapport, pkt. 2. og
- årsmeldinga frå Skatteoppkrevjaren pkt. 3, samt skatterekneskapen.
- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2012 er kr 242.141.463. I 2011 var den kr 214.089.402, ein auke på kr 28.052.061, dvs. 13,1 %. Den budsjetterte skatteinngangen for kommunen var kr 240 mill. i 2012.
  Dette er tilhøve som ein føreset at rådmannen kjem tilbake til i kommunen sin årsmelding og i kommunerekneskapen for 2012.

Postadresse: Hakallestranda, 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: jostein@vkus.no
Telefon: 70025900
Telefaks: 70025901
Mobil: 90187950

# VEST KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT(VKUS)

**Forslag til vedtak/uttale:**

1. Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, skatterekneskapen og årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll vedkomande Herøy kommune for 2012.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Postadresse: Hakallestranda, 6149 Åram
Organisasjonsnr: 987 829 257
Bankkonto: 3910.26.35373
E-postadresse: jostein@vkus.no
Telefon: 70025900
Telefaks: 70025901
Mobil: 90187950

**Skatteetaten**

| Saksbehandlar | Dykkar dato | Vår dato |
|---|---|---|
| Solmaz Abbasisarijlou | | 05.03.2013 |
| **Direkte tlf** | **Dykkar referanse** | **Vår referanse** |
| 90560213 | | 2012/159354 |

Kommunestyret i Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

# Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjar-funksjonen for Herøy kommune

## 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søkjer gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.


| Postadresse | Besøksadresse | Sentralbord |
|---|---|---|
| Postboks 2060 | Sjå www.skatteetaten.no | 800 80 000 |
| 6402 Molde | Org. nr: : 991733116 | Telefaks |
| For elektronisk henvendelse se www.skatteetaten.no | | 71 19 51 01 |

# 2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

## 2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Herøy kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang[1] til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 1 520 165 300 og uteståande restansar[2] på kr 14 872 481. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 14. januar 2013.

## 2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Herøy kommune. Resultata viser følgjande:

| | Totalt innbetalt i MNOK: | Innbetalt av sum krav (i %): | Resultat-krav (i %): | Innbetalt av sum krav (i %) førre år: | Innbetalt av sum krav (i %) regionen: |
|---|---|---|---|---|---|
| Restskatt personlege skattytarar 2010: | 29,8 | 99,7 % | 97,0 % | 99,1 % | 94,8 % |
| Arbeidsgjevaravgift 2011: | 303,8 | 99,9 % | 99,9 % | 99,9 % | 99,8 % |
| Forskotskatt personlege skatteytarar 2011: | 57,9 | 99,9 % | 99,5 % | 99,9 % | 99,3 % |
| Forskotstrekk 2011: | 786,7 | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 99,9 % |
| Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011: | 204,9 | 100,0 % | 99,9 % | 99,8 % | 100,0 % |
| Restskatt upersonlege skattytarar 2010: | 143,2 | 100,0 % | 99,9 % | 99,5 % | 99,5 % |

## 2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Herøy kommune kjøper arbeidsgjevarkontrollar tilsvarande 0,5 årsverk av Nordre Sunnmøre interkommunale kontrollordninga.

Resultatet for kommunen per 31. desember 2012 viser følgjande:

| Tal arbeidsgjevarar | Minstekrav 5 % | Tal utførte kontrollar 2012: | Utført kontroll 2012 (%) | Utført kontroll 2011 (%) | Utført kontroll 2010 (%) | Utført kontroll 2012 i region (%) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 436 | 22 | 15 | 3,4 % | 0,9 % | 0,7 | 4,5 % |

[1] Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane
[2] Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

## 2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

| Tal årsverk 2012 | Tal årsverk 2011 | Tal årsverk 2010 |
|---|---|---|
| 1,7 | 1,4 | 1,7 |

# 3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 25. april 2012. Stadleg kontroll for området arbeidsgjevarkontroll vart halden ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor 22.-23. januar 2013.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på tilråding som er gjevne.

# 4. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, retningsliner og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

## 5. Ytterligare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gitt tilråding som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 2. mai 2012.

Venleg helsing

Stein-Ove Hjortland
*fung. avdelingsdirektør*
Skatt Midt-Norge

Ida Moen

Kopi til:
- Kontrollutvalet i Herøy kommune
- Skatteoppkrevjaren i Herøy kommune
- Riksrevisjonen

# SKATTEOPPKREVJAREN I HERØY

# ÅRSMELDING 2012



Frå øya Herøy imot Stadt Foto: Wenche Moltu



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

**INNHALD**


| | | |
|---|---|---|
| **DEL 1:** | **GENERELT OM SKATTEOPPKREVJAREN SITT ARBEID** | **Side 3** |
| **1.1** | **Skatteoppkrevjarkontoret** | **Side 3** |
| 1.1.1 | Ressursar | Side 3 |
| 1.1.2 | Organisering | Side 3 |
| 1.1.3 | Ressursar og kompetanse | Side 3 |
| **1.2** | **Intern kontroll** | **Side 4** |
| **1.3** | **Vurdering av skatteinngangen** | **Side 4** |
| 1.3.1 | Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret | Side 4 |
| 1.3.2 | Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret | Side 6 |
| **1.4** | **Skatteutval** | **Side 6** |
| **DEL 2:** | **SKATTEREKNESKAPEN** | **Side 7** |
| **2.1** | **Avlegging av skatterekneskapen 2012** | **Side 7** |
| **2.2** | **Margin** | **Side 7** |
| 2.2.1 | Margin for inntektsåret 2011 | Side 7 |
| 2.2.2 | Margin for inntektsåret 2012 | Side 7 |
| 2.2.3 | Kommentar til marginavsetnaden | Side 7 |
| **DEL 3:** | **INNKREVJING AV KRAV** | **Side 8** |
| **3.1** | **Restanseutviklinga** | **Side 8** |
| 3.1.1 | Totale restansar og berostilte krav | Side 8 |
| 3.1.2 | Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar | Side 8 |
| 3.1.3 | Restansar eldre år | Side 10 |
| 3.1.4 | Kommentar til restansar og restanseoppfølging for eldre år | Side 10 |
| **3.2** | **Innkrevjinga sin effektivitet** | **Side 11** |
| 3.2.1 | Vurdering av kontoret sine resultat pr 31.12.2012 | Side 11 |
| 3.2.2 | Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat | Side 11 |
| 3.2.3 | Omtale av spesielle tilhøve | Side 11 |
| 3.2.4 | Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga | Side 11 |
| **3.3** | **Særnamskompetanse** | **Side 11** |
| **DEL 4:** | **ARBEIDSGJEVARKONTROLL** | **Side 12** |
| **4.1** | **Organisering av arbeidsgjevarkontrollen** | **Side 12** |
| **4.2** | **Planlagde og gjennomførte kontrollar** | **Side 12** |
| **4.3** | **Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen** | **Side 12** |
| **4.4** | **Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen** | **Side 12** |
| **4.5** | **Samarbeid med andre kontrollaktørar** | **Side 12** |
| **4.6** | **Gjennomførte informasjonstiltak** | **Side 13** |
| **Vedlegg:** | **Årsrekneskap 2012** | **Side 14** |
| | **Forklaring til årsrekneskapen** | **Side 15** |




Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# DEL 1: GENERELT OM SKATTEOPPKREVJAREN SITT ARBEID

## 1.1. SKATTEOPPKREVJARKONTORET

### 1.1.1. Ressursar

| Ressursfordeling | Årsverk | %-andel fordelt |
|---|---|---|
| Antal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre vert nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen, inklusiv arbeidsgjevarkontroll | 1,70 | 100,0 % |
| Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk | -------------- | ------------- |
| Skatterekneskap | 0,20 | 11,7 % |
| Innkrevjing av skatt/arbeidsgjevaravgift | 0,80 | 47,1 % |
| Kontroll av arbeidsgjevarar. Vart utført av interkommunal kontrollordning lokalisert i Ålesund. | 0,50 | 29,4 % |
| Informasjon og rettleiing overfor skatte- og avgiftspliktige samt rekneskapsførarar/revisorer | 0,10 | 5,9 % |
| Skatteutval | 0,00 | 0,0 % |
| Administrasjon | 0,10 | 5,9 % |
| Sum | 1,70 | 100,0 % |

### 1.1.2. Organisering

Avdelinga er lokalisert i økonomiavdelinga på rådhuset i Fosnavåg. Servicetorget i kommunen står for skranketeneste og resepsjonsfunksjonar medan fellessekretariatet har postfunksjonen. Administrativt går avdelinga inn under kommunen si økonomiavdeling med økonomileiaren som næraste administrative overordna. Til 31.07.2006 hadde økonomileiaren også skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen. Frå 01.08.2006 er det oppnemnt eigen skatteoppkrevjar i Herøy kommune.

Skatteoppkrevjar førar sjølv skatterekneskapen og står for innkrevjing av skattar og arbeidsgjevaravgift. Skatteoppkrevjar arbeidar i 100 % stilling der omlag 90 % vert nytta til arbeid vedkomande skatt. Skatteoppkrevjar har 10 % konsulentstilling og 20 % sekretærstilling tilgjengeleg i tillegg til eiga stilling. I tillegg kan økonomileiar vikariere ved behov.

Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av interkommunal kontrollordning som er lokalisert ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund. Skatteoppkrevjaren i Herøy kom inn i denne kontrollordninga 15.september 2011. 2012 er det første heile året der skatteoppkrevjaren i Herøy kjøper kontrolltenester frå Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Det vert kjøpt kontrolltenester tilsvarande 0,5 årsverk.

Skatteoppkrevjaren er fagleg underlagt Skattedirektoratet, med regionkontoret Skatt-Midt i Trondheim som næraste faglege overordna.

Skatteoppkrevjar har i tillegg ansvaret for innkrevjing av kommunale krav.

Det har i 2012 vore eit lavt sjukefråvær blant dei tilsette ved skatteoppkrevjarkontoret i Herøy. Arbeidsmiljøet vert vurdert å vere godt.

### 1.1.3. Ressursar og kompetanse

Frå 03.12.2007 nyttar Skatteoppkrevjaren i Herøy "SOFIE" som skatterekneskap. "SOFIE" er eit landsomfattande skatterekneskap som er utvikla etter bestilling av Skattedirektoratet, og som alle skatteoppkrevjarane i Norge nyttar. SOFIE er eit svært godt verktøy i arbeidet med skatterekneskapen, og har medført ein sterk reduksjon i kostnadene til skatteinnkrevjing for Herøy kommune. Kompetansen i bruk av SOFIE vert i dag vurdert som svært god.



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

### 1. Skatterekneskapen
Kompetanse vedkomande føring av skatterekneskapen vert vurdert som svært god. Det er få feil i skatterekneskapen, og skatterekneskapen vert korrekt ført og avstemt.

Ressursane til føring av skatterekneskapen er knappe, og ein er avhengig av ekstraarbeid for å vere ajour i periodar. Særleg gjeld dette i tida januar – mars. Dette ekstraarbeidet vert utført innan kommunen sitt fleksitidsreglement, og har ikkje medført ekstra kostnader til overtid.

### 2. Innkrevjing
Kompetanse vedkomande innkrevjing av skatt og avgift vert vurdert som svært god. Ein deltek på dei kurstilbod som Skatt Midt tilbyr. Dette er kurs som er tilnærma gratis for kommunen. Kursa har god fagleg kvalitet, og gjev og høve til å møte kollegaer i andre kommunar.

### 3. Arbeidsgjevarkontroll
Kompetanse vedkomande arbeidsgjevarkontroll vert vurdert som svært god. Denne personalressursen vert kjøpt av Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Frå 15.09.2011 deltek skatteoppkrevjaren i Herøy i ei interkommunal kontrollordning administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor lokalisert i Ålesund. Skatteoppkrevjaren i Herøy sin del av ressursane er ca 0,5 årsverk.

## 1.2. INTERN KONTROLL
Intern kontrollen ved skatteoppkrevjarkontoret vert vurdert som god. Arbeidsfordelinga fungerer greitt, og krav til attestasjon/anvising vert følgt. Dokumentasjon vert produsert og følgt opp i samsvar med regelverket.

Skatteoppkrevjar sin rutinar vart sist ajourført 16.04.2012. Førre ajourhald var 12.08.2011.

## 1.3. VURDERING AV SKATTEINNGANGEN

### 1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret
Skatterekneskapen for 2012 syner følgjande totale skatte- og avgiftsinngang:

| Skatteart | År 2012 | År 2011 |
|---|---:|---:|
| Arbeidsgjevaravgift | 336 618 504 | 293 651 639 |
| Kjeldeskatt | 740 832 | 765 166 |
| Personlege skattytarar | 800 515 942 | 696 321 254 |
| Selskapsskatt | 379 781 486 | 301 797 021 |
| Renter | 2 524 506 | 8 865 094 |
| Gebyr/innkrevjingsutgifter | -15 969 | -106 623 |
| **Total sum** | **1 520 165 300** | **1 301 293 550** |

Tabellen syner ein generell auke i innbetalt arbeidsgjevaravgift, skattar frå personlege skattytarar og selskapsskatt.

***Arbeidsgjevaravgift***
Innbetalt arbeidsgjevaravgift syner ei auke med 14,6 % eller omlag 43,0 mill.kr i 2012 samanlikna med 2011. Auken i 2011 var 14,4 % samanlikna med 2010. Kraftig vekst i innbetalt arbeidsgjevaravgift har vore ein trend dei siste åra. Unntaket var frå 2009 til 2010 då innbetalt arbeidsgjevaravgift synte ein reduksjon med 8,3 %. Tidlegare år syner ei auke i innbetalt arbeidsgjevaravgift med 17,2 % i 2009 og 22,3 % i 2008.

Arbeidsgjevaravgifta er ein viktig del av finansieringa av Folketrygda, og innbetalt arbeidsgjevaravgift vert i si heilheit overført til Folketrygda.



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

***Kjeldeskatt***
Kjeldeskatt er ein skatt på utbytte frå selskap til utanlandske aksjonærar. Innbetalt kjeldeskatt i 2012 syner ein liten reduksjon med 3,2 % samanlikna med 2011. All kjeldeskatt vert overført til Staten.

***Personlege skattytarar***
Skatteinngangen frå dei personlege skattytarane syner ei auke med 15,0 % eller omlag 104,2 mill.kr samanlikna med 2011. Auken i skatteinngang frå 2010 til 2011 var 9,8 % eller omlag 62 mill.kr. Auken i skatteinngangen er i samsvar med tidlegare trend der ein opplevde jamn auke i skatteinngangen frå personlege skattytarar i 2009 med 7,0 %, og i 2008 med 9,6 %. Unntaket frå denne trenden var 2010, då ein opplevde ein reduksjon i skatteinngangen frå dei personlege skattytarane med 0,4 % eller 2,7 mill.kr.

Innbetalt skatt frå personlege skattytarar vert fordelt til alle dei fire skattekreditorane etter bestemte fordelingstall. Fordelingstala i 2012 var: Kommunen 30,2 %, Fylket 6,0 %, Folketrygda 24,9 % og Staten 38,9 %.

Skattelikninga i 2012 som gjeld inntektsåret 2011, syner at 6.468 personar i Herøy fekk utlikna skatt og trygdeavgift totalt 739,4 mill.kr. Av dette beløpet så utgjorde 273,5 mill.kr kommuneskatt og fylkesskatt, statsskatt var kr 69,9 mill.kr, fellesskatt 245,1 mill.kr, og trygdeavgifta var 187,7 mill.kr. Samla pensjonsgjevande inntekt for 5.779 skattytarar var 2.137 mill.kr. Ved likninga vart det lagt til grunn ei formue, for personar med formuesskatt ved kommunelikninga, med 5.210 mill.kr for 1.226 personar. Likningsmanntalet for inntektsåret 2011 var 7.720.

Skatteavrekninga for 2011 syner at 5.379 personar fekk til gode 82,8 mill.kr ved avrekninga. Dette utgjorde 15.392 kr i gjennomsnitt pr. person. 1.144 personar fekk restskatt med til saman 29,0 mill.kr eller gjennomsnittleg 25.349 kr pr. person. 6.838 personar var omfatta av skatteoppgjeret.

***Selskapsskatt***
Skatteinngangen frå selskapa (upersonlege skattytarar) syner ei auke med 25,8 % eller om lag 78,0 mill.kr samanlikna med 2011. Selskapsskatten er den skattearten som varierer mest over tid. I 2011 synte denne skattearten ein sterk vekst med 164,5 % eller 187,7 mill.kr samanlikna med 2010. I 2010 hadde ein ei negativ utvikling med ein nedgang på 19,9 % eller 28,4 mill.kr samanlikna med 2009. Tidlegare år syner ein reduksjon i 2009 med 35,6 %, medan selskapsskatten i 2008 synte ei auke med 116,6 %. Innbetalt selskapsskatt vert i si heilheit overført til Staten.

Likninga for 2011 syner at det vart rekna statsskatt av eit samla skattegrunnlag 1.371 mill.kr

***Renter***
Skattearten renter består av forseinkingsrenter grunna betaling av krav etter forfall, samt renter ved avrekninga. Desse avrekningsrentene omfattar både renter som vert utbetalt til skattytarar som får til gode ved avrekninga, og renter som vert innkravd frå skattytarar som får restskatt.
Renteinntektene i 2012 er 85 % lågare enn i 2011. Hovudårsaka til den store endringa er den spesielle situasjonen som oppstod rentemesseg i 2010 då skatteoppkrevjaren fekk store rentekostnader grunna Staten sitt tap i Høgsterett i den såkalla Rederisaka. Skatteoppkrevjar meinte at det var urimeleg at kommunen skulle bli belasta kostnader på ein skatteart som tilfell Staten, og søkte Skattedirektoratet om å få ei anna fordeling av rentekostnadene. Skattedirektoratet gav medhald i søknaden, og dette medførte ompostering av ca 5,9 mill.kr i renter i 2011. Renteinntektene i 2012 vert vurdert å svare til ein normalsituasjon.
Alle renteinntektene vert fordelt mellom dei fire skattekreditorane etter dei same fordelingstala som for personlege skattytarar,

***Gebyr/innkrevjingsutgifter***
Skattearten gebyr/innkrevjingsutgifter syner ei utgift 15.969 kr. Dette er ein reduksjon av utgiftene med 90.654 kr samanlikna med 2011.



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Dette gjev følgjande fordeling til dei fire skattekreditorane; Folketrygda, Staten, Fylkeskommunen og Kommunen.

| **Fordelt til:** | **År 2012** | **År 2011** |
|---|---|---|
| Folketrygda – arbeidsgjevaravgift | 336 618 504 | 293 651 638 |
| Folketrygda – medlemsavgift | 192 390 784 | 177 565 560 |
| Fylkeskommunen | 48 426 594 | 41 309 747 |
| Herøy kommune | 242 141 463 | 214 089 402 |
| Staten | 700 587 956 | 574 680 645 |
| Krav som er ufordelt | 0 | 1 |
| Overføring mellom kommunar | 0 | -3 443 |
| **Total sum** | **1 520 165 300** | **1 301 293 550** |

Fordelinga syner ein auka skatte- og avgiftsinngang til Folketrygda på 12,3 % (+13,9 % i 2011) og ein auka skatteinngang for kommunen på 13,1 % (+2,7 % i 2011). Fylket får ein auke i skatteinngangen på 17,2 % (+7,5 % i 2011), og Staten får den største auka i skatteinngangen på 21,9 % (+68,2 % i 2011).

### 1.3.2. Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Herøy kommune sin del av skatteinntektene i 2012 er 242.141.463 kr. Dette er ei auke med 28.052.061 kr frå 2011 då skatteinntektene utgjorde kr 214.089.402. I prosent utgjer dette ein auke på 13,1 % i frå 2011 rekneskapen. Herøy kommune har aldri hatt høgare skatteinntekter enn i 2012.

Skatteinntektene til Herøy kommune syner denne utviklinga i høve til budsjett sidan år 2000.

| **År** | **Budsjett** | **Rekneskap** | **Endring (+ auke/-nedgang i høve til budsjett)** | **Endring i %** |
|---|---|---|---|---|
| 2000 | 105 340 | 98 653 | - 6 687 | -6,35 |
| 2001 | 113 000 | 153 036 | 40 036 | 35,43 |
| 2002 | 130 000 | 127 166 | - 2 834 | - 2,18 |
| 2003 | 139 300 | 135 139 | - 4 161 | - 2,99 |
| 2004 | 134 100 | 131 890 | - 2 210 | - 1,60 |
| 2005 | 141 000 | 144 029 | 3 029 | 2,15 |
| 2006 | 160 000 | 179 145 | 19 145 | 11,97 |
| 2007 | 170 000 | 179 682 | 9 682 | 5,70 |
| 2008 | 187 500 | 189 363 | 1 863 | 1,00 |
| 2009 | 200 000 | 203 778 | 3 778 | 1,89 |
| 2010 | 210 670 | 208 407 | - 2 262 | - 1,07 |
| 2011 | 215 000 | 214 089 | - 911 | - 0,42 |
| 2012 | 240 000 | 242 141 | 2 141 | 0,89 |

Alle beløp i 1000 kr.

Skatteinngangen vart i 2012 høgare enn kommunen hadde budsjettert med i sitt budsjett for 2012. Kommunen hadde i utgangspunktet budsjettert med ein skatteinngang på 217,5 mill.kr, men budsjettet vart seinare korrigert. Først til 230,0 mill.kr, og så til 240,0 mill.kr i desember 2012.

For 2013 har kommunen ved årsstart budsjettert med ein skatteinngang 253,2 mill.kr.

## 1.4. SKATTEUTVAL

Grunna endringar i skattebetalingslova, var 2008 det siste året Herøy kommune hadde eige skatteutval. Frå 01.01.2009 er skatteutvalet regionalt, og ligg under Skatt Midt-Norge i Trondheim.



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Skatteoppkrevjaren har i 2012 motteke 1 søknad til skatteutvalet. Denne søknaden er ikkje handsama enno, då det og er levert klage på likninga. Søknaden vert ikkje handsama før klagesaka er avgjort.

Resultatet av søknadshandsaminga dei siste åra, er som følgjer:

| | Tal søknader | Saker ettergjevne | Ettergjeve i % av tal | Søknads-summar | Ettergjevne summar | Ettergjeve i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 4 | 3 | 75,0 | 434 | 211 | 48,6 |
| 2007 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2008 | 2 | 1 | 50,0 | 26 | 10 | 38,5 |
| 2009 | 1 | 1 | 100 | 131 | 131 | 100 |
| 2010 | 1 | 0 | 0 | 31 | 0 | 0 |
| 2011 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2012 | 1 | 0 | 0 | 9 | 0 | 0 |

Alle beløp i 1000 kr.

# DEL 2: SKATTEREKNESKAPEN

## 2.1. AVLEGGING AV SKATTEREKNESKAPEN 2012

Skatteoppkrevjaren i Herøy kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med lov, gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1, og gjev eit korrekt uttrykk for rekneskapen til Skatteoppkrevjaren i Herøy pr. 31.12.2012.

Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføringa, rapportering eller avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrolleining.

Årsrekneskapen for 2012 følgjer som vedlegg til årsmeldinga, og er signert av skatteoppkrevjar.

## 2.2. MARGIN

Det vert kvar månad avsett margin for å dekke det ansvar som skatteoppkrevjaren har ved avrekningane i perioden juni - oktober. Etter at avrekningane er gjennomført, skal det gjennomførast eit oppgjer av avsett margin.

### 2.2.1. Margin for inntektsåret 2011

Det er marginoppgjeret for 2011 som vert avrekna i 2012. Oppgjer av margin gav følgjande resultat:

| Tekst | Beløp | |
|---|---|---|
| Innestående margin for inntektsåret 2011 pr. 31.10.2012 | Kr | 11.872.038 |
| For mykje avsett margin for inntektsåret 2011 | Kr | 11.872.038 |

***Marginprosent***

Prosentsats marginavsetnad: 12 %. Gyldig frå: 01.01.2005.

### 2.2.2. Margin for inntektsåret 2012

Innestående margin som vert nytta ved marginoppgjeret for 2012 som vert avrekna i 2013.

| Tekst | Beløp | |
|---|---|---|
| Innestående margin for inntektsåret 2012 pr. 31.12.2012 | Kr | 78.487.163 |

***Marginprosent***

Gjeldande prosentsats marginavsetnad: 12 %. Gyldig frå: 01.01.2005.

### 2.2.3. Kommentar til marginavsetnaden

Overskotet på marginavsetnaden for 2011 førte til at kommunen fekk overført 3.678.125 kr.

Marginavsetnad siste 3 år

| | | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|
| Margin over-/underskot | Sum | 3 678 | 1 606 | 1 548 |
| Marginavsetnad | Prosent | 12 | 12 | 12 |

Alle beløp i 1000 kr – kommunen sin del.

Kommunen hadde i åra fram til skatteåret 2005 ein marginavsetnad på 10 %. Dette førte til ein negativ marginavsetnad, og kommunen måtte innbetale negativ marginavsetnad til skatteoppkrevjaren. Kommunestyret endra i 2004 marginavsetnaden frå 10 % til 12 % for å redusere den negative marginavsetnaden. Dette har medført at marginavsetnaden frå 2006 har vore positiv. Sjølv om marginavsetnaden har vore positiv sidan 2006, finn skatteoppkrevjar ikkje at den er vesentleg for høg.

## DEL 3: INNKREVJING AV KRAV

### 3.1. RESTANSEUTVIKLINGA

#### 3.1.1. Totale restansar og berostilte krav

| **Skatteart** | **Restanse 31.12.2012** | **Av dette berostilt restanse 31.12.2012** | **Restanse 31.12.2011** | **Av dette berostilt restanse 31.12.2011** | **Endring i restanse** Minke (-) Auke (+) | **Endring i berostilt restanse** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum restanse pr. skatteart** | **14 855 868** | **0** | **17 453 913** | **0** | **-2 298 045** | **0** |
| Arbeidsgjevaravgift | 802 796 | 0 | 843 548 | 0 | -40 752 | 0 |
| Artistskatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forseinkingsrenter | 2 027 064 | 0 | 1 726 646 | 0 | +300 418 | 0 |
| Forskotsskatt | 14 000 | 0 | 530 612 | 0 | -516 612 | 0 |
| Forskotsskatt – person | 1 715 983 | 0 | 1 206 042 | 0 | +509 941 | 0 |
| Forskotstrekk | 1 054 371 | 0 | 822 149 | 0 | +232 222 | 0 |
| Gebyr | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Innkrevjingsinntekter | 117 023 | 0 | 125 993 | 0 | -8 970 | 0 |
| Inntekt frå summarisk fellesoppgjer | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjeldeskatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Restskatt | 1 208 679 | 0 | 1 116 155 | 0 | +92 524 | 0 |
| Restskatt – person | 7 915 951 | 0 | 11 082 767 | 0 | -3 166 816 | 0 |
| **Sum restanse diverse krav** | **16 613** | **0** | **0** | **0** | **+16 613** | **0** |
| Diverse krav | 16 613 | 0 | 0 | 0 | +16 613 | 0 |
| **Sum restanse pr skatteart inkl.div.krav** | **14 872 481** | **0** | **17 453 913** | **0** | **-2 581 432** | **0** |

#### 3.1.2. Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

***Arbeidsgjevaravgift:***
Av total restansen på kr 802.796, er det kr 236.073 som gjeld arbeidsgjevaravgift 2012. Resten gjeld tidlegare år. Av restansen er kr 232.640 krav som er meldt i konkursbu, og kr 184.379 gjeld NUF



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

(Norsk Utlandsregistrert Føretak) som er sletta. Av restansen er kr 74.730 fastsett ved skjønn, og vil bli sletta då det er kome inn ordinære terminoppgåver.

***Forseinkingsrenter***
Dette er forseinkingsrenter for alle skattearter. Restansen har auka med kr 300.418 samanlikna med 2011 til kr 2.027.064. Årsaka til auken er at store rentekrav vart endeleg berekna i 2012. Krav på forseinkingsrenter vert kalkulert løpande til hovudstolen som kravet er knytt til er betalt. Først når hovudstolen er betalt vert forseinkingsrenter bokført som ein eigen restanse. Restansen på forseinkingsrenter må derfor sjåast i samanheng med andre skattartar, og då særleg restansen på restskatt. Det aller meste av desse krava gjeld forseinkingsrenter restskatt og forseinkingsrenter forskotsskatt. Mesteparten av krava gjeld skuldnarar som og har andre restansar, og desse hovudstolane vert prioritert før renter ved oppdekking.

Skatteoppkrevjar varsla i årsmeldinga for 2011 at ein i 2012 ikkje kunne forvente ein reduksjon i restansane på forseinkingsrenter. I 2013 reknar ein med at restansen skal bli noko redusert.

***Forskotsskatt***
Totalrestansen er kr 14.000, ein vesentleg reduksjon frå 2011 då restansen var kr 530.612. Det er 1 selskap som er skuldig forskotsskatt pr. 31.12.2012. Restansen gjeld eit NUF (Norsk Utlandsregistrert Føretak) som har fått fasthalde utskrivinga etter skjønn. Føretaket er no sletta i føretaksregisteret, og kravet vil på sikt bli avskrive.

***Forskotsskatt person***
Totalrestansen er kr 1.715.983, noko som er ei auke med kr 509.941 samanlikna med 2011. Og i 2011 var det ein auke i denne restansen med kr 110.788 frå 2010. Åra før dette hadde restanseutviklinga på denne skattearten vore svært positiv.
Av totalrestansen gjeld kr 827.896 likningsåret 2012, og ein forventar at delar av restansen vil falle bort ved likninga for 2012 i 2013. Gjenståande restansar er vanskelege å krevje inn, og ein ventar ei stabilisering kring dagens restansenivå.

***Forskotstrekk***
Av total restansen på kr 1.054.371, er det kr 283.965 som gjeld skattetrekk 2012. Resten gjeld tidlegare år. Av restansen er kr 494.358 krav som er meldt i 2 konkursbu. I det eine konkursbuet er dagleg leiar straffa og dømt til å betale uteståande krav kr 95.604, medan dagleg leiar i det andre konkursbuet vil bli meldt til Politiet for straffbare tilhøve og erstatningskrav framsett for inntil kr 386.644 i 2013. Konkursbu med skuldig skattetrekk vert prioritert ved arbeidsgjevarkontroll. Dette for å kunne gjere styreleiar/dagleg leiar personleg ansvarleg for skattetrekket.

***Innkrevjingsinntekter***
Restansen er kr 117.023. Restansen gjeld ubetalte gebyr for varsla / haldne utleggsforretningar av skatteoppkrevjar. Det vart i 2012 varsla 48 utleggsforretningar, og 29 utleggsforretningar vart halde. Ei måtte avlysast. Dette gav kommunen direkte inntekter kr 74.777, noko som er ein reduksjon samanlikna med 2011 då kommunen fekk overført kr 100.233.

***Restskatt***
Totalrestansen restskatt selskap er kr 1.208.679. Dette er ein auke med kr 92.524 frå 2011. Av totalrestansen gjeld kr 908.796 restskatt 2011. Av totalrestansen er kr 238.311 krav som er meldt i konkursbu, og som vil bli avskrive.

***Restskatt person***
Totalrestanse er kr 7.915.951. Dette er ein reduksjon med kr 3.166.816 eller 28,6 % frå 2011. Det har blitt arbeida mykje med innkrevjing av restskattar siste åra, og restansevolumet har blitt redusert gradvis. Restanseutviklinga for dei siste åra er positiv, og innkrevjinga syner svært gode resultat. Ein har ei utfordring på gamle restskattar for perioden 1992-2005.

Hovuddelen av restansane gjeld eit fåtal personar med høge restansar. Ein del av desse restskattane er skjønnslikningar, og desse er ofte basert på eit urealistisk grunnlag.

Skatteoppkrevjar har i tidlegare årsmeldingar vurdert restansevolumet på restskatt som «høgt, men under kontroll». Noverande restansevolum vert vurdert som normalt for ei kommune som Herøy med den storleik og næringsstruktur som kommunen har. Det vert sjølvsagt arbeidd med å få restansevolumet ytterlegare ned i åra som kjem..

***Diverse krav***
Restansen for diverse krav er kr 16.913. Restansen gjeld eit krav som skatteoppkrevjaren i Herøy skal krevje inn på vegne av utanlandske skattemyndigheiter.

***Utvikling totale restansar***
Totalrestansen pr 31.12.2012 er kr 14.872.481. Dette er ein nedgang med kr 2.581.432 samanlikna med 2011. Totalrestansen har blitt kraftig redusert dei siste åra.

| **Sum restanse alle skatteartar** | **Beløp** | |
|---|---|---|
| Total restanse pr. 31.12.2007 | Kr | 35 845 063 |
| Total restanse pr. 31.12.2008 | Kr | 26 658 606 |
| Total restanse pr. 31.12.2009 | Kr | 26 233 448 |
| Total restanse pr. 31.12.2010 | Kr | 18 851 902 |
| Total restanse pr. 31.12.2011 | Kr | 17 453 913 |
| Total restanse pr. 31.12.2012 | Kr | 14 872 481 |

***Avskriving / ettergjeving 2012***
Det er i 2012 avskrive/ettergjeve kr 791.193. I 2011 vart det avskrive kr 1.690.421. Avskriving av krav skjer i samband med konkursar og gjennomførte gjeldsordningar. I 2012 vart det avskrive krav i 9 konkursar og 1 gjeldsordning. Avskriving av andre årsaker utgjer kr 0.

Personar som er skuldig restskatt eldre enn 3 år, får nedsett pensjonspoeng for desse krava. Ubetalte krav vert nedsett med den del av kravet som gjeld pensjonsdelen. I 2012 medførte nedskriving av pensjonspoeng at krav kr 49.497 vart ført vekk. Dette beløpet kjem i tillegg til dei kr 791.193 som nemnt ovanfor.

### 3.1.3. Restansar eldre år

| **Inntektsår** | **Sum restanse** | **Av dette skatteart Restskatt - person** |
|---|---|---|
| 2010 | 278 586 | 78 419 |
| 2009 | 566 551 | 104 257 |
| 2008 | 373 811 | 89 758 |
| 2007-1991 | 8 562 859 | 5 616 345 |

### 3.1.4. Kommentar til restansar og restanseoppfølging for eldre år
Skatteoppkrevjaren har ingen restansar der innkrevjinga berre vert passivt følgt opp, men følgjer opp alle restansar aktivt med innkrevjingstiltak. Vi nyttar heile spekteret i vår innkrevjing av desse restansane, frå betalingsavtalar til konkurs.

Dei eldste restansane som vi krev inn er frå 1991, og den eldste restskatten som vert kravd inn er frå 1992. Det er omlag 10 - 15 personar som er skuldig det aller meste av desse gamle restskattane. Krava vert sikra mot forelding, men det er lite å hente hjå desse skattytarane. Nokre vil bli avskrive som ei følgje av gjeldsordningar, medan andre viser ingen evne/vilje til å gjere opp for seg.

***Forelda krav***
Skatteoppkrevjaren har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" pr. 31.12.2012 og sikra at krav ikkje vert forelda utan at fristavbrytande tiltak er utført.

Tal på forelda krav pr. 31.12.2012: 0 stk.
Samla beløp på krav forelda pr. 31.12.2012: 0 kr.

## 3.2. INNKREVJINGA SI EFFEKTIVITET

### 3.2.1 Vurdering av kontoret sine resultat pr. 31.12.2012.

Oppfylling av resultatkrav fastsett av Skatt-Midt

| Skatteart \ år | 2012 Herøy | | 2012 Region | 2012 Norge | 2011 Herøy | | 2010 Herøy | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Krav | **Resultat** | Resultat | Resultat | Krav | **Resultat** | Krav | **Resultat** |
| Restskatt person | 97,0 % | **99,7 %** | 94,8 % | 94,0 % | 96,0 % | **98,9 %** | 96,4 % | **97,2 %** |
| Innkravd restskatt person | 80,0 % | **98,3 %** | 72,9 % | 68,5 % | | **91,8 %** | | **85,6 %** |
| Forskotsskatt person | 99,5 % | **99,9 %** | 99,3 % | 99,1 % | 99,5 % | **99,8 %** | 99,5 % | **99,5 %** |
| Arbeidsgjevaravgift | 99,9 % | **99,9 %** | 99,8 % | 99,8 % | 99,9 % | **99,9 %** | 99,9 % | **99,9 %** |
| Forskotstrekk | 100 % | **100 %** | 99,9 % | 99,9 % | 100 % | **100 %** | 100 % | **100 %** |
| Restskatt føretak | 99,9 % | **100 %** | 99,5 % | 98,8 % | | **99,5 %** | | **98,0 %** |
| Forskotsskatt føretak | 99,9 % | **100 %** | 100 % | 99,9 % | | **99,2 %** | | **99,9 %** |

Tidlegare år er måling av resultat utført pr. 30.06. Måletidspunktet er frå og med 2012 endra til 31.12. I 2012 er det og sett krav til «Innkravd restskatt person», «Restskatt føretak» og «Forskotsskatt føretak». Det har ikkje tidlegare vore sett resultatkrav på desse skatteartane.

Resultatet vert vurdert som svært god. Alle krav er oppfylt, og særleg innkrevjinga av restskatt og forskotsskatt syner særs gode resultat. Resultatet for 2012 er i samsvar med dei gode innkrevjingsresultata som skatteoppkrevjaren i Herøy har hatt siste åra.

### 3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat
Skatteoppkrevjaren nyttar heile spekteret av innkrevjingsaktivitetar i vår innkrevjing av skattar og avgifter. Ei aktiv oppfølging av våre restansar har gitt gode resultat. Val av innkrevjingsaktivitet vert tilpassa den enkelte skattytar/bedrift. Nokre skattytarar vel å ikkje betale før tidsetjing av konkurssak i Tingretten ligg føre, medan andre følgjer lojalt opp ei inngått betalingsavtale. Erfaring og kunnskap om våre skattytarar/bedrifter er svært viktig. God service og raske tilbakemeldingar til våre kundar har og positiv effekt på restanseutviklinga.

### 3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve
Manglande arbeidsgjevarkontroll har tidlegare gjort det vanskeleg å få gjort ein gjennomgang av korleis skattetrekk m.m. er handsama i fleire konkursbu. Dette for å vurdere nekting av godskriving skatt og/eller politimelding grunna straffbar handtering av skattetrekket. Etter at ny kontrollordning kom på plass 15.09.2011 vart kontrollar vedkomande dette sakskomplekset prioritert. Ein er no ajour med desse kontrollobjekta.

### 3.2.4 Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga
Kontoret har i dag god effektivitet i innkrevjingsarbeidet. Det vert ikkje vurdert som naudsynt å treffe spesielle tiltak for å betre effektiviteten. Ein arbeider kontinuerleg med ei målsetjing om å yte tenester som er kostnadseffektive og av god kvalitet.

## 3.3. Særnamskompetanse
Skatteoppkrevjaren har særnamskompetanse, og nyttar denne aktivt. Tildelte ressursar vert vurdert som tilstrekkeleg til å kunne utnytte særnamskompetansen på ein god måte.

# DEL 4: ARBEIDSGJEVARKONTROLL

## 4.1. ORGANISERING AV ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Skatteoppkrevjaren i Herøy er frå 15.09.2011 med i ei interkommunal kontrollordning. Den interkommunale kontrollordninga er plassert i Ålesund, og er ein del av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Det er Nordre Sunnmøre kemnerkontor som har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i denne kontrollordninga. Skatteoppkrevjaren i Herøy kjøper kontrolltenester tilsvarande 0,5 årsverk i denne kontrollordninga. Vedtak om innmelding i kontrollordninga vart gjort i K-sak 62/2011.

## 4.2. PLANLAGDE OG GJENNOMFØRTE KONTROLLAR

Antal planlagde kontrollar for 2012: 22
Som utgjer: 5,0 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen.

Antal gjennomførte kontrollar i 2012: 15
Som utgjer: 3,4 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen.

Antal gjennomførte kontrollar i 2011: 4
Som var: 0,9 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen

## 4.3. RESULTAT FRÅ ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Det er gjennomført 6 formalkontrollar og 9 avdekkingskontrollar i 2012. Av dei 9 avdekkings-kontrollane som vart halde, så vart det avdekt beløp i 7 kontrollar (77,8 %). Avdekt beløp utgjer kr 2.865.484.

## 4.4. VURDERING AV ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Aktiviteten innan arbeidsgjevarkontrollen oppfyller ikkje dei resultatkrav som er sett av Skattedirektoratet om å gjennomføre kontrollar av 5 % av arbeidsgjevarane i kommunen årleg.

Skatteoppkrevjaren i Herøy kjøper kontrolltenester frå Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Dette har vi gjort sidan 15.09.2011, og 2012 er det første heile året som vi har kjøpt tenester. Vi hadde ved årsstart ei klar målsetjing om å klare resultatkravet på 5 %. Vi har frå Nordre Sunnmøre kemnerkontor fått opplyst at dei har hatt noko utskifting av tilsette i løpet av året, og at stillingsheimlar dermed har blitt ståande delvis vakante i løpet av året. Ved årsskiftet er det no full bemanning, og det teiknar godt for 2013. Meir urovekkande er det at det i 2012 er nytta eit større antal dagsverk enn det vi normalt skal ha, utan at dette har medført at resultatkravet er oppfylt. I følgje Nordre Sunnmøre kemnerkontor er det i 2012 nytta 0,69 årsverk til kontroll i Herøy. Vi kjøper tenester tilsvarande 0,50 årsverk, og det er soleis nytta 49 dagsverk meir i 2012 enn vi normalt skal ha. Desse forbrukte dagsverka vil redusere den kontrollressursen som vi har tilgjengeleg i 2013, og gjere det svært vanskeleg å nå måla i 2013.

Skatteoppkrevjar er godt nøgd med kvaliteten på dei kontrollane som er utført. Rapportane er oversiktelege og innehald dei opplysningar som vi treng til vidare handsaming av kontrollane.
På grunn av at det var utført få kontrollar siste åra i Herøy, så har skatteoppkrevjaren i Herøy opparbeida seg eit etterslep på kontrollar som møtte gjennomførast. Særleg gjaldt dette kontroll av føretak som var gått konkurs. Desse kontrollobjekta har vore prioritert i 2012, og ein er no rimeleg ajour med desse.

## 4.5. SAMARBEID MED ANDRE KONTROLLAKTØRAR

Skatteoppkrevjaren har ikkje delteke i aksjonar saman med andre kontrollinstansar i 2012.



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

## 4.6. GJENNOMFØRTE INFORMASJONSTILTAK

Det har blitt halde ein kursdag i desember 2012 for bedrifter, rekneskapsførar og revisorar. Tema for kursdagen var lønsområdet. Kurset vart halde av interkommunal kontrollordning.

Det har ikkje blitt sendt ut informasjon direkte til nye arbeidsgjevarar i 2012. Utarbeiding og utsending av slikt materiell skulle prioriterast i 2012, men har grunna manglande «mal» frå Skatt Midt ikkje blitt utført. Informasjonsmal er no utarbeida, og utsending vil bli prioritert i 2013. Arbeidsgjevarar som har vore i kontakt med skatteoppkrevjar, har motteke informasjon om levering av oppgåver, ansvar, m.m.

**Stad: Fosnavåg** **Dato: 14 januar 2013**

**Skatteoppkrevjar sin signatur**

**Vedlegg:** Årsrekneskapen for 2012. Signert av skatteoppkrevjar.
Forklaring til årsrekneskapen



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# SKATTEOPPKREVJAREN I HERØY

## ÅRSREKNESKAP 2012

| | | Valt år | Førre år |
|---|---|---|---|
| | Likvidar | 135 354 559 | 76 424 785 |
| | Skyldig skattekreditorane | -56 812 055 | -5 477 672 |
| | Skyldig andre | -55 339 | -439 337 |
| | Innestående margin | -78 487 163 | -70 507 773 |
| | Udisponert resultat | -3 | -3 |
| **Sum** | | **0** | **0** |
| | Arbeidsgjevaravgift | -336 618 504 | -293 651 639 |
| | Kildeskatt | -740 832 | -765 166 |
| | Personlege skattytarar | -800 515 942 | -696 321 254 |
| | Selskapsskatt | -379 781 486 | -301 797 021 |
| | Renter | -2 524 506 | -8 865 094 |
| | Innkrevjing | 15 969 | 106 623 |
| **Sum** | | **-1 520 165 300** | **-1 301 293 550** |
| | Fordelt til Folketrygda – arbeidsgjevaravgift | 336 618 504 | 293 651 638 |
| | Fordelt til Folketrygda – medlemsavgift | 192 390 784 | 177 565 560 |
| | Fordelt til Fylkeskommunen | 48 426 594 | 41 309 747 |
| | Fordelt til kommunen | 242 141 463 | 214 089 402 |
| | Fordelt til Staten | 700 587 956 | 574 680 645 |
| | Krav som er ufordelt | 0 | 1 |
| | Overføring mellom kommunar | 0 | -3 443 |
| **Sum** | | **1 520 165 300** | **1 301 293 550** |
| **Sum** | | **0** | **0** |

**Fosnavåg 14.01.2013**

**Jan Driveklepp**
**-skatteoppkrevjar-**

ei båtlengd føre

Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

## Forklaring til årsrekneskapen

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapen syner skattar og avgifter m.m. som er innbetalt innan rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter m.m. er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

### Sumlinjene i årsrekneskapen

- **Likvidar**
  Likvidar i skatterekneskapen består av bankbehaldning for skatt og eventuelt kontantbehaldning.

- **Skuldig skattekreditorane**
  Fordelingsoppgjeret til skattekreditorane for desember , står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkrevjaren skal utbetale fordelingsoppgjeret til skattekreditorane seinast 10.januar.

  Dersom dette er eit positivt beløp, har skatteoppkrevjaren ein fordring på skattekreditorane. Skattekreditorane skal innbetale dette beløpet til skatteoppkrevjaren seinast 20.januar.

- **Skuldig andre**
  Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalingar som ikkje er fordelt til skattekreditorane.

- **Udisponert resultat**
  Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.

- **Innbetalte skattar og avgifter, renter, innkrevjing**
  Dette beløpet er innbetalt arbeidsgjevaravgift, forskotstrekk fråtrekt marginavsetnad, forskotsskatt for personlege og upersonlege skattytarar, restskatt og overskytande forskot frå personlege og upersonlege skattytarar, kjeldeskatt, samt renter og gebyr.

- **Fordelt til skattekreditorane**
  Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane.

- **Krav som er ufordelt**
  Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.



Adr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Interkommunal samarbeidsgruppe

**Arbeidsgiverkontroll**

Et samarbeid mellom kommunene

Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Midsund, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Volda og Ørskog

# ÅRSMELDING INTERKOMMUNAL ARBEIDSGIVERKONTROLL

# ÅR 2012

# ARBEIDSGIVERKONTROLL

## 1. Generelt om arbeidsgiverkontroll

### 1.1 Samarbeidspartnere

Den Interkommunale arbeidsgiverkontrollen ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor var ved starten av året et samarbeid mellom kommunene: Giske, Hareid, Haram, Herøy, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stranda, Sula, Ørskog, Stordal og Ålesund. Fra og med 1. september 2012 ble også Sande, Volda og Ulstein tilknyttet den Interkommunal arbeidsgiverkontrollen.

### 1.2 Formål

Hovedformål for arbeidsgiverkontrollen er kontroll av rett arbeidsgiver til rett tid.
Arbeidsgiverkontrollen er og et virkemiddel for å hindre skatt og avgiftsunndragelse, således er det også et formål å fremme bedre etterlevelse og bidra til preventivt virkning.
Formålet med samarbeidet er å styrke, effektivisere og bedre arbeidsgiverkontrollen, gjennom et større faglig miljø i.

### 1.3 Arbeidsgiveransvar / kontorkommune

Ålesund kommune som vertskommune har arbeidsgiveransvaret. Interkommunal arbeidsgiverkontroll er en egen seksjon, organisert som en del av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemneren er seksjonens nærmeste overordnet. Kontorkommunen foretar ansettelse og stiller nødvendig kontor og utstyr til disposisjon mot forholdsmessig refusjon av utgiftene.

### 1.4 Kontrollvirksomheten

Seksjonen skal i hovedsak stå for den <u>stedlige kontrollen</u> i kommunene. Seksjonen driver sin virksomhet i nært samarbeid med skatteoppkreverne i den enkelte kommune, og har også et godt samarbeid til AGK – gruppa (arbeidsgiverkontrollgruppa) i Skatt Midt som gjør vedtak i forhold til våre rapporter. Kontrollvirksomheten foregår reelt og formelt på vegne av skatteoppkreveren i vedkommende kommune og under dennes ansvar.

### 1.5 Styringsgruppa

Styringsgruppen består av tre medlemmer. Kemneren i Nordre Sunnmøre er fast medlem. De øvrige velges av og blant skatteoppkreverne i de samarbeidende kommuner. Funksjonstid er to år. Teamleder deltar på møtene i styringsgruppen. Valg av nytt styre ble gjennomført i februar 2011.

<u>Medlemmer 2012 jf årsmøte den 25.02.11 har vært</u>:

| | |
|---|---|
| Kemner i Nordre Sunnmøre | Lindis Skeide Nyland |
| Skatteoppkrever i Skodje | May Britt Haugen |
| Skatteoppkrever i Stranda | Lars Birger Stige |

Det har ikke vært avholdt møte i styringsgruppen i år.

### 1.6 Ressurs fordeling

Kontrollene i den enkelte kommune er fordelt etter en fordelingsnøkkel basert på folketallet i kommunene. Av effektiv kontrolltid er 907 dagsverk brukt til helt direkte kontroll, reisetid utgjør 30 dagsverk og 43 dager til kurs og annen opplæring. Det har i 2012 vært 27 dager som ekstra uttak av permisjon. Reisetid og tid til opplæring er fordelt etter prosentvis andel på kommunene. Total kursdager er iberegnet dager som medgår til de kurs vi arrangerer for arbeidsgivere, regnskapsførere. De ansatte som ikke har vært direkte involvert, deltar da ved ene kursdag som tilhører.

Kontrollgruppa i Interkommunale arbeidsgiverkontrollen har i snitt hatt ca 5,9 årsverk i 2012.
I tillegg har Nordre Sunnmøre kemnerkontor hatt egne ressurser med 0,5 årsverk til kontroll.

## 2. Organisering

### 2.1 Personalet 2012

Fra 1.januar til 23. april var 5 personer i kontrollgruppen, en var sykemeldt i denne perioden. 23. april ble Umaporn Srikaew ansatt, og 1. september startet Asbjørn Martin Fiedler Rørvik, så ved årets slutt var vi 7 stykker. Olga Halsen hadde sin siste dag 31. desember.

Teamleder:
Sigrun Andersen

Regnskapskontrollører:
Eldrid Smogeli
Marita Nogva
Olga Halsen
Aslaug Trandal
Kay Robert Brastad
Umaporn Srikaew
Asbjørn Martin Fiedler Rørvik

Det var i årsplan lagt til grunn at teamleder skal arbeider 60 % med administrative oppgaver og 40 % med arbeidsgiverkontroll. Kontrollarbeidet har nok utgjort noe større andel enn etter plan.

### 2.2 Kompetanse

De ansattes kompetanse må kunne beskrives som meget god. Det at vi er flere i gruppa er en styrke for den faglige vurdering i flere av kontrollene, spesielt i tunge saker. Kontrollgruppa er sammensatt med følgende bakgrunn:

**Faglig:**
Høgskolekandidat med tillegg innfor revisjon og ledelse.
Høgskole innen økonomi med autorisasjon som regnskapsfører.
Bachelorgrad i revisjon, 3 stykker.
Skatteetatskolens saksbehandlerutdanning

**Yrke, utenom praksis som regnskapskontrollør:**
Regnskapsfører/regnskapsansvarlig, praksis som selvstendig næringsdrivende.

### 2.3 Opplæring / etterutdanning

Reell kurstid er
35 dager ekstern, inkl. fagdager / oppdateringskurs ved Skatt Midt- Norge.
5 dager intern arbeidsgiverkontroll (eget kurs).

Kurs beskrivelse med antall deltagere fra oss:
Infokurs1stk, (1 d)
NARF kurs 4 stk.( 7 d.)
Skatt Midt- Norge 2 fagdager for arbeidsgiverkontrollen 7 stk ( 14 d)
Landskonferansen i Oslo med 3 stykker. ( 6 d)
Skatt Midt – Norge kurs til regnskapsførere / revisor 3 stk deltatt.( 3 d)
NTNU Ledelseskurs, kommunalt tilbud (3 semester)1 stk/ (4 d)

## 3. Arbeid og resultatoppnåelse

### 3.1 Resultat pr 31.12.2012

* Antall kontroller er medregnet kontroller som Nordre Sunnmøre kemnerkontor hadde egne ressurser til.

| Kommune | Antall lev. 31.12.11 | Antall planlagte kontroller | Gj.ført kontroller | Resultat i prosent av lev. Pr 31.12.12 |
|---|---|---|---|---|
| Ålesund | 2093 | 105 | 77 | 3,7 |
| Giske | 231 | 12 | 12 | 5,2 |
| Haram | 284 | 14 | 11 | 3,9 |
| Hareid | 168 | 8 | 5 | 3,0 |
| Herøy | 436 | 22 | 15 | 3,4 |
| Midsund | 88 | 4 | 4 | 4,5 |
| Norddal | 116 | 5 | 5 | 4,3 |
| Sandøy | 45 | 2 | 3 | 6,7 |
| Skodje | 126 | 6 | 4 | 3,2 |
| Stordal | 55 | 3 | 3 | 5,5 |
| Stranda | 244 | 12 | 7 | 2,9 |
| Sula | 231 | 12 | 10 | 4,3 |
| Ørskog | 124 | 6 | 7 | 5,6 |

**Fra 1. september 2012**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sande | 108 | 3 | 2 | 1,9 |
| Ulstein | 320 | 4 | 0 | 0 |
| Volda | 328 | 4 | 2 | 0,6 |

Utfordringer i 2012 har vært å oppnå antall rapporter, med personal sammensetningen i år. Med en forholdsvis fersk kontrollør og to nyansatte, samtidig som opplæring av disse har pågått. Lengre syke-fravær på en i starten på året. Litt nye rutiner angående arkivering.

Vi har i 2012 ikke oppnådd fullstendig antall rapporter for alle kommunene. Det var i utgangspunkt planlagt 213 kontroller. I tillegg hadde vi som mål å få til 8-11 kontroller samlet for de tre nye kommunene som tiltrådde i september. Vi har da et avvik med kontroller fra planlagt på 56 stk.

Avvik antall rapporter grunngis med blant annet med at kontrollarbeidet har blitt mer resurskrevende. Det stilles større krav til kvalitet og at rapporten skal gi et godt grunnlag for den senere saksbehandling av vedtak om endring av ligning. Også kvalitet og godt grunnlag er viktig der hensyn til anmeldelse er aktuelt. Dette innebærer at vi bruker mer ressurser på å innhente informasjon i forbindelse med kontrollen samt få til gode fakta beskrivelser. Økt problematikk knyttet til utenlandske arbeidstakere og NUF gir økt ressursbruk. I tillegg stilles det også større krav til at arbeidsgiverkontrollen i større grad skal avdekke feil og skatteunndragelser.
Da vi har knappe ressurser i utgangspunkt sett til antall pålagte kontroller, er vi sårbare når "fravær oppstår, enten det er sykdom eller permisjoner.

Teamleder har også i 2012 vært tilknyttet regionens utenlands-gruppe. Ansvar for arbeidsgruppen har vært tillagt avdeling for veiledning i Skatt Midt- Norge, Rita Susegg Stensmur har vært gruppeleder i perioden.

## 3.2 Strategi for år 2012 var,

**Mål administrativ:**
Følge opp administrative rutiner, der iblant à jour føre fremdriftsplan.
Rutinebeskrivelsen og andre skriftlige rutiner skal oppdateres.
Påse at gruppens rutiner følges.
Bedre dokumentasjon på kvalitet sikring av rapportene.

Rutinebeskrivelsen er oppdatert, også andre beskrivelser for arbeidsprosesser/ rutiner er oppdatert. Fremdriftsplan er ajour holdt. Dokumentasjonen av kvalitetssikringen for rapporter har ikke oppnådd ønskelig nivå, det har ikke vært kapasitet til dette.

**Mål kontroll**
Det skal planlegges stedlige kontroller i samsvar med Skatteoppkreverinstruksen § 5-2 nr 3.
Kontrollene skal fastsettes og utføres i henhold til gjeldende kontrollbegrep pr 1.1.2012.
Kontrollene skal gjennomføres med vekt på kvalitet, rettsikkerhet og likebehandling.
For 2012 er målet om antall kontroller minimum 212 stk.

I henhold til skatteetatens foreløpige innsatsplan for arbeidsgiverkontroll, fremlagt pr. januar 2012, skulle satsingsområder i 2012 være følgende:
**NUF**
**Transaksjoner mellom nærstående** (andel av regionens 76 kontroller beregnet for SKO) mer info senere.
**Bortfall av revisjonsplikt generelt**. Det må mulig avsettes ressurser for kontroll av objekter innfor dette.
**Kontrollimpulser**, lister fra analysegruppen i skatteetaten. Disse tas ut i samarbeid / etter valgt kriterier fra arbeidsgiverkontrollen / SKO.
**Byggeplasskontroller**
**Revisors manglende underskrift**
**Grunnlagsdata** – tidsriktige – og bedre kvalitet.

Det kom ikke spesifikke endringer i styrings- eller prioriteringsbrev. Det ble imidlertid forspurt om kontrollgruppen kunne delta med kontroller vedrørende prosjekt Random – kontroller.

**Oppnåelse:**
Vårt resultat er lavt ved antall rapporter, vi mener allikevel det er utført godt arbeid sett i forhold til de kriterier som stilles og til ressursene.
Vi har hatt kontroller i 16 NUF, og mange utplukk gjort etter informasjon om revisors anmerkninger.
Vi har også hatt flere kontroller innfor virksomhet som driver innen bygg-bransjen. Byggplass - kontroll ble det kun en av, dette da det krever en del planlegging rundt slike kontroller og vi ikke har hatt ressurs til det.
Foreslåtte kroner samlet for kommunene er høyere for endring inntektsgrunnlag enn i fjor, endring grunnlag arbeidsgiveravgift noe lavere.

## 3.3 Tidsforbruk

Antall dagsverk i snitt pr kontroll har vært ca 4,15 DV. Dette er høyere enn fjorårets 3,7 DV.

## 3.4 Resultat av kontrollarbeidet 2012

For inntektsåret 2012 er dette telt;
Endringsforslag arbeidsgiveravgift.
Endringsforslag inntektsgrunnlag
Rettinger ved at vi sender lønns og trekkoppgaver.
Egenrettinger av virksomhet påvirket av kontroll.

Vi har følgende totalresultat i år.
Antall kontroller 167
Antall AK rapporter med avdekning 49 stk.
Antall FK rapporter med avdekning 3 stk
Antall feil ved trekk i rapportene, 48 kontroller.
Antall kroner foreslått endring - sak inntektsgrunnlag 22 213 333
Antall kroner foreslått endring - sak AGA 17 305 090
Antall kroner egenretting 2 177 028

**Vedtak:** vi målt på:
Beløp – måle vedtaket fra skattekontoret i beløp som andel av forslaget i beløp fra SKO
Antall – måle hvor mange av skattekontorets vedtak som beløpsmessig er lik endringsforslaget i våre rapporter.
For hvert av forholdene (beløp og antall) er parameteren splittet på:

Grunnlag arbeidsgiveravgift og inntektsgrunnlag (likningsendring for ansatte)

Det er et overordnet mål at de beløpsmessige forslagene fra SKO opprettholdes i vedtakene fra skattekontoret i 90 prosent av tilfellene. Vedtakene blir telt som et fastsatt vedtak for det enkelte endrings beløp jf. sak. Det vil si at en skatteyter kan bli telt med flere vedtak i ett år og for eventuelt flere år.

Sum totale antall vedtak for AGA er 55 fra skattekontoret (av disse har vi gitt forslag til 51).
Rett vedtak av våre foreslåtte er 43 stk. Gir korrekt treff med 84 % på våre forslag.
Sum totale antall vedtak for inntektsgrunnlag er 74 (av disse har vi gitt forslag til 67). Rette vedtak av de foreslåtte er 54, gir riktig 81 %.
Beregnet treff med % andel for gjennomslag gjelder kr beløp sett mot kr forslag.

Avdekning målt i år prosentvis av total antall rapporter er 29 %, dette er lavere enn fjorårets. Dette er da ikke sammenlignbart, for kriterie antall avdekning er endret. Tidligere ble *ikke innsatt / overført forskuddstrekk på skattetrekkskonto* telt med som avdekningsfeil i antall rapporter, dette er ikke med i år.
Det er 21 kontroller som har avdekt mulig straffbare forhold, det er dermed ikke sagt at alle disse er sendt anmeldelse på.

**Informasjonstiltak**

Informasjons – dagene våre trakk 177 deltagere. Det ble i år gjennomført informasjons dag i Ålesund, Herøy, Volda og Ørskog

## 4. Regnskap 2012.

Regnskap for år 2012 er ikke ferdigstilt pr 18.01.12, men er beregnet å være innfor det budsjetterte.

## 5. Konklusjon

Seksjonen har i 2012 ferdigstilt 167 bokettersynsrapporter. Dette er 56 kontroller mindre enn hva vi hadde som mål.

Følgende dagsverk føres over til 2013.

| Kommune | Overført DV til neste år |
|---|---|
| Ålesund | 26 |
| Giske | 21 |
| Haram | 5 |
| Hareid | 23 |
| Herøy | -49 |
| Midsund | -3 |
| Norddal | -1 |
| Sandøy | -2 |
| Skodje | -2 |
| Stordal | -11 |
| Stranda | -19 |
| Sula | -7 |
| Ørskog | 3 |
| Sande | 1 |
| Ulstein | 5 |
| Volda | 8 |

**Ålesund, den 18.01.2013**

Sigrun Andersen

**Sigrun Andersen**
teamleder

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2012/1058 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 133/13 | Formannskapet | 20.08.2013 |
| 97/13 | Kommunestyret | 29.08.2013 |

## REGULERINGSENDRING FOR VÅGSHOLMEN - SLUTTBEHANDLING

**Møtebehandling:**

Planleggarane Hallvard Rusten og Aleksander Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013**

Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne **"Reguleringsendring for Vågsholmen",** med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 23.04.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.

**<u>Tilråding:</u>**

Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne **"Reguleringsendring for Vågsholmen",** med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 23.04.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:
- Utviklingsavdelinga

**Vedlegg:**

01 – Plankart
02 - Føresegner
03 - Planomtale med vedlegg
04 - F-sak 6/13 – Vedtak om offentleg ettersyn
05 - Innspel til planarbeidet

**Saksopplysningar:**
På vegne av tiltakshavar Vågsholmen Utvikling AS har konsulentfirma AG Plan & Arkitektur AS utarbeidd forslag til detaljplan etter PBL § 12-3. Planforslaget medfører reguleringsendring for deler av godkjent reguleringsplan «Reguleringsplan for Vågsholmen (Plan Id 201002), vedteken 25.2.2012, K-sak 23/10».

Tiltaket er tidlegare vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er naudsynte i denne saka. Det vert her vist til «varsel om oppstart av planarbeid» og dei vurderingane som blei gjort i samband med handsaming av denne søknaden.

I hovudsak ynskjer tiltakshavar Vågsholmen Utvikling AS med dette planforslaget å endre blant anna den regulerte vegstandarden/linjeføringa i eksisterande plan for Vågsholmen, slik at denne er i samsvar med dei krava som PBL set for tilkomst. Skal vegane i områda stette krava må lastebil vere dimensjonerande køyretøy – både for køyrevegar og areal til snuplass. Målet med planframlegget er å justere vegstandarden for veg T2 ved at snuplass vert dimensjonert for lastebil, at linjeføring og vegstandard for veg T3 vert endra slik at vegen tilfredstille tilkomst for renovasjonsbil og utrykkingskøyretøy. Vidare skal vegen inkludere sideareal til vegskråning/del av grøft. Samtidig ønskjer tiltakshavar å flytte snuplassen på T3 då større snuplass vil gjere for store inngrep i tilgrensande tomter i forhold til tomtebreidda. Dette medfører då reduksjon av arealet Fr1 (no regulert stort 1,9 daa).

Endringar av gjeldande reguleringsplan

Planområdet gjeld reguleringsendring av no regulert bustadveg – vegane T2, T3 samt fortau T4. Veg T1 Bru er ikkje teken med i planen no. I gjeldande reguleringsplan inngår ikkje «anna trafikkareal» til vegskråning/del av grøft. Endring av vegtrase og vegstandard medfører at tilgrensande byggjeareal sine grenser vert tilsvarande justert. Prinsippet for fastsetting av byggegrense langs vegane vert endra som følgje av planjusteringa. Fastsette føresegner knytt til byggeareal vert ikkje endra. Som følgje av endra veg T3 vert regulert friområde leik redusert grunna ny plassering av snuplass. Fortau er avslutta ved avkøyrsle nord om naustområde B6.

Planprosess
AG Plan og Arkitektur AS søkte på vegne av Vågsholmen Utvikling AS om løyve til oppstart av planarbeid i april 2012. Herøy formannskap handsama søknaden i møte 5.6.2012. Formannskapet gjekk i møtet inn for at det kan setjast i gong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan for Vågsholmen.
Vidare blei det varsla oppstart av planarbeidet med annonse i avisa Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider. Det blei sendt skriv til berørte partar 29.6.2012, med frist for innspel vart sett til 30.8.2012. Det kom inn til saman ni (9) merknader/innspel, viser elles til punkt 8 i planomtalen.
Etter avklaringar med Herøy kommune, kom ein fram til medverknad med barnerepresentant Camilla Storøy Pettersen var aktuelt i denne saka.

Planforslaget har no vore ute til offentleg ettersyn / høyring i 6 veker, og samstundes vore sendt aktuelle høyringsorgan til uttale. Private partar som blir råka av planforslaget er varsla i eige skriv og har soleis fått høve til å kome med innspel til planarbeidet.

Gjennom høyringsperioden har det kome ikkje kome innspel til planarbeidet.

Følgjande offentlege instansar har meldt om at dei ikkje merknader til planforslaget:

- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Statens Vegvesen
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Barn- og unge:
Rådmannen viser til at flyttinga av snuplassen slik den er skissert i planframlegget, medfører endringar for «Friområde Leik» i gjeldande plan. Arealet vert redusert frå 1,9 daa til 1,6 daa. Storleiken på leikearealet ligg framleis innanfor kravet i kommuneplanen sin arealdel (1,5 daa).

Rådmannen er samd i konsulent sine vurderingar kring arronderinga av arealet, og ser framleis det slik at etablering av tilrettelagde leikeareal, som ballplass, område for leikeapparat mv kunne få gode løysingar. Denne forma for utvikling av leikeareal i eit sentrumsnært område vil vere positivt i høve tilrettelegging for variert leik og opphald for born- og unge. I planomtalen er det også dokumentert at konsulent har drøfta dei noverande løysingane med kommunen sin Barnerepresentant undervegs i planarbeidet.

Gjennom vedtak om offentleg ettersyn blei det sagt at leikearealet innanfor planområdet skal vere felles privat areal, nærare bestemt for enkelte av byggjeområda på Vågsholmen.
På denne måten meiner rådmannen at behova til barn og unge i det komande private bustadområdet blir ivareteke på ein tilfredstillande måte. Når det gjeld dei offentlege interessene viser rådmannen til dei øvrige areala som er avsett til friområdet i gjeldande plan, og at desse områda gir god tilgong for rekreasjon, friluftsliv og kontakt med sjøfronten i sentrum.

Infrastruktur og samfunnstryggleik:
Planforslaget vil danne grunnlaget for ein infrastruktur som gjer det mogleg med ein tilfredstillande tilkomst for større køyretøy på Vågsholmen. Det er i planforslaget utarbeidd ROS- analyse og det er gjort konkrete vurderingar kring kva høgde som skal vere på vegnivå i høve framtidige estimat for havnivåstigning og bølgjepåverknader i dette området. Rådmannen vurderer plangrepa i dette reguleringsforslaget til å vere positivt i høve ein berekraftig og betre tilgjengeleg infrastruktur på Vågsholmen.
Ein vil understreke at det allereie er starta opp forhandlingar om utbyggingsavtale mellom kommunen og Vågsholmen Utvikling AS (Utbyggingselskap), og at nærare detaljar kring infrastruktur vil kome fram gjennom politisk behandlinga av sjølve avtalen med tilhøyrande vedlegg.

Areal og sentrumsutvikling:
Dei resterande områda på Vågsholmen som ikkje inngår i denne reguleringsplan, er i dag regulert gjennom ein gjeldande reguleringsplan for Vågsholmen.
Samla opnar denne planen opp for vesentleg meir bustadbygging enn dagens situasjon, og ein vil gjennom utbygging i høve reguleringsplanane oppleve ei vesentleg endring av området på Vågsholmen. Rådmannen vil understreke at denne reguleringsplan vil danne grunnlaget for ei utbygging av byggjeareala på Vågsholmen, som vil bidra til ei vesentleg styrking av bustadtilbodet i Fosnavåg sentrum. Rådmannen vurderer realisering av desse planane til å vere i tråd med mål og strategiar i gjeldande samfunnsplan, som både ynskjer eit høgare aktivitetsnivå i dagens områder rundt hamna og ei styrking av bustadtilbodet i sentrum.

Naturmangfald:
Ein har vurdert planforslaget opp mot prinsippa i naturmangfaldslova og i høve tilgjengeleg kunnskap i Direktoratet for naturforvaltning sin database. Så langt ein kan sjå er ikkje planforslaget i konflikt med prioriterte artar, utvalte naturtypar eller områder med særskilt sårbare økosystem.

Konsekvensar for folkehelse:
Betre tilgjengelege vegareal og betre tilhøve for framkomst er vurdert til å vere positivt for folkehelse. Det blir lagt til rette for fortau som skal kunne kople dei mjuke trafikantane til friområda langs sjøfronten.

Konsekvensar for beredskap:
Utbygging av infrastruktur i tråd med reguleringsplan vil gi betre tilhøve for uttrykningskøyretøy enn dagens plan, og er vurdert til å forbetre tilhøva i høve beredskap for denne delen av sentrum.

Konsekvensar for drift:
Hovudinfrastruktur i området er regulert som offentleg areal. Nye tekniske anlegg som skal vere offentlege vil medføre auka utgifter til drift og vedlikehald for

kommunen. Det starta opp forhandlingar om utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggingsselskap i området. Ein føreset at nærare detaljar kring kostnader kring desse momenta vert å kome attende til ved evt kommunal overtaking av tekniske anlegg.

**Konklusjon:**
Rådmannen vurderer planforslaget til å vere godt gjennomarbeidt og i samsvar med dei prosessuelle og formelle krava i plan- og bygningslova (PBL 2008). Planforslaget har no vore ut til offentleg ettersyn / høyring og private og offentlege partar fått høve til å medverke i planarbeidet. Når det gjeld innhaldet i planforslaget viser rådmannen til det som går fram av plankart, føresegner og planomtale med tilhøyrande vedlegg.

Rådmannen viser til at det i eksisterande reguleringsplan ligg eit vesentleg «ikkje-utnytta» potensiale for utbygging av eit variert og sentrumsnært bustadtilbod på Vågsholmen.
Med tanke på framtidig sentrumsutvikling og moglegheiter for å skape fleire bustader og meir aktivitet i bysentrum, ser rådmannen det som positivt at ein no, gjennom denne reguleringsplanen og seinare utbyggingsavtale, kan danne ein infrastruktur som kan gjere det mogleg å løyse ut ei større utbygging av bustader og kombinerte arealformål på Vågsholmen. Ei slik utvikling vil vere i tråd med målsettingar og strategiar som er vedteke i samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil på sikt kunne styrke bustadtilbodet og kunne auke aktivitetsnivået i sentrum på sikt.

Ein vil avslutningsvis peike på at brua mellom Notaneset og Vågsholmen ikkje er ein del av dette planforslaget, og at det ikkje ligg føre rekkjefølgjekrav om oppgradering av brua som følgje av dette planforslaget. Så langt ein kan sjå ligg det heller ikkje inne krav til oppgradering av brua i gjeldande (dagens) reguleringsplan for Vågsholmen. Momenta knytt til den aktuelle brua har tidlegare vore drøfta i samband med oppstart av planarbeid, og Formannskapet har vedteke at brua ikkje skal vere eit tema i denne reguleringsendringa. Rådmannen vurderer det slik at spørsmål kring brua er noko ein må kome attende til ved eit evt seinare høve, dersom dette blir eit aktuelt tema som følgje av utbygging i området.

Med bakgrunn i denne saksframstillinga og med tilvising til planforslaget og dei innkomne innspela, vil rådmannen rå til at det vert gjort følgjande vedtak:

**Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne "Reguleringsendring for Vågsholmen", med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 23.04.2013.**

**Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.**

Fosnavåg, 08.06.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg




# TEIKNFORKLARING

## Bygningar og anlegg ( §12-5 NR.1)

- Bustader - frittliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Andre kommunaltekniske anlegg
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag
- Uthus/naust/badehus
- Leikeplass
- Bustad/kontor

## Samferdselsanlegg og tek. infr. (§12-5 NR.2)

- Køyreveg
- Fortau
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn - tekniske anlegg

## Grøntstruktur (§12-5 NR.3)

- Friområde

## Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5 NR.6)

- Småbåthamn

## Linjer og symbolar

- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

**Eierform:**
o_ = Offentleg formål
f_= Felles privat formål

**Kartopplysninger**

Kilde for basiskart: Geovekst AS
Dato for basiskart: 10.06.2013
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter
Kartmålestokk 1:1000 (A3)

0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

**DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3**

**Reguleringsendring for Vågsholmen**

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201262**
Forslagstiller: **Vågsholmen Utvikling AS**
Kartprodusent: **AG Plan og Arkitektur AS**

| | Revisjon av plankart | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| A | | | |
| B | | | |
| C | | | |

| SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN | SAK | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| **Kommunestyrets vedtak:** | | | |
| 2. gongs behandling i Formannskapet | | | |
| Offentlig ettersyn fra 26.5.2013 til 7.6.2013. | | | |
| 1. gongs behandling i Formannskapet | 6/13 | 22.1.2013. | AZT |
| Kunngjering av oppstart planarbeidet | 188/12 | 5.6.2012. | AZT |

| PLANEN UTARBEIDET AV: AG Plan og Arkitektur AS | PLANNR. | TEGNNR. | SAKSBEH. |
|---|---|---|---|
| | - | - | AZT |

# REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. PBL § 12-3) FOR «VÅGSHOLMEN»

| Nasjonal arealplan-ID: Kartnr. i kartarkivskap nr. 1 | Eigengodkjenningsdato | Eigengodkjend av: |
| --- | --- | --- |
| 1515201262 | xx.xx.2013 | Herøy kommunestyre |

## §§ 1-3 GENERELT
## § 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE
Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

## § 2 - ANDRE BESTEMMINGAR
Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

## § 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR
Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

## § 4 - REGULERINGSFØREMÅL
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

<u>Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)</u>
- Bustader, frittliggjande (B1-B3)
- Bustader, konsentrert (B4-B5)
- Anna kommunalteknisk anlegg (Sp5)
- Småbåtanlegg, land (Sp1-Sp2)
- Naust (B6)
- Leikeplass (LEIK)

<u>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur </u>(PBL. § 12-5, nr. 2)
- Køyreveg (T2-T3)
- Fortau (T4)
- Gangsti (T5)
- Annan veggrunn, tekniske anlegg

<u>Grøntstruktur (PBL. § 12-5, nr. 3)</u>
- Friområde (Fr2)

<u>Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL. § 12-5, nr. 6)</u>
- Småbåthamn (Sp3)

## § 5 – AREALBRUK

**a.** For grad av utnytting av tomtene, viser til vedtekne føresegner for gjeldande plan.

**b.** Bygg skal plasserast innanfor byggeområde og eventuelle byggegrenser i reguleringsplanen.

## § 6 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

**a. Bustader, frittliggjande (B1-B3).**

**b. Bustader, konsentrert (B4-B5).**
**c. Anna kommunalteknisk anlegg (Sp5).**
**d. Småbåtanlegg, land (Sp1-Sp2).**
**e. Naust (B6).**
**g. Bustad/kontor (B6).**

For bruk av ovannemnde område a. – e, samt g. viser desse føresegnene til vedtekne føresegner gjeldande for reguleringsplanen «Vågsholmen» Planidentifikasjon 201002 vedteken 25.2.2010.

**f. Leikeplass (LEIK)**
Leikeplass, på plankartet merka f_LEIK, er felles privat for eigedomane innanfor bustadområda B1, B2 og B3.

## § 7 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl . § 12-5, nr.2)

I trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande grøft (T2-T3)
- fortau (T4)
- gangveg/trappesti (T8)
- annan veggrunn, tekniske anlegg

Køyreveg skal ha minstehøgde lik kote 2,59 (senterlinje veg).

I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.

«T2» og «T3» er område for offentleg trafikk, køyreveg.
«T4» er område for offentleg trafikk, fortau.
«T8» er område for offentleg trafikk, gangveg/trappesti.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap 16.

I vegkryss skal areal ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsoner skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

I avkøyrsler som kryssar fortau «T4» skal det nyttast seinka kantstein, min høgdeskilnad lik 2 cm mellom køyreveg og fortau.

## § 8 – GRØNTSTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.3)

Friområde (Fr2):
For bruk av området «Fr2» viser vi til vedtekne føresegner i gjeldande plan.

## § 9 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)

1. Køyreveg «T2» med fortau «T4» skal ferdigstillast samtidig med det av område «B4», «B5» eller «B7» som først vert bygd ut.
2. Køyreveg «T3» skal ferdigstillast samstundes med «B1».
3. Pumpestasjon/tilkopling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar. For område B1 er kravet før bustadhus vert ferdigstilt/tekne i bruk.
4. Det skal takast prøver av grunn før utbygging kan starte.
5. Leikeplassen «f_LEIK» skal opparbeidast med og ferdigstillast samstundes med utbygginga av infrastrukturen i området.

*Plan godkjent av Herøy kommunestyret i K-sak _____/13, i møte ____._____.2013.*

Fosnavåg, _____. ____.2013

___________________
Arnulf Goksøyr
**Ordførar**

AG Plan og Arkitektur AS
Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Ørsta 14.12.2012
Revisjon 1 – 23.4.013

**Herøy kommune**
**Formannskapet**
**Rådhuset**
**6099 Fosnavåg**

# Detaljplan (reguleringsendring)
# for Vågsholmen (201002)
# Herøy kommune




Planområde


**AG Plan og Arkitektur AS**
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

# AG Plan og Arkitektur AS

| | |
|---|---|
| Oppdraget sitt namn: | Reguleringsendring Vågsholmen |
| Dokumentet sitt namn: | Planomtale |
| Saksnr: | 2132 |
| Oppdragsgjevar: | Vågsholmen Utvikling AS |
| Oppdragsgjevar sin representant: | Arthur Almestad |
| AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: | Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar) |
| Medarbeidarar: | Eldar Hansen (GIS-ingeniør) |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. | 23.4.2013 | 18 | | kg | kg | AA |
| | 29.10.2012 | 18 | | kg | kg | AA |
| Revisjon nr. | Dato | Tall sider rapport (+ appendix) | | Utarbeida | Kontrollert | Godkjent |

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

| Oppdragsnr. | Dokumentnr | Filnavn |
|---|---|---|
| 2132 | 1 | P:prosjekt/2132-Vågsholmen/Prosjektmappe/Plandata_ Tekstdokument/Planomtale.doc |

# Innhald

**1. Samandrag** ..... 5
**2. Nøkkelopplysningar** ..... 6
**3. Bakgrunn** ..... 7
3.1. Bakgrunn ..... 7
3.2. Føremål med planen ..... 7
3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold ..... 7
3.4. Utbyggingsavtale ..... 7
3.5. Krav om konsekvensutgreiing ..... 7
**4. Planprosessen** ..... 8
4.1. Spørsmål om oppstart ..... 8
4.2. Forvarsling ..... 8
4.3. Møte med særskilde grupper ..... 8
**5. Planstatus og rammer** ..... 9
5.1. Overordna plan ..... 9
5.2. Gjeldande reguleringsplanar ..... 9
5.3. Temaplanar ..... 10
5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar ..... 10
**6. Skildring av planområdet** ..... 11
6.1. Lokalisering ..... 11
6.2. Dagens arealbruk ..... 11
6.3. Gjeldande regulering - endringar ..... 11
6.4. Kulturminne og kulturmiljø ..... 12
6.5. Naturverdiar ..... 12
6.6. Rekreasjonsverdi ..... 12
6.7. Trafikkforhold ..... 12
6.8. Teknisk infrastruktur ..... 12
6.9. Grunnforhold ..... 12
6.10. Støy ..... 12
6.11. Luftforureining ..... 12
**7. Skildring av planforslaget** ..... 12
7.1. Planlagt arealbruk ..... 12

7.2. Reguleringsføremål ... 12
7.3. Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar ... 13
7.4. Parkering ... 14
7.5. Tilknyting til infrastruktur ... 14
7.6. Universell utforming ... 14
7.7. Arkitektur - estetikk ... 14
7.8. Naturmangfaldlova ... 14
7.9. Born og unge sine interesser ... 15
7.10. Renovasjon ... 15
7.11. ROS ... 15
7.12. Krav om rekkefølgje ... 16
7.13. Økonomiske konsekvensar for kommunen ... 16
7.14. Føresegnene ... 16
7.15. Plankart (2132-100) ... 16
**8. Innkomne innspel** ... 17
Merknader ... 17
**9. Avsluttande kommentar** ... 17

## Vedlegg:

**Vedlegg A:** A1: Vurdering av innspel/merknader
A2: Innkomne skriv

**Vedlegg B:** Lengdeprofil veg (2132-101)
Standard tverrprofil veg (2132-102)

**Vedlegg C:** ROS-vurdering (Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga).
Sjekkliste for naturmangfald

**Vedlegg D:** Spørsmål om oppstart
Utsendte dokument i samband med forvarsling

# 1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å justere vegstandard og linjeføring, justering av friareal og bustadareal som følgje av endring av vegløysing i gjeldande reguleringsplan. I tillegg ønskjer tiltakshavar å ta ut regulert veg T1 av gjeldande reguleringsplan.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. pbl § 12-3.

Området er tidlegare regulert. Planområdet inngår i reguleringsplan for Vågsholmen (Planidentifikasjon 201002), vedteken i kommunestyret 25.2.2010.

Grunnen i området er offentleg/privat eige.

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom kommunen og tiltakshavar.

Tiltakshavar er Vågsholmen Utvikling AS. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet.

| Føremål | Areal (daa) |
|---|---|
| **Bygningar og anlegg** | |
| Bustader – frittliggjande | 2,1 |
| Bustader, konsentrert | 1,0 |
| Anna kommunalteknisk anlegg | 0,1 |
| Småbåtanlegg (land) | 0,1 |
| Naust | 0,1 |
| Leikeplass | 0,45 |
| Bustad/kontor | 0,8 |
| **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur** | |
| Køyreveg | 1,7 |
| Fortau | 0,4 |
| Gangveg | 0,03 |
| Annan veggrunn – teknisk anlegg | 0,8 |
| **Grøntstruktur** | |
| Friområde | 0,02 |
| **Bruk og vern av sjø og vassdrag** | |
| Småbåthamn | 0,1 |
| **Sum areal planframlegg** | 7,8 |

# 2. Nøkkelopplysningar

| | |
|---|---|
| Kommunedel: | Fosnavåg, delplan Bergsøy |
| Stad/adresse: | 6090 Fosnavåg |
| Forslagstillar: | Herøy kommune |
| Eksisterande planstatus: | I kommuneplanen sin arealdel: eksisterande og planlagde bustader |
| Planområdet sitt areal i daa: | 7,8 |
| Viktigaste fremma reguleringsformål: | Bustader og naust, vegar, fortau, gangveg, friområde, mm. |
| Aktuelle problemstillingar: | Endring av linjeføring veg, flytting av snuplass, mm. |
| Kunngjering, dato (avis): | 29.6.2012 |
| Varslingsdato berørte partar (brev): | 29.6.2012 |
| Frist for innspel: | 30.8.2012 |
| Medverknad utover varsling: | Møte med barnerepresentanten |
| Krav om konsekvensutgreiing (j/n): | N |

# 3. Bakgrunn

## 3.1. Bakgrunn

I tilknyting til arbeid med utbyggingsavtale og drøftingar med kommunen, vart det klarlagt at regulert vegstandard/linjeføring ikkje er i samsvar med dei generelle krava som plan- og bygningslova set til tilkomst. Skal vegande stette krava må lastebil nyttast som dimensjonerande køyretøy – både for vegar og snuplassar.

## 3.2. Føremål med planen

Målet med planarbeidet er å justere vegstandard og linjeføring, justering av friareal og bustadareal som følgje av endring av vegløysing i gjeldande reguleringsplan. I tillegg ønskjer tiltakshavar å ta ut regulert veg T1 frå gjeldande reguleringsplan.

Det blei peika på m.a. følgjande punkt:

1. Mindre justering av linjeføringa til veg T3.
2. Flytting av snuplassen i enden av veg T3 til friområdet og tilrettelegging for gangsti til friområdet ved forlenging av veg T3.
3. Snuplassen ved enden av veg T2 er for knapp for dimensjonerande køyretøy og må endrast.
4. Fortau langs T2 – langs einebustadtomtene – må kunne gå ut grunna liten trafikk.
5. Trafikkarealet ved brua (veg T1 og del av veg T2) er for knapt til å få plassert nødvendig rekkverk på regulert trafikkareal.
6. Regulering av veggrøft på begge sider av vegane, jf. krav frå anleggsavdelinga i kommunen.
7. Planen må endrast slik at ansvaret for veg og bru i område T1 må ligge til kommunen. Med bakgrunn i drøftingane, vart det konkludert med at det måtte lagast ei eiga sak for formannskapet, med tanke på formell oppstart av reguleringsendring.

## 3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Tiltakshavar er Vågsholmen Utvikling AS v/ Arthur Almestad (AA). Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet. Det regulerte området er i privat eige.

## 3.4. Utbyggingsavtale

Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkommande sjølve utbygginga av dei tekniske anlegga. Tekniske anlegg omfattar veg, gangveg, leidningsnett til vatn, avløp og overflatevatn og El- og teleforsyning.

## 3.5. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

# 4. Planprosessen

## 4.1. Spørsmål om oppstart

AG Plan og Arkitektur AS søkte på vegne av tiltakshavar om løyve til oppstart av planarbeid i april 2012. Herøy formannskap handsama søknaden i møte 5.6.2012. Formannskapet gjekk i møtet inn for at det kan setjast i gong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan for Vågsholmen. I saksutgreiinga kom kommunen med følgjande kommentarar til endringane som AG påpeika:

*Punkt 1 og 2:*
*Tiltakshavar må dokumentere konsekvensane for reduksjon av FR1-friområde leik. Det skal utarbeidast detaljskisser som viser konsekvensane av justering av linjeføring og flytting av snuplass innanfor området. Det er positivt at tiltakshavar legg til rette for å etablere ny tilkomst til friområdet.*

*Punkt 3:*
*Ein bør halde fast på at fortauet skal gå fram til FR2 friområde turveg. Konsekvensen er at regulert fortau må flyttast nærare gnr. 33, bnr. 7, som igjen medfører at bustadarealet foran eigedommen vert redusert noko. At sambindinga mellom fortau og FR2 vert oppretthalden vert vurdert som viktig.*

*Punkt 6.*
*Spørsmålet om kven som skal bygge/utbetre brua må fremjast som eiga sak.*

Det vert elles vist til vedlegg D.

## 4.2. Forvarsling

Det blei varsla oppstart av planarbeidet ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til berørte partar 29.6.2012, med frist for innspel vart sett til 30.8.2012. Det kom inn tilsaman ni (9) merknader/innspel, viser elles til punkt 8 i planomtalen.

## 4.3. Møte med særskilde grupper

Etter avklaringar med utviklingsleiar Jarl Martin Møller i Herøy kommune, kom ein fram til medverknad med barnerepresentant Camilla Storøy Hermannsen var aktuelt i denne saka.

Tiltakshavar Arthur Almestad i Vågsholmen Utvikling AS arrangerte synfaring/drøfting med barnerepresentanten, på Vågsholmen den 28. november 2012. På førehand blei det sendt over planskisser. På synfaringa orienterte Arthur om planarbeidet.

Barnerepresentanten konkluderte med følgjande vedrørande snuplass/leikeplass:

> *«Det ser ut til at arealet vil vere stort og godt til ulik bruk sjølv om ein tek noko av det til snuplass. Arealet har også stort sett lik utforming, så det er ikkje ein del av arealet ein berre kan bruke til ein ting som forsvinn. Verdien i eit leikeareal ligg i korleis det vert utnytta. Når det gjeld det med tilkomst friareal og fortau, ønskjer eg å sjå planen før eg gir ei uttale.»*

# 5. Planstatus og rammer

## 5.1. Overordna plan

Området er i kommunedelplan for Bergsøya (stadfest av K-styret 16.4.04), lagt ut til bustad (noverande og framtidig) og industri (noverande og framtidig).




*Utsnitt frå kommunedelplan for Bergsøy frå 2004*

## 5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet er tidlegare regulert.

Planområdet inngår i si heilheit til reguleringsplanen:

- Reguleringsplan for Vågsholmen (Plan Id 201002), vedteken 25.2.2012, K-sak 23/10




*Forvarsla plangrense, vist på gjeldande reguleringsplan for Vågsholmen*

### 5.3. Temaplanar

Ingen kjende temaplanar. Viser elles til saksdokument ved handsaming av reguleringsplanen i år 2010.

### 5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Så langt vi kan sjå: ingen som har nemnande verknad for denne saka.

# 6. Skildring av planområdet

## 6.1. Lokalisering

Planområdet ligg i Herøy kommune, nærare bestemt på Vågsholmen.




*Planområde*

## 6.2. Dagens arealbruk

På området i dag er det ein del eksisterande bustader og bygg for næringsverksemd. Det er sett i gong bygging av eitt bustadhus i samsvar med gjeldande reguleringsplan og det er sett i gong oppfylling av areal regulert til bustad/kontor føremål. Vågsholmen er knytt til kommunal veg som igjen går fram til fylkesveg 20.

## 6.3. Gjeldande regulering - endringar

Planområdet gjeld reguleringsendring av no regulert bustadveg – vegane T2, T3 samt fortau T4. Veg T1 Bru er ikkje teken med i planen no. I gjeldande reguleringsplan inngår ikkje «anna trafikkareal» til vegskråning/del av grøft.
Endring av vegtrase og vegstandard medfører at tilgrensande byggjeareal sine grenser vert tilsvarande justert. Prinsippet for fastsetting av byggegrense langs vegane vert endra som følgje av planjusteringa. Fastsette bestemmingar knytt til byggeareal vert ikkje endra. Som følgje av endra veg T3 vert regulert friområde leik redusert grunna ny plassering av snuplass. Fortau er avslutta ved avkøyrsle nord om naustområde B6.

### 6.4. Kulturminne og kulturmiljø

### 6.5. Naturverdiar

### 6.6. Rekreasjonsverdi

### 6.7. Trafikkforhold

### 6.8. Teknisk infrastruktur

### 6.9. Grunnforhold

### 6.10. Støy

### 6.11. Luftforureining

Status for ovannemnde punkt er ikkje endra sidan handsaming av gjeldande reguleringsplan i 2010.

## 7. Skildring av planforslaget

### 7.1. Planlagt arealbruk

Målet med planframlegget er å justere vegstandarden for veg T2 ved at snuplass vert dimensjonert for lastebil, at linjeføring og vegstandard for veg T3 vert endra slik at vegen tilfredstille tilkomst for renovasjonsbil og utrykkingskøyretøy. Vidare skal vegen inkludere sideareal til vegskråning/del av grøft. Samtidig ønskjer tiltakshavar å flytte snuplassen på T3 då større snuplass vil gjere for store inngrep i tilgrensande tomter i forhold til tomtebreidda. Dette medfører då reduksjon av arealet Fr1 (no regulert stort 1,9 daa). Kommunen ønskjer at «anna trafikkareal» i breidd 1.5 m langs vegen T2 vert teken med i planen samt at plass til rekkverk vert innarbeidd, jf svv si handbok 231 (gjeld på ei kort strekning der vegen grensar til sjø og på mur mot B4).

### 7.2. Reguleringsføremål

Areala er delt i følgjande område:

| Arealbruk | Storleik (daa) | Område |
|---|---|---|
| Bustader, frittliggjande | 2,1 | B1-B3 |
| Bustader, konsentrert | 1,0 | B4-B5 |
| Anna kommunalteknisk anlegg | 0,1 | Sp5 |

| | | |
|---|---|---|
| Småbåtanlegg (land) | 0,1 | Sp1 |
| Naust | 0,1 | B6 |
| Leikeplass | 0,45 | Fr1 |
| Bustad/kontor | 0,8 | B7 |
| Køyreveg | 1,7 | Gjeld T2 og T3 |
| Fortau | 0,4 | Gjeld T4 |
| Gangveg | 30 $m^2$ | Gjeld T8. |
| Annan veggrunn - teknisk anlegg | 0,8 | |
| Friområde | 23 $m^2$ | Gjeld Fr2. |
| Småbåthamn (sjø) | 0,1 | Gjeld Sp3 |
| Samla areal planframlegg | 7,8 | |

### 7.3. Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Endring av vegtrase og vegstandard medfører at tilgrensande byggjeareal sine grenser vert tilsvarande justert. Prinsippet for fastsetting av byggegrense langs vegane vert ikkje endra som følgje av planjusteringa, men justert slik at avstanden er 5 m frå regulert vegareal med unnatak av for område B4. Her er byggegrense vist i samsvar avstandskrav i gjeldande plan. Fastsette bestemmelsar knytt til byggeareal vert ikkje endra, med unnatak bestemmingar knytt til leikeareal – slik vedtaket i sak 6/13 fastset:

Leikeplassen, på plankartet merka f_LEIK, er felles privat for eigedomane innanfor bustadområda B1, B2 og B3. Leikeplassen skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med infrastrukturen i området (viser til føresegnene).

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)

Vegar

Tilkomst til feltet

Feltet er knytt til fylkesveg Fv20 via Nørvågvegen.

Vegane sin dimensjon er tilpassa dei ulike vegane si trafikkmengd og bruken av vegane. Vegstandarden er tilpassa kommunale krav til vegstandard (anleggs- og driftsavdelinga). Vegane er gitt standard i forhold til den enkelte veg sin funksjon og trafikk, jf. statens vegvesen si handbok 017. Det er teke omsyn til breiddeutviding. Tilsvarande er det gitt utviding der det er behov for rekkverk. Dimensjonerande køyrefart er 50 km/t, jf. krav til fri sikt mv.

Viser elles til vedlegg B – lengdeprofil og standard tverrprofil.

Fortau (T4)
Det er lagt til rette for offentleg fortau langs nordsida av veg T2 (fram til området Fr2) i hht vedtak i F-skap.

Gangveg/sti (T8)
Det er lagt til rette for offentleg gangsti/trappesti i breidde 2 m for å sikre tilkomst frå enden av offentleg veg T3 til offentleg friområde. Stien må byggast i vegskråning og dette medfører at trapp (td i naturstein) delvis må nyttast.

### 7.4. Parkering
Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL. På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

### 7.5. Tilknyting til infrastruktur
Sørlege delen av feltet er direkte knytt til Fv18, medan den nordre delen er knytt til eksisterande samleveg som går til fylkesvegen.

Når det gjeld vatn, vert utbygginga knytt til godkjent vassverk i området. Når det gjeld avløp, skal utbyggar og kommunen avklare dette i utbyggingsavtalen. Kloakk må pumpast frå Vågsholmen til kommunalt reinseanlegg.

Det er i planframlegget ikkje sett av areal til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg ut over det som er fastsett i gjeldande plan. Det er i føresegnene opna for at det innanfor byggjeområda kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til slikt føremål. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

### 7.6. Universell utforming
Planen no endrar ikkje på prinsipielle forhold vedkomande universell utforming i høve gjeldande reguleringsplan. Veg T3, som er mest endra, vil no få ei høgde som er tilpassa god utbygging av tomtene og då slik at «tilgjengeleg bustad» kan realiserast.
Tilgjengelegheita frå veg til leikeareal/friområde er ikkje endra. Leikearealet vil kunne opparbeidast på delområde med universelle krav.

### 7.7. Arkitektur - estetikk
Planframlegget endrar ikkje på regulerte forhold knytt til bygningar.

### 7.8. Naturmangfaldlova
§ 7 i Naturmangfaldlova omhandlar prinsipp for offentleg avgjerdstaking i §§ 8-12. Paragrafane omhandlar kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, den samla belastninga på

økosystemet, kostnader ved miljøskader som skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.
Så langt vi kan sjå medfører ikkje planframlegget vesentlege konsekvensar i høve naturmangfaldslova. Viser her til dei planendringane som vert foreslått og at dei allereie ligg på areal som skal kunne byggast på eller leggast til rette for leik. Vedlagt følgjer sjekkliste for naturmangfald jf. skjema i vedlegg C.

### 7.9. Born og unge sine interesser

Flyttinga av snuplassen i planframlegget, medfører ikkje vesentlege endringar for «Friområde Leik» i gjeldande plan. Arealet vert redusert frå 1,9 daa til 1,6 daa og ligg framleis innanfor kravet i kommuneplanen sin arealdel (1,5 daa). Slik vi ser det vil arronderinga av arealet framleis vere slik at etablering av tilrettelagde leikeareal, som ballplass, område for leikeapparat mv kunne få gode løysingar.




*Høgre: Tenkt utnytting av friområdet/leikeområdet*
*Venstre: Utsnitt av planframlegget med gjeldande plan som bakgrunn*

### 7.10. Renovasjon

Det er ikkje lagt til rette for felles oppsamlingspunkt (returpunkt) for avfall. Veg T3 er no tilpassa renovasjonsbil.

### 7.11. ROS

Sidan 2010 er det ikkje oppstått forhold som gjev andre verknader for utbygging enn som fastsett i noverande reguleringsplan. Vi har likevel sett på følgjande moment:

- Vegane T2 og T3 vil vere skjerma frå bølgjer. Veg T1 (kryssinga av sundet) vil vere utsett for bølgjer frå nord/aust. Denne retninga er ikkje rekna som særleg utprega ved uver. Det er særleg sør/vesten som har sterk styrke. Denne vindretninga gjer at veg T1 ikkje er utsett for vesentlege bølgjer. Har hatt kontakt med Metrologisk institutt. Dei har ikkje målingar på bølgjer i aktuell vindretning,

men det er vert vist til at den aktuelle vegen ikkje vil bli utsett for havbølgjer. Det må likevel takast omsyn til bølgjer ved konstruksjonen sin styrke.

- Vegane T1-T3 er einaste vegane som bebuarane på Vågsholmen kan nytte for å kome til fastlandert. I høve beredskap og framkomst må vi legge til grunn at bebuarane må kunne køyre med privatbil i bygningane si levetid, dvs vi må legge til grunn *År 2100 relativt år 2000* som utgangspunkt. Trekker vi frå 10 cm overfløyming som akseptabelt hinder vert min høgd veg 2,59 m. Same min høgde må reknast for utrykkingskøyretøy.

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje andre forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja planendring.

Vedlagt følgjer ei generell ROS-vurdering, jf. skjema C.

### 7.12. Krav om rekkefølgje

Gjeldande reguleringsplan sine rekkjefølgjekrav vert ikkje endra anna enn på eitt punkt: Krav om pumpestasjon vert endra slik at denne skal vere på plass før bustader innan område B1 vert ferdigstilt/tekne i bruk. Dette betyr at det i føresegnene heiter:

1. Køyreveg «T2» med fortau «T4» skal ferdigstillast samtidig med det av område «B4», «B5» eller «B7» som først vert bygd ut.
2. Køyreveg «T3» skal ferdigstillast samstundes med «B1».
3. Pumpestasjon/tilkopling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar. For område B1 er kravet før bustadhus vert ferdigstilt/tekne i bruk.
4. Det skal takast prøver av grunn før utbygging kan starte.
5. Leikeplassen «f_LEIK» skal opparbeidast med og ferdigstillast samstundes med infrastrukturen i området.

### 7.13. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Dei regulerte byggeområda er privat eige. Utbygging føreset at pumpestasjon er på plass før ny utbygging startar/vert ferdigstilt. Tiltakshavar legg til grunn at utbyggar og kommunen samarbeider om dette anlegget då anlegget truleg vert del av det kommunale anlegget som skal løyse oppgåver også utanfor Vågsholmen.

Område T1 Bru er no teken ut av planen og tiltakshavar ser difor på denne vegbiten som ei eiga som ikkje skal omfattast av utbyggingsavtale for utbygging på Vågsholmen.

Kommunen har elles innløysingsplikt i etter reglane i plan- og bygningslova kap. 15.

### 7.14. Føresegnene

Føresegnene gir utfyllande bestemmelsar for dei enkelte areala sin bruk som no er endra. Det vert lagt til grunn at gjeldande føresegner for byggeområda framleis vert rettskraftige.

### 7.15. Plankart (2132-100)

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin rettleiar "Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Programvare brukt til framstilling av digitale data er AutoCAD MAP 3D 2013 saman med Novapoint 18.30 (basis, arealplan og virtual map) levert av Vianova Systems AS.

# 8. Innkomne innspel

**Merknader**
Det vert vist til vedlegg A1 og A2 for nærare skildring av innspel/merknader til planarbeidet.

**Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:**

Så langt vi kan sjå er det ikkje sett fram innspel/merknader ved forvarslinga som er vesentlege i forhold til planframlegget. Tiltakshavar legg til grunn for utbygging at det vert inngått nødvendige grunnavtaler før utbygging startar. Dette i hht gjeldande lovverk.

# 9. Avsluttande kommentar

Det vesentlege ved planendringa er at vegane T2 og T3 no er gitt ein standard som tek i vare tilkomst for lastebil - her under også utrykkingskøyretøy og renovasjonsbil. Som følgje av dette er snuplassen i enden av veg T3 flytt grunna smale tomter innanfor område B1. Flyttinga av snuplassen medfører ikkje vesentlege endringar for «Friområde Leik» i gjeldande plan. Arealet vert redusert frå 1,9 daa til 1,6 daa og ligg framleis innanfor kravet i kommuneplanen sin arealdel (1,5 daa). Slik vi ser det vil arronderinga av arealet framleis vere slik at etablering av tilrettelagde leikeareal, som ballplass, område for leikeapparat mv kunne få gode løysingar.

**Revisjon 1 – 23.4.2013**

*Utsnitt av plankart, sjå neste side:*

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

*Fagansvarleg areal-, infrastruktur- og samferdselsanlegg*




*Utsnitt av plankart, nedskalert*

# 2132- Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

| Emne | | Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold? | Nei | Ja |
|---|---|---|---|---|
| Naturgitte forhold | a | Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred? | X | |
| | b | Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø? | X | |
| | c | Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? | X | |
| | d | Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar? | X | |
| | e | Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus? | X | |
| | f | Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima? *Det er sett krav til minstehøgde på vegane.* | | |
| | g | Er faren for radon vurdert i området? *Det er ingen nye bustadføremål i denne reguleringsendringa.* | X | |
| | h | Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)? *Jf. g* | X | |
| | i | Anna (Spesifiser)? | X | |
| Omgivnad | a | Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken? | X | |
| | b | Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)? | X | |
| | c | Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågare-liggande område? | X | |
| | d | Anna(spesifiser)? | X | |
| Verksemds-risiko | a | Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg? | X | |
| | b | Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko? | X | |
| Brann/ulykkes-beredskap | a | Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? *Viser til godkjent plan.* | | |
| | b | Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy? *Vil få som følgje av reguleringsendringa.* | | |
| Infrastruktur | a | Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området? | X | |
| | b | Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området: | X | |
| | c | Er det transport av farleg gods til/gjennom området? | X | |
| Kraftforsyning | a | Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner? | X | |
| | b | Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster? | X | |
| | c | Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området? | X | |
| Vassforsyning | a | Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området? *Vågsholmen har i dag vassforsyning m/ 110 mm leidning. Ved detalj-prosjektering må krav til vassforsyning avklarast og utbyggjast.* | | |
| | b | Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga? | X | |
| Sårbare objekt | a | Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området:<br>- elektrisitet?<br>- teletenester?<br>- vassforsyning?<br>- renovasjon/spillvatn? | X | |
| | b | Er det spesielle brannobjekt i området? | X | |
| | c | Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området? | X | |
| Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk | a | Gruver: opne sjakter, steintippar etc.? | X | |
| | b | Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.? | X | |
| | c | Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering? | X | |
| | d | Anna (spesifiser)? | X | |
| Ulovleg verksemd | a | Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål? | X | |
| | b | Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken? | X | |

Sjekklista er gjennomgått den 14/12 - 2012 av *sign:* Kåre Grungedal

2132 | AG Plan og Arkitektur AS

Veg T2 m/ fortau




Veg T3




| REVISJON: | TEGNINGSNUMMER: 2132-102 |
|---|---|
| TITTEL: Standard tverrprofil vegar | |

| REV. | ENDRINGEN GJELDER | SIGN. | DATO |
|---|---|---|---|

TILTAKSHAVER:

Vågsholmen Utvikling AS

GARDSNUMMER: BRUKSNUMMER: KOMMUNE:

TITTEL:

Standard tverrprofil vegar


AG Plan og Arkitektur AS
Besøksadresse : Webjørn Svendsengt. 12,
Postadresse : Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf. 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no
arkitektbedriftene


| SIGNATUR: kg | FILNAVN: | MÅL: 1:75 (A3) |
|---|---|---|
| TEGNET: kg | KONTROLL: kg | DATO: 14.12.2012 |
| REVISJON: | TEGNINGSNUMMER: 2132-102 | |

2132

AG Plan og Arkitektur AS







REVISJON:
TEGNINGSNUMMER: 2132-101
TITTEL: Lengdeprofil veg

REV. | ENDRINGEN GJELDER | SIGN. | DATO

TILTAKSHAVER: Vågsholmen Utvikling AS

GARDSNUMMER: BRUKSNUMMER: KOMMUNE:

TITTEL: Lengdeprofil veg

AG Plan og Arkitektur AS
Besøksadresse: Webjørn Svendsengt. 12,
Postadresse: Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf. 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no
arkitektbedriftene

| SIGNATUR: kg | FILNAVN: | MÅL: 1:200/1000 (A2) |
|---|---|---|
| TEGNET: kg | KONTROLL: kg | DATO: 14.12.2012 |
| REVISJON: | TEGNINGSNUMMER: 2132-101 | |

# AG Plan og Arkitektur AS

**Rådgjevande arkitekt og ingeniør •NPA •MNAL•MNIF**

Ørsta 3.4.2012

**Herøy kommune**
**Formannskapet**

**Postboks 274**
**6099 Fosnavåg**

## <u>Tiltak:</u> Spørsmål om oppstart av arbeid med reguleringsendring for del av «Vågsholmen» - plan ID 201002 i Herøy kommune – jf PBL § 12.8.

I samsvar med § 12.8 i Plan- og bygningslova vert det med dette lagt fram for planutvalet i Herøy kommune spørsmål om oppstart av reguleringsarbeid for endring av del av reguleringsplanen slik:

Oppgradering av vegstandard, justering av linjeføring, mindre justering av friareal og mindre justering av bustadareal som følgje av endring av vegløysing. I tillegg ønskjer tiltakshavar å ta ut regulert veg T1 frå planen - som inkluderer brua over sundet.

<u>Tiltakshavar:</u> Vågsholmen Utvikling AS




*Tenkt planområde*




*Tenkt plangrense vist på gjeldande reguleringsplan for Vågsholmen*

## Drøftingar med kommunen:

I tilknyting til arbeid med utbyggingsavtalen og drøftingar med kommunen vedkomande denne er det kome fram at regulert vegstandard/linjeføring ikkje samsvarer med dei generelle krava i plan- og bygningslova set til tilkomst. Dette gjeld snuplassane i endane av regulert veg T2 og veg T3. I tillegg må starten av veg T2 og T3 ta omsyn til nødvendig rekkverk – og at dette kan plasserast på trafikkareal.

Som følgje av møtet med Anleggs- og driftsavdelinga, vedkomande utbyggingsavtalen, har vi teke opp reguleringsspørsmålet med Utviklingsavdelinga som har bedt om at saka vert lagt fram for planutvalet (formannskapet) for handsaming før formell oppstart av reguleringsendring.
Vi ber difor med bakgrunn i dette brevet om slik handsaming.

Kort om grunnlaget for planarbeidet:

Tiltakshavar har ei tid arbeidt med grunnlagsmaterialet for utbyggingsavtalen i hht dei krav til dokument som kommunen krev ved slike avtaler. Under dette arbeidet er det kome fram ønskje om

1. ei mindre justering av linjeføringa til veg T3
2. ønskje om flytting av snuplassen i enden av veg T3 og tilrettelegging for gangsti til friområdet/sjøen.

Under prosjekteringsarbeidet er det elles avdekka at

3. den regulerte standarden for snuplassen ved enden av veg T2 er for knapp for dimensjonerande køyretøy
4. trafikkarealet ved brua (veg T1 og del av veg T2) er for knapt til å få plassert nødvendig rekkverk på regulert trafikkareal.

I samband med drøftingane om utbyggingsavtalen kom anleggs- og driftsavdelinga elles med

5. ønskje om veggrøft på begge sider av vegane – noko som truleg medfører utviding av regulert vegareal (anna trafikkareal).

Tiltakshavar har elles i drøftingar med politisk leiing og lagt fram for anleggs- og driftsavdelinga lagt fram synspunkt på at

6. ansvaret for veg og bru i område T1 må ligge til kommunen

Om dei enkelte punkta:

Om 1:
Justeringa av linjeføringa har sin bakgrunn i at regulert veg vil medføre at parkeringsplassen som er opparbeidd med murar og veggar (nesten garasje) på gnr. 33/50 må fjernast. Eigar ønskjer at denne skal kunne stå.

Om 2:
Tomtene 33/119 og 33/120 er smale og regulert snuplass vil vere avgrensande for utbygginga på tomta. Eigarane ønskjer snuplassen flytt til regulert friområde. Tiltakshavar ser og eit behov for å ha ein gangsti ned til friområdet og sjøen som forlenging av køyrevegen.

Om 3:
Ved kontroll av sporinga til lastebil lar regulert snuplass seg ikkje bruke. For å få til tenleg løysing må arealet som no er sett av til fortau nyttast. Vegen er elles generelt for smal inn over mot veg T3 og må utvidast. Utvidingsarealet er tenkt teke av regulert fortau. Fortau på denne strekninga vil ikkje vere nødvendig med utvida veg, då trafikken frå områda B1 og B2 då ikkje vil vere i noka konflikt med gåande/syklande (trafikk frå 7 bustader). Fortauet er såleis tenkt avslutta ved avkøyrsla nord om regulert naustområde.

Om 4:
I tilknyting til brua og veg på fylling inn mot byggeareala må det etablerast rekkverk. Dette må førast vidare innover i samsvar med rekkverksforskrifta. Rekkverk må byggast på regulert vegareal. Planen må justerast.

Om 5:
Kommunen ved anleggs- og driftsavdelinga ønskjer veggrøfter på begge sider av vegane. Dette er ikkje innarbeidd tilstrekkeleg i noverande reguleringsplan.

Om 6:
Tiltakshavar har drøfta ansvaret for veg T1/brua med politisk leiing.

Samla sett finn tiltakshavar at brua har ein overordna funksjon som naturleg høyrer inn under kommunen sitt ansvar. I reguleringsplanen grensar T1 (brua) til sjøområda T5 og T6 som er ein del av det offentlege hamneløpet i Fosnavåg. Område T6 kan også leggast til rette for anløp av mindre fartøy. Under drøftingane om utbyggingsavtala er det kome fram at det også kan vere behov for mudring i sjøområda T5 og T6 og

særleg kring brua for å betre vassgjennomstrøyminga i hamnebassenget i Fosnavåg. Både høgda på brua og tverrsnittet for gjennomstrøyming vil då måtte drøftast.

Utbygginga av Vågsholmen er ei omfattande sak for utbyggar og omfattar alle interne anlegg som veg og VA-anlegg. I tillegg må vasskapasiteten byggjast vidare ut, det må etablerast eigen pumpestasjon, kryssing av hamna med pumpeleidning og etablering av overløp i tilknyting til pumpestasjonen. Grunna nye krav til risiko og sårbarheit må eksisterande veg på Vågsholmen hevast.
I sum vert dette omfattande kostnader.

Noverande reguleringsplan har ikkje rekkjefølgjekrav til bygging av veg T1. Slik tiltakshavar forstår kommunen må denne omfatte alle anlegg som inngår i reguleringsplanen for Vågsholmen. Skal veg T1 ikkje omfattast av avtalen – slik tiltakshavar ønskjer - vil det vere rett å ta ut denne delen av planen og heller legge den inn i annan plan. Utbyggingsavtalen kan då følgje reguleringsplanen for Vågsholmen sine «nye» grenser. Løysinga for veg T1 vil då vere at vegen vert innarbeidd i framlegg til plan for Fosnavåg Hamn (arbeid som pågår).

## Planprogram, konsekvensutgreiing (KU):

Formelt sett meiner vi at det ikkje er naudsynt med planprogram eller KU etter pbl §§ 4-1 og 4-2 for denne planendringa. Dette gjeld ei mindre endring som ikkje har vesentlege verknader på miljø og samfunn etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» sine kriteria.

## Reguleringsplanar:

Planområdet er tidlegare regulert og er i den nasjonale databasen gitt Planidentifikasjon 201002.

Reguleringsplanen er vist ovanfor.

## Plan og bygningslova (pbl) § 12.8:

Tiltakshavar ber avklara - i hht PBL § 12.8 - om det ligg føre særlege grunnar som kan vere til hinder for oppstart av privat regulering som omtala ovanfor. Tiltakshavar finn det svært tenleg med ei politisk avklaring slik at ansvaret for veg T1 vert gitt tydelege synspunkt på i vedtaks form. Dette er viktig for tiltakshavar si vidare planlegging.

## Plantype - utforming:

Tiltakshavar legg til grunn å fremje plansaka som detaljplan etter pbl §12-3.

## Kartgrunnlag, sosifil:

Planen vil bli utarbeidd på kommunen sitt nye kart i Euref 32. Planframlegget vil bli levert i siste utgåve av sosi-standarden.

## Eigedomar innanfor planområdet:

Alle eigedomar som grensar til dei no regulerte vegane T1, T2 og T3 - eller som har bruksrettar knytt til eksisterande vegar - vil bli omfatta av reguleringsplanen. I utgangspunktet vil såleis alle eigedomane på Vågsholmen bli berørt av planarbeidet.

## Samarbeid:

Tiltakshavar har hatt eit godt samarbeid med Anleggs- og driftsavdelinga så langt i arbeidet med utbyggingsavtalen og ønskjer at dette held fram. Det er difor ønskjeleg med eit møte under planprosessen for å diskutere ev. merknader ved forvarslinga og korleis desse best kan takast omsyn til. Vi vil vidare syte for aktiv medverknad i planprosessen gjennom møte med grupper som krev særskild tilrettelegging, jf pbl § 5-1. På slikt møte (-r) vil det vere ønskjeleg at kommunen sin sakshandsamar, om mogleg, også tek del.

Framdrift:

Tiltakshavar arbeider for ei snarleg gjennomføring av prosjektet og vonar reguleringsendringa kan gjennomførast snarast råd. Vi torer difor be om snarleg handsaming av saka.

For tiltakshavar

vennleg helsing

Siv.ing./planleggar, fagansvarleg

Prenta vedlegg:

- Førebels veiplan for Vågsholmen (teikning C01)

Uprenta vedlegg:

- Gjeldande reguleringsplan (kart og føresegner)

**Kopi: Vågsholmen Utvikling AS v/ Arhur Almestad for styret.**

# FØRESEGNER

## REGULERINGSPLAN FOR KVALSUND, NERLANDSØY

Føresegner datert 16.04.2012, rev. 05.06.2012, 13.06.2012
Plankart, datert 16.04.2012, rev. 11.06.2012

## §1 GENERELT

1.1 Desse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.

1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter.

1.3 Det regulerte området er på planen vist med plangrense. I medhald av plan- og bygningslova § 12-5 er området regulert til følgjande formål:

Byggeområde og anlegg formål (pbl §12-5, ledd 1.)

- Område for Bustad – Konsentrert (BK)
- Område for Bustad/Forretning (B/F)
- Område for Fritids-/Naustbygnad (FT/N)
- Område for Vatn og avløpsanlegg (VA)
- Naust (N)
- Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12-5, ledd 2.)

- Køyreveg
- Fortau
- Annan veggrunn - grøntareal
- Parkering (P)
- Kai (K)
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (ST)

Grønnstruktur (pbl §12-5, ledd 3.)

- Park (PA)
- Badeplass/-område (BP)
- Naturområde (GN)
- Friområde (F)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl §12-5, ledd 6.)

- Hamneområde i Sjø (HS)
- Småbåtanlegg (SA)
- Småbåthamn (SH)
- Badeområde (BAD)

- Friluftsområde i sjø og vassdrag (FOS)

Hensynssoner (pbl §12-6.)
- Bevaring av kulturmiljø (H730_)
- Frisiktsone

# §2 FELLES FØRESEGNER

## 2.1.1 Byggjemelding/byggesøknad

Saman med byggjemelding/byggjesøknad skal det leverast plan for den ubygde delen av tomta (utomhusplan) i målestokk 1:200.

Planen skal vise:
- Plassering av bygning, møneretning, etasjetal, høgde og form
- Biloppstellingsplassar
- Plantar, grøntområde
- Møblering
- Belysning
- Høgder og fall på terreng og murar
- Anlegg som støttemurar og liknande
- Gangliner

Kommunen skal også sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Bygg og uteområde skal opparbeidast med god estetisk standard. Utforminga skal vere avdempa i forhold til fargebruk. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningselement eller taktekking som i material- og/eller fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemmande for omgjevnaden.

## 2.1 Byggjegrenser

Byggjegrenser mot offentlege vegar er vist på plankartet. Der byggjegrenser ikkje er vist, gjeld reglane i veglova og i plan- og bygningslova §70 om avstand frå veg, annan bygning og eigedomsgrense.

## 2.2 Utnyttingsgrad

Utnyttingsgrada er ført på plankartet. Tillate tomteutnytting er oppgitt som utbygd areal i prosent av tomtearealet, BYA. Utbygd areal er definert i NS 3940. Maks BYA er påført byggjeområda på plankartet, der ikkje anna er bestemt i føresegnene.

## 2.3 Gesimshøgder

Gesimshøgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Tillata gesimshøgder er oppgitt under dei enkelte byggeområda i føresegnene.

2.4 **Universell utforming**
Planlegging av bygg og uteområde skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle.

2.5 **Avfallshandtering**
Områda skal haldast ryddig. Bygningar skal ha eigne rom for oppbevaring av avfallscontainerar. Utelagring er ikkje tillate.

2.6 **Skjering og fylling**
Skjering og fylling frå vegane kan komme inn på andre regulerte formål.

2.7 **Reklametiltak**
Utforming og oppsetting av reklameskilt skal vere i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande kommunale vedtekter. Reklameskilt, transparentar, flaggstenger og andre reklameinnretningar må ikkje settast opp før løyve frå kommunen ligg føre.

2.8 **Unntak**
Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, når særlege grunnar talar for det, tillatast av kommunen innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtektene i kommunen.

## §3 BYGNADER OG ANLEGG Bustad – Konsentrert (KS)

3.1 ***Formål, utnytting og høgder***
Område merka **BK1** på plankartet er sett av til konsentrerte bustader.

Bygning kan førast opp med mønehøgd maks. 8 m.
Takvinkel: tilnærma flatt tak.

For BK1 er BYA sett til 35%

3.2 ***Utforming av bygningar og anlegg***

Plassering av hus på kartet er retningsgivande, og ved utbygging av tomtene må ein legge vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i forhold til terrengforhold og utsikt for naboar.

Bygnadane skal ha eit moderne formspråk og ein materialbruk etter si tid og framstå som bygg med høg arkitektonisk kvalitet.

Utbyggar skal på eigen grunn legge til rette for 1,5 biloppstellingsplassar for kvar leilegheit. Min. 1 plass pr. bueining skal vere i garasjeanlegg eller på plass som er spesifikt tileigna den respektive eininga. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet blir tatt i bruk.

## §4 BYGNADER OG ANLEGG Bustad/Forretning (B/F)

4.1 Formål, ***utnytting og høgder***

Område merka **B/F** på plankartet er sett av til bustad-/ forretningsverksemd.

Bygnader kan førast opp med gesimshøgde maks. 8 m og mønehøgd maks. 12 m.

For B/F er BYA sett til 50%

4.2 ***Utforming av bygningar og anlegg***

Kommunen skal godkjenne plassering av nybygg.

Nye bygg på område B/F1 eller utbygging av eksisterande bygnadsmasse skal innpassast i ei heilheitleg løysing for området.

Bygnadane skal ha eit moderne formspråk og ein materialbruk etter si tid og framstå som bygg med høg arkitektonisk kvalitet.

Utbyggar skal på eigen grunn legge til rette for 1,5 biloppstellingsplassar for kvar leilegheit og min. 1 plass pr. 50 m2 forretningsareal. Min. 1 plass pr. bueining skal vere i garasjeanlegg eller på plass som er spesifikt tileigna den respektive eininga.

Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet blir tatt i bruk.

## §5 BYGNADER OG ANLEGG Fritids-/naustbygnad (FT/N)

5.1 ***Formål, utnytting og høgder***

Område merka **FT/N** på plankartet er avsett til fritids- og naustformål. Det kan etablerast rorbuer i området.

Bygnad kan oppførast med gesimshøgde maks. 6 m og mønehøgd maks. 9 m.

Området skal opparbeidast med tilkomst til småbåthamn SH.

Maks. BYA 50%.

5.2 ***Utforming av bygning og anlegg***

Nybygg skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadlig sjøhusarkitektur og skal innehalde støttefunksjonar til gjestebryggja som servicebygg og nye naust.

## §6 BYGNADER OG ANLEGG Vatn og avløpsanlegg (VA)

6.1 ***Formål, utnytting og høgder***

Område merka **VA** på plankartet skal nyttast til kommunale funksjonar innan vatn og avløp

## §7 BYGNADER OG ANLEGG Naust (N)

7.1 ***Formål, utnytting og høgder (N1)***
Område merka **N1** på plankartet er sett av til naust.
Maks BYA: 30%

Bygnader kan førast opp med mønehøgde maks. 6m
Takvinkel skal vere mellom 25 og 45 gradar.

Nybygg skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadlig sjøhusarkitektur og vere i stil med omkringliggande naust i formspråk, takvinkel, material- og fargeval.

Avgrensing mot sjø skal vere utført i lødd naturstein.

Det kan etablerast slipp i strandsona.

7.2 ***Formål, utnytting og høgder (N2)***
Område merka **N2** på plankartet er sett av til naust.
Maks BYA: 50%

Nye bygnader kan førast opp med ei mønehøgde på maks. 6m og med tilpassa høgder på nabobygg.
Takvinkel skal vere mellom 25 og 45 gradar.

Nybygg skal i størst mogleg grad oppførast med referansar til omkring liggande bygnadsmiljø.

Ombygging av eksisterande bygnader skal vere i same formspråk, material- og fargeval som eksisterande bygg.

## §8 BYGNADER OG ANLEGG Leikeplass (Leik)

8.1 ***Formål, utnytting og høgder (Leik)***
Område merka leik er avsett til leikeplass for born.
Leikeplass er felles for bustader innanfor BK1.

Området kan opparbeidast parkmessig med beplantning, murar, belysning, leikeapparat, benkar og liknande. Før opparbeiding skal det utarbeidast ein nærare detaljert situasjonsplan, godkjend av kommunen. Tilkomsten til leikeplassane skal oppfylle krava til universell utforming.

Leikeplass skal vere ferdigstilt før innflytting av første bustad.

Det kan etablerast garasjar for BK1 under leikeareal. Disse skal innpassast i terrenget og nivåsprang sikrast.

## §9 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
**Køyreveg (Veg)**

9.1 **o_Veg 1**
Skal byggjast som offentleg veg med regulert vegbredde på 4,5m inkl. skulder. Vegen skal ha asfaltert dekke.
Gjerdeavstand 1,5m.

Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

9.2 **o_Veg 2**
Skal byggast som offentleg veg med regulert vegbredde 4,5m inkl. skulder. Vegen skal ha asfaltert dekke.
Gjerdeavstand 1,5m

Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

9.3 **o_Veg 3**
Skal byggast som offentleg veg med regulert vegbredde 4,5m inkl. skulder. Vegen skal ha asfaltert dekke.
Gjerdeavstand 1,5m

Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

## §10 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
**Fortau**

Arealet er avsett til vidareføring av fortau i tilstøytande reguleringsplan. Regulert bredde på fortau er 3m inkl. skulder. Gjerdeavstand 1,5m.

## §11 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
**Annan veggrunn – grøntareal.**

Dette formålet omfattar areal som naturleg høyrer til vegane, som grøft, skjering, fylling. Slike areal skal opparbeidast og tilsåast i samband med

tilgrensande trafikkareal.

I samband med utbygging av vegen skal tilstøytande areal som blir rørt, som eksisterande avkøyrsler, stellast til igjen og tilsåast.

## §12 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
**Parkering (P)**

12.1 **Generelt:**
Parkeringsplassar skal ha fast dekke og skal anleggast med ein hovudinndeling som gir rasjonell utnytting av plassen.

12.2 **P1:** Skal vere privat og i tilknyting til N1, N2, park og badeplass
12.3 **P2:** Skal vere privat og i tilknyting til FT/N og SH.

## §13 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
**Kai**

13.1 ***Formål, utnytting og høgder***
Område merka **K** på plankartet er sett av til kaiformål.

13.2 ***Kai***
Kai er avsett til offentleg fiskeplass.

Kai skal opparbeidast på ein robust og handverksmessig god måte med tredekke.

Området skal vere allment tilgjengeleg og ha universell utforming.

## §14 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur ( ST)**

14.1 **ST1:**
Område merka ST1 på plankartet er molo.

14.2 **ST2:**
Område merka **ST2** på plankartet er landdel for småbåtanlegg SH.

## §15 GRØNTSTRUKTUR **Park (PA)**

Område merka **PA** på plankartet er avsett til parkareal.

Området skal opparbeidast parkmessig. Det kan opparbeidast med beplantning, murar, belysning, leikeapparat, benkar, arrangementsinstallasjonar og liknande. Før opparbeiding skal det utarbeidast ein nærare detaljert situasjonsplan, godkjend av kommunen. Tilkomsten til parkområdet skal oppfylle krava til universell utforming.

Det kan etablerast turstiar tilpassa terrenget som vist på plankartet. Disse skal ha universell utforming.

Avgrensing mot sjø skal vere i lødd naturstein eller tilsådd strandline tilpassa i overgangane mot N2 og BP.

## §16 GRØNTSTRUKTUR Badeplass/-område (BP)

Område merka **BP** på plankartet er avsett til badeområde.

Det er lov å etablere anlegg som naturleg høyrer til på ein badeplass, som benkar, WC, boss-skur etc.

Det kan etablerast turstiar tilpassa terrenget som vist på plankartet. Disse skal ha universell utforming.

Det kan lagast til skjermande jordvollar som vist på plankartet.

Avgrensing mot sjø skal vere i lødd naturstein eller tilsådd strandline tilpassa i overgangane mot N1 og Park.

## §17 GRØNTSTRUKTUR Naturområde (GN)

Område merka **GN** på plankartet er avsett til naturområde.

Område skal bevarast som det ligg i dag.

## §18 GRØNTSTRUKTUR Friområde (F)

Område merka **F** på plankartet er avsett til friområde.

F1: Området kan opparbeidast med beplantning og tilsåast. Det skal vere tilkomst over området til VA.
F2: Området kan opparbeidast med beplantning og tilsåast.

## §19 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Badeområde (BAD)

19.1 ***Formål***
Område merka med **BAD** på plankartet er sett av til badeområde i sjø.

19.2 ***Utforming av bygning og anlegg***
Det er ikkje mogleg å etablere brygger eller fortøynings plassar i dette området. Badeområde skal haldast fritt for båttrafikk.

## §20 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Hamneområde i sjø (HS)

20.1 ***Formål***
Område merka med **HS** på plankartet er sett av til motorisert båtferdsel.

20.2 ***Utforming av bygning og anlegg***
Det tillatast ikkje lagt leidningar eller rør i området til hinder for oppankring eller bruk av anker i samband med tillegging til kaier og slipp. Andre tiltak som kan bli til hinder for sjøvertsferdsel skal ikkje tillatast.
Før tiltak i sjø kan settast i verk må det ligge føre løyve etter hamne- og farvannslova.

## §21 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Småbåtanlegg(SA)

21.1 ***Formål***
Område merka med **SA** på plankartet er sett av til småbåtanlegg med landfunksjonar for småbåthamn, samt "slipp" for sjøsetting /landtaking av båtar.

21.2 ***SA***
Det kan oppførast anlegg og konstruksjonar som naturleg høyrer til småbåthamna som båt opptrekk og slipp. Det kan førast opp naudsynt servicebygg for stelling av båtar.

Det tillatast oppføring av anlegg som naturleg høyrer til småbåthamn.

## §22 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Småbåthamn (SH)

22.1 ***Formål***
Område merka med **SH** på plankartet er sett av til småbåthamn/marina.

22.2 ***Utforming av bygning og anlegg***
Det tillatast etablering av landfaste flytebrygger samt leggje ut mindre

flytebryggjer og liknande som ein ser som naudsynt for å kunne utføre og tene det som naturleg høyrer med i drifta av ei småbåthamn.

Godkjenning av tiltak og anlegg i sjø må godkjennast av hamnemyndigheiter.

## §23 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Friluftsområde i sjø og vassdrag (FOS)

23.1 ***Formål***
Område merka med **HS** på plankartet er sett av til motorisert båtferdsel

23.2 ***Utforming av bygning og anlegg***
Det tillatast ikkje lagt leidningar eller rør i område til hinder for oppankring eller bruk av anker i samband med tillegging til kaier. Andre tiltak som kan bli til hinder for sjøverts ferdsel skal ikkje tillatast.
Før tiltak i sjø kan settast i verk må det ligge føre løyve etter hamne- og farvannslova.

## §24 HENSYNSSONER

24.1 **Bandleggingssone - Bevaring av kulturmiljø (H730_)**
Område merka **H730_1** på plankartet gjeld eksisterande naustmiljø. Verneverdige bygningar skal behaldast slik dei ligg i dag og i eit samla bygnadsmiljø.
Eksisterande bygningar i området tillatast berre ombygd og modernisert om eksteriøret haldast uendra.

Ombygging av eksisterande bygnader skal vere i same formspråk, material- og fargeval som eksisterande bygg.

Det er ikkje tillate å gjøre inngrep i strandsona.

Område merka **H730_2** på plankartet gjeld del av arkeologisk funnområde. Dette området skal ligge slik det ligg i dag. Det er ikkje tillate å gjøre inngrep i området eller sette opp installasjonar av nokon art.

24.2 **Sikringssoner - Frisiktsone**
I område mellom frisiktline og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona. Søyler med ein diameter inntil 0,2 m kan plasserast i frisiktsona.

***

# AG Plan og Arkitektur AS

**Rådgjevande arkitekt og ingeniør •NPA •MNAL•MNIF**

Ørsta 28.6.2012

**Grunneigarar, off. mynde, organisasjonar**

**<u>Tiltak:</u>**

## OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGENDRING

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.6.2008) vert det med dette varsla oppstart av arbeid med

## REGULERINGSENDRING - DETALJPLAN FOR VÅGSHOLMEN (201002) I HERØY KOMMUNE

Føremålet med planarbeidet er justering av vegstandard og linjeføring, mindre justering av friareal og bustadareal som følgje av endring av vegløysing i gjeldande reguleringsplan, Vågsholmen (201002). I tillegg ønskjer tiltakshavar å ta regulert veg T1 ut av denne reguleringsplanen.




*Lokalisering av planområdet*

**AG Plan og Arkitektur AS**
**Webjørn Svendsen gate 12**
**6150 ØRSTA**
Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLEIING • BYGGJELEIING •

**Tiltakshavar, vedtak om igangsetting av planarbeidet:**

Vågsholmen Utvikling AS. Arbeidet vert utført av AG Plan og Arkitektur AS.

**Planområde:**

Planområdet gjeld eigedomar innanfor vist plangrense, jf. kartutsnitt under.



Planområde /plangrense:

Planområdet er på om lag ca. 5.5 daa. Området sin storleik kan bli mindre omfattande enn vist på skissa. Dette vil bli nærare avklare undervegs.

**Gjeldande planar:**

Reguleringsplanar:

Gjeldande reguleringsplan for Vågsholmen, vedtatt i kommunestyret 25.2.2010, sak K-sak 23/10.




*Plangrensa vist på gjeldande reguleringsplan for Vågsholmen*

Kommuneplanen:

Området er i kommunedelplan for Bergsøya (stadfest av K-styret 16.4.04), lagt ut til bustad (noverande og framtidig) og industri (noverande og framtidig).




*Utsnitt frå kommunedelplan for Bergsøy frå 2004*

## Drøftingar med kommunen

I tilknyting til arbeid med utbyggingsavtalen og drøftingar med kommunen, vart det klarlagt at regulert vegstandard/linjeføring ikkje er i samsvar med dei generelle krava som plan- og bygningslova set til tilkomst. Skal vegande stette krava må lastebil nyttast som dimensjonerande køyretøy – både for vegar og snuplassar.

Det vart peika på m.a. følgjande punkt:

1. Mindre justering av linjeføringa til veg T3.
2. Flytting av snuplassen i enden av veg T3 til friområdet og tilrettelegging for gangsti til friområdet ved forlenging av veg T3.
3. Snuplassen ved enden av veg T2 er for knapp for dimensjonerande køyretøy og må endrast. Fortau langs T2 – langs einebustadtomtene – må kunne gå ut grunna liten trafikk.
4. Trafikkarealet ved brua (veg T1 og del av veg T2) er for knapt til å få plassert nødvendig rekkverk på regulert trafikkareal.
5. Regulering av veggrøft på begge sider av vegane, jf krav frå anleggsavdelinga i kommunen.
6. Planen må endrast slik at ansvaret for veg og bru i område T1 må ligge til kommunen.

   Med bakgrunn i drøftingane, vart det konkludert med at det måtte lagast eiga sak for formannskapet, med tanke på formell oppstart av reguleringsendring.

**Spørsmål om oppstart:**

AG Plan og Arkitektur AS søkte på vegne av tiltakshavar om løyve til oppstart av planarbeid i april 2012. Herøy formannskap handsama søknaden i møte 5.6.2012. Formannskapet gjekk i møtet inn for at det kan setjast i gong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan for Vågsholmen.

I saksutgreiinga kom kommunen med følgjande kommentarar til endringane som vart påpeika:

*Punkt 1 og 2:*

*Tiltakshavar må dokumentere konsekvensane for reduksjon av FR1-friområde leik. Det skal utarbeidast detaljskisser som viser konsekvensane av justering av linjeføring og flytting av snuplass innanfor området. Det er positivt at tiltakshavar legg til rette for å etablere ny tilkomst til friområdet.*

*Punkt 3:*

*Ein bør halde fast på at fortauet skal gå fram til FR2 friområde turveg. Konsekvensen er at regulert fortau må flyttast nærare gnr. 33, bnr. 7, som igjen medfører at bustadarealet foran eigedommen vert redusert noko. At sambindinga mellom fortau og FR2 vert oppretthalden vert vurdert som viktig.*

*Punkt 6.*

*Spørsmålet om kven som skal bygge/utbetre brua må fremjast som eiga sak.*

Tiltakshavar vil presisere at hovudsiktemålet med planendringa er å:

- regulere vegane med tilfredstillande vegstandard
- oppretthalde gode kvalitetar for born og unge
- ta ut veg T1 frå denne reguleringsplanen.

**Reguleringsføremål:**

Aktuelle reguleringsføremål er bygningar og anlegg (bustad, naust), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (køyreveg, gangvegar/fortau og annan veggrunn), LNF-område (friluftsområde) og bruk og vern av sjø og vassdrag (hamneområde) Omsynssoner. Fleire formål og omsynssoner kan kome til.

**Planprosess, medverknad:**

Opp mot kommunen:

Tiltakshavar vil under planarbeidet drøfte/avklare med kommunen ev. overordna forhold som vert berørt av utbygginga. Tiltakshavar vil halde møte med kommunen under planprosessen for å diskutere ev. merknader ved forvarslinga og hovudprinsippa ved reguleringa (med bakgrunn i skisser).

Opp mot særskilte grupper:

Tiltakshavar vil kalle inn til og ha drøfting med leiar i dei utvala i kommunen som er sett til å ivareta særskilde grupper/behov: Eldrerådet, Kommunalt råd for funksjonshemma, Ungdomsrådet, og Barn og unge sin representant.

**Type reguleringsplan:**

Reguleringsplanen vil bli fremja som detaljplan etter plan- og bygningslova § 12-3.

**Planprogram, konsekvensutgreiing (KU):**
Formelt sett meiner vi at det ikkje er naudsynt med planprogram eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2 for planendringa. Dette gjeld ei mindre endring som ikkje har vesentlege verkander for miljø og samfunn

etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» sine kriterium. Viser elles til kommunen si vurdering i saksframlegget til formannskapet – som er i samsvar med «vår» vurdering.

**Innspel/merknader til varsel om oppstart:**

Innspel/merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og sendast til:

| |
|---|
| **AG Plan og Arkitektur AS (helst på E-post):** |
| firmapost@agplan.no **Frist: 30.8.2012** |
| eller |
| Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta |
| E-post og ev skriv skal vere merka: Reguleringsendring Vågsholmen i Herøy kommune |

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til:

Kåre Gjengedal, AG Plan og Arkitektur AS, 70 06 16 00.

**Vidare saksgong:**

Planforslaget

Målet er å utarbeide framlegg til plan innan 2012. Framlegg til plan vil då bli lagt fram for formannskapet i Herøy kommune med sikte på vedtak om offentleg ettersyn av planframlegget. Innspel/merknadar som er komne inn som følgje av denne oppstartsmeldinga/annonsen, vil bli gjort greie for. Planforslaget vert deretter lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Interesserte får då nytt høve til å kome med innspel/merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Vennleg helsing

Kåre Gjengedal

Kåre Gjengedal
Siv.ing/Planleggar RIF

Vedlegg:

- Annonse

Som uprenta vedlegg (jf heimeside til AG ... og Herøy kommune)

- Vedtak og saksutgreiing i formannskapet, F-sak 188/12 (5.6.2012)

Kopi:

- Vågsholmen Utvikling AS

# AG Plan og Arkitektur AS

**Rådgjevande arkitekt og ingeniør •NPA •MNAL•MNIF**

Ørsta 28/6 2012

**Vestlandsnytt**
Vi ber om at vedlagde annonse vert teken inn i avisa Dykkar ein gong over 2 spalter FREDAG 29.6.2012.
Annonseteksta er teksta mellom dei stipla linene.

Annonsen skal trykkast i svart/kvitt inkl. kartutsnitt. **Kartutsnitt skal tilpassast ca 1 ½ spaltebreidde.**

---

## OPPSTART AV PLANARBEID

I samsvar med § 12-1, 12-8 og 12-14 i Plan- og bygningslova vert det med dette kunngjort at følgjande privat reguleringsarbeid vert sett i gong:

### REGULERINGSENDRING (PBL § 12-3) FOR VÅGSHOLMEN I HERØY KOMMUNE, VARSEL OM IGANGSETTING AV PRIVAT PLANARBEID, JF.PBL § 12-8

Føremålet med planarbeidet er justering av vegstandard og linjeføring, mindre justering av friareal og bustadareal som følgje av endring av vegløysing i gjeldande reguleringsplan, Vågsholmen (201002). I tillegg ønskjer tiltakshavar å ta regulert veg T1 ut av denne reguleringsplanen.

Planområdet gjeld eigedomar vist på kartutsnittet under. Arealet omfattar om lag 5,5 daa.



Planområde

Aktuelle reguleringsføremål er bygningar og anlegg (bustad, naust), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (køyreveg, gangvegar/fortau og annan veggrunn), LNF-område (friluftsområde) og bruk og vern av sjø og vassdrag (hamneområde) Omsynssoner. Fleire føremål og omsynssoner kan kome til.

Tiltakshavar er Vågsholmen Utvikling AS.

• Side 2

Grunneigarar, off. mynde og organisasjonar vert varsla i eige skriv. Varslingsdokumenta er tilgjengelege på nettsidene www.agplan.no og www.heroy.kommune.no.

Innspel til reguleringsarbeidet skal vere skriftlege og sendast til

# AG Plan og Arkitektur AS

Adresse: firmapost@agplan.no eller Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA innan **30.8.2012**. E-post (ev skriv) skal vere merka: REGULERINGSENDRING FOR VÅGSHOLMEN I HERØY KOMMUNE.

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA. Tlf 700 61 600

---

Vi minner om at annonsen skal trykkast i svart/kvitt, inkl. kartutsnitt. Der er òg viktig at teksta AG Plan og Arkitektur AS er utheva med tjukk skrift, og brukar heile spaltebreidda.

Vedlagt følgjer også kartutsnittet i jpg format.

Vi ber til slutt om at faktura for annonsen vert sendt direkte til tiltakshavar:

**Vågsholmen Utvikling AS**
**v/ Arthur Almestad**
**Vågsholmen**
**6090 Fosnavåg**

Med vennleg helsing

Kåre Gjengedal

Siv.ing./planleggar RIF

# AG Plan og Arkitektur AS
**Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF**

Ørsta 14.12.2012

## Vedlegg A1:

## "REGULERINGSENDRING FOR VÅGSHOLMEN I HERØY KOMMUNE"

## VURDERING AV MERKNADER VED FORVARSLING

Planarbeidet vart forvarsla i hht plan- og bygningslova ved annonse i Vestlandsnytt 29.6.2012 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde. Frist for merknad er sett til 30.8.2012.

**Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av forvarslinga/annonseringa:**

| | |
|---|---|
| 1) Kystverket | dat. 12.07.2012 |
| 2) Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal | dat. 27.07.2012 |
| 3) Søre Sunnmøre Landbrukskontor | dat. 07.08.2012 |
| 4) Noregs vassdrags- og energidirektorat | dat. 08.08.2012 |
| 5) Møre og Romsdal fylkeskommune | dat. 20.08.2012 |
| 6) Statens vegvesen | dat. 21.08.2012 |
| 7) Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum | dat. 27.08.2012 |
| 8) Fylkesmannen i Møre og Romsdal | dat. 30.08.2012 |
| 9) Jarl Åge Vågsholm, Amljot Vågsholm og Ronny Vågsholm | dat. 31.08.2012 |

## Utdrag frå og kommentar til dei enkelte merknadene/innspela:

1. Kystverket

**Utdrag:**

*Kystverket har så langt ikke innvendinger. Vi har allerede hatt søknader om unntak/endringer i samme planområde. Dersom mulig bør også disse forsøkes innarbeidet ved en eventuell planendring så kort tid etter planvedtak.*

**Kommentar:**
Ingen vesentlege.

2. Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal

**Utdrag:**

*FdirMR har vurdert tiltaket i forhold til fiskeri- og havbruksinteresser. FdirMR kjenner ikke til at det i nærområdet til det planlagte tiltaket på Vågsholmen er spesielle fiskeri- og havbruksinteresser eller marint biologisk mangfold som kan bli skadelidende av en reguleringsendring som antydet.*

*Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal kan ikke se at planarbeidet vil få konsekvenser for de interesser direktoratet skal ivareta, og har ingen merknader til melding om oppstart av arbeid med privat reguleringsendring for Vågsholmen i Herøy kommune.*

**Kommentar:**
Ingen vesentlege.

3. Søre Sunnmøre Landbrukskontor
**Utdrag:**
*Ut ifrå vårt saksområde har vi ingen merknader til reguleringsendringa.*

**Kommentar:**
Ingen vesentlege.

4. Noregs vassdrags- og energidirektorat
**Utdrag:**
*NVE har ingen innspel til planarbeidet.*

**Kommentar:**
Ingen vesentlege.

5. Møre og Romsdal fylkeskommune
**Utdrag:**
*Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til planen.*

**Kommentar:**
Ingen vesentlege.

6. Statens vegvesen
**Utdrag:**
*Statens vegvesen har ikkje merknad til det varsla planarbeidet.*

**Kommentar:**
Ingen vesentlege.

7. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
**Utdrag:**
*Ved Bergens Sjøfartsmuseum har vi nå sett på saken. Vi har undersøkt våre kilder til opplysninger og indikasjonar på marine kulturminne, samt sett på resultatene fra vår tidlegere undersøkelser i området, blant anna i Fosnavåg havn i juli 2010, da det blant anna vart utført undersøkelse på den nordvestre del av Vågsholmen. Museet gjorde da ikkje funn av viktige kulturminne. Vi reknar heller ikkje med at denne lokaliteten vil inneholde spor frå steinalder, som det ellers er påregneleg å finne i området. Bergens Sjøfartsmuseum har derfor ikkje innvendingar mot at det byggast ut etter dei forelagte arealplaner.*

**Kommentar:**
Ingen vesentlege.

8. Fylkesmannen i Møre og Romsdal
**Utdrag:**
*Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen spesielle innspel til planarbeidet.*

**Kommentar:**
Ingen vesentlege.

9. Jarl Åge Vågsholm, Arnljot Vågsholm og Ronny Vågsholm
**Utdrag:**
*Følgende merknader/innspill fremlegges:*

1. *Tiltakene som planlegges må ikke påføre eksisterende beboere på Vågsholmen noen form for kostnader eller øvrig konsekvens. Dersom dette er ett resultat så ber man om at dette blir synliggjort med det første.*
2. *Grunn som fremlegges å måtte bli avgitt av øvrige grunneiere (utenom utbygger) pga. vei, fortau og etc. må det gjøres særskilte avtaler om mellom utbygger og den respektive grunneier.*

**Kommentar:**

Ad pkt 1:

- Vågsholmen utbygging legg til grunn at eksisterande utbygde eigedomar ikkje skal påleggast kostnader.

Ad pkt. 2:

- Areal som skal nyttast til utbygging, jf vei og fortau og tekniske anlegg mv, må det gjerast avtaler om før utbygging.

**Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:**

Så langt vi kan sjå er det ikkje sett fram innspel/merknader ved forvarslinga som er vesentlege i forhold til planframlegget. Tiltakshavar legg til grunn for utbygging at det vert inngått nødvendige grunnavtaler før utbygging startar. Dette i hht gjeldande lovverk.

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •Arkitektbedriftene •RIF

# SJEKKLISTE NATURMANGFALD

| Punkt | Moment | Vurdering/kommentar |
|---|---|---|
| 1. | Kva økosystem, naturtypar og artar vert råka av planen? | *Hav/sjø-areal* |
| 2 | Korleis er tilstanden for dei aktuelle økosystema, og utviklinga i tal lokalitetar av naturtypane og bestandane av artane på landsbasis og lokalt (på staden)? | *Ingen spesielle registreringar.* |
| 3. | Ligg det føre faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet? | *Så langt vi kjenner til er det ikkje spesielle registreringar i høve naturmangfald i området, jf. punkt over.* |
| 4. | Ligg det føre erfaringsbasert kunnskap om det aktuelle planområdet, skal denne informasjonen nyttast. | *Nei, jf. over.* |
| 5. | Vil planen påverke trua og nær trua artar og naturtypar på Norsk rødliste for artar 2010 / naturtypar 2011? | *Så langt vi kjenner til, nei.*<br>*Kjelde: www.artsdatabanken.no* |
| 6. | Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar? | *Nei*<br>*Kjelder: www.gislink.no*<br>*www.fiskeridir.no* |
| 7. | Vil planen påverke utvalde kulturlandskap? | *Nei*<br>*Kjelde: www.gislink.no* |
| 8. | Vil planen påverke miljøregistreringar i skog? | *Nei*<br>*Kjelde: www.sunnmorskart.no* |
| 9. | Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)? | *Nei*<br>*Kjelde: www.dirnat.no/inon* |

Sjekklista er gjennomgått den 14/12- 2012 av *sign:* Våe Singedal

Prosjekt: 2132

Sjekkliste naturmangfald

KYSTVERKET
Midt-Norge

1

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Sendt pr e-post

| Deres ref: | Vår ref: | Arkiv nr: | Saksbehandler: | Dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 2012/3102-4<br>X-ref 07/03059 | 413.2 | Oddbjørn Sæther | 12.07.2012 |

**Ingen kommentar til oppstartsvarsling - reguleringsendring for Vågsholmen - Herøy kommune**

Viser til varsling oppstart omregulering av delområde innen vedtatt reguleringsplan for Vågsholmen.

Kystverket har så langt ikke innvendinger.

Vi har allerede hatt søknader om unntak/endringer i samme planområde. Dersom mulig bør også disse forsøkes innarbeidet ved en eventuell planendring så kort tid etter planvedtak.

Med hilsen

Oddbjørn Sæther
Senioringeniør
*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Midt-Norge - Plan- og kystforvaltningsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 970 237 372

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

3

# Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommuniane Herøy - Ulstein - Hareid

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Telefon: 70 08 60 50
Telefaks: 70 08 60 51
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside:www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:

Vår ref:
AKL

Dato:
07.08.2012

**Reguleringsendring for Vågsholmen i Herøy kommune**

Ut ifrå vårt saksområde har vi ingen merknader til reguleringsendringa.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Dato: 27.8.2012
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2132
Kopi til: Saksdok.

4

Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Dato: 090812
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr.: 2132
Kopi til: Saksbeh. / Til Fokushavn

AG Plan og Arkitektur as
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Vår dato: 08 AUG. 2012
Vår ref.: NVE 201204619-2 rv/tes
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Terje Systad

## Innspel til oppstart av planarbeid - Reguleringsendring for Vågsholmen i Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev datert 28.6.2012. Saka gjeld oppstart av reguleringsendring for Vågsholmen. Føremålet med reguleringsendringa er å legge til rette for justering av vegstandard og linjeføring samt mindre justering av friareal og bustadareal.

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Med helsing

G. Brakestad

Gunnstein Brakestad
regionsjef

Terje Systad

Terje Systad
overingeniør

5

Møre og Romsdal fylkeskommune

AG Plan og Arkitektur AS

Dato: 27.8.2012
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2132
Kopi til: Saksdok.

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 28.06.2012 | 41598/2012/REGULERINGSPLAN/1515 | Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94 | 20.08.2012 |

# Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Vågsholmen - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til plana.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Postadresse: Fylkeshuset, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundvelen 9 • Telefon: 71 25 80 00 • Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

6

Statens vegvesen

Dato: 23.08.12
Saksbeh.: K.G
Ark.nr./Prosjnr. 2/32
Kopi til: Saksdok. /TD/Taksh.

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Hallvard Sæverud - <tomt> | 2010/054528-006 | | 21.08.2012 |

## Herøy kommune - Oppstart av planarbeid - Reguleringsendring for Vågsholmen - Varsel om igangsetting av privat planarbeid

Viser til skriv av 28.6.2012 frå AG Plan og Arkitektur AS med varsel om oppstart av utarbeiding av reguleringsendring for Vågsholmen i Herøy.

Statens vegvesen har ikkje merknad til det varsla planarbeidet.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Herøy kommune
Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 815 44 040
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

7

Dato: 28.8.2012
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2132
Kopi til: Saksdok.

Til Plan og Arkitektur AS
att: Eldar Hansen
sendes pr. epost.

Vi viser tilmottatt epost. Vi beklager sent svar på grunn av ferieavvikling.
Ved Bergens Sjøfartsmuseum har vi nå sett på saken. Vi har undersøkt vår kilder til opplysninger og indikasjonar på marine kulturminne, samt sett på resultatene fra vår tidlegere undersøkelser i området, blant anna i Fosnavåg havn i juli 2010, da det blant anna vart utført undersøkelse på den nordvestre del av Vågsholmen. Museet gjorde da ikkje funn av viktige kulturminne. Vi reknar heller ikkje med at denne lokaliteten vil inneholde spor frå steinalder, som det ellers er påregneleg å finne i området.
Bergens Sjøfartsmuseum har derfor ikkje innvendingar mot at det byggast ut etter dei forelagte arealplaner.

Med vennlig hilsen
for
STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Arild Marøy Hansen

tel. direkte: 55549611

8

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seksjonssjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
30.08.2012
Dykkar dato
28.06.2012

Vår ref.
2012/4681/JOEI/421.4
Dykkar ref.

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsengt. 12
6150 ØRSTA

Dato: 3/8-2012
Saksbeh.: Ki
Ark.nr./Prosjnr. 2132
Kopi til: Saksdok. / T:/Fakshova

**Herøy kommune.**
**Reguleringsendring Vågsholmen.**
**Fråsegn til melding om oppstart.**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen spesielle innspel til planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
seksjonssjef

Kopi: Herøy kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

9

## Eldar Hansen

| | |
|---|---|
| **From:** | Jarl-Åge [jarl-aage@tussa.com] |
| **Sent:** | 31. august 2012 22:27 |
| **To:** | AG-Firmapost |
| **Cc:** | Ronny Vågsholm; awagsholm@gmail.com; June Wågsholm |
| **Subject:** | REGULERINGSENDRING - DETALJPLAN FOR VÅGSHOLMEN (201002) I HERØY KOMMUNE. |

Attn:
AG Plan og Arkitektur AS

Vedr. Innspel/Merknader til varsel om oppstart fra Eiere av Gnr/Bnr: 33/87 og 33/17

Hei,

Først så vil vi beklage at innspillet kommer en dag for seint. Antar at dette går fint og at der ikke er noen utfordringer med våres merknader da disse har vært lagt frem ved en rekke anledninger tidligere.

Følgende merknader/innspill fremlegges:

1. Tiltakene som planlegges må ikke påføre eksisterende beboere på Vågsholmen noen form for kostnader eller øvrig konsekvens. Dersom dette er ett resultat så ber man om at dette blir synliggjort med det første.
2. Grunn som fremlegges å måtte bli avgitt av øvrige grunneiere (utenom utbygger) pga. vei, fortau og etc. må det gjøres særskilte avtaler om mellom utbygger og den respektive grunneier.

Håper at dette imøtesees og inkluderes i øvrige mottatte merknader/innspill. På forhånd takk!

Mvh,
Arnljot Vågsholm, Ronny Vågsholm og Jarl-Åge Vågsholm

Phone: +47 97 52 33 81 (cellphone)

Dato: 3.9.2012
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2132
Kopi til: Saksdok.

# HERØY KOMMUNE
**Utviklingsavdelinga**

# SAKSPROTOKOLL

| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr:<br>Arkiv: | 2012/1058<br>L12 |
|---|---|---|---|

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 6/13 | Formannskapet | 22.01.2013 |

## REGULERINGSENDRING FOR VÅGSHOLMEN - OFFENTLEG ETTERSYN

**Tilråding:**

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-10, at forslag til detaljregulering for «Reguleringsendring Vågsholmen», datert 14.12.2012, vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker under følgjande vilkår:

1. Området o_Fr1 (offentleg leikeplass) vert endra til f_LEIK (felles privat leikeplass).
2. I føresegnene skal det presiserast at leikeplassen skal vere eit felles privat areal for eigedomane innanfor bustadområda B1-3.
3. Området f_LEIK skal opparbeidast med og ferdigstillast samstundes med utbygginga av infrastrukturen i området.
4. Fortau o_T4 må vidareførast på nordsida av veg og fram til området o_Fr2.
5. Etternamn på enkeltpersonar i planomtalen må rettast opp.

Reviderte planforslag (plankart, føresegner og planomtale), i samsvar med ovannemnde vilkår, skal sendast utviklingsavdelinga for utlegging til offentleg ettersyn / høyring. Saka skal samstundes sendast aktuelle høyringsorgan til uttale.

**Møtebehandling:**
Planleggar Aleksander Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Formannskapet - 22.01.2013**
Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-10, at forslag til detaljregulering for «Reguleringsendring Vågsholmen», datert 14.12.2012, vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker under følgjande vilkår:

1. Området o_Fr1 (offentleg leikeplass) vert endra til f_LEIK (felles privat leikeplass).
2. I føresegnene skal det presiserast at leikeplassen skal vere eit felles privat areal for eigedomane innanfor bustadområda B1-3.
3. Området f_LEIK skal opparbeidast med og ferdigstillast samstundes med utbygginga av infrastrukturen i området.
4. Fortau o_T4 må vidareførast på nordsida av veg og fram til området o_Fr2.
5. Etternamn på enkeltpersonar i planomtalen må rettast opp.

Reviderte planforslag (plankart, føresegner og planomtale), i samsvar med ovannemnde vilkår, skal sendast utviklingsavdelinga for utlegging til offentleg ettersyn / høyring. Saka skal samstundes sendast aktuelle høyringsorgan til uttale.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her
- Vågsholmen Utvikling AS v/ Arthur Almestad
- AG Plan & Arkitektur AS

**Vedlegg:**
01 – Plankart, datert 14.12.2012
02 - Føresegner, datert 14.12.2012
03 - Planomtale med vedlegg, datert 14.12.2012.

**Saksopplysningar:**
På vegne av tiltakshavar Vågsholmen Utvikling AS har konsulentfirma AG Plan & Arkitektur AS utarbeidd forslag til detaljplan etter PBL § 12-3. Planforslaget medfører reguleringsendring for deler av godkjent reguleringsplan «Reguleringsplan for Vågsholmen (Plan Id 201002), vedteken 25.2.2012, K-sak 23/10»

Tiltaket er tidlegare vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka. Det vert her vist til «varsel om oppstart av planarbeid» og dei vurderingane som blei gjort i samband med handsaming av denne søknaden.

I hovudsak ynskjer tiltakshavar Vågsholmen Utvikling AS med dette planforslaget å endre blant anna den regulerte vegstandarden/linjeføringa i eksisterande plan for Vågsholmen, slik at denne er i samsvar med dei krava som PBL set for tilkomst. Skal vegane i områda stette krava må lastebil vere dimensjonerande køyretøy – både for køyrevegar og areal til snuplass. Målet med planframlegget er å justere vegstandarden for veg T2 ved at snuplass vert dimensjonert for lastebil, at linjeføring og vegstandard for veg T3 vert endra slik at vegen tilfredstille tilkomst for renovasjonsbil og utrykkingskøyretøy. Vidare skal vegen inkludere sideareal til vegskråning/del av grøft. Samtidig ønskjer tiltakshavar å flytte snuplassen på T3 då større snuplass vil gjere for store inngrep i tilgrensande tomter i forhold til tomtebreidda. Dette medfører då reduksjon av arealet Fr1 (no regulert stort 1,9 daa).

Endringar av gjeldande reguleringsplan

Planområdet gjeld reguleringsendring av no regulert bustadveg – vegane T2, T3 samt fortau T4. Veg T1 Bru er ikkje teken med i planen no. I gjeldande reguleringsplan inngår ikkje «anna trafikkareal» til vegskråning/del av grøft. Endring av vegtrase og vegstandard medfører at tilgrensande byggjeareal sine grenser vert tilsvarande justert. Prinsippet for fastsetting av byggegrense langs vegane vert endra som følgje av planjusteringa. Fastsette føresegner knytt til byggeareal vert ikkje endra. Som følgje av endra veg T3 vert regulert friområde leik redusert grunna ny plassering av snuplass. Fortau er avslutta ved avkøyrsle nord om naustområde B6.

Planprosess:
AG Plan og Arkitektur AS søkte på vegne av Vågsholmen Utvikling AS om løyve til oppstart av planarbeid i april 2012. Herøy formannskap handsama søknaden i møte 5.6.2012. Formannskapet gjekk i møtet inn for at det kan setjast i gong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan for Vågsholmen.
Vidare blei det varsla oppstart av planarbeidet med annonse i avisa Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider. Det blei sendt skriv til berørte partar 29.6.2012, med frist for innspel vart sett til 30.8.2012. Det kom inn til saman ni (9) merknader/innspel, viser elles til punkt 8 i planomtalen.
Etter avklaringar med Herøy kommune, kom ein fram til medverknad med barnerepresentant Camilla Storøy Pettersen var aktuelt i denne saka.

**Vurdering**
Rådmannen vurderer planforslaget til å vere godt gjennomarbeidt og i samsvar med dei prosessuelle og formelle krava i plan- og bygningslova (PBL 2008). Når det gjeld kommentarar til innkomne merknadane frå konsulent, ser ikkje rådmannen noko grunnlag for å kommentere desse utover det som allereie er nemnt i planomtalen.

Når det gjeld innhaldet i planforslaget viser rådmannen til det som går fram av: plankart, føresegner og planomtale med tilhøyrande vedlegg.

Rådmannen vil understreke at det i framlegg til reguleringsendring vil vere behov for endringar før utlegging til offentleg ettersyn. Dette gjeld i høve det regulerte leikearealet i o_Fr1 og fortau o_T4. Området o_Fr1 er regulert til leikeplass, men har ei nemning og eit eigarformål som viser til eit offentleg friområde. Dersom dette området er tenkt som leikeareal, bør det skiljast frå friområdet med rette nemninga og eigarformål. Etter rådmannen si vurdering vil denne nemninga vere f_LEIK, dvs eit felles privat leikeareal for bustadane i området. For felles private areal skal det visast til kven dette arealet skal tene. Rådmannen ser det som naturleg at det aktuelle leikearealet i denne saka vert felles for dei tilgrensande bustadområda B1, B2 og B3. For å sikre at leikearealet får ein reell funksjon i bustadområdet og at barn- og unge sine interesser blir ivareteke, ser ein det som naturleg at det vert stilt krav i føresegnene om at dette arealet skal opparbeidast samstundes med opparbeidinga av infrastrukturen i området.

Når det gjeld fortauet o_T4 var føresetnadane for oppstart av planarbeid at dette skulle vere kopla mot området o_Fr2 (tilkomst til friområda langs sjø), slik at ein oppnår ei logisk og trafikksikker kopling for ålmenta til friområda langs sjøen på Vågsholmen. Dette er ikkje ivareteke i det innsendte planforslaget. Med bakgrunn i dette vurderer rådmannen det som naturleg at fortauet o_T4 vert forlenga fram til o_Fr2.

**Verknader av planforslaget**

Konsekvensar for naturmangfald:
Rådmannen viser til at konsulent har gjort vurderingar i høve naturmangfald i planforslaget. Dette går fram av sjekkliste og skildring i planomtalen.
Så langt ein kan sjå medfører ikkje planframlegget vesentlege konsekvensar i høve naturmangfaldslova. Viser her til dei planendringane som vert foreslått og at dei allereie ligg på areal som skal kunne byggast på eller leggast til rette for leik. Vedlagt planomtalen følgjer også sjekkliste for naturmangfald jf. skjema i vedlegg C. Prinsippa for offentleg avgjerdstaking i §§ 8-12 i Naturmangfaldslova vert her lagt til grunn.

Konsekvensar for barn- og unge:
Flyttinga av snuplassen i planframlegget, medfører endringar for «Friområde Leik» i gjeldande plan. Arealet vert redusert frå 1,9 daa til 1,6 daa og ligg framleis innanfor kravet i kommuneplanen sin arealdel (1,5 daa).

Rådmannen er samd i konsulent sine vurderingar kring arronderinga av arealet, og ser framleis det slik at etablering av tilrettelagde leikeareal, som ballplass, område for leikeapparat mv kunne få gode løysingar. Konsulent har også dokumentert at

desse løysingane har vore drøfta med Barnerepresentant Camilla Storøy Hermansen. Ein viser her til planomtalen.

Konsekvensar for folkehelse:
Reguleringsendringar sikrar ålmenta tilgang til friområdet langs sjøen på Vågsholmen, gjennom ein offentleg veg med tilhøyrande fortau ut mot friområdet. Rådmannen vurderer denne tilrettelegging som positivt i høve folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:
Den regulerte køyrevegen får ein dimensjon som gjer det enklare for utrykkingskøyretøy å ta seg fram i området. Dette vurderer ein som positiv i høve vurdering av spørsmålet kring beredskap. Det er vidare gjennomført ei ROS-analyse for planområdet, samt at det er gjennomført ei vurdering i høve framtidig havnivåstigning og bølgjepåverknad som bakgrunn for val av kotehøgde på vegnivåa:

***«Vegane T2 og T3 vil vere skjerma frå bølgjer. Veg T1 (kryssinga av sundet) vil vere utsett for bølgjer frå nord/aust. Denne retninga er ikkje rekna som særleg utprega ved uver. Det er særleg sør/vesten som har sterk styrke. Denne vindretninga gjer at veg T1 ikkje er utsett for vesentlege bølgjer. Har hatt kontakt med Metrologisk institutt. Dei har ikkje målingar på bølgjer i aktuell vindretning, men det er vert vist til at den aktuelle vegen ikkje vil bli utsett for havbølgjer. Det må likevel takast omsyn til bølgjer ved konstruksjonen sin styrke.***
***- Vegane T1-T3 er einaste vegane som bebuarane på Vågsholmen kan nytte for å kome til fastlandert. I høve beredskap og framkomst må vi legge til grunn at bebuarane må kunne køyre med privatbil i bygningane si levetid, dvs vi må legge til grunn År 2100 relativt år 2000 som utgangspunkt. Trekker vi frå 10 cm overfløyming som akseptabelt hinder vert min høgd veg 2,59 m. Same min høgde må reknast for utrykkingskøyretøy.»***

Konsekvensar for drift:
Tiltaket inneber tilrettelegging av offentleg infrastruktur (veg og fortau), og kjem inn under kommunen sine vedtekne retningslinjer for utbyggingsavtale. Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkommande sjølve utbygginga av dei tekniske anlegga. Tekniske anlegg omfattar veg, gangveg, leidningsnett til vatn, avløp og overflatevatn og El- og teleforsyning.

Det er føreset at kommunen skal ta over ferdig utbygd offentleg infrastruktur, som eit resultat av ein utbyggingsavtale med tiltakshavar. Dette vil påføre kommunen auka utgifter til drift og vedlikehald av infrastrukturen i området.

**Konklusjon:**

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-10, at forslag til detaljregulering for «Reguleringsendring Vågsholmen», datert 14.12.2012, vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker under følgjande vilkår:

1. Området o_Fr1 (offentleg leikeplass) vert endra til f_LEIK (felles privat leikeplass).
2. I føresegnene skal det presiserast at leikeplassen skal vere eit felles privat areal for eigedomane innanfor bustadområda B1-3.
3. Området f_LEIK skal opparbeidast med og ferdigstillast samstundes med utbygginga av infrastrukturen i området.
4. Fortau o_T4 må vidareførast på nordsida av veg og fram til området o_Fr2.
5. Etternamn på enkeltpersonar i planomtalen må rettast opp.

Reviderte planforslag (plankart, føresegner og planomtale), i samsvar med ovannemnde vilkår, skal sendast utviklingsavdelinga for utlegging til offentleg ettersyn / høyring. Saka skal samstundes sendast aktuelle høyringsorgan til uttale.

Fosnavåg, 18.12.2012

Erlend Krumsvik Jarl Martin Møller

Sakshandsamar: Aleksander Tarberg

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 2012/1058 Saksbeh AZI
29 APR. 2013
Ark kode P L12
Ark kode S
J nr Dok nr 19
Kassasjon

Vår dato: 26 APR. 2013
Vår ref.: NVE 201204619-4 rv/tes
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.: 2012/1058

Sakshandsamar:
Terje Systad

# Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsendring - Detaljplan for Vågsholmen - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar e-post sendt 24.4.2013. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsendring for reguleringsplan Vågsholmen. Føremålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for endring av infrastruktur i planområdet.

NVE har ingen merknader til planendringa.

Med helsing

G. Brakestad

Gunnstein Brakestad
regionsjef

Terje Systad
Terje Systad
overingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor** Middelthunsgate 29, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

**Region Midt-Norge** Vestre Rosten 81, 7075 TILLER

**Region Nord** Kongens gate 14-18, 8514 NARVIK

**Region Sør** Anton Jenssensgate 7, Postboks 2124, 3103 TØNSBERG

**Region Vest** Naustdalsvn. 1B, Postboks 53, 6801 FØRDE

**Region Øst** Vangsveien 73, Postboks 4223, 2307 HAMAR

**Statens vegvesen**

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 2012/1058 Saksbeh. AZT
- 7 MAI 2013
Ark kode P L12
Ark kode S
Jnr Dok nr 20
Kassasjon

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Hallvard Sæverud - <tomt> | 2010/054528-008 | 2012/1058 | 03.05.2013 |

**Herøy kommune - Reguleringsendring for Vågsholmen - Offentleg ettersyn / høyring – Uttale**

Viser til brev av 25.3.2013 frå Herøy kommune.

Statens vegvesen har ingen merknad til framlegget til reguleringsendring for Vågsholmen.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2012/1058 | 24.04.2013 | 26425/2013/REGULERINGSPLAN/1515 | Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94 | 30.05.2013 |

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Vågsholmen, endring - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til planendringa.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
29.05.2013
Dykkar dato
25.03.2013

Vår ref.
2012/4681/ASBU/421.4
Dykkar ref.

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2012/1058 Saksbeh. AZT
- 4 JUNI 2013
Ark kode P 212
Ark kode S
J.nr
Dok nr 23
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

**Herøy kommune. Detaljregulering - reguleringsendring Vågsholmen. Fråsegn til offentleg ettersyn.**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen vesentlege merknader til endringsforslaget.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2012/24 |
| | | Arkiv: | L12 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 134/13 | Formannskapet | 20.08.2013 |
| 98/13 | Kommunestyret | 29.08.2013 |

## REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSET FV 18 - BEHANDLING AV KLAGE PÅ VEDTAK

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013**

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen som Gjert A. Nærø framfører inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsplanen for Nærøykrysset FV18 vart vedteken i møte den 24.05.2013.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 50/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.

**Tilråding:**

***Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen som Gjert A. Nærø framfører inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsplanen for Nærøykrysset FV18 vart vedteken i møte den 24.05.2013.***

***Klagen vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 50/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.***

Særutskrift:

| | | |
|---|---|---|
| Gjert A. Nærø | Nærøy | 6094 Leinøy |
| Utviklingsavdelinga, | her | |

**Vedlegg:**
01 – Klage på vedtak (samla) datert 03.06.2013.
02 - Brev frå Herøy kommune, datert 31.05 og 07.06.2013
03 - Godkjent Plankart – K-sak 50/13 – 25.04.2013.
04 - Godkjende Føresegner – K-sak 50/13 – 25.04.2013.
05 - Godkjend planomtale – K-sak 50/13 – 25.04.2013.
06 - Tidlegare innspel frå Gjert A. Nærø
07 - K-sak 50/13 -Vedtak om eigengodkjenning av plan – 25.04.2013.
08 - F-sak 306/12 - Vedtak om offentleg ettersyn av plan

**Saksopplysningar:**
Herøy kommunestyre godkjende i møte den 24.05.2013 reguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for Nærøykrysset FV18. Godkjenning av reguleringsplanen blei handsama i K-sak 50/13 der det blei gjort følgjande vedtak:

***Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne "Detaljregulering for Nærøykrysset FV18", med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 15.02.2013.***

***Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.***

Med brev første gang av 31.05.2013 og seinare brev datert 03.06.2013 og 12.06.2013, har Gjert A. Nærø klaga på kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplanen. Klagen skal på vanleg måte handsamast av formannskapet og kommunestyret før oversending til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Reguleringsplan for Nærøykrysset FV18 (PlanID 201266) er ein offentleg detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova (PBL) §§ 12-3 og § 12-10 for eit avgrensa planområde lokalisert Nærøya og Leinøya. Dei aktuelle formåla i reguleringsplanen er; frittliggjande småhusbebyggelse (FS), Køyreveg, fortau, gang/sykkelveg, gangveg, annan veggrunn – tekniske anlegg, annan veggrunn – grøntareal, kollektivhaldeplass, LNF- friluftsføremål, LNF- landbruksføremål. I tillegg til arealformål inneheld reguleringsplanen omsynssoner som frisikt og bandleggingssone (etter lov om kulturminne). Rådmannen viser til at innhaldet i sjølve planforslaget går fram av plankartet med tilhøyrande føresegner og planomtale med vedlegg.

Planprosessen med varsel om oppstart av planarbeid blei kunngjort i Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider 31.10.2011. Formannskapet handsama forslaget den 30.10.2012 i F- sak 306/12, der det blei vedteke å leggje planforslaget lagt ut til offentleg ettersyn i 2 alternativ og samstundes sendt desse på høyring hjå dei regionale uttaleinstansane. Vedtak om offentleg ettersyn har vore kunngjort i Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider. Grunneigarar, naboar og andre interessentar har vore varsla i eige skriv. Eldrerådet handsama saka i møte den 26.11.2012, sak 33/12 og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne handsama saka 26.11.2012, sak 38/12. Saksprotokoll for desse møta er teke inn som innspel til planarbeidet. Gjennom høyringsperioden har dokumenta også vore tilgjengeleg i servicetorget på Herøy rådhus.

For ein nærare omtale av innhaldet og verknadane av planforslaget, viser rådmannen til dei skildringane og vurderingane som går fram av plandokumenta, F-sak 306/12 og K-sak 50/13.

Kommunestyret godkjend reguleringsplanen i møte den 24.05.2013 (K-sak 50/13). Melding om vedtak vart sendt offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar/oppsitjarar med brev av 01.05.2013, med offentleg kunngjering av vedtak den 03.05.2013. Ein har etter dette motteke klage på plangodkjenninga frå Gjert A. Nærø med brev av 31.05.2013 og seinare brev datert 03.06.2013 og 12.06.2013.

Gjert Abel Nærø har med brev av 31.05.2013 kome med ei midlertidig klage på vedtak i K-sak 50/13. Herøy kommune sende brev den 31.05.2013 til Gjert A. Nærø og presiserte at fristen for å klage over forvaltningsvedtaket var den 31.05.2013. Den 03.06.2013 mottok Herøy kommune ei utfyllande klage frå Gjert A. Nærø. Herøy kommune sende brev til Gjert A. Nærø den 07.06.2013, der ein avviste handsaming av klagen med tilvising til overskriding av klagefristen. Den 12.06.2013 har Gjert A. Nærø med e-post, bede om at klagen blir sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd. Kommunen har i etterkant og i dialog med Fylkesmannen valt å ta klagen opp til realitetshandsaming.

Gjert A. Nærø er grunneigar (gnr 24 bnr 5) innanfor planområdet og er vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka. Når det gjeld klage utover lovbestemt klagefrist, viser rådmannen til at ein i dialog med Fylkesmannen i MR har valt å ta klagen opp til realitetshandsaming.

I klagen viser Gjert A. Nærø til moment som gjeld ei anna forvaltningssak som pr no ligg til handsaming hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette gjeld ei sak som tidlegare har vore handsama i Maritim og teknisk komite (MTK) i MTK-sak 12/13. Det blir i klagen også framsett opplysningar retta mot namngitte personar og usemje kring privatrettslege forhold. Rådmannen vil understreke at ein i denne klagesaksbehandlinga ikkje vil gå nærare inn på dei forholda som gjeld namngitte personar, då dette er vurdert til å vere noko som ikkje vedkjem klagen eller har relevans for kommunen som arealmynde. Når det gjeld dei privatrettslege forholda, vil rådmannen påpeike følgjande; i ein reguleringsplan tek det offentlege berre stilling til kva for tiltak som arealbruksmessig skal tillatast i det regulerte område i framtida. Ei regulering stiftar ikkje rettar for andre og får heller ikkje verknad for private rettar. Usemje om privatrettslege forhold må avklarast gjennom privatrettsleg regelverk, eventuelt ved hjelp av domstolane. Det blir etter dette ikkje teke nærare stilling til det privatrettslege spørsmåla klagar har stilt i denne saka.

**Vurdering:**

Rådmannen vil her gå nærare inn på dei momenta som klagar viser til i sitt brev av 03.06.2013; «Utfyllande klage på vedtak i K-sak 50/13 – Herøy kommune – Reguleringsplan Nærøykrysset FV 18».

<u>Punkt 1 - Tilkomst frå Fylkesveg 18:</u>

Klagar hevdar at konsulent i AG Plan og Arkitektur AS har gått feil veg med veg fram til gnr 24 bnr 1 og angra på denne handlinga etter samtale med klagar. Vidare blir det hevda at grunneigar ikkje har bede om nokon ny veg over gnr 24 bnr 5 og fram til bnr 1. Vidare hevdar klagar at kommunens planleggar har uttala at det kan vere vanskeleg å tene trafikkauken frå bnr 2 ved «berre» å bruke eksisterande kommuneveg. Klagar hevdar at bnr 5 må lag trafikk til og frå «Hundane Bustadfelt»

passere gjennom den «ferdig regulerte» tomta, framfor klagar sitt bustadhus, «beskue» klagar sin «ingen veit kor gamal gråsteinsmur», deretter køyre gjennom alleen og fram til kommunevegen, og så samlast i rundkøyringa i Nærøyrkrysset. Klagar hevdar at løysingane her blir fremja utan å snakke med grunneigarane som blir ramma.

<u>Vår kommentar:</u>
*Når det gjeld løysingane som reguleringsplanen byggjer på med ny delarm og tilkomst til gnr 24 bnr 1 og 5 m.fleire, er dette noko som har vore ein del intensjonen med planforslaget, der løysinga med ny tilkomst blei presentert allereie ved varsel om oppstart. Konsulentfirma AG Plan og Arkitektur AS har tidlegare i planprosessen vore engasjert av Herøy kommune i høve fagleg bistand til utarbeiding av grunnlag for reguleringsplanen i området. Formålet med ny tilkomst til desse bruksnummera er basert på at området med bnr 5 er avsett til bustadformål i gjeldande kommuneplan, samt at det har vore ei utvikling til bustadformål i dette området gjennom etablering av nye bueiningar. Når det gjeld bnr 1 i sør har det kome innspel til rullering av kommuneplanen om at det er ynskjeleg at dette området vert utvikla til bustadformål. For å avgrense talet på avkøyrsler til Fylkesveg 18, samt for å oppnå ein kvalitativ god og berekraftig tilkomst for dette området, har ein vurdert det som fagleg riktig at ny hovudtilkomst til/frå dette området skal få si løysing gjennom reguleringsplanen. Løysingane her byggjer på ny rundkøyring for området, med delarm mot vest. Utforminga av rundkøyringa byggjer på dei gjeldande vegnormalane til Statens Vegvesen, der plassering av delarma er lokalisert for å kunne oppnå ei mest mogleg trafikksikker løysing. Klagar sine moment om gråsteinsmurar og alleen i området er forsøkt ivareke gjennom reguleringsføresegne i godkjent plan. Ein viser her til handsaming av klagar sine moment i K-sak 50/13.*

*Dei momenta som klagar framfører vedkomande at all trafikk frå «Hundane bustadfelt» skal gå framfor den «ferdig regulerte» tomta til klagar er ikkje riktig og vert her tilbakevist frå rådmannen. «Hundane bustadfelt» har i dag sin tilkomst lenger nord på Nærøya. Det er frå den planlagde rundkøyringa tenkt at den offentlege vegen forbi klagar sin eigedom (o_V3) framleis skal vere offentleg veg, og at denne vegen difor blir ein tilkomst for dei eigedomane som naturleg grensar til denne tilkomsten. Dersom vegen skal vere offentleg, ser Herøy kommune det som naudsynt at denne får ein oppdimensjonert standard som offentleg køyreveg til ei vegbreidde på 5.5 meter køyrebane, med tilhøyrande grøft/skulder (annan veggrunn). For at vegen innanfor planområdet skal tilfredstille ein framtidig akseptabel standard for offentlege vegar, vil det vere behov for at denne får ei noko annleis plassering enn kva som er tilfelle for dagens veg i området. Reguleringsplanen legg ikkje opp til noko anna trafikkmønster utover det som er vist innanfor plangrensa, slik at påstandane som klagar framfører vert her tilbakevist.*

<u>Punkt 2 – Reguleringsplan for gnr 24 bnr 2 og bruk av areal frå bnr 5:</u>
Klagar stiller spørsmål ved om reguleringsplan for gnr 24 bnr 2 er basert på bruk av areal tilhøyrande gnr 24 bnr 5, og om då reguleringsplan for bnr 2 er ulovleg og må omarbeidast. Klagar hevdar at fylkeskommunens krav om reguleringsplan og opplysninga om at vegen som var planlagt over innmarka på bnr 5 (som blei avvist av kommunen og seinare av arkeologiske funn) skulle «lette trykket» frå auka trafikk frå bnr 2 på kommunevegen.

<u>Vår kommentar:</u>
*Rådmannen viser til at det pågår planarbeid for gnr 24 bnr 2 m.fleire (Rambøll / Volfram) i nærområdet og at denne reguleringsplanen grensar til planområdet for*

*«Nærøyrkysset FV18». Gnr 24 bnr 5 er ikkje ein del av reguleringsplanen for gnr 24 bnr 2 m.fleire. Behovet for fortau langs kommunevegen og regulering av kommunal veg – o_V2 - (tidlegare Riksveg) frå den planlagte rundkøyringa og nordover på Nærøya er basert på betre trafikktryggleik for bustadområdet generelt og behovet for å sikre ein tryggare skuleveg for borna i området. Det er riktig at planar for bnr 2 vil generere auka trafikkmengd i området, men at det ikkje isolert sett er berre denne reguleringsplanen som er grunnlaget for o_V2 med tilhøyrande fortau og naudsynt annan veggrunn. Her er det teke med heile Nærøya i vurderingane, også utbyggingane som skjer i Hundane bustadfelt og andre delområder.*
*Behovet for oppgradering av infrastruktur og nye løysingar for trafikktrygging, er difor basert på ei samla vurdering der heilskapen av bustadutbygging i området blir teke i betraktning. Løysingane må også sjåast på i eit framtidig, berekraftig perspektiv, med omsyn til forventa auke i talet på bilar og mjuketrafikantar i området på Nærøya*.

<u>Punkt 3 – Behandling av tidlegare innspel:</u>
Klagar stiller spørsmål ved om innspel i brev av 07.12.2011 med vedlegg til Herøy kommune v/Utviklingsavdelinga har vore handsama på ein riktig måte i høve saka om Nærøykrysset. Klagar ber om å få tilsendt informasjon på at dette er gjort. Klagar hevdar at dersom så ikkje har vore gjort, vil det vere ein saksbehandlingsfeil og difor eit sviktande grunnlag for kommunestyret til å ta ei riktig og velfundert avgjerde.

<u>Vår kommentar:</u>
*Rådmannen viser til at innspela til Gjert A. Nærø har vore handsama i samband med offentleg ettersyn F-sak 306/12 og K-sak 50/13. Planforslaget har vore lagt ut til offentleg ettersyn, kunngjort på kommunen si nettside og råka partar har vore varsla i eige brev. Når det gjeld vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan har alle innspel som har kome i samband med offentleg ettersyn / høyring vore handsama i K-sak 50/13. Her har innspela vore kommentert og gjort greie for. Gjennom dei aktuelle høyringsperiodane med varsel om oppstart og offentleg ettersyn, har dei som har interesser i planarbeidet hatt høve til å kunne medverke. Etter det rådmannen kan sjå er planprosessen og handsaming av innspel i tråd med dei lovbestemte krava i plan- og bygningslova og forvaltningslova.*

<u>Punkt 4 - Status for vegen i Nærøyvalen:</u>
Klagar stiller spørsmål ved kva status vegen i Nærøyvalen har og kva status denne vegen vil få etter ei evt endring av Nærøykrysset. Klagar viser til tidlegare historikk rundt den aktuelle vegen. Det blir frå klagar vist til at dersom Herøy kommune hevdar «krav» på denne vegen, ber klagar om grunngjeving for kravet. Klagar viser til eit ynskje om at denne vegen framleis skal vere gardsveg og hevdar at denne har fungert slik i minst 60 år. Klagar viser til konsulent (kommunen) sitt forslag om å legge ny veg over innmarka på bnr 5, og at dette blei avvist av politisk mynde og seinare av arkeologiske funn. Klagar hevdar at vegen ikkje kunne koplast opp mot ei rundkøyring i ein veg med høgare status. Klagar stiller spørsmål om dette er riktig og om den vedtekne rundkøyringa er ulovlege. Klagar stiller spørsmål ved om alleen og steinmuren i området vil vere til hinder for gjennomføring av planen.

<u>Vår kommentar:</u>
*Status for vegen (vegnummer 80) i Nærøyvalen er offentleg kommunal veg. Desse opplysningane bygger på kommunen sin eigen vegdatabase. Status for vegen i Nærøyvalen etter vedtatt reguleringsplan er at denne framleis skal vere offentleg – open for allmenn ferdsel. Det er vist gjennom eigarform o_V3 at vegen i framtida skal vere offentleg med ei køyrebanebreidde på 5.5 meter. Grunngjeving for dette kravet er å sikre bustadeigedomane i området ein kvalitativ god standard for*

*køyreveg (tilkomst) frå Fylkesvegen. Ein tilkomst som skal vere open for alle brukargrupper som har behov for å nytte vegen som tilkomst til sine eigedomar. Etter Statens Vegvesen sine vegnormalar kan rundkøyringar utformast med vikeplikt på alle tilfartar. Etter vegnormalen kan ei rundkøyring dimensjonerast med 4 armar, uavhengig av trafikkmengd inn/ut av dei ulike delarmane. Reguleringsplan for Nærøykrysset FV18 har vore sendt Statens Vegvesen som fagetat for fylkesveg gjennom offentleg ettersyn. Den aktuelle rundkøyringa er utforma etter Statens Vegvesen sine vegnormalar og i dialog med fagetaten for fylkesvegar i Møre og Romsdal. Ein kan ikkje sjå at løysingane i reguleringsplanen er ulovleg.*

*Når det gjeld den aktuelle alleen og steinmuren i området, er det teke omsyn til desse momenta i reguleringsføresegnene. Her er det teke inn eit punkt om at ein vise omsyn til terrenget i området, jfr. § 5, bokstav b i føresegnene. Vidare er det nemnt i § 9, at det skal takast omsyn til etablert alle ved utviding av o_V3, og at dersom vegen blir lagt i ny trase skal det plantast ny alle langs den aktuelle vegstrekninga. Rådmannen meiner momenta til klagar her er ivareteke gjennom reguleringsplanen.*

<u>Punkt 5 – Framtidig utbygging av innmarka på bnr 12 og 1:</u>
Klagar hevdar at planleggar har uttala at ombygging av kommunevegen med nød og neppe kan tilfredstille trafikkauke frå bnr 2. Klagar hevdar at bnr 12 vil oppleve å bli innestengt ved tomteregulering av sin eigedom pga plassmangel på tilkomstveg over bnr 2. Klagar stiller spørsmål om ikkje «Statens hamnevesen» kan fullføre sine planar om ein ytre molo i Leinevika og der «lette trykket på alle». Klagar viser vidare til innsendt forslag til kommuneplan med framiliens ønske om deling og framtidig utnytting av innmarka på bnr 1.

<u>Vår kommentar:</u>
*Rådmannen viser til at ein ikkje kan sjå at planleggar har uttala det som klagar hevdar i sakshandsaminga av reguleringsplanen for Nærøykrysset. Påstandane frå klagar vert her tilbakevist av rådmannen.*

*Når det gjeld planar for utvikling av bnr 2 og 12 er dette ein privat reguleringsplan som framleis er under handsaming. Løysingane for den private reguleringsplanen er framleis ikkje vedteke og er under behandling. Av omsyn til dette vil rådmannen ikkje gå nærare inn på detaljar som vedkjem den reguleringsplanen. Ein vil understreke at den private planen må få si eiga handsaming gjennom eigen reguleringsplanprosess.*

*Når det gjeld Gjert A. Nærø sitt innspel til kommuneplan, vert dette innspelet handsama som ein del av planprosessen til ny kommuneplan. Ein finn ikkje grunnlag her for å gå nærare i detaljar i handsaming av kommuneplanen, og understrekar at kommuneplanen må få si eigda handsaming gjennom eigen planprosess.*

<u>Punkt 6 – Arealstatus for innmarka på bnr 5 (som ikkje er ein del av «Hundane bustadfelt»):</u>
Klagar viser til arealplan for Herøy vedteke 27.03.1998, som endra innmarka på bnr 5 frå LNF-område (småbruk) til B (bustader). Klagar kan ikkje hugse at han nokon gong har bede om ei slik endring. Klagar kan heller ikkje hugse å ha blitt underretta om endringa var ønskeleg og ville kome. Klagar viser til at han tidlegare har motteke kommuneplanen i postkassa – ferdig handsama. Det blir frå klagar stilt spørsmål ved om det er kommunalt tjuveri av rettar og offentleg ran av hans verdiar – med tap for han og vinningar for hans naboar. Som følgje av endringa av eigedomen har

Fylkeskommunen kravd reguleringsplan. Klagar meinar myndigheitene bør halde seg for god til å bruke hans økonomiske verdiar som betaling for goder for hans naboar.

Vår kommentar:
*Rådmannen viser til at kommuneplanens arealdel for Herøy blei sist vedteke 30.11.2004, i K-sak 145/04. Arealstatus for innmarka til bnr 5 er avsett til bustader (B) i gjeldande kommuneplan, med krav om reguleringsplan før utbygging. Planprosessen med utarbeiding av førre kommuneplan har gått føre seg etter dei prosessreglane som gjaldt for kommuneplanar i dåverande plan- og bygningslov (1985). Planprosessen har her vore gjennom ulike fasar med varsel om oppstart, offentleg ettersyn og avgrensa høyringar. Etter PBL 1885 § 20-5 var det ikkje klagerett på kommunestyret sitt vedtak om godkjenning av kommuneplanen. Rådmannen vil peike på at det er kommunestyret som er det øvste planmynde i Herøy kommune, og som gjennom arealplanar fastset bruk og vern av areala innanfor kommunen sine grenser. Etter det rådmannen kan sjå har det ikkje skjedd feil i sakshandsaminga av førre kommuneplan*

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen
Konsekvensar for beredskap:
Ingen
Konsekvensar for drift:
Ingen

**Konklusjon**
Rådmannen viser til at det går fram av pb1. § 3-2 at kommunestyret er den øvste planmynde i kommunen. Etter pb1.§ 12-1 avgjer kommunestyret ut frå ei skjønnsmessig vurdering kva for områder som skal regulerast og korleis areala skal utnyttast i plansamanheng. Vurderinga blir gjort i samråd med dei som har interesser i planområdet og med aktuelle fagorgan gjennom planprosessen.
I denne vurderinga vil det ofte vere motstridande interesser som gjer seg gjeldande. Under føresetnad at omsyna er saklege ut frå reguleringsmessige kriterier og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det opp til kommunestyret å avgjere korleis omsyna skal vegast. Ingen har såleis krav på at ein eigedom skal nyttast til eit bestemt føremål eller på ein bestemt måte i plansamanheng.

Etter det ein kan sjå av klagen, framført av Gjert A. Nærø, fører ikkje denne med seg nye moment til saka som kan ha danna grunnlag for at kommunestyret ville ha gjort eit anna vedtak i K-sak 50/13. Klagen blir soleis ikkje teke til følgje og sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Fosnavåg, 20.06.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Vedlegg nr. 1

Sak nr. ..............................

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 12. juni 2013 08:22
**Til:** Arkiv
**Kopi:** Jarl Martin Møller; Berit Sandvik Skeide
**Emne:** FW: REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSET FV 18 - KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 2012/24 AZT
12 JUNI 2013
412
Dok nr 62
Kassasjon

Helsing

**HERØY KOMMUNE**
Postmottak

*7008 1300*

www.heroy.kommune.no

**Fra:** Gjert A. Nærø [mailto:g.a.naeroe@gmail.com]
**Sendt:** 12. juni 2013 07:13
**Til:** postmottak
**Emne:** REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSET FV 18 - KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

Herøy Kommune,
Utviklingsavdelingen,
6091 Fosnavåg.

Under henvisning til min "Foreløpig klage" datert 31.05.2013, avvist av Utviklingsavdelingen i brev av samme dato, og min "Utfyllende klage" i samme sak datert 03.06.2013, avvist av Utviklingsavdelingen i brev av 07.06.2013, ber jeg alle fire dokumenter oversendt adressaten for mine brev, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Vennlig hilsen

Gjert A. Nærø

**Gjert A. Nærø,**
**6094 Leinøy**

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2012/24 Saksbeh. AKT
- 4 JUNI 2013
Ark kode P d12
Ark kode S
J.nr. Dok nr 60
Kassasjon

Kopi JMH

Dato: 03.06.2013

Fylkesmannen i Møre og Romsdal,
Fylkeshuset,
6400 MOLDE.

**UTFYLLENDE KLAGE PÅ VEDTAK I K-SAK 50/13 – HERØY KOMMUNE REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSET FV 18 -**

Jeg viser til min foreløpige klage datert 31.05.2013.

Jeg viser også til min klage i sak **jnr/kode 2013/1046** og angår fradeling av en boligtomt som har vært planlagt skulle være siste tomt tillagt «Hundane Bustadfelt». Slik jeg har fått fremstilt forhold rundt de to sakene, vil resultatet i den enkelte sak påvirke resultatet for den andre.

Jeg beklager at «elementer» innen boligfeltet og Kommunal og Fylkeskommunal saksbehandling gjennom årene, har forstyrret mine ellers klare tanker om tingenes tilstand. Først da jeg ble pressentert for planen om en ny vei over mitt jorde, forstod jeg betydningen av det vedtaket Kommunestyret gjorde i 1998. Da ble jeg fratatt min rett til i utgangspunktet disponere bruken av min egen eiendom. Alvoret i betydningen av nevnte vedtak, ble virkelig åpenbaret, da Fylkeskommunen forlangte reguleringsplan for en allerede «ferdig regulert» tomt. Når planlegger Gjengedal i Plan og Arkitektur kunne fortelle at han egentlig skulle gå med veien frem til bnr. 1, men etter hva han etterhvert innså, hadde han desverre gått i feil retning. Da jeg fortalte ham at det ikke var bedt om noen ny vei over bnr. 5 og frem til bnr. 1, «angret han på det han hadde gjort» og jeg tror han mer enn gjerne. Når så kommunens planlegger Tarberg i tillegg har fortalt at det nok desverre kunne bli vanskelig å betjene trafikkøkningen fra bnr. 2 ved «bare» bruke eksisterende kommunevei, hadde da den tanke dukket opp hos «en eller annen»: La bnr. 5 tre støttende til og la trafikken til og fra «Hundane Bustadfelt» passere gjennom den «ferdig regulerte» tomten, foran mitt bolighus, beskue min ingen vet hvor gamle gråsteinsmur, deretter kjøre gjennom alleen og frem til kommuneveien. Og så kunne alle samles i rundkjøringen i Nærøykrysset. Hvilken lykke for oss alle – og ære for murbyggeren og treplanteren!!! Og ingen syntest det var nødvendig å snakke med grunneieren som ble rammet. Han var jo i utgangspunktet en vanskelig person etter gjentatte skadeskytinger servert fra bnr. 2 og en kommunalt ansatt som anså det som sin oppgave å skape mest mulig «bråk» fra sin utrops- og utkikkspost på bnr. 68. Skulle jeg manne meg opp og oppsøke 2. etasje på Rådhuset i Fosnavåg for å søke råd og hjelp, blir man møtt av vippende stoler, unnvikende blikk og ditto svar, mens «inje på Molde» sitter Fylkesråd-mannen og blankpusser hevnens våpen – **Reguleringsplan** – mot en «støy»-maker på Ytre Søre, som har tillatt seg den skammelige frekkhet å bruke sin juridiske og demokratiske rett til å fremme samme sak mer enn <u>en</u> gang! Ja, for ikke å glemme: Oversikten over det hele har min nabo, «av Kongen hedret og folket hyllet for sin innsats for Eiksundsambandet». Jeg fant tiden inne til å varsle om min eksistens og da ved å minne bnr. 2 om to tidligere naboer som har søkt foreløpig hvile i påvente av «oppgjørets dag»! Resultat? «Du må huske på Gjert Abel,

det he' ALLTID vore fred mellom naboane på Nærøynå». Denne «mantraen» som blir pressentert hver gang bnr. 2 blir krysset i sine hensikter. Etter det har jeg ikke sett noen fra bnr. 2. Og det er godt. For meg.

Men det er ikke helt mørklagt. Jeg har hatt besøk av Kommunens Driftsingeniøren for kloakk og avrenning, eller hva det nå heter, som fra min sofa, med oppløftet blikk og klar tale, fortalte at han hadde i oppgave å sørge for at all kloakk skulle fraktes fra bnr. 2 og over til Bergsøy. Han trengte bare min tillatelse til å la «utysket» få en kort mellomlanding i en lenge planlagt pumpestasjon på min eiendom. Jeg sa at det ville nok ordne seg, men jeg ville «tenkje på sakja» og vi har avtalt å møtes etter at Driftsingenøren er ferdig med sin studie ved Brannskolen i Harstad og lært nye knep som «brannslangeførar».

- - - - - -

Jeg har fra starten av planleggingen av «Hundane Bustadfelt», forholdt meg til de vedtak som Herøy kommune har fattet. Jeg har fulgt de råd og anvisninger som ble gitt meg fra kommunens administrasjon, særlig fra tidligere ansatt i Teknisk etat, Magnus Myklebust. Han gav inntrykk av å opptre kunn på kommunens vegne i sin kontakt med meg, og jeg anså ham som en pådriver for å skaffe boligtomter på områder folk ønsket å bo.

Jeg har tidligere ikke kommet med merknader til planene om boligfelt på gnr. 24, bnr. 2. Om jeg skulle ha hatt synspunkter, ønsket jeg ikke blande meg inn. Men når min eiendom, gnr. 24, bnr. 5, skal «ta ansvar» for å tilfredsstille utviklingen på bnr. 2, ser jeg meg nødt til å reagere.

Først som sist: Har myndighetene funnet en «**RUNESTEIN**» som angivelig skal befinne seg på eller i tilknytning til bnr. 2? Eller vet myndighetene hvor den eventuellt måtte befinne seg? Jeg ber om at informasjon om dette blir offentliggjort. Dersom myndighetene ikke har interesse av en slik stein, bør det også offentliggjøres.
Har dette vært gjort tidligere uten min viten, ber jeg om tilbakemelding.

Historien om en mulig «Runestein» har «dukket opp» igjen i forbindelse med forestående utbygging av bnr. 2. Jeg er redd for at denne steinen har vært som en «mare» mellom bnr. 2 og eiere av bnr. 1 og 5, (og muligens også for andre), etter at tidligere eiere av bnr. 5 og (bnr. 1?) skal ha vært så «uheldige» og mene og gitt uttrykk for, at en stein av denne karakter kunne være av historisk verdi. Resultatet ble ubehag og personlig bindinger for de to resten av livet. Ja, så galt har det nok vært at de ikke har funnet det forsvarlig og fortelle sin egen slekt om mulige historiske fakta på Nærøy, og det av frykt for påfølgende konsekvenser for seg selv og for fremtidige eiere av slektsgårdene. «Runesteinen», eller opplysninger om denne, skal frem i dagen og ikke bli liggende som en «beskyttelse for falsk fred» for den ene parten, og som hinder for «fri uttalelse» for den andre - i saker som har med våre respektive eiendommer å gjøre. Myndighetene bør handle i dette spørsmålet og med det «gjennomføre et fredsskapende» arbeid for Nærøy.

Og kan noen – og da med noe mer utvidet forstand enn min - være vennlig å fortelle meg hvorfor «vi alle på Nærøy skal gå i grøftene fordi bnr. 2 skal ut å kjøre»?

Leder av Servicetorget, Wenche Moltu Wegerstedt, bør gi en nærmere forklaring om sin innsats for å oppnå egne fordeler fra sin utkikkspost på gnr. 24, bnr. 68. En innsats hos startet allerede før ho ble medeier av bnr. 68. Og hvor langt og i hvilken rettninger hennes anstrengelser har gått for derved spre tvil hos meg om sine kollegaers, kommunens og Fylkeskommunens saksbehandling? Wenche bør samtidig kunne gjøre rede for hvorfor ho tilsynelatende er fritatt for bruk av fastsatt «demokratiske skjema» for å gi til kjenne sine

ønsker og synspunkter vedr. min eiendom? Ho kan også muligens være i stand til å gi en ballansert fremstilling om hvorfor Fylkeskommunen «ikkje (finner) eit einaste friområde, med unntak av ein liten trekant (fellesareal) som no blir «klemt» mellom vegen og tomt 3, 6 og 11» i «Hundane Bustadfelt»?

Wenche Moltu Wegerstedt bør videre kunne gi orientering om sitt kjennskap til (og mulige samarbeid) med tidligere ansatt ved Teknisk etat, Magnus Myklebust, hvis **«navn ikke skal nevnes»** i forbindelse med saker som berører meg, og som førte til at innmarka i 1998 ble endret fra «bruk til landbruksformål» og over til «bruk for boligformål». Ho kan kanskje også være behjelpelig med opplysninger om formålet med en slik endring.

Magnus Myklebust har sikkert kunnskap om hvorfor Fylkeskomunens uttalelse **16.12.1994, (07049/94/723/haa)** til bruk i en tomtedelingsplan vedr. min eiendom, skulle komme bnr. 2 til gode, jfr. gnr. 24, bnr. 63, når uttalelsen egentlig er ment som et «onde» for bnr. 2, for deretter få opplysningene arkivert blandt saksdokumentene vedrørende min eiendom? Resultatet har vi erfart; «det onde» rammet eier av - og bnr. 5 - som vanlig.

Jeg skal ikke nevne flere «tildragelser som har sitt utspring» fra bnr. 2 og som jeg har blitt møtt med etter jeg overtok bnr. 5 i 1983. Brevet kan bli for langt. Men «la barna komme til meg». De vil kanskje ha en bedre «beskyttelse» her, enn å bli brukt som «brekkstang» for å oppnå fordeler for bnr. 68 – og bnr. 2?

Jeg ber Fylkesmannen se nærmere på følgende forhold:

**Er regulerinsplanen for gnr. 24, bnr. 2 bassert på bruk av arealer tilhørende gnr. 24, bnr. 5? Og i så fall, er da reguleringsplanen for bnr. 2 ulovlig og må omarbeides?**
Mye kan tyde på det. Både Fylkeskommunens krav om reguleringsplan og opplysninger om at veien som var planlagt over innmarka på bnr.5 (plan som ble avvist av kommunen og senere av arkeologiske funn) skulle «lette trykket» fra økt trafikk fra bnr. 2 på kommumeveien.

**Er mitt forslag i brev av 07.12.2011 m/vedlegg til Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, blitt behandlet på en riktig måte i forhold til «saken Nærøykrysset»?**
Er svaret «ja», ber jeg vennligst få tilsendt dokumentasjon for at så er gjort.
Er svaret «nei», foreligger det etter min mening feil saksbehandling og dermed også et sviktende grunnlag for Kommunestyret til å ta en riktig og velfundert avgjørelse.

**Hvilken status har veien i Nærøyvalen og hvilken status vil denne veien ha etter en eventuell endring av Nærøykrysset?**
Veien ble i sin tid bygd som «postvei» fra Nærøy til Røyra. Etter at sambandet over Stridestraumen (Gjertnes) ble bygd, og senere rv. 654 over Straumsstraumen, har veien vært brukt som gårdsvei til bebyggelsen i Nærøyvalen. Siste offentlige bruk var slutt i 1961/62 som følge av at Nærøy Bedehus ble flyttet til Leine. Dersom Herøy kommune hevder «krav» på denne veistrekning, ber jeg opplyst begrunnelse for kravet. Mitt krav og ønske - og også fra de øvrige daglige brukere av veistrekkningen – er at veien fortsatt skal være gårdsvei slik den har fungert i minst 60 år.

Gjengedal v/Plan og Arkitektur, kom med forslag om å legge ny vei som nevnt over innmarka på bnr. 5. Dette ble avvist av politiske myndigheter og senere av arkeologiske funn. Gjengedal begrunnet sitt forslag med at eksisterende vei ikke kunne «kobles opp» mot en rundkjøring i en vei med høyere status. Er dette riktig? Er da den nå vedtatte rundkjøringen ulovlig?

Kan den snart 100 år gamle alleen og den – ingen vet hvor gammel - steinmur langs hagen til bolighuset på bnr. 5 være til hinder for gjennomføring av planen, og hvor planen viser at gårdsveien kan utvides i fortsettelsen?

**Hva med fremtidig utnytting/utbygging av innmarka på bnr. 12 og 1?**
Planlegger Aleksander Tarberg har fotalt meg at ombygging av kommuneveien med nød og neppe kan tilfredsstille trafikkøkningen fra bnr. 2. Jeg ønsker ikke å blande meg inn i eier av gnr. 24, bnr. 12 sine fremtidige disponeringer av egen eiendom, men vil han oppleve å bli innestengt ved tomteregulering av sin eiendom p.g.a. «plassmangel på adkomstveien» over bnr.2 - en løsning han har fortalt meg er blitt tilbudt?
Kan Statens Hamnevesen fullføre sine tidligere planer om en ytre molo i Leinevika og derved lette trykket på oss alle?

Jeg viser videre til innsendt forslag til Kommunen i forbindelse med pågående revisjon av Kommuneplanen i Herøy om min families ønske om deling og fremtidig utnyttelse av innmarka på bnr. 1.

**Hvilken status har innmarka på bnr. 5 og som <u>ikke</u> er en del av «Hundane Bustadfelt»?**
**Arealplan** for Herøy vedtatt i Kommunestyret **27.03.98** endret innmarka på bnr. 5 fra LNF-område (småbruk) til B (bustader). Jeg kan ikke huske at jeg noen gang har bedt om en slik endring. Heller ikke huske at Kommunen har underrettet meg om at en slik endring var ønskelig og ville komme. Jeg mottok planen i postkassa, - ferdig behandlet. Tar jeg feil i dette forholdet, ber jeg om at korrigeren blir dokumentert.
Er dette kommunalt tyveri av rettigheter og offentlig ran av mine verdier - med tap for meg og vinning for mine naboer? Som følge av denne endringen av eiendommens status, har altså Fylkeskommunen krevd reguleringsplan.
Dessuten mener jeg myndighetene bør holde seg for gode til å bruke mine økonomiske verdier som betaling for goder for mine naboer.

Vedlagt følger en bekrivelse av hvordan min kone og jeg ønsker løst saken om tomta.
Er det spørsmål, kan jeg kontaktes på tlf. 944 88 061 eller 70 08 66 96.

Jeg ber om en snarlig avgjørelse i klagesaken om tomten, sak **jnr/kode 2013/1046.**

Vennlig hilsen

Gjert A. Nærø
under planlegging av min retrett som
eier av gnr. 24, bnr. 5 i Herøy

Vedlegg 1.

**VEDLEGG TIL KLAGE TIL FYLKESMANNEN DATERT 03.06.2013.**

**1. Det arealet som Fast utval plansaker 24.10.06 godkjente og vedtok skulle fradeles og bli en del av «Hundane Bustadfelt» i h.h.t. tomtedelingsplan datert 10.10.06 (Vedlegg 1), skal være det arealet som skal tilhøre boligfeltet.**
**2 Vi aksepterer at det lages en «passasje» mellom omsøkte tomt og gnr. 24, bnr. 68, noe Rådmannen i Herøy også har foreslått i sin innstilling til vedtak i MTK sitt møte 23.11.2012.**
**3 Vi foreslår at «passasjen» utmåles med en avstand fra søndre grensemerke på bnr. 68 og maximum 10 meter mot sørvest langs grensen til den etablerte lekeplassen, og maximum 10 meter fra samme grensemerke og østover langs grensa på den omsøkte tomta (Vedlegg 2).**
**4 Vi ønsker ikke at det skal opprettes noen permanent lekeplass med lekestativer, rutsjebaner, m.m. på dette området. Så vidt vi forstår, er det også liten interesse i boligfeltet for en lekeplass her. Jeg vil derfor heller skrive en erklæring om «barns rett til adgang og lek» på sørvestre delen av «Haugen» og da i tilknytning til «passasjen». Det blir da slik det har vært fra starten av og ser ingen grunn til at barna ikke skal benytte snarveier over «Haugen». En erklæring kan skrives ved fradeling av tomten eller når «Hundane Boligfelt blir overført til kommunen, noe som har vært planlagt fra starten av.**
**5 Hvorfor denne endringen? Som eiere av eiendommen - og representanter for vår familie -, ØNSKER VI IKKE å bli brukt som gissler og påtvunget en løsning som følge av det vi mener er feil saksbehandling, - gjennomført av offentlige myndigheter, deres ansatte og «godt hjulpet av medløpende håndlangere».**

**G.A.N. 03.06.2013**

Mottatt 31.05.13
HERØY KOMMUNE
Servicetorget
Pb 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 12/24 Sakbeh AGT 12/24
31 MAI 2013
Ark kode P L12
Ark kode S
J nr.
Dok nr 58
Kassasjon

Gjert A. Nærø,
6094 Leinøy

Dato: 31.05.2013

Fylkesmannen i Møre og Romsdal,
Fylkeshuset,
6400 MOLDE.

**FORELØPIG KLAGE PÅ VEDTAK I K-SAK 50/13 – HERØY KOMMUNE REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSET FV 18 -**

Jeg hadde bestemt meg for å avslutte saken om «Nærøykrysset» ved min kommentar av 06.12.2012 til Utviklingsavdelingen, etter at planene ble utlagt til «offentlig ettersyn».
Med min «stille retrett» ønsket jeg spare meg, og de av mine etterkommere som har valgt å slå seg ned i tilknytning til slektsgårdene, for mulige fremtidige ubehagelige konsekvenser som jeg antok ville måtte komme, dersom jeg fortsatte min rettferdige og rettmessige kamp for å beholde disposisjonsretten over familiens eiendommer.

Ved å ta til motmæle mot planene om nytt Nærøykryss, kunne jeg lett bli beskyldt for å ødelegge den **«fred som alltid har vore mellom naboane på Nærøynå».**
Hvem ønsker å bli beskyldt for å ødelegge en så langvarig nabofred? Og hvem ønsker å bære ansvaret for å ødelegge et naboforhold med mulige langvarige konsekvenser for seg og sine?

Etter at Kommunestyret fattet vedtak i K-sak 50/13, har jeg brukt tiden på å vurdere hva jeg skal gjøre. Skal jeg benytte meg av min rett til å påklage saken til Fylkesmannen? Eller skal stadige «rop om fred» styre meg, min familie og ellers mulige andre naboer i fortsettelsen?

**Jeg inngir herved foreløpig klage over Kommunestyret sitt vedtak i K-sak 50/13.**

Jeg ber om forståelse for at jeg trenger noe mer tid til å forme en endelig klage ettersom gjeldende tidsfrist utløper i dag. Jeg vil tro at resultatet vil være klart i begynnelsen av uke 23, dersom jeg ikke skulle bli unødig forstyrret i mitt forsett av tildragelser jeg ikke rår over.

Vennlig hilsen

Gjert A. Nærø,
eier av gnr. 24, bnr. 5 i Herøy

Tlf. 944 88 061

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Vedlegg nr. 2

Sak nr.................................

Gjert Abel Nærø

Nærøya
6094 LEINØY

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2012/24 | L12 | | UTV / AZT | 07.06.2013 |

## REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSET FV 18 - VEDK DYKKAR BREV AV 03.06.3013 – KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

Eg viser til dykkar brev, motteke 04.06.2013, vedk klage på kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan for Nærøykrysset FV18.

Ein minner om at frist for å klage over kommunestyret sitt vedtak blei sett til 31.05.2013.

**Dykkar klage er ikkje vurdert til å tilfredstille krava for handsaming etter forvaltningslova kap 6. Klagen er ikkje fremja innanfor den lovbestemte fristen for å klage over forvaltningsvedtak, jfr.fvl § 29**.

Grunna oversitting av klagefristen finn ikkje Utviklingsleiaren grunnlag for å ta opp dykkar klage til vidare behandling.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar

Adr. Pb. 274 6099 FOSNAVAG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Gjert Abel Nærø

Nærøy
6094 LEINØY

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2012/24 | L12 | | UTV / AZT | 31.05.2013 |

# REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSET FV 18 - VEDK DYKKAR BREV AV 31.05.2013

Viser til dykkar brev, motteke 31.05.2013, vedk kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan for deler av Fylkesveg 18 Nærøykrysset.

Utviklingsleiaren vurderer ikkje innhaldet i dykkar brev til å stette krava til ei formell klage over eit forvaltningsvedtak etter Forvaltningslova (fvl.) § 32.

*§ 32. (klagens adressat, form og innhold).*
*Erklæring om klage skal:*

*a) fremsettes for det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket; dersom muntlig klage er tillatt, skal erklæringen settes opp skriftlig av vedkommende forvaltningsorgan;*

*b)være undertegnet av klageren eller hans fullmektig eller være autentisert som fastsatt i forskrift, eller i medhold av forskrift, jf. § 15 a;*
*c)nevne det vedtak som det klages over, og om påkrevet gi opplysninger til bedømmelse av klagerett og av om klagefrist er overholdt;*
*d)nevne den endring som ønskes i det vedtak det klages over.*
*Erklæringene bør også nevne de grunner klagen støtter seg til.*
*Inneholder en erklæring om klage feil eller mangler, setter forvaltningsorganet en kort frist for rettelse eller utfylling.*
*Erklæring om klage kan fremsettes ved bruk av elektronisk kommunikasjon dersom det forvaltningsorganet som skal motta klagen, har lagt til rette for dette.*

Frist for klage over kommunestyret sitt vedtak er sett til **31.05.2013.**

Med helsing
Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar
*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer*

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar




## TEIKNFORKLARING

BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)
- Boligbebyggelse - frittliggende småhusbebyggelse

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 NR.2)
- Kjøreveg
- Fortau
- Gang/sykkelveg
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annen veggrunn - tekniske anlegg
- Annen veggrunn - grøntareal
- Kollektivholdeplass

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL §12-5 NR.5)
- Landbruksformål
- Friluftsformål

HENSYNSSONER (PBL §12-6)
- Båndlegging etter lov om kulturminner

Juridiske linjer og punkt
- Planens begrensning
- Formålsgrense
- Sikringsonegrense
- Båndlegginggrense nåværende
- Frisiktslinje
- Byggelinje
- Eiendomsgrense som skal oppheves
- Regulert senterlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert støttemur
- Målelinje/Avstandslinje
- Avkjørsel

**Eierform:**
o_ = Offentleg formål
f_ = Felles privat formål

**Kartopplysninger**
Kilde for basiskart: Geovekst AS
Dato for basiskart: Marts.2013
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
Høydegrunnlag: NN 1954

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge
Ekvidistanse 1 meter
Kartmålestokk 1:1000 (A2)
0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

ALTERNATIV 2
**DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3**
**NÆRØYKRYSSET - FV 18**
MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201266**
Forslagstiller: **Herøy kommune**
Kartprodusent: **AG Plan og Arkitektur AS**

| | Revisjon av plankart | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| A | | | |
| B | | | |
| C | | | |

| SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN | SAK | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| **Kommunestyrets vedtak:** | | | |
| 2. gongs behandling i Formannskapet | | | |
| Offentlig ettersyn fra 02.10.2012 til 14.12.2012. | | | |
| 1. gongs behandling i Formannskapet | 306/12 | 30.10.12 | AZT |
| Kunngjering av oppstart planarbeidet | | 30.11.11 | AZT |

| PLANEN UTARBEIDET AV: AG Plan og Arkitektur AS | PLANNR. | TEGNNR. | SAKSBEH. |
|---|---|---|---|
| | | | AZT |

**"DETALJPLAN FOR NÆRØYKRYSSET"**

| Planidentifikasjon: | Kartnr. i kartarkivskap nr. 1 | Eigengodkjent dato | Eigengodkjend av: |
|---|---|---|---|
| 201266 | L12 | xx.xx.2013 | Herøy kommunestyre |

**Områdeomtale/plangrense:**
I nord: Grensar til eller går dels inn på gnr. 24 bnr. 2, 6, 14, 27, 28, 62, 69, 71, 83, 87 og 89
I sør: Grensar til eller går dels inn på gnr. 24 bnr. 1 og 69
I aust: Grensar til eller går dels inn på gnr. 24 bnr. 2, 6, 12, 35 og 52
I vest: Grensar til eller går dels inn på gnr. 24 bnr. 1, 5, 6, 38, 81, 83 og 87

## §§ 1-3 GENERELT

### § 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE
Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

### § 2 - ANDRE BESTEMMINGAR
Føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

### § 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

### § 4 - REGULERINGSFØREMÅL
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)
- Bustader – frittliggjande småhus, FS

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)
- Køyreveg, V
- Fortau, F
- Gang-/sykkelveg, GS
- Gangveg, G
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Kollektivhaldeplass

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (PBL. § 12-5, nr. 3)
- Friluftsføremål
- Landbruksføremål

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)
- Frisikt (H140)

Bandleggingssone (PBL § 11-8 d, jf. § 12-6)
- Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

### § 5 - FELLESFØRESEGNER
**a.** Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene.

**b**. Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsomt som mogleg.

**c.** Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. TEK10.

**§ 6 – AREALBRUK**

**a.** I område merka "FS" kan det byggjast frittliggjande småhus – einebustad, eventuelt med sekundærhusvære (leilegheit).
Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midlertidige konstruksjonar innanfor områda som denne planen omfattar.

**b.** Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks BYA for dei enkelte delområda:
• FS - område: maksimum 30 %

BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m2 pr. bilplass. Oppgitt maksimum bebygd areal samsvarer med avgrensing vist ved byggjegrense.

**c.** Innanfor byggjeområde kan det oppførast pumpestasjonar, trafokioskar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

**§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)**

**1. Generelt:**
Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrense er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per husvære. Minimum ein (1) parkeringsplass skal byggjast i garasje eller carport. På situasjonsplan skal plassering av garasje/carport/parkeringsplass visast.

**2. Bustader – frittliggjande småhus (FS):**
**a.** I område merka "FS" skal bygningar ikkje ha større gesimshøgd enn 6,5 m og mønehøgd ikkje over 8,5 m. I område merka "FS" skal carportar/garasjar ikkje byggjast større enn 45 m2 grunnflate og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

Støyvurderinga som følgjer denne planen viser at ikkje utbygd bustadareal har støynivå i gul sone i hht T 1442/12. Før utbygging av bustadareal innan FS2 og FS4 skal det gjennomførast støyvurdering som fastlegg naudsynte tiltak for å sikre at minste utomhusareal (MUA) og bygning held støykrava etter T 1442/12, det vert vist til rekkjefølgjekravet om støytiltak i § 13.

**b.** Som del av søknad om tiltak skal det leggjast fram ein rapport som viser radonsituasjonen på byggetomta. Overstig radonmengda tillatne grenseverdiar skal avbøtande tiltak gjennomførast. Viser elles til generelle krav i TEK10.

**c.** Bustadområde FS1, FS2 og FS3 skal ha avkøyrsle/tilkomst via veg o_V3.
Bustadområde FS4 skal ha tilkomst/avkøyrsle til veg f_V8

## § 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

**a.** Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon tilpassa føresett arealbruk. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

**b.** Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

**c.** Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.

**d.** Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

**e.** Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

**f.** Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

**g.** Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

**h.** Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på privat bustadareal opparbeidast min. 20 m² areal eigna til leik pr. bueining. Areal mot veg skal vere inngjerda. Arealet skal gå fram av situasjonsplan.

## § 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr.2)

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

V1 – V5 er offentlege vegar
V6 – V8 er felles vegar for tilegrensande eigedomar.
F er offentleg fortau.
GS1 og GS2 er offentleg gang-/sykkelveg.
G er felles privat gangveg.
AVT og AVG er annan veggrunn tekniske anlegg og grøntstruktur for offentleg infrastruktur

I alle vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablar. Det vert tillate med nedsetting av kummar og oppføring av gatelys innanfor området som er avsett som annan veggrunn.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon. Mindre endringar i skråningsutslag som går ut over føremålet vil kunne skje som følgje av uforutsette forhold som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget. Areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det foremålet som tilliggande areal har.

Det skal takast omsyn til etablert allè ved utvinding av o_V3. Dersom vegen vert lagt i ny trase, skal det plantast ny allè langs den aktuelle vegstrekninga.

<u>Kollektivholdeplass:</u>

Eksisterande busslomme inngår i planforslaget. Innanfor formålet kan det opparbeidast busslommer. Desse skal planleggast og utformast i samråd med Statens Vegvesen. Prinsippa om universell utforming skal leggast til grunn. Det vert tillate med oppføring av busskur. Utforming av nye busskur skal tilpassast omgjevnadane og gjevast eit tiltalande estetisk og arkitektonisk uttrykk.

**§ 10 – LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (PBL. § 12-5, nr. 3)**
Friluftsføremål:
I friluftsområdet er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av området. Det kan leggjast skråningsareal til veg på friområdet.

Landbruksføremål:
Innanfor området som vist som landbruksføremål på plankartet, vert det tillate å nytte arealet til dyrkning av grønnsaker og annan matproduksjon. Deler av området må inngjerast og sikrast, slik at det ikkje kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, jfr. bandleggingssone H730.

**§ 11 – SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)**
Frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Det kan ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta i frisiktsonene.

**§ 12 – BANDLEGGINGSSONE (KULTURMINNE) (**PBL § 11-8 d, jf. § 12-6)
Bandleggingssone (H730):
Askeladden ID 158402. Automatisk freda kulturminne. Førhistorisk dyrkingslag.
Det kan ikkje utførast inngrep av noko slag innanfor området. Vidareføring av jordbruksaktivitet slik som den vert praktisert i dag kan tillatast. Tiltak som vil påvirke terrenget djupare enn 20 cm - til dømes bakkeplanering, pløying eller grøfting - er ikkje tillatt (jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 4). Arealet kan nyttast til fri leik.

**§ 13 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7, nr. 10)**

Gang-/sykkelveger, fortau og ny busslommer skal opparbeidast og ferdigstillast samtidig med kryssomlegginga. Veg f_G skal endrast til gangveg samtidig med kryssomlegginga.

Nødvendige støytiltak skal gjennomførast samtidig med bustadbygginga.

*Sist revidert 15.02.2013 - UTV*

Fosnavåg,

__________________
Arnulf Goksøyr
**Ordførar**

# HERØY KOMMUNE

# PLANOMTALE




# Detaljregulering for Nærøykrysset FV18

**Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, rev Februar 2013**

# Innhald


**1. Samandrag** ..... 5
**2. Nøkkelopplysningar** ..... 6
**3. Bakgrunn** ..... 6
3.1. Bakgrunn .....
3.2. Føremål med planen .....
3.3. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold .....
3.4. Vurdering i høve konsekvensutgreiing.....
**4. Planprosessen** ..... 6
4.1. Oppstartsmøte .....
4.2. Forvarsling .....
4.3. Medverknad.....
4.4. Endringar etter offentleg ettersyn.....
**5. Planstatus og overordna rammer** ..... 7
5.1. Kommuneplan .....
5.2. Gjeldande reguleringsplanar .....
5.3. Temaplanar .....
5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar .....
**6. Skildring av planområdet** ..... 8
6.1. Lokalisering .....
6.2. Dagens arealbruk .....
6.3. Staden sin karakter .....
6.4. Landskap .....
6.5. Kulturminne og kulturmiljø .....
6.6. Naturmangfald.....
6.7. Landbruk .....
6.8. Trafikkforhold .....
6.9. Teknisk infrastruktur .....
6.10. Grunnforhold .....
6.11. Støy .....
6.12. Luftforureining .....
6.13. Radon.....
**7. Skildring av planforslaget** .....17
7.1. Planlagt arealbruk .....
7.2. Arealformål .....
7.3. Arealstorleik.....
7.4. Gjennomgang av arealformål og løysingar .....
7.5 Alternativ 1 – dagens kryssløysing.....
7.6 Alternativ 2 - rundkøyring.....
7.7. Parkering.....
7.8. Tilknyting til infrastruktur.....
7.9. Universell utforming .....
7.10. Kulturminne .....
7.11 Estetikk i planområdet .....
7.12. Born og unge sine interesser .....
7.13. Renovasjon .....
7.14. Risiko og sårbarheit, ROS .....
**8. Verknader av planforslaget**..... 26
8.1 Trafikkløysing.....
8.2 Barn- og unge.....

8.3 Universell utforming……………………………………………………………………
8.4 Naturmangfald og biologisk mangfald……………………………………………….
8.5 Støy…………………………………………………………………………………
8.6 Kulturminne……………………………………………………………………….
8.7. Krav om nærmare utgreiing .......................................................................................
8.8. Økonomiske konsekvensar for kommunen ..............................................................
**9. Innkomne innspel** ........................................................................................................ 27
9.1. Merknader .......................................................................................................................
**10.Avsluttande kommentar** ........................................................................................ 27
**11. Vedleggsliste**.....................................................................................................................29

# 1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan for å sikre utbetring av dei trafikale tilhøva langs fylkesveg 18, og for vegen vidare utover mot enden av Nærøya. Særskilt vil fokuset her vere på dei mjuke trafikantane i form av tilrettelegging av fortau, gangveg og ny busslomme på sørsida av FV18 mot Leinane. Tiltaket vert sett på som eit miljø og sikkerheitstiltak med håp om snarleg realisering.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. pbl § 12-3, i to alternativ:

Alternativ 1 – vidareføring av dagens kryssløysing

Alternativ 2 – planlagt rundkøyring i området

Området er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til bustader, fylkesveg (eksisterande), gang-/sykkelvegar (eksisterande) i tillegg til vedtekne regulerings- og bebyggelsesplanar. Grunnen i området er både i offentleg, kommunalt og i privat eige.

Planforslaget er tidlegare vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har ved oppstart av planarbeid og gjennomarbeid med utarbeidng av forslag til løysingar, konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at konsekvensanalyse og planprogram er naudsynt i denne saka. Ein viser elles til ROS-analysen som følgjer som ein del av denne planomtalen.

Tiltakshavar for prosjektet er Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga. I planarbeidet har kommunen nytta seg konsulentfirma AG Plan og Arkitektur for utarbeiding av plantekniske løysingar og forslag til planframlegg. Det samla planframlegget er førebudd for politisk handsaming av Utviklingsavdelinga.

## 2. Nøkkelopplysningar

| | |
|---|---|
| **Bygd:** | Nærøy / Leinøy |
| **Stad/adresse:** | 6094 Leinøy |
| **Gnr / bnr:** | Gnr 24 bnr |
| **Gjeldande planstatus:** | Leinevika fiskerihamn (RP19)<br>Buholmlina (RP20) |
| | |
| **Forslagstillar:** | Herøy kommune |
| **Grunneigar:** | Offentleg, kommunalt og privat |
| **Plankonsulent:** | Utviklingsavdelinga / AG Plan |
| | |
| **Eksisterande planstatus:** | Kommuneplan, reguleringsplan |
| **Planområde sitt areal (daa):** | Alternativ 1 – 19,92 daa<br>Alternativ 2 - 19,02 daa |
| **Aktuelle problemstillingar:** | Vegkryss, gangveg, kollektiv |
| | |
| **Kunngjering, dato:** | 02.11.2011 |
| **Varslingsdato berørte partar:** | 31.10.2011 |
| **Medverknad utover varsling:** | Møte med særskilde grupper |
| **Krav om konsekvensutgreiing:** | Nei |
| | |

# 3. Bakgrunn

### 3.1 Bakgrunn
Bakgrunnen for planarbeidet er at Herøy kommune ønskjer å sikre berekraftige løysingar for gåande og køyrande på Nærøya, og med dette bidra til å skape gode bustadområde i denne delen av kommunen.

### 3.2 Føremål med planen
Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan for å sikre utbetring av dei trafikale tilhøva langs fylkesvegen på Nærøya og langs den kommunale vegen mot enden av Nærøya. Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. pbl § 12-3.

### 3.3 Tilkakshavar, konsulent, eigarforhold
Grunnen i planområdet er i hovudsak offentleg/kommunal. I tillegg inkluderar planområdet tar noko privat grunn til bustader (eksisterande) og felles avkøyrsler. Tiltakshavar og utførande plankonsulent er Herøy kommune. Ein har nytta Kåre Gjengedal v/ AG plan i arbeidet med utforming av forslag til detaljplan.

### 3.4 Vurdering i høve konsekvensutgreiing
Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

# 4. Planprosessen

### 4.1. Oppstartsmøte
Det er ikkje halde formelt oppstartsmøte sidan kommunen er tiltakshavar og står for planarbeidet. Ein har tidlegare drøfta planavgrensing og løysingar og medverknad.

### 4.2. Forvarsling
Det blei varsla oppstart av planarbeidet, ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til berørte partar 31.10.2011, med frist for å kome med innspel sett til 14.12.2011. Det kom
inn 8 merknader/innspel, viser elles til punkt 8 i planomtalen.

### 4.3. Medverknad

Det blei forsøkt halde samrådingsmøte 2.2.2012 på Herøy rådhus v/ planleggar. Eldrerådet, Ungdomsrådet, Barnerepresentant og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne var innkalla. Ingen av gruppene møtte til det varsla møtet.

### 4.4 Endringar etter offentleg ettersyn

Som eit resultat av offentleg ettersyn og ut i frå ei planfagleg vurdering har ein valt å arbeide vidare med alternativet med rundkøyring. Dette vert alternativet vert fremja til politisk behandling. Endringane som er gjennomført etter offentleg ettersyn er nemnt under punktet avsluttande vurderingar og i saksframlegget til politisk behandling.

## 5. Planstatus og rammer

### 5.1 Kommuneplan

Planområdet er i kommuneplanen sin arealdel (godkjend 2004) lagt ut til bustader, fylkesveg (eksisterande), gang-/sykkelvegar (eksisterande) og vedtekne regulerings- og bebyggelsesplanar.




***Utsnitt av kommuneplanens arealdel (2004) for Nærøya***

### 5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Delar av planområdet er tidlegare regulert. Følgjande godkjende reguleringsplaner blir derfor delvis omregulert: Leinevika fiskerihamn (RP19) Buholmlina (RP20)

Elles grensar planområdet til følgjande reguleringsplanar som er under utarbeiding:
- Reguleringsplan for bustadområde på Nærøya (Volfram / Rambøll )

### 5.3. Temaplanar

Ingen kjende temaplanar.

### 5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

RPR for samordna areal- og transportplanlegging:
Utbygginga som er planlagt er i hovudsak i tråd med retningslinjene for å oppnå samordna areal og transportplanlegging. Retningslinjene går i hovudsak ut på å få ein mest mulig effektiv, trygg og miljøvennlig transport, slik at transportbehovet vert avgrensa.

RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga:
Konkret er det spesielt pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming som vil vere aktuell i denne
plansaka.

*"Følgjande skal visast spesiell merksemd:*
*a. Areal og trafikkanlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy og trafikkfare.*
*b. I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:*
*- Er store nok og eigner seg for leik og opphald*
*- gir muligheiter for ulike typar leik på ulike årstider*
*- kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne.*

Nasjonal transportplan:
Det overordna målet for regjeringa sin transportpolitikk er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg og sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekkje samfunnet sine behov for transport og fremjar regional utvikling. Regjeringa legg vekt på å balansere dei fire innsatsområda; framkomst og regional utvikling, transporttryggleik, miljø og universell utforming på ein god måte.

## 6. Skildring av planområdet

### 6.1. Lokalisering

Planområdet ligg på Nærøya i Herøy kommune, ei øy som ligg mellom Leinøya og Bergsøya. Frå Nærøykrysset er det om lag 4,5 km til Fosnavåg sentrum, og under 1 km til Einedalen skule – som vart teken i bruk januar 2010.

Planområdet omfattar kryssområdet på Nærøya. Det er tatt med nødvendig areal i

armane i krysset ved å ta med areal sørover i retning Einedalen skule. Vidare har ein tatt med areal austover mot Leine. I tillegg inkluderer planen del av kommunal veg vidare i retning nordvest – enden av Nærøya.



Fosnavåg sentrum Planområdet Indre Leine

**6.2. Dagens arealbruk**

Eksisterande busetnad ligg i hovudsak langs vegareal på Nærøya. Deler av eksisterande tilgrensande bustadeigedommar inngår i planområdet. Det ikkje utbygde arealet, langs tilgrensande vegareal, består av bustadareal, overflatedyrka jord, innmarksbeite, jorddekt fastmark og område med skog.






I området er det allereie etablerte einebustader, orientert langs vegsystemet på Leinane. Det er i dag utbygd gang- og sykkelveg frå Einedalen skule / buholmen til gamle Leine skule.

Bilete viser at hovudtyngda av bebyggelsen er etablert nord for dagens kryss. Pågåande reguleringsplanar legg til rette for ei auka bustadbygging nord for planområdet. Det er per i dag ikkje etablert gangsystem frå krysset og nordover mot Nærøya.



Bilete viser dagens vegsystem, med gang- og sykkelveg og einebustader orientert langs vegareala. Området har i dag eit differensiert trafikksystem, der gang- og sykkelvegen er fysisk avskilt frå køyrebana i form av grøfteareal.

Landskapet i området er kuppert, kystlandskap med innslag av planta skog (sitkagran).



## 6.3 Staden sin karakter

Området ber i dag preg av å vere eit vel etablert bustadområde med innslag av einebustader frå varierande tidsepokar.
Ein finn pr i dag ikkje eit utprega arkitektonisk særpreg som kan karakterisere ein fellesnemnar for bustadane i området. Her er det innslag av einebustader med stilartar frå ulike arkitektoniske tidsepokar.



Området ber også preg av tidlegare landbruksaktivitet i form av enkelte driftsbygningar (løer). Dette har mest truleg samanheng med tidlegare kombinasjonsbruk i primærnæringa for dei som har vore busett i dette området. Ein finn at det langs sjøareala i nærleiken er innslag av naust og at det i tilknytning til enkelte eigedomar (større) og innmarka viser spor av landbruk i form av eldre løer.

## 6.4 Landskap

Landskapet er avdelt av dei allereie etablerte vegareala som dannar grenser mellom sjø og innmark. I Nærøykrysset er det også etablert eit større offentleg trafikkareal, som i dag vert nytta til parkering (lomme).



Slik det går fram av bileta ligg dei etablerte einebustadane konsentrert rundt høgda nord for planområdet. Dagens vegareal ligg noko lågare enn bebyggelsen og dannar landskapsromet for sjølve krysset. Det er i dag etablert kollektivknutepunkt i området i form av busshaldeplass. Terrenget ligg godt til rette for veg, med store delar av

arealet innanfor hallingsvinklar som gir gode moglegheiter for vidare utvikling av vegnettet.

## 6.5 Kulturminne og kulturmiljø

Så langt ein kjenner til er det ikkje registrerte SEFRAK-registreringar i det aktuelle planområdet.

Det er gjennomført ei arkeologisk registrering for området etter krav frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Registreringa vart utført i april 2012. Det vart påvist eit automatisk freda kulturminne, som har utstrekning som vist på kartutsnitt under:




Figur 27: Lokalitetsskisse over Askeladden ID 156857, Lok 1 Nærøykrysset.

**Kartutsnitt kulturminne – MRfylke**

Kulturminnet består av eit fossilt dyrkingslag, datert innanfor 1740-1680 f. Kr (overgongen yngre steinalder til bronsealder). I pløyelaget er det påvist slåtte steinartefakter, truleg frå ein noko eldre buplass.. Med til lokaliteten høyrer etter § 6 i kulturminnelova ei sikringssone på 5 meter som ikkje er markert på kartvedlegget. Lokaliteten er å rekne som eit automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova §§ 3 og 4. Herøy kommune har motteke brev frå MRfylke, men har ikkje motteke rapport frå arbeidet med gransking /registrering av kulturminne.

Det aktuelle kulturminne er registrert på eit større samanhengande området (dyrka mark) som i dag ikkje har bebyggelse. Dette er arealet er i dag avgrensa av eksisterande vegareal (gamle innfartsveg til Fosnavåg), parkeringsplass og bustadveg til allereie etablerte tomter i området.

## 6.6 Naturmangfald

Ein har vurdert planområdet opp mot prinsippa i naturmangfaldslova og i høve

Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.




Så langt ein kan sjå er ikkje planforslaget i konflikt med prioriterte artar, utvaltenaturtyper eller områder med særskilt sårbare økosystem.

Ein kan nemne at planforslaget ligg i grensa mot ei naturtype, som etter DNs handbøker, er klassifisertsom nasjonalt og regionalt viktig. I denne delen av plan legg planforslaget til rette for vegføremål (bustadveg) med utgangspunkt i eksisterande veg, samt ei buffersone med LNF (PBL § 12-5, nr 3) med underføremålet «friluftslivsføremål» mot sjø. ROS- analysa avdekkjer også at planforslaget er innanfor 100-metersbeltet mot sjø. I forhold til strandsona er områda FS2 regulert med byggjegrenser. Ein viser vidare til vurderingane som er gjennomført i ROS-analysa.

## 6.7 Landbruk

Bortsett frå dei etablerte driftsbygningane som i dag viser igjen i landskapet, har ein ikkje registeret landbruksaktivitet innanfor planområdet.




Database frå gardskart – skogoglandskap – viser at det innanfor planområdet er innslag av overflatedyrka jord.

### 6.8 Trafikkforhold

Det er i dag både kommunale, private og fylkeskommunale vegareal innanfor planområdet.




= Fylkesveg

= Gang- og sykkelveg

= Kommunal veg

= Privat veg

Fylkesveg 18 går gjennom planområdet frå sør og vidare austover mot Leine. I krysset går det kommunal / offentleg veg til enden av Nærøya. Offentleg gang-/sykkelveg er opparbeida. Til bustadhusa i området går det private tilkomstvegar.
Fv18 har i dag trafikk tilsvarande ÅDT 1900, jf nasjonal veidatabank. I hht handbok 017 kjem fylkesvegen inn under vegklasse S1.

### 6.9 Teknisk infrastruktur



Herøy vasslag BA sitt hovudnett for vassforsyning går i gjennom planområdet.

Kartutsnittet viser at trasè for leidningsanlegg (hovudnett), markert med grønt, er lagt i dagens etablerte gangveg, og langs den tidlegare innfartsvegen nordover på Nærøya.




**Kart frå Herøy vasslag BA** **Kart frå Relacom – kabelpåvisning**

Kabelpåvisning frå Realcom viser at det innanfor og i grensa til planområdet ligg kablar knytt til tele.

## 6.10 Grunnforhold og geologi




Berggrunnen i planområdet består av amfibolitt/glimmerskifer og gneis / migmatitt.

Kvartærgeologiske kart viser at planområdet ligg innanfor eit området med Marin strandavsetning.

## 6.11 Støy

Utgangspunktet for støyberekningar kring FV18 er trafikkdata frå den nasjonale vegdatabasen. Den viser ÅDT 1900 og med 10 %. Desse tala vert framskrivne i hht gjeldande regelverk og berekna ut frå ein matematisk modell. Herøy kommune har engasjert konsulentselskapet Sweco AS, som har stått for støyberekningar og vurderingar.

Støyen er vurdert etter vegvesenets policy-dokument for etterleving av planretningslinje T-1442. Utbetringa av Nærøykrysset er vurdert av oppdragsgjevar til å vera eit reint miljø- og sikkerheitstiltak. Ingen bustader overskrider støygrensa Lden = 65 dB for verken A0 eller A1.

**Ingen bustader i støyområdet mellom Lden = 55 dB og Lden = 65 dB får auka støyen med meir enn 3 dB. Ingen støytiltak er naudsynt. Der er laga støysonekart for A0 og A1.**




*Figur 3. Støysonekart i høgde 4m over terreng for prognoseåret 2032 for A0.*




*Figur 4. Støysonekart i høgde 4m over terreng for prognoseåret 2032 for A1.*

## 6.12. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining.

## 6.13 Radon

Kart frå NGU viser at det ikkje er registrert førekomstar av Radon i det aktuelle planområde.




# 7. Skildring av planforslaget

## 7.1 Planlagt arealbruk

Målet med planforslaget er å utbetre dei trafikale tilhøva langs fylkesveg 18. Arealbruken i planen er difor knytt til vegføremål og dei arealfunksjonane som høyrer til. Her er det meint køyreveg, anna veggrunn, parkering, gang- og sykkelveg, busslomme, fortau m.m Det er også tatt med del av tilgrensande eksisterande bustadareal, markert som FS- frittliggjande bustadareal. Planforslaget vert fremja i 2 alterantiv

## 7.2 Arealføremål

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader – frittliggjande småhus, FS

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, V
- Fortau, F
- Gang-/sykkelveg, GS
- Gangveg, G
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (PBL. § 12-5, nr. 3)

- Friluftsføremål

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)
- Frisikt (H140)

Infrastruktursone (PBL § 11-8 b, jf. § 12-6)
- Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430)

Faresone

## 7.3 Arealstorleik

***Reguleringsplan-Begyggelse og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)***

- Boligbebyggelse - frittliggende småhusbebyggelse (2465 m2)

***Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)***

- Kjøreveg (5099 m2)
- Fortau (669 m2)
- Gang/sykkelveg (1155 m2)
- Gangveg/gangareal/gågate (53 m2)
- Annen veggrunn - tekniske anlegg (4790 m2)
- Annen veggrunn - grøntareal (847 m2)
- Kollektivholdeplass (280 m2)

***Reguleringsplan- Landbruks-, natur og friluftsområder samt reindrift (PBL2008 §12-5 NR.5)***

- Landbruksformål (3376 m2)
- Friluftsformål (164 m2)

***Reguleringsplan-Hensynsoner (PBL2008 §12-6)***

- Båndlegging etter lov om kulturminner (1270 m2)

## 7.4 Gjennomgang av arealformål og løysingar

Frittliggjande småhus (FS):
Planforslaget legg til rette for eit område med frittliggjande småhus (FS). I dette arealet inngår det i hovudsak allereie etablert bebyggelse



**Bilete syner eksisterande bustadhus som inngår i FS- området.**

Utnyttingsgrad for dette området er sett til maks %BYA = 30 %. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med.

I forhold til høgde, ska bygningane ha ei gesims- og mønehøgd innan ramma til plan- og bygningslova. Ved val av takvinkel, skal ein ta omsyn til kringliggjande bustadhus. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

Når det gjeld støy, er det for bustadbygging på «nye» tomter, sett krav om nærmare utgreiing av støysituasjonen og då opp mot naudsynte tiltak for å sikre at utomhusareal og innemiljø har eit støynivå som er tilfredstillande i høve krava til T1442 for nye bygg.

Byggjegrensa for FS- området er sett til 10 meter frå formålslinja "annan veggrunn" i nord, og 25 meter frå senterlinja til Fylkesveg 18 i vest. Området er får her regulert tilkomst frå fylkesvegen gjennom felles privat veg f_V4. Ein viser elles til detaljar på plankartet og forslag til føresegner for området.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)

Fylkesveg 18:

Fylkesvegen er gitt vegstandard etter klasse S1 (ÅDT 0-4000): samla vegbreidd 6,5 meter med køyrefelt 2,75 m og med 0,5 m på båe sider til skulderareal. I tillegg kjem breiddeutviding i hht handbok 017, samt minimum 3,0 m til grøft/snøopplag på gangveg side. På vestsida av fylkesvegen, retning mot Nærøykrysset, er det gitt ei breidde på 6,0 meter til grøfteareal/snøopplag/sikkerheitssone i samsvar med krav frå vegvesenet.

**Figur 1. Fylkesveg 18 (S1) med gang-/ sykkelveg - Normalprofil**




o V1 (samleveg):

Køyrevegen er 5,75 meter brei, inkl. 50 cm skulder på vestsida og 25 cm asfalter skulder mot kantstein/fortauet på austsida . I tillegg kjem breiddeutviding og 1,5 m grøfteareal/snøopplag på båe sider. Fortau og gang/sykkelveg er gitt breidd 3,5 meter (3,0 m asfalt og 2x0,25 m skulder)

**Figur 2. o V1 (samleveg) – Normalprofil**




Utforming av vegane:
Fylkesvegen sin dimensjon er i samsvar med handbok 017 og såleis tilpassa vegen si trafikkmengd og sin bruk. Kommunale vegar er i samsvar med kommunale krav til vegstandard slik anleggs- og driftsavdelinga har definert det. Det er teke omsyn til breiddeutviding. Dimensjonerande køyrefart er 60 km/t på fv-en, jf. krav til fri sikt mv. Dim. køyrefart på kommunale vegar er 50 km/t. Aust for fylkesvegen er det tatt med areal for ny busslomme. Den eksisterande busslomma nord for fylkesvegen er òg tatt med i planframlegget, slik at det er busslommer i begge trafikkretningar.

Fortau (F)
Langs kommunal veg vidare mot enden av Nærøya er det i planen tatt med areal til fortau, med ei breidde på 3,0 meter.

Gang- og sykkelveg (GS)
Eksisterande gang-/sykkelveg langs fylkesveg 18 inngår i planframlegget. GS-vegane er gitt ei breidde på 3,5 meter (3,0 m asfalt + 0,5 m skulder), unntaket er 3,0 meter ved busslomme.

Parkeringsplass (P)
Nord for dagens Nærøykryss er det planlagt eit parkeringsareal. Området er tenkt som offentleg parkeringsareal – opent for alle. Arealet er skilt mellom veg areal via anna veggrunn.

Annan veggrunn:
I planforslaget inngår naudsynt areal til grøfting og snøopplag, vist som annan veggrunn.

Busslommer
Planforslaget legg til rette for 2 busslommer langs FV18, der ein av desse er tenkt som nytt kollektivareal (av og påstigning buss). Etter vår vurdering er denne lomma stategisk plassert i høve eksisterande mengde av bustadareal, og sett i høve fortauløysingane vil dette gje grunnlag for trygg ferdsel for mjuke trafikantar. Ein vurderer at desse løysingane vil kunne betre dei lokale tilhøva for mjuke trafikantar.

Landbruks-, natur og friluftsføremål (PBL § 12-5, nr. 3)

Friluftsføremål

Tilgrensande areal til V3 som grensar mot sjøen er vist som friluftsområde i planframlegget. Dette grunna lokalisering i strandsona og i høve gjeldande kommuneplan.

Landbruk
Innanfor området er det avsett eit areal til landbruksføremål etter dialog med grunneigar. Området er bandlagt etter kulturminnelova, som følgje av arkeologiske registreringar. Det er knytt føresegner / restriksjonar, knytt til særskild bruke av området innanfor omsynssonene. Grunneigar får her høve til normal skjøtsel og beite av arealet til landbruksføremål. Det vert også gjeve høve til å nytte arealet til avgrensa jordbruksføremål (dyrking).

Sikringssone (PBL § 11.8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

Infrastruktursone (PBL § 11.8 a.1, jf. § 12-6), rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430)
Gang-/sykkelveger, fortau og ny busslommer skal opparbeidast og ferdigstillast samtidig med kryssomlegginga. Veg f_G skal endrast til gangveg samtidig med kryssomlegginga.

Utgangspunkt for val av kryssløysing
Trafikkgrunnlaget på fv18 er i dag ca 1900 rekna som ÅDT. Trafikken frå Nærøya skuldast i hovudsak trafikk frå vel 20 bustadhus. Dersom alt areal som er lagt ut som eksisterande og framtidig bustadareal i gjeldande kommuneplan på Nærøya vert utnytta, ca 60 daa, vil dette kunne tilsvare ca 60 bueiningar med ein døgntrafikk på ca 300 ÅDT. Verksemda i området dreiv tidlegare med røyking av fisk. I dag er verksemda registrert som eit industribygg med ukjent aktivitet. Trafikken verksemda skaper er, så langt vi kjenner til, såleis liten. I vurderinga av kryssløysing vil følgjande tal vere relevante: Trafikk på fv18: ÅDT 2300 (med 2 % vekst i 10 år) Trafikk på vegen på Nærøya: ÅDT ca 350 (ferdig utbygde bustadareal, ca 60 daa).

**7.5. Alternativ 1 – dagens kryssløysing**

I gjeldande reguleringsplan er det vist ei løysing med T-kryss. Denne løysinga er ikkje realisert / utbygd. Etter handbok 017 er dette ei løysing som kan nyttast for denne type veg med den trafikken som faktisk er på fylkesvegen. Ulempa med T-krysset vil vere at køyremåten langs fv-en kan synest feil. Køyrande frå sør ser ein veg som held fram i rett strekning med om lag same vegstandard som hovudvegen, men skal svinge 90 grader austover. Når det gjeld vikeplikt vil køyrande frå aust langs fv-en ha vikeplikt for køyrande frå Nærøya, dette vert feil i høve trafikkmønster og forkøyrsrettar i høve vegklasse og trafikksystem.  Ei løysing med T-kryss har også vore handsama politisk i formannskapet, der planutvalet ikkje kunne finne godta ei slik løysing, med dei ulempene dette ville har medført i høve køyremønster og vikeplikt.

Alternativ 1 vil seie ei vidareføring av dagens kryss, dvs slik som krysset i dag framstår, men med tilhøyrande fortau, busslomme og gang- og sykkelveg på nordsida. Tiltaket vil gi ny tilkomst til bustadane i vest, samt tilrettelegging av ein større parkeringsplass i området.



**Kartutsnitt – alternativ 1 – vidareføring av dagens kryssløysing**

**7.6. Alternativ 2 – rundkøyring**

<u>Alternativ II - rundkøyring</u>
Rundkøyring er i prinsippet sikraste form for kryssløysing og har slik sett fordelar framfor den skissert løysinga i alterantiv 1alterantiv I T-kryss.Vegen her er ein S1 veg (stamveg og hovudveg) med ÅDT 0-4000. Ut frå handbok 017 bør rundkøyring her ha ein diameter på 35 meter. Løysing med rundkøyring medfører vesentleg større kostnad enn oppgradering av T-krysset. Med rundkøyring må heile rundkøyringa og tilgrensande vegar hevast for å få til gode fallforhold og samanknytingar. Busslommen nord om fv-en vil kunne la seg innpasse. Gang-/sykkelvegen aust om krysset vil som følgje av hevinga måtte flyttast noko lenger frå krysset. Inngrepa i tilstøytande eigedomar vert meir omfattande. Løysinga medfører vesentleg meir erverv av trafikkareal og inngrep i privat eigedom i kryssområdet, høgdejustering av tilgrensande vegar og noko flytting av eks gang-/sykkelveg på sør/aust sida.




**Kartutsnitt – Alternativ 2 - Planlagt rundkøyring i området**

**7.7.Parkering**
Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL.

**7.8. Tilknyting til infrastruktur**
Det er i planframlegget ikkje sett av areal til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Men det er i føresegnene opna for at det innanfor byggjeområda kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til slikt føremål. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

**7.9. Universell utforming**
Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen. Så langt det passar bør vidare formings- /funksjonskrava i TEK10 (Universell utforming) nyttast.

Denne planen omfattar få bustadtomter, men alle kan byggjast ut med universell standard.

Gangvegen langs fv18 er oppretthalden slik den ligg i dag. Ved utbetring av krysset vil kryssing kunne føregå med stigningsforhold etter universelle krav. Fortauet på vegen ut over Nærøya har 3 m`s breidd. Stigningskrava følgjer vegstandarden (Sa1) sine krav.

**7.10. Kulturminne**




Registrert kulturminne vert ivareteke gjennom bandleggingssone (kulturminne) etter PBL § 11-8 d, jf § 12-6. Avgrensing er avklart med MRfylke. Funna er henta ut frå askeladden og det er lagt inn sikringssone på + 5 meter i høve rapport. Bandleggingssone H730 er vist på plankartet, og skal ta omsyn til Askeladden ID 158402. Automatisk freda kulturminne – førhistorisk dyrkningslag. Det er i føresegene sett vilkår om at det ikkje kan utførast inngrep av noko slag innanfor området.

**Utsnitt av plankart – kulturminne**

Vidareføring av jordbruksaktivitet slik som den har vore praktisert i dag kan tillatast. Tiltak som vil påverke terrenget djuparen enn 20 cm – t.d bakkeplanering, pløying eller grøfting – er ikkje tillate. Arealet kan nyttast til fri leik.

### 7.11. Estetikk i planområdet

Det er i planområdet i all hovudsak bygd frittliggjande småhus. Det er viktig at nye bygg får ei god terrengtilpassing ut frå omsynet til god arkitektonisk utforming, visuell kvalitet og sikkerheit. Dei nye vegane er søkt lagt etter terrenget. Kryssutbetringa for fv 18 skal så langt råd følgje noverande vegnivå. Det vert lagt til grunn at skråningsareal vert sådd til med stadeigen vegetasjon, dette for å dempe dei visuelle verknadane av tiltaket.


**3D- illustrasjon av noverande situasjon**

**7.12. Born og unge sine interesser**
Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon. Planen innheld omfattande betringstiltak for mjuke trafikantar i form av fortau og gang-/sykkelveg, betre tilrettelegging for bruk av kollektiv transport og betre forhold ved kryssing av fv18.

**7.13. Renovasjon**
Det er ikkje lagt til rette for felles oppsamlingspunkt (returpunkt) for avfall for bustadareala innan denne planen. Vi legg til grunn at dette vert innarbeidd i seinare planar som viser meir omfattande bustadbygging.

**7.14. Risiko og sårbarheit, ROS**
Som del av planprosessen har vi ikkje føreteke målingar v/ bruk av sporingsfilm. Radon er ikkje registrert som eit problem i Herøy tidlegare. Planen har nye område for bustadbygging – område FS. Vi har i føresegnene teke inn ei bestemming om at det før utbygging skal føretakast radonmåling. Resultatet skal leggast ved søknad om tiltak. Ein legg til grunn at sikring mot radongass vert gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk både kva gjeld gassperre og drenering (utjamning) av gasstrykket under bustadene. Vi har ikkje teke inn særskilde tiltak som vilkår i reguleringsplanen. Vi legg til grunn at resultatet av radonmåling før utbygging skal takast omsyn til ved ev kompenserande tiltak.

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja arealbruk. Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering

# 8. Verknader av planforslaget

### 8.1 Trafikkløysing

Løysingane i høve nytt kryss på Nærøya vert her lagt fram i to alternativ.

I alternativ 1; vil verknadane i høve trafikken i området vere små i høve dagens situasjon, då det her er tale om ei vidareføring av dagens køyremønster for området. Dette alternativet vil ha svært positive verknader for dei mjuke trafikantane i området, då det her vert lagt til rette for meir gang- og sykkelareal, samt fortau. Dette alternativet vil også medføre ei opprydding i krysset, der ein trekkjer tilkomsten frå vest lenger vekk frå krysset i nordleg retning, samt etablering av parkeringsplass. Dette alternativet vert sett på som eit miljø- og sikkerheitstiltakt med von om ei snarleg løysing.

I alternativ 2; vert det presentert ei løysing for krysset i form av ny rundkøyring. Rundkøyringa er dimensjonert for større køyretøy (vogntog) med tilhøyrande del øyar, overgangsfelt og gang/sykkelveg. Dette tiltaket er ei meir omfattande løysing, som vil krevje eit tyngre inngrep både i terrenget og i tilgrensande eigedomar. Gjennomføring / realisering av ei rundkøyring vil også vere meir kostbar enn vidareføring av dagens kryss. Med tanke på framtidig trafikkauke i området, samt sett i lys av den planlagde utviklinga av bustadfeltet i området, vil ei løysing med rundkøyring vere den mest framtidsretta løysinga for trafikkmønsteret. Rundkøyringa vil også vere det mest trafikksikre alternativet.

### 8.2 Barn- og unge

Slik ein vurderer planforslaget, med begge dei to alternativa, vil det her vere snakka om positive verknader for born og unge. Begge alternativa legg til rette for meir gang- og sykkelareal, slik at ein kan sikre betre trafikktryggleik. For alternativ 1, vil utfordringa vere å få til ei god løysing for kryssing av Fylkesvegen frå sør til aust. Einedalen skule (barneskule) er "storskulen" for barn- og unge i området, og det har difor vore eit av dei viktigaste momenta i planarbeidet, nettopp å prøve å sikre "god og trygg skuleveg" for borna i nærområdet. Det vert vidare lagt opp til kollektivhaldeplassar i form av busslommer, slik at ungdom eller eldre ungar kan få trygge og sikre haldeplassar for kollektivtransport til og frå sin skulekvardag.

Det er ikkje regulert inn leikeareal i planforslaget. Dette er føreset teke omsyn til i tilgrensande planar. Det næraste som kan fungere som leikeareal er området som er avsett til LNFR (landbruk) med omsynssone kulturminne. Her er det opna for at arealet kan nyttast til fri leik.

### 8.3 Universell utforming

Dersom ein vurderer dei to ulike alternativa i lys av kvarandre og i høve prinsippa om universell utforming, vil det kunne vere mogleg å få til universelt utforma løysingar i begge alternativa. Reguleringsføresegnene set krav om at tiltaka skal gjennomførast etter prinsippa om universell utforming, noko som gjeld for alle dei skisserte tiltaka innanfor planområdet.

Slik ein vurderer det, vil begge alternativa ha positive verknader i høve universell utforming.

### 8.4 Naturmangfald og biologisk mangfald
Ein har gjennomført undersøkingar i høve eksisterande kunnskap, i databasen til Direktoratet for naturforvaltning, samt at det også er gjennomført ROS- analyse.

Så langt ein kan sjå, vil ikkje planforslaget med dei to alternativa medføre negative konsekvensar for naturmangfaldet eller kome i konflikt med sårbart biologisk mangfald i området.

### 8.5. Støy
Støyvurderinga som følgjer denne planen er utført på bakgrunn av utbetring av vegkrysset på fv18 som eit miljø og sikringstiltak. Før utbygging av «ikkje utbygde tomter» innan FS-områda FS2 og FS4 er det sett krav om støyvurdering slik at naudsynte tiltak for desse nye bustader kan kome under Lden 55 dBA.

### 8.6. Kulturminne
Så langt ein kan sjå, vil tiltaket få positive verknader i høve kulturminne, då registrerte funn er teke omsyn til og innarbeidd i planforslaget.

### 8.7. Krav om nærmare utgreiing

Grunnundersøkingar
Før ei evt omlegging / utbygging av tiltak innanfor planområdet, må det gjerast evt grunnundersøkingar av utbyggjar. Store delar av området er pr i dag allereie utbygd, mens det framleis er områder som må utgreiast / undersøkast nærare før gjennomføring av tiltak.

Detaljprosjektering / tekniske planar:
Før evt utbygging av tiltak i området, må det utarbeidast tekniske vegprosjektering og detaljprofilar for veganlegga. Desse må avklarast med Statens vegvesen og Herøy kommune.

### 8.8. Økonomiske konsekvensar for kommunen
Det regulerte området hovudsakleg i offentleg/kommunalt eige. FS-område er i privat eige. Kommunen har innløysingsplikt i høve enkelte formål etter reglane i plan- og bygningslova.

## 9. Innkomne innspel

Sjå vedlegg for handsaming av innkomne merknader ved varsel om oppstart.

## 10. Avsluttande kommentar

Planframlegget gjeld i hovudsak utbetring av Nærøykrysset. Siktemålet er å etablere ein kryss-situasjon som betrar dei trafikale forholda for nærmiljøet og då særleg for mjuke trafikkantar. Løysinga vil også medverke til at køyrehastigheita går ned.

Tiltaket medfører utbetring av sjølve krysset, etablering av fortau langs vegen ut over Nærøya, etablering av busslommer, stenging av avkøyrsler inn mot krysset og etablering av ny vegtilkomst for areala vest om krysset.

Løysinga innanfor alternativ 1 vert sett på som eit miljø- og sikkerheitstiltak med sikte på snarleg realisering, då ein her tek sikte på å vidareføre dagens kryssløysing, med planlagt ny gang- og sykkelveg og fortau. Fokuset for dette alternativet er å forbetre dei trafikale tilhøve for Nærøykrysset og vidare utover nordover på Nærøya. Det er på denne måten eit fokus retta mot gang- og sykkelløysingar for dei mjuke trafikantane. Avgrensing og omfang av planarbeidet difor tilpassa som eit miljø og sikkerheitstiltak med von om ei snarleg løysing.

Løysinga innanfor alternativ 2, er eit meir omfattande tiltak og vil krevje ei ombygging av eksisterande vegkryss. Dette er vurdert til å vere ei meir framtidsretta løysinga i høve dagens- og framtidas trafikk i området.

**Endringar etter offentleg ettersyn**

Plankart:
Busslomma på nordsida av fylkesvegen er dimensjonert og utforma i samsvar med pkt. C. 3.7.2 i handbok 017. Leskuret er plassert rett ved påstigningsdøra til buss oppstilt i lomma, jamfør handbok 232.

Busslomma på sørsida av vegen er flytta og plassert på rettstrekninga frå rundkøyringa og sørover til avkøyringa til vegen oV4. Busslomma på sørsida av fylkesvegen er dimensjonert og utforma i samsvar med pkt. C. 3.7.2 i handbok 017. Leskuret er plassert rett ved påstigningsdøra til buss oppstilt i lomma, jamfør handbok 232.

Føresegner:
Støy- Føresegnene kring støy er endra etter dialog med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
Formuleringane i § 15 er flytta til § 7.2 og formuleringa § 7.2 a), siste setning er flytta til føresegna § 14. § 7.2 viser til rekkjefølgjekravet i § 14.

Annan veggrunn- Det er teke inn eit punkt i føresegnene etter innspel frå Statens vegvesen som seier følgjande: Mindre endringar i skråningsutslag som går ut over føremålet vil kunne skje som følgje av uforutsette forhold som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget. Areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det foremålet som tilliggande areal har.

Planomtale:
Nytt punkt 4.4 ”Endringar etter offentleg ettersyn” er teke inn i planomtalen med teksta: *”Som eit resultat av offentleg ettersyn og ut i frå ei planfagleg vurdering har ein valt å arbeide vidare med alternativet med rundkøyring. Dette vert alternativet vert fremja til politisk behandling. Endringane som er gjennomført etter offentleg ettersyn er nemnt under punktet avsluttande vurderingar og i saksframlegget til politisk behandling”.*

Planomtalen er oppdatert med ny arealtabell for alternativ med rundkøyring.

Endringane etter offentleg ettersyn er nemnt under punkt ”10. Avsluttande kommentar”

## 11. VEDLEGGSLISTE

1. Varsel om oppstart av planarbeid
2. Innkomne skriv til oppstart
3. Handsaming av innkomne skriv
4. Normalprofilar – vegformål
5. Sjekkliste ROS
6. Rapport frå arkeologisk registrering

**Gjert A. Nærø,**
**6094 Leinøy**

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 2012/ 24 Saksbeh AT
12 DES. 2011
Ark kode P Q12
Ark kode S
J nr Dok nr 1
Kassasjon

Dato: 07.12.2011

Herøy Kommune,
Utviklingsavdelina,
Postboks 274,
6099 Fosnavåg.

## DETALJREGULERING AV NÆRØYKRYSSET - FV 18

Jeg viser til Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, sitt skriv av 31.10.2011 der det er gitt høve til å komme med synspunkter på fremtidig løsning på Nærøy-krysset.

Hovedhensikten med en regulering av Nærøy-krysset må etter min mening være å få gjennomgangstrafikken til/fra Runde, Remøy og Leine bort fra selve Nærøy.
Jeg ønsker derfor å komme med følgende forslag:

Det bygges ny Fv. 18 med tunnel fra innerst i Leinevika og frem til et passe sted nordøst for gnr. 24, bnr. 29. Det som blir igjen av «gamle» Fv. 18 over Nærøy omgjøres til kommunevei og stenges ved bnr. 29. Det bygges gang-/sykkelvei gjennom tunnelen. Eksisterende gang-/sykkelvei legges over tunnelåpningen og fortsetter som tidligere frem til Eindalen skule/Rv. 654.

Jeg har tidligere ikke kommet med synspunkter om den pågående regulering av bnr. 2 til boligformål. Jeg har i utgangspunktet ikke villet «blande meg inn» i dette forholdet, men ønsker å gi uttrykk for følgende, om det nå kanskje er noe sent.
Mitt forslag er at det bygges oppsamlingsvei østover fra avkjøringa til «Hundane Bustadfelt», forbi bnr. 44 og bnr. 15, langs Leinevika over bnr. 12 og videre forbi bnr. 11 («Njardar»). Denne veien avsluttes i en rundkjøring i området ved den nye nordre tunnelåpningen.

Med en slik omlegging av Fv. 18 og ny «oppsamlingsvei» som skissert, vil Nærøy bli kvitt gjennomgangstrafikken både til/fra Runde, Remøy og Leine – og over/gjennom Nærøy. Nærøy vil kunne bli sett på som et samla bo område - uten gjennomgangstrafikk..

Vedlagt kartskisse som viser de foreslåtte løsningene.

Vennlig hilsen

Gjert A. Nærø

Telefon privat +47 70 08 66 96
Telefon mobil +47 944 88 061
gjert.abel.nero@mimer.no


Leinevika
24/15
Nerøy
"Oppsamlingsvei"
sbrua
Nerøy
Nerøyvalen
Tunnel
24/29
Straumane
Buholmen
Buholmvika
Herøy kommune
Grunnkart
Målestokk: 1:3 584
Dato 06.01.2011
100 m
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 6. desember 2012 12:17
**Til:** Arkiv
**Kopi:** Jarl Martin Møller
**Emne:** FW: DERES SAK 2012/24 - DETALJREGUSLERING AV NÆRØYKRYSSET FV 18 - HERØY KOMMUNE - OFFENTLIG ETTERSYN

**Fra:** Gjert A. Nærø [mailto:gjert.abel.nero@mimer.no]
**Sendt:** 6. desember 2012 11:04
**Til:** postmottak
**Emne:** DERES SAK 2012/24 - DETALJREGUSLERING AV NÆRØYKRYSSET FV 18 - HERØY KOMMUNE - OFFENTLIG ETTERSYN

Herøy Kommune,
Utviklingsavdelinga,
6099 FOSNAVÅG.

**DERES SAK 2012/24 -**
**DETALJREGULERING AV NÆRØYKRYSSET FV 18 - HERØY KOMMUNE- OFFENTLIG ETTERSYN**

Jeg har mottatt brev av 31.10.2012 fra Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, vedr. nevnte sak.

Først vil jeg takke for at Kommunen har kommet med andre forslag til løsninger for Nærøykrysset, enn det som opprinnelig ble pressentert.

Jeg har ikke de store motforestillinger hverken til Alternativ 1 eller Alternativ 2. Alternativ 2 (rundkjøringen) vil nok etter min mening kunne gi den beste trafikkale løsningen, men er opplyst skal være mer kostbar å bygge ut enn Alternativ 1.

Jeg har i tidligere uttalelser vedr. Nærøykrysset, gitt uttrykk for en løsning hvor gjennomgangstrafikken til/fra Runde/Remøy/Leine ledes bort fra Nærøy ved tunnel bak Skarhaugen. Mitt forslag står fortsatt ved lag og blir ikke mindre aktuellt ved forestående planlagte utbygginger på de nevnte steder - og også på Nærøy.

Etter min mening blir derfor valg av kryssløsning, egentlig et spørsmål om økonomi. Jeg tror nemlig at et krav om tunnel/vegutløsning bak Skarhaugen, vil fremtvinge seg selv ganske snart.

Vennlig hilsen

Gjert A. Nærø

No virus found in this message.
Checked by AVG - www.avg.com
Version: 2013.0.2793 / Virus Database: 2634/5939 - Release Date: 12/05/12

# HERØY KOMMUNE
**Utviklingsavdelinga**

# SAKSPROTOKOLL

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2012/24 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 74/13 | Formannskapet | 16.04.2013 |
| 50/13 | Kommunestyret | 25.04.2013 |

## DETALJREGULERING NÆRØYKRYSSET FV 18 - SLUTTBEHANDLING

**Tilråding:**

Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne **"Detaljregulering for Nærøykrysset FV18",** med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 15.02.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.

**Møtebehandling:**
Planleggar utv.avd. Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 16.04.2013**
Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne **"Detaljregulering for Nærøykrysset FV18",** med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 15.02.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.

**Møtebehandling:**
Planleggar frå utviklingsavdelinga Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 25.04.2013**
Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne **"Detaljregulering for Nærøykrysset FV18",** med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 15.02.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her

**Vedlegg:**

01 – Plankart, revidert 15.02.2013.
02 – Føresegner, revidert 15.02.2013
03 – Planomtale, revidert 15.02.2013
04 - F-sak 306/12 (Vedtak om offentleg ettersyn)
05 - Innspel ved offentleg ettersyn

Uprenta vedlegg:

- Vedlegg til planomtalen

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd forslag til detaljplan etter PBL § 12-3 for «Nærøykrysset FV18»

Varsel om oppstart av planarbeid blei kunngjort i Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider 31.10.2011. Formannskapet handsama forslaget den 30.10.2012 i F-sak 306/12, der det blei vedteke å leggje planforslaget lagt ut til offentleg ettersyn i 2 alternativ og samstundes sendt desse på høyring hjå dei regionale uttaleinstansane.

Vedtak om offentleg ettersyn har vore kunngjort i Vestlandsnytt og på kommune sine nettsider. Grunneigarar, naboar og andre interessentar har vore varsla i eige skriv. Eldrerådet handsama saka i møte den 26.11.2012, sak 33/12 og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne handsama saka 26.11.2012, sak 38/12. Saksprotokoll for desse møta er teke inn som innspel til planarbeidet. Gjennom høyringsperioden har dokumenta også vore tilgjengeleg i servicetorget på Herøy rådhus. Rådmannen viser til at innhaldet i sjølve planforslaget går fram av plankartet med tilhøyrande føresegner og planomtale med vedlegg.

Planforslaget er utforma som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL 2008) § 12-3. For ein nærare omtale av innhaldet og verknadane av planforslaget, viser rådmannen til dei skildringane og vurderingane som går fram av vedlegg 4 (F-sak 306/12 – vedtak om utlegging til offentleg ettersyn).

I samband med offentleg ettersyn / høyringsperioden har det kome inn totalt 10 innspel til planforslaget. Som eit resultat av offentleg ettersyn / høyringsperioden og basert på ei planfagleg vurdering; har ein valt å arbeide vidare med alternativet som inneheld rundkøyring for det aktuelle området.

Det er gjort følgjande endringar i planforslaget etter offentleg ettersyn:

Plankart:

Busslomma på nordsida av fylkesvegen er dimensjonert og utforma i samsvar med pkt. C. 3.7.2 i handbok 017. Leskuret er plassert rett ved påstigningsdøra til buss oppstilt i lomma, jamfør handbok 232.

Busslomma på sørsida av vegen er flytta og plassert på rettstrekninga frå rundkøyringa og sørover til avkøyringa til vegen oV4. Busslomma på sørsida av fylkesvegen er dimensjonert og utforma i samsvar med pkt. C. 3.7.2 i handbok 017. Leskuret er plassert rett ved påstigningsdøra til buss oppstilt i lomma, jamfør handbok 232.

I samband med endring av utforminga til busslomma nord om FV18, er det gjort justeringar i avkøyrsla f_V6, slik at denne no skal vere i samsvar med dei faglege krava frå Statens vegvesen til inn/utkøyring av FV18 i området.

Infrastruktursone (omsynssone) er teke ut av plankartet og erstatta med rekkjefølgjekrav i føresegnene.

Avkøyrsle f_V5 er endra frå felles privat til offentleg veg.

Føresegner:
Støy- Føresegnene kring støy er endra etter dialog med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Formuleringane i § 15 er flytta til § 7.2 og formuleringa § 7.2 a), siste setning er flytta til føresegna § 14. § 7.2 viser til rekkjefølgjekravet i § 14.

Annan veggrunn- Det er teke inn eit punkt i føresegnene etter innspel frå Statens vegvesen som seier følgjande: Mindre endringar i skråningsutslag som går ut over føremålet vil kunne skje som følgje av uforutsette forhold som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget. Areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det foremålet som tilliggande areal har.

Infrastruktursone og krav til gjennomføring av infrastrukturtiltak er erstatta med rekkjefølgjekrav i § 13.

Planomtale:
Nytt punkt 4.4 "Endringar etter offentleg ettersyn" er teke inn i planomtalen med teksta: *"Som eit resultat av offentleg ettersyn og ut i frå ei planfagleg vurdering har ein valt å arbeide vidare med alternativet med rundkøyring. Dette vert alternativet vert fremja til politisk behandling. Endringane som er gjennomført etter offentleg ettersyn er nemnt under punktet avsluttande vurderingar og i saksframlegget til politisk behandling".*

Planomtalen er oppdatert med ny arealtabell for alternativ med rundkøyring.

Endringane etter offentleg ettersyn er nemnt under punkt "10. Avsluttande kommentar"

-----------------------------------------------------------------------------------------------

Rådmannen vil i den påfølgande delen av saksframlegget presentere alle merknadane og innspela som har kome i samband med offentleg ettersyn. Her vil kvart enkelt innspel bli kommentert og gjort greie for i høve det planforslaget som tidlegare har vore presentert ved offentleg ettersyn / høyring:

## Vurdering

<u>Vurdering av innspel til planarbeidet:</u>

1. **Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 06.11.2012:**

NVE har ingen merknader til planforslaga for Nærøykrysset.

**Vår kommentar:**
*Innspelet frå NVE er teke til vitande.*

2. **Eldrerådet, 26.11.2012:**

Eldrerådet meinar at alternativet med rundkøyring er det beste.

**Vår kommentar:**
*Innspelet frå Eldrerådet er teke til vitande.*

3. **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF), 26.11.2012:**

RFF meinar at rundkøyring er det beste alternativet under føresetnad av at stigningsforholda vert tilfredstillande.

**Vår kommentar:**
*Innspelet frå RFF er teke til vitande. Rådmannen viser til at det er allereie lagt vekt på at prinsippa om universell utforming og tilgjenge skal leggast til grunn, i størst mogleg grad, for dei valte løysingane i planarbeidet.*

4. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR), 03.12.2012:**

Fylkesmannen kjem her med fråsegn til planarbeidet. Det vert vist til at føremålet med planarbeidet er å betre den trafikale situasjonen i Nærøykrysset, og at alternativ 2 (rundkøyring) vil ta høgde for forventa trafikkauke på strekninga. Fylkesmannen meiner dette alternativet er meir framtidsrette enn alternativ 1 (dagens situasjon). Det vert vist til at kommunen må rette opp reguleringsføresegene i høve støykrav og at det bør takast med eit rekkjefølgjekrav om at støytiltak skal vere gjennomført samstundes med at bustadane vert ferdigstilt. I høve omsyna til born og unge sine interesser, viser fylkesmannen til at alternativ 2 vil føre til ei betring kryssing av fylkesvegen enn alternativ 1.

Fylkesmannen rår til at kommunen går vidare med planalternativet med rundkøyring – alternativ 2.

**Vår kommentar:**
*Innspelet frå Fylkesmannen er teke til vitande. Rådmannen viser til at innspelet frå fylkesmannen i denne saka vert oppfatta som konstruktivt i innspel, sett i eit planfagleg perspektiv. Dei aktuelle føresegnene knytt støyvurderingar er no retta opp i planforslaget etter dialog med Fylkesmannen .*

5. **Gjert Abel Nærø, 06.12.2012:**

Har ikkje dei store motførestellingar til nokre av alternativa. Påpeikar at alternativ 2 (rundkøyring) vil gi den beste trafikale løysinga. Nærø har tidlegare gjeve uttrykk for ei løysing der gjennomgangstrafikken vert leia vekk frå Nærøya (tunnel bak Skarhaugen). Han viser til at han framleis ynskjer dette forslaget i forhold til den utbygginga som no skjer på Nærøya. Han viser til at val av kryssløysing eigentleg blir eit spørsmål om økonomi – og at løysinga bak Skarhaugen vil tvinge seg fram sjølv ganske snart.

**Vår kommentar:**

*Innspelet frå Gjert A. Nærø er teke til vitande. Når det gjeld forhold som vedkjem vegne utanfor plangrensa, er dette forhold som må avklarast på eit meir overordna nivå (som t.d kommuneplan). Innspelet frå Gjert A. Nærø kring desse forholda er kjent frå før og registert som innspel til rullering av kommuneplanen. Ei evt vegløysing bak Skarhaugen blir difor ikkje teke stilling til i dette planforslaget, men er teke med som innspel til rullering av kommuneplanen som no er under arbeid.*

6. **Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL), 10.12.2012:**

Landbrukskontoret har ut frå sine ansvarsområde ikkje spesielle innspel til detaljreguleringa.

**Vår kommentar:**

*Innspelet frå Landbrukskontoret er teke til vitande.*

7. **Møre og Romsdal fylkeskommune, 07.12.2012:**

Kartfesting av automatisk freda kulturminne og føresegna knytt til det er i tråd med våre innspel i drøftingar med kommunen i planprosessen. MRfylke har såleis ingen merknad på dette punktet. Fylkeskommunen vil elles rose ein godt oppstett og illustrert planomtale. Det vert påpeikt at strukturen er lett å forstå og illustrasjonane gjer planmateriale lettlest. Det er gjort gode vurderingar kring verknader av planen, og hovudskilnaden på dei to alternativa er godt framheva. MRfylke vil, slik Fylkesmannen, tilråd alternativ 2 (rundkøyring) grunna betre tryggleik for barn og unge. Utover dette har ikkje Fylkeskommunen merknader planalternativa.

**Vår kommentar:**

*Innspelet frå Møre og Romsdal fylkeskommune er teke til vitande.*

8. **Ragnvald Nærø (Volfram AS), 14.12.2012:**

Nærø viser til at ved val av forslag til løysing er det viktig å ta omsyn til trafikktryggleiken og framtidig trafikkutvikling. Frå deira side er det likevel viktigast å be om at det alternativet som blir valt, ikkje på nokon måte fører til at framdrifta for *"Reguleringsplan for bustadområde på Nærøy gnr 24/bnr2 m.fl."* blir utsett eller at

starttidspunktet for utbygging av det nye bustadområdet ikkje blir hindra som følgje av regulering av Nærøykrysset.

**Vår kommentar:**
*Rådmannen ser det som naturleg at ein ser desse to planane i samanheng med kvarandre, då dei har felles plangrense. Deler delar av innhaldet i dette planforslaget (fortau) skal også tene bustadområda i "Reguleringsplan for bustadområde på Nærøya gnr 24 bnr 2 m.fleire – Volfram)". Så langt ein kan sjå vil ikkje reguleringsplanen for Nærøykrysset vere til hinder for gjennomføring av Volfram AS sine planar for eit større bustadområde nord på Nærøya. Rådmannen understrekar likevel at behovet for oppgradering av infrastruktur må sjå sjåast i samanheng med desse planane, og i samanheng med tidlegare krav frå Statens vegvesen.*
*For Volfram AS sitt vedkomande, ser rådmannen det som naturleg at det vert teke nærare stilling til evt rekkjefølgjekrav for bustadområda i høve infrastruktur, gjennom handsaming av planforslaget: "Reguleringsplan for bustadområde på Nærøya gnr 24 bnr 2 m.fleire – Volfram"*

9. **Profit Partner AS, 13.12.2012:**

Viser til at deira tidligare innspel vedk 24/14, som ligg i nærleiken av planområda som vert rørt av reguleringsplanen for Nærøykrysset (Saksnr 2011/717), samt reguleringsplan frå Rambøll Norge AS, vedk bustadfelt lenger nord på Nærøya. Profit partner har tidlegare søkt dispensasjonssak for å bruke parsellen til bustad, men har fått avslag. Profit partner hevdar å ha blitt råda til å vente på reguleringsplanar som var i startfasen då dei fekk avslag på dispensasjons-søknaden.( ref saksnr 2010/1149). Profit partner hevdar dei no har venta på reguleringsplanen, men opplever at deira innspel ikkje blir teke i betraktning i dette arbeidet. På bakgrunn av dei innspel som er sendt i saka, finn dei at parsellen ikkje er blitt innlemma i planarbeidet med Nærøykrysset, slik vi registrerer eigedom SØ for eksisterande kryss nå er. Profit partner hevdar det bør vere velkjent for Utviklingsavdelinga at dei har arbeidd for å få denne parsellen godkjent til bustadføremål. Dei oppfordrar utviklingsavdelinga til å sjå på dette på nytt, og dermed sikre at heile området blir regulert no, for å kunne sikre ei god framdrift for utvikling av området. Dei ønskjer deira parsell (24/14) innlemma i reguleringsplanen, tilrettelagt til FS , ihht regler gitt i reguleringsføresegnene.

**Vår kommentar:**
*Rådmannen er kjend med deler av dei momenta som Profit partner her presenterer i sitt innspel, og kan stadfeste at frådeling av areal til bustadføremål har vore handsama i og gjeve avslag i Formannskapet ved eit tidlegare høve. Argumentasjonen som vart framført for å ikkje gi dispensasjon frå administrasjonen si side var at* Nærøya er i ein god utvikling på bustadfronten jfr. den nye reguleringsplanen for «Røykeriområdet». Ei slik sterk satsing som det er lagt opp til i nærområdet vil medføre at det vil vere viktig å framføre sikre løysingar for mjuke trafikantar. Konklusjonane frå administrasjonen si side har vore at det er viktig at nye tiltak langs kommunevegen ikkje vert til hinder for etablering av ein framtidig gang og sykkelveg i dette området. Administrasjonen har såleis ikkje kunne tilrå å imøtekome

ein evt. dispensasjon frå avstandskrava til kommunal veg slik det var søkt om i si tid. No når reguleringsplanen fastlegger rammer for den vidare utviklinga med omsyn til trafikkavvikling kan saka vedr. gnr 24 bnr 14 få si avklaring. Viktige element som må vurderast er om den omsøkte parsellen med omsyn til storleik, form og plassering er eigna for bebyggelse i det store og heile. Dette må fremjast som ei eiga sak etter reguleringsplanen vert godkjent.

*På Nærøya er det eit plankrav for bustadområdet, og at det difor skal utarbeidast reguleringsplanar før utvikling av området. Rådmannen viser til at formålet med denne reguleringsplanen er å betre dei trafikale tilhøva for Nærøykrysset. Noko som her omfattar rundkøyring, gangvegar / fortau og kollektivhaldeplass. Ein kan ut i frå dette grunnlaget ikkje sjå relevansen i argumentasjonen til Profit Partner AS om å få innlemma eigedom 24/14, då dette ikkje er formålet med dette planarbeidet.*
*Ei utviding av plangrensa vil i denne saka krevje nytt offentleg ettersyn og høyring. Rådmannen understrekar at parsellen til Profit Partner ikkje vore ein del av føresetnadane for oppstart av planarbeidet for Nærøykrysset. At andre eigedomar blir teke med planforslaget har direkte samanheng med samspelet mellom dei enkelte elementa i planforslaget, jfr. FS-område 4, der det vil vere behov for ei opprydding i avkøyrsel mot nord og regulering av felles tilkomst i sør.*

*Profit Partner AS kan på fritt grunnlag sjølv søkje om oppstart av planarbeid for sin parsell og kringliggjande areal på Nærøya – i tråd med overordna kommuneplan eller evt. fremje ein dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan.*

*Dersom ein vel å fremje ein ny reguleringsplan vil ein oppmode om felles planlegging for fleire eigedomar.*
*Ved ein slik søknad vil det vere eit krav om at tiltaket tek omsyn til plangrensene i dei pågåande planane og tilgrensande bustadeigedomar vert innlemma i eit evt planforslag, slik ein oppnår ei heilskapleg avklaring av arealbruken for dei resterande bustadareala på Nærøya.*

*Etter rådmannen sitt syn kan ein ikkje sjå at det ligg føre tungvegande argument for at denne parsellen bør innlemmast i dette planforslaget. Rådmannen vil til slutt understreke at ein er positiv til at Profit Partner AS kan søkje om oppstart av privat regulering (oppstartsmøte) for den aktuelle parsellen, under vilkår av at andre eigedomar vert teke med i planarbeidet, for å kunne oppnå ei avklaring av arealbruken for tilgrensande eigedomar.*

**10. Statens vegvesen, 14.12.2012:**

Statens vegvesen ser det som positivt at kommunen gjennom reguleringsplanlegging legg opp til å betre dei trafikale tilhøva i og ved Nærøykrysset. Som kjent vart det i høve til trafikktilhøva for mjuke trafikantar i og ved Nærøykrysset reist motsegn i brev av 4.2.2011 til *"Reguleringsplanframlegg for bustadområde på Nærøya gnr. 24 bnr. 2 m.fl."*

Statens vegvesen viser til at kommunen i ei tidlegare fase i planprosessen forkasta ei T-kryssløysing med gjennomgåande trafikk på fylkesvegstrekning frå sør til kommunevegen (oV2) på Nærøya. Etter Statens vegvesen si vurdering burde det med fordel ha vore utarbeidt og fremja detaljert planframlegg på denne løysinga også, jf. Varslet om oppstart av reguleringsarbeidet.

Statens vegvesen kjem med merknader til justering av plankartet og tilføying til føresegnene. Desse vert ikkje nemnt her, men kan lesast i vedlagt brev.

Slik vegvesenet vurderer dei to alternative planframlegga, meinar dei at det er rundkøyringsløysinga som samla sett vil vere den mest trafikktrygge og framtidsretta reguleringa. Vegvesenet peikar likevel på at alternativet med vidareføring og oppgradering av dagens kryssløysing vil reguleringsmessig også betre dei trafikale tilhøva i krysset.

Under føresetnad at planframlegga vert endra/justert i tråd med kommentarane/merknadane vi har gjeve i brevet her, vurderer vi begge reguleringsframlegga som akseptable i høve merknadane vi påpeika i motsegnsbrevet av 4.2.2011.

**Vår kommentar:**
*Rådmannen viser til at det i samband med oppstart av planarbeid blei teke utgangspunkt i ei løysing med T-kryss for vegsystemet på Nærøya.*
*Dette alternativet har vore fremja for politisk handsaming, der Formannskapet (Planutvalet) sendte saka i retur og bad administrasjonen finne andre løysingar for det aktuelle krysset. Av respekt for politiske vedtak, fremja difor administrasjonen saka på nytt med andre alternative kryssløysinga. Formannskapet vedtok å legge planforslaget ut på høyring i 2 alternativ, der tilbakemeldingane frå høyringsrunda har peika ut alternativ 2 (rundkøyring) som det anbefalte alternativet for vidare planarbeid. Administrasjonen fremjar her plansaka til sluttbehandling med alternativ 2 rundkøyring som det tilrådd alternativet for eigengodkjenning.*

*Merknadane som er gjeve til alternativ 2 (rundkøyring) og merknaden i høve føresegner og støy er no innarbeidd i planforslaget i tråd med breva frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette inneberer mindre justeringar i plankart og føresegner, noko som rådmannen føreset ligg innanfor kommunen sitt handlingsrom for endringar i etterkant av offentleg ettersyn – utan krav om nytt offentleg ettersyn / høyring.*

*Endringane som er gjennomført er difor i samsvar med brevet frå Statens vegvesen. Ein vurderer også planforslaget til å vere i tråd med tidlegare signal for utvikling av området på Nærøya.*

**Konsekvensar av planforslaget:**

Konsekvensar for barn- og unge:
Forholdet til barn og unge er vurdert i arbeidet med utarbeiding av planforslaget. Ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon. Planen inneheld omfattande sikringstiltak for mjuke trafikantar i form av fortau og gang-/sykkelveg, betre tilrettelegging for bruk av kollektiv transport og betre forhold ved kryssing av fv18. Det er ikkje lagt opp til nye arealformål til leikeareal innanfor planområdet, men ein har sagt at arealet innanfor LNF- området kan nyttast til fri leik. Dette er eit relativt flatt og solrikt areal som kan kome barn- og unge til gode i området. Rådmannen viser elles til arealbruken som er tenkt i dei tilgrensande planforslag for Nærøya, jfr. forslag frå Rambøll/Volfram. Rådmannen meiner interessene til barn- og unge vert godt ivareteke for området i og rundt Nærøya.

Konsekvensar for trafikktryggleik:
Alternativet med rundkøyring er i prinsippet sikraste form for kryssløysing og har slik sett fordelar framfor den skissert løysinga i alternativ 1 (dagens kryss) og evt T-kryss. Vegen her er ein S1 veg (stamveg og hovudveg) med ÅDT 0-4000. Ut frå handbok 017 bør rundkøyring her ha ein diameter på 35 meter. Løysing med rundkøyring medfører vesentleg større kostnad enn oppgradering av T-krysset. Med rundkøyring må heile rundkøyringa og tilgrensande vegar hevast for å få til gode fallforhold og samanknytingar. Busslommen nord om fv-en vil kunne la seg innpasse. Gang-/sykkelvegen aust om krysset vil som følgje av hevinga måtte flyttast noko lenger frå krysset. Inngrepa i tilstøytande eigedomar vert meir omfattande. Løysinga medfører vesentleg meir erverv av trafikkareal og inngrep i privat eigedom i kryssområdet, høgdejustering av tilgrensande vegar og noko flytting av eks gang-/sykkelveg på sør/aust sida.

Konsekvensar for naturmangfald:
Ein har vurdert planforslaget opp mot prinsippa i naturmangfaldslova og i høve Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase. Så langt vi kan sjå er ikkje planforslaget i konflikt med prioriterte artar, utvalte naturtyper eller områder med særskilt sårbare økosystem. Ein kan nemne at planforslaget ligg i grensa mot ei naturtype, som etter DNs handbøker, er klassifisert som nasjonalt og regionalt viktig. I denne delen av plan legg planforslaget til rette for vegføremål (bustadveg) med utgangspunkt i eksisterande veg, samt ei buffersone med LNF (PBL § 12-5, nr 3) med underføremålet «friluftslivsføremål» mot sjø.

ROS- analysa avdekkjer også at planforslaget er innanfor 100-metersbeltet mot sjø. I forhold til strandsona er områda FS2 regulert med byggjegrenser. Rådmanen viser vidare til vurderingane som er gjennomført i ROS-analysa.

Konsekvensar for folkehelse:
Tilrettelegging av fortau og gangareal er føreset å vere positivt i eit folkehelseperspektiv. Ei slik tilrettelegging vil også kunne bidra til å auke moglegheitene for dei som bur i nærområdet til å nytte seg av fysisk aktivitet på desse areala. Innanfor avsett LNF- område vert det også opna opp for «fri leik», og

ein vurderer dette til å ha positive konsekvensar i høve folkehelse for barn- og unge, eller andre som har disposisjonsrett over dette arealet.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen

Konsekvensar for drift:
Planforslaget legg opp til nytt fortau innover Nærøya og det er føreset at dette arealet skal vere offentleg infrastruktur. Det er ikkje teke stilling til kven som skal utbetre krysset, vegar, busslomme eller anna ved dette høvet. På det noverande tidspunktet vil ny offentleg infrastruktur vil påføre kommunen auka kostander til drift og vedlikehald.

**Konklusjon**

Rådmannen viser til at planforslaget gjeld i hovudsak utbetring av Nærøykrysset. Siktemålet er å etablere ein kryss-situasjon som betrar dei trafikale forholda for nærmiljøet og då særleg for mjuke trafikkantar. Løysinga vil her kunne medverke til at køyrehastigheita på staden vert redusert, noko som vert vurdert som positivt i høve trafikktryggleik. Tiltaket medfører utbetring av sjølve krysset til rundkøyring, etablering av fortau langs vegen ut over Nærøya, etablering av busslommer, stenging av avkøyrsler inn mot krysset og etablering av ny vegtilkomst for areala vest om krysset. Løysingane som her er presentert bør sjåast i samanheng med tilgrensande aktivitet innanfor den bustadutviklinga som i dag skjer på Nærøya, og områda som er under planlegging på indre Leine.

Etter rådmannen si vurdering er alternativet med rundkøyring den mest framtidsretta løysinga for utbetring av det aktuelle krysset ved FV18. Ein viser her særskilt til fokus på trafikktryggleik og forventa trafikkauke i området som følgje av dei bustadplanane som er under arbeid i nærområda (spesielt på Indre Leine og Nærøya). Rådmannen vil samstundes peike på at det stadig skjer nye etableringar av bustadhus i allereie etablerte nærområder, både på Nærøya og Ytre Leine.
Ein har også registrert konkrete interesser for etableringar av nye bueiningar i det kommunale bustadfeltet på Remøya. Summen av desse forholda tilseier ei forventa trafikkauke på strekninga FV18, noko som aukar behovet for løysingar som betrar den generelle trafikktryggleiken og tilhøva til dei mjuke trafikantane i dette krysset. Rådmannen viser vidare til grunngjevingar og drøftingar i ovannemnd saksutgreiing og til plandokumenta.

Vidare kan det nemnast at enkelt av innspela har gjort det naudsynt å endre deler av planforslaget. Ein viser til at dette er gjort gjennom små tilpassingar som er løyst på ein tilfredstillande måte. Rådmannen viser til at desse tilpassingane ikkje er

vesentlege endringar som endrar siktemålet med planarbeidet eller som utløyser ny høyringsrunde.

Med bakgrunn i denne saksframstillinga og med tilvising til planforslaget og dei innkomne innspela, vil rådmannen rå til at det vert gjort følgjande vedtak:

**Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne "Detaljregulering for Nærøykrysset FV18", med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 15.02.2013.**

**Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.**

Fosnavåg, 15.02.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

# HERØY KOMMUNE
**Utviklingsavdelinga**

# SAKSPROTOKOLL

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2012/24 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 306/12 | Formannskapet | 30.10.2012 |

## REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSET FV 18 - OFFENTLEG ETTERSYN

**Tilråding:**

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL§ 12-10, at forslag til reguleringsplan for «Nærøykrysset FV18», med tilhøyrande føresegner og planomtale, vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i 2 alternativ. Formannskapet ynskjer, gjennom høyringsperioden, å avdekkje kva alternativ ein skal arbeide vidare med for denne aktuelle vegstrekninga. Saka vert samstundes å sende aktuelle høyringsorgan til uttale.

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Formannskapet - 30.10.2012**

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL§ 12-10, at forslag til reguleringsplan for «Nærøykrysset FV18», med tilhøyrande føresegner og planomtale, vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i 2 alternativ. Formannskapet ynskjer, gjennom høyringsperioden, å avdekkje kva alternativ ein skal arbeide vidare med for denne aktuelle vegstrekninga. Saka vert samstundes å sende aktuelle høyringsorgan til uttale.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her

**Prenta vedlegg:**

01 – Plankart alternativ 1
02 – Plankart alternativ 2
03 - Reguleringsføresegner
04 - Planomtale

**Uprenta vedlegg:**

- Vedlegg til planomtalen

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd forslag til detaljplan etter PBL § 12-3 for «Nærøykrysset FV 18». Reguleringsplanen består av 2 alternative plankart – ei løysing med rundkøyring og ei anna løysing der ein vidarefører dagens kryss / sving i området. Tilhøyrande dokument for plankarta er føresegner og planomtale med vedlegg.

Planområdet er avgrensa til å gjelde for 18 daa. Tiltaket er vurdert etter «Forskrift om KU» etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at det planlagde tiltaket ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og KU er naudsynt i denne saka.

Plansaka blei varsla oppstart den 31.10.2011 med annonse i Vestlandsnytt og på nettsida til Herøy kommune. Berørte partar fekk tilsendt eige varslingsbrev med høve til å kome med innspel. Det blei forsøkt halde samrådingsmøte den 02.02.2012 på Herøy rådhus. Representantane for Eldrerådet, Ungdomsrådet, Barne-representanten og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart innkalla. Ingen av gruppene møtte til det avtalte møtet.

Saka vart fremja for planutvalet i F-sak 158/12 i møte den 08.05.2012, der administrasjonen presenterte ei løysing med T-kryss for den aktuelle vegstrekninga. Planutvalet gjorde då vedtak om å utsetje saka.

Herøy kommune ynskjer med dette planforslaget å legge grunnlaget for utbetring av dei trafikale forholda i nærmiljøet og då med særskilt vekt på dei mjuke trafikantane. Siktemålet er å etablere ein kryss-situasjon som også kan betre premissande for mjuke trafikantane. Tiltaket medfører ei utbetring av sjølve krysset, etablering av fortua langs vegen ut over Nærøya, etablering av busslommer, stenging av avkøyrsler inn mot krysset og etablering av ny samleveg for areala vest for Nærøykrysset (bustadområde). Løysinga er sett på som eit miljø- og sikkerheitstiltak, som kan vere grunnlaget for ei snarleg løysing.

I kommuneplanens arealdel er området lagt ut til bustader, fylkesveg (eksisterande FV18), gang- og sykkelvegar (eksisterande) og vedtekne regulerings- og bebyggelsesplanar. Planforslaget medfører ei omregulering for deler av følgjande planar «RP20 – Buholmlina» og «RP19 - Leinevika fiskerihamn».
Dette planforslaget grensar elles til andre reguleringsplanar som er under utarbeiding «Reguleringsplan for bustadområde på Nærøya» (Volfram AS) og «Reguleringsplan for gnr 24 bnr 83 på Nærøya» (Herøy Byggsenter AS), sistnemnde er no innlemma i planforslaget til Volfram AS. I samband med

varslingsperioden er det i alt kome 7 innspel til planforslaget. Desse er kommentert og gjort greie for dei ulike innspela på ein tilfredstillande måte. Rådmannen har ingen merknader til desse vurderingane. Det kan vidare opplysast om at det har vore kontakt mellom grunneigar Gjert A. Nærø og kommunen i samband med utarbeiding av planforslaget, der ein har diskutert løysingar knytt til grunneigar sine areal innanfor planområdet.

Ein vil i den påfølgjande delen av saksframlegget gjere greie for dei viktigaste momenta i planforslaget:

**Vurdering**

Plangrep
Planforslaget inneberer 2 alternative utformingar til kryssløysing på Nærøya. Slik rådmannen vurderer det vil det vere viktig for det vidare planarbeidet å få avklara kva for eit av alternative ein skal arbeide vidare med. Ein ser det som naturleg at dette kan få sitt svar gjennom ein brei og demokratisk prosess ved offentleg ettersyn / høyring, der vidare arbeid med planforslaget kan basere seg på innspel frå regionale og private partar. Det er ikkje vesentlege avvik mellom dei to planforslaga når det kjem til bruken av arealformål, jfr. alternativ 1 og 2. Unnateke er eit mindre areal avsett til parkering i alternativ 1. Hovudskilnaden mellom dei to alternativa er knytt til valet av om ein skal velje å vidareføre dagens kryss (alternativ 1), der tiltaket vert å sjå som eit miljø- og sikkerheitstiltak med sikte på snarleg realisering, eller om ein skal satse vidare på alternativ 2, som er eit meir framtidsretta alternativ med etablering av ny rundkøyring som er dimensjonert for ei framtidig trafikkauke i området og til/frå områda Leine, Remøy og Runde.

Barn- og unge
Forholdet til barn og unge er vurdert i arbeidet med utarbeiding av planforslaget. Ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon. Planen inneheld omfattande sikringstiltak for mjuke trafikantar i form av fortau og gang-/sykkelveg, betre tilrettelegging for bruk av kollektiv transport og betre forhold ved kryssing av fv18. Det er ikkje lagt opp til nye arealformål til leikeareal innanfor planområdet, men ein har sagt at arealet innanfor LNF- området kan nyttast til fri leik. Dette er eit relativt flatt og solrikt areal som kan kome barn- og unge til gode i området. Rådmannen viser elles til arealbruken som er tenkt i dei tilgrensande planforslag for Nærøya, jfr. forslag frå Rambøll/Volfram. Rådmannen meiner interessene til barn- og unge vert godt ivareteke for området i og rundt Nærøya.

Alternative kryssløysingar
I gjeldande reguleringsplan er det vist ei løysing med T-kryss. Denne løysinga er ikkje realisert / utbygd. Etter handbok 017 er dette ei løysing som kan nyttast for denne type veg med den trafikken som faktisk er på fylkesvegen. Ulempa med T-krysset vil vere at køyremåten langs fv-en kan synest feil. Køyrande frå sør ser ein veg som held fram i rett strekning med om lag same vegstandard som hovudvegen, men skal svinge 90 grader austover. Når det gjeld vikeplikt vil køyrande frå aust langs fv-en ha vikeplikt for køyrande frå Nærøya, dette vert feil i høve trafikkmønster og forkøyrsrettar i høve vegklasse og trafikksystem.
Ei løysing med T-kryss har også vore handsama politisk i formannskapet, der planutvalet ikkje kunne finne å godta ei slik løysing, med dei ulempene dette ville har medført i høve køyremønsteret i området.

Alternativ 1 vil seie ei vidareføring av dagens kryss, dvs slik som krysset i dag framstår, men med tilhøyrande fortau, busslomme og gang- og sykkelveg på nordsida. Tiltaket vil gi ny tilkomst til bustadane i vest, samt tilrettelegging av ein større parkeringsplass i området.




**Alternativ 1 – dagens kryssløysing**

Alternativ 2 - rundkøyring er i prinsippet sikraste form for kryssløysing og har slik sett fordelar framfor den skissert løysinga i alternativ 1 (dagens kryss) og evt T-kryss. Vegen her er ein S1 veg (stamveg og hovudveg) med ÅDT 0-4000. Ut frå handbok 017 bør rundkøyring her ha ein diameter på 35 meter. Løysing med rundkøyring medfører vesentleg større kostnad enn oppgradering av T-krysset. Med rundkøyring må heile rundkøyringa og tilgrensande vegar hevast for å få til gode fallforhold og samanknytingar. Busslommen nord om fv-en vil kunne la seg innpasse. Gang-/sykkelvegen aust om krysset vil som følgje av hevinga måtte flyttast noko lenger frå krysset. Inngrepa i tilstøytande eigedomar vert meir omfattande. Løysinga medfører vesentleg meir erverv av trafikkareal og inngrep i privat eigedom i kryssområdet, høgdejustering av tilgrensande vegar og noko flytting av eks gang-/sykkelveg på sør/aust sida.




**Alternativ 2 – rundkøyring**

Naturmangfald
Ein har vurdert planforslaget opp mot prinsippa i naturmangfaldslova og i høve Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.




Så langt vi kan sjå er ikkje planforslaget i konflikt med prioriterte artar, utvalte naturtyper eller områder med særskilt sårbare økosystem. Ein kan nemne at planforslaget ligg i grensa mot ei naturtype, som etter DNs handbøker, er klassifisert som nasjonalt og regionalt viktig.

I denne delen av plan legg planforslaget til rette for vegføremål (bustadveg) med utgangspunkt i eksisterande veg, samt ei buffersone med LNF (PBL § 12-5, nr 3) med underføremålet «friluftslivsføremål» mot sjø. ROS-analysa avdekkjer også at planforslaget er innanfor 100-metersbeltet mot sjø. I

forhold til strandsona er områda FS2 regulert med byggjegrenser. Rådmanen viser vidare til vurderingane som er gjennomført i ROS-analysa.

Kulturminne
Ein viser til at Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfylke) har stilt krav om arkeologisk undersøkingar innanfor planområdet med heimel i kulturminnelova. MRfylke har gjennomført arkeologisk registreringar i området og resultatet av arbeidet ligg føre i eigen rapport. Det er gjort funn av automatisk freda kulturminne, som er teke omsyn og som er innarbeidd i planforslaget etter dialog med MRfylke. Både alternativ 1 og 2 i planforslaget inneberer omsynssoner og føresegner som forbyr og regulerer aktivitet for dette arealet.

Støy
Rådmannen viser til at støy er vurdert etter vegvesenets policy-dokument for etterleving av planretningslinje T-1442. Utbetringa av Nærøykrysset er vurdert av oppdragsgjevar, i samråd med vegvesenet, til å vera eit reint miljø- og sikkerheitstiltak. Ingen bustader overskrider støygrensa Lden = 65 dB for verken A0 eller A1. Ingen bustader i støyområdet mellom Lden = 55 dB og Lden = 65 dB får auka støyen med meir enn 3 dB. Ingen støytiltak er naudsynt opp mot eksisterande bebyggelse. Nye bustader vert liggande i gul sone og støytiltak må nærmare avklarast som del av byggesak, jf føresegner. Før utbygging av «ikkje utbygde tomter» innan FS-områda FS2 og FS4 er det sett krav om støyvurdering slik at naudsynte tiltak for desse nye bustader kan kome under Lden 55 dBA.

Økonomiske og juridiske konsekvensar for kommunen
Det regulerte området er pr i dag i hovudsak i offentleg/kommunalt eige. Rådmannen viser til reglane i plan og bygningslova kap 15 for grunneigar sine rettar i høve innløysing og erstatning som følgje av planarbeid.

Planforslaget legg opp til nytt fortau innover Nærøya og det er føreset at dette arealet skal vere offentleg infrastruktur. Det er ikkje teke stilling til kven som skal utbetre krysset, vegar, busslomme eller anna ved dette høvet. På det noverande tidspunktet vil ny offentleg infrastruktur vil påføre kommunen auka kostander til drift og vedlikehald.

**Konklusjon**

Rådmannen viser til at planforslaget gjeld i hovudsak utbetring av Nærøykrysset. Siktemålet er å etablere ein kryss-situasjon som betrar dei trafikale forholda for nærmiljøet og då særleg for mjuke trafikkantar. Løysinga vil også medverke til at køyrehastigheita går ned. Tiltaket medfører utbetring av sjølve krysset, etablering av fortau langs vegen ut over Nærøya, etablering av busslommer, stenging av avkøyrsler inn mot krysset og etablering av ny vegtilkomst for areala vest om krysset. Løysingane som her er presentert bør sjåast i samanheng med tilgrensande aktivitet innanfor den bustadutviklinga som i dag skjer på Nærøya, og områda som er under planlegging på indre Leine.

Rådmannen rår til at planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i 2 alternativ, slik at ein gjennom høyringsperioden kan få avdekkje kva alternativ ein skal arbeide vidare med for denne aktuelle vegstrekninga.

Fosnavåg, 06.09.2012

Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller

Sakshandsmar: Aleksander Zahl Tarberg

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | BSS | Arkivsaknr: | 2012/53 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 135/13 | Formannskapet | 20.08.2013 |
| 99/13 | Kommunestyret | 29.08.2013 |

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR HJELMESET 3. KLAGE PÅ KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013**

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at innkomne klager inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsplanen for Hjelmeseth 3 vart vedteken i møte 28.2.2013, sak K 45/13.

Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 45/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

**Tilråding:**

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at innkomne klager inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsplanen for Hjelmeseth 3 vart vedteken i møte 28.2.2013, sak K 45/13.

Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 45/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:
Tømrer Prosjekt AS, Røysbakken 5, 6100 Volda.
Halldis og Svein Lillerovde, 6070 Tjørvåg.
Anne Marte Berge, Nedre Hjelmeset 2 C , 6091 Fosnavåg.
Fredrik Støylen, Nedre Hjelmeset 2 A, 6091 Fosnavåg.
Hallgeir Espeseth, Nedre Hjelmeset 2 B, 6091 Fosnavåg.
Vegard Moltu, Nedre Hjelmeset 2 D, 6091 Fosnavåg.

**Vedlegg:**

1. Kopi av saksprotoll og saksutgreiing, K-sak 45/13.
2. Reguleringsplankart for Hjelmeseth 3, sist revidert 15.1.2013.
3. Reguleringsføresegner for Hjelmeseth 3, sist revidert 15.1.2013.
4. Klage frå Anne Marte Berge mfl., datert 2.4.2013.
5. Klage frå Halldis og Svein Lillerovde, datert 3.4.2013.
6. Klage frå Tømrer Prosjekt AS, datert 4.4.2013.
7. Brev frå Herøy kommune til Haldis og Svein Lillerovde, datert 11.4.2013.
8. Brev frå Herøy kommune til Tømrer Prosjekt AS, datert 11.4.2013.
9. Brev frå Haldis og Svein Lillerovde 1.5.2013. Opprettheld klage.
10. Brev frå Tømrer Prosjekt AS, datert 2.5.2013. Trekkjer klage.
11. E-post frå Anne Marte Berge mfl., datert 13.5.2013. Opprettheld klage.

**Bakgrunn:**

Herøy kommunestyre godkjende 28.2.2013, sak K 45/13, detaljreguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for Hjelmeset 3. Melding om vedtak vart sendt til offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar/oppsitjarar. Frist for eventuell klage vart sett til 4. april 2013.

Innan fristen var det framsett tre klager:

- Anne Marte Berge mfl., datert 2.4.2013.
- Halldis og Svein Lillerovde, datert 3.4.2013.
- Tømrer Prosjekt AS, datert 4.4.2013.

Klagene skal på vanleg måte handsamast av formannskap og kommunestyre før oversending til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

**Saksopplysningar:**

Planprosessen

Tømrer Service AS hadde oppstartsmøte med kommunen 27.1.2010. Planarbeidet vart varsla igongsett, med frist sett til 16.3.2010, for å kome med innspel til planarbeidet. Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Statens vegvesen og Søre Sunnmøre Landbrukskontor kom med innspel ved oppstart av planarbeidet.

Formannskapet vedtok i møte 29.3.2011, sak F 98/11, å leggje forslag til detaljreguleringsplan med tilhøyrande dokument ut til offentleg ettersyn. Planen låg ute til offentleg ettersyn i tidsrommet 9. mai til 20.juni 2011. I samband med offentleg ettersyn kom det inn fire innspel/merknader frå offentlege instansar og to innspel/merknader frå private. Fylkeskommunen og Statens vegvesen reiste motsegn mot reguleringsplanforslaget. Motsegnene vart avklara etter ein tidkrevjande prosess.

Revidert reguleringsplankart og reguleringsføresegner vart godkjende i kommunestyret 28.2.2013 (K-sak 45/13).

Klagene
Anne Marte Berge mfl. (gnr. 31, bnr. 161, seksjon 1-4)
Berge mfl. meiner reguleringsplankartet ikkje er reelt i forhold til slik området ser ut i dag. Eigarane gir uttrykk for at det er uaktuelt for dei å gi slepp på dagens parkeringsareal til fordel for innkøyring til område BB.

Eigarane av gnr. 31, bnr. 161, ønskjer at kommunen skal gjennomføre ei nøyaktig oppmåling av området.

Kommentar:
Herøy kommune hadde møte med Anne Marte Berge mfl. 18. april 2013. I møtet vart det frå kommunen si side lagt fram kart, som viser at reguleringsplankartet er korrekt i høve til plassering av garasje m.m. Med bakgrunn i informasjonen som kom fram i møtet, vart eigarane av gnr. 31, bnr. 161 oppmoda om å trekkje klagen mot reguleringsplanforslaget. Frist for å kome med tilbakemelding til kommunen vart sett til 2. mai. Anne Marte Berge mfl. melde i e-post, datert 13.5.2013, at dei opprettheld klagen mot reguleringsplanforslaget.

Innhaldet i klagen (vegrett/køyring over gnr. 31, bnr. 161) gjeld same forhold som Anne Marte Berge mfl. tidlegare tok opp i samband med då planforslaget låg ute til offentleg ettersyn. I vurderinga etter offentleg ettersyn, såg kommunen ingen grunn til å kommentere vegretten til område BB, då ein meinte den var av privatrettsleg karakter.

Kommunen har i ettertid vore i kontakt med Statens kartverk. Kartverket informerer om at gnr. 31, bnr. 4 og framtidig frådelte parsellar frå denne har tinglyst vegrett over gnr. 31, bnr. 161 (tinglyst, dagboknr. 167861, datert 9.3.2009).

Eigarane av gnr. 31, bnr. 161, har etter kommunen si vurdering ikkje grunnlag for å klage på reguleringsplanvedtaket i sak 45/13.

Halldis og Svein Lillerovde (gnr. 31, bnr. 37)
[1] Lillerovde viser innleiingsvis til reguleringsplankartet, der det er innteikna gang- og sykkelveg langs eigedommen deira.



Utsnitt frå godkjend reguleringsplan

Grunneigar informerer om at dei har vore i kontakt med Tømrer Service AS for å få klarlagt kor høgt i terrenget vegen vil ligge. Etter grunneigar si vurdering, vil gang- og sykkelvegen bli etablert i ei høgd som vil kunne øydeleggje for areal i kjellaren som er innreidd. Grunneigar stiller seg undrande til dette og etterlyser meir detaljert plan for høgd og utforming framom huset deira. [2] Vidare ønskjer dei å få informasjon om kva rettar dei har i høve til erverv av grunn til etablering av fortau og eventuelt fråfall av beboelig areal i kjellar.

Kommentar:
[1] I følgje matrikkelen overtok Haldis og Svein Lillerovde gnr. 31, bnr. 37, 16.1.2013, etter Dea Property Invest ved Francesco Murseli. Lillerovde har såleis ikkje vore part i saka tidlegare.

Tidlegare eigar, Francesco Murseli gjorde i samband med offentleg ettersyn, uttrykk for at han er ueinig i planforslaget, der innteikna gang- og sykkelveg kjem i konflikt med tomta deira. Kommunen viste i vurderinga etter offentleg ettersyn til at Statens vegvesen krev at det vert lagt til rette for gang- og sykkelveg på sørsida av fylkesveg 654. Det vart konkret opplyst at kanten av gang- og sykkelvegen vil kome om lag 1,5 meter frå huset på gnr. 31, bnr. 37. Etter kommunen si vurdering inneheld ikkje klagen nye moment i høve til tidlegare handsaming i saka.

Herøy kommune sende brev til Halldis og Svein Lillerovde 11.4.2013. I brevet vart det informert om bakgrunnen for at det er lagt til rette for etablering av gang- og sykkelveg langs fylkesveg 654. I kommuneplanens arealdel, som vart godkjent i kommunestyret i desember 2004, er det lagt opp til at det skal etablerast gang- og sykkelveg på båe sider av fylkesveg 654. Dette vart lagt til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan for Hjelmeseth 3. Statens vegvesen sette i samband med reguleringsplanarbeidet for Hjelmeseth 3 fram krav om at det må etablerast samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. På reguleringsplankartet er det lagt inn gang- og sykkelveg langs heile fylkesvegen, jf. arealdelen og kravet frå Statens vegvesen. Det er i reguleringsføresegnene til planen, lagt inn rekkjefølgjebestemmelsar som krev at gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen og Buholmvegen og avkøyrsle mot Verket skal vere utbygt før bustadane innanfor område BK3 og BB kan takast i bruk. Med bakgrunn i ovannemnde, oppmoda Herøy kommune Halldis og Svein Lillerovde å trekkje klagen mot reguleringsplanen. Det vart gitt frist til 2. mai for å kome med tilbakemelding. Lillerovde melde i brev, datert 1.5.2013, at dei oppretthald klagen mot

reguleringsplanforslaget, inntil detaljert planteikning for gang- og sykkelvegen ligg føre.

Det vart i brevet også informert om at det pr i dag ikkje er utarbeidd detaljerte teikningar for bygging av gang- og sykkelveg forbi gnr. 31, bnr. 37. Det vil først bli gjort i samband med realisering av prosjektet.

[2] Det vart i brevet til Lillerovde vist til § 15-2 i plan- og bygningslova (rett til å krevje innløysing ved reguleringsplan) og § 15-3 (erstatning for tap ved reguleringsplan).

Tømrer Prosjekt AS (gnr. 31, bnr. 4)
Tømrer Prosjekt AS klagar på rekkjefølgjekravet i § 10.2 i reguleringsføresegnene. Dei meiner kravet ikkje er i tråd med intensjonen i plan- og bygningslova § 12-7 punkt 10. Eigar av gnr. 31, bnr. 4 meiner føresegna heller ikkje er i tråd med uttalelsar og ny strategi som regjeringa har kome med.

Kommentar:
Herøy kommune sende brev til Tømrer Prosjekt AS 11.4.2013. I brevet vart det gjort greie for bakgrunnen for rekkjefølgjekravet i § 10.2. Statens vegvesen krev at det skal byggjast gang- og sykkelveg langs heile strekninga (motsegn).
Det er eit krav ein må forhalde seg til. Kommunen informerte avslutningsvis i brevet om at Tømrer Prosjekt AS ikkje vil kunne pårekne av klagen deira vert teken til følgje og oppmoda dei om å trekkje klagen mot reguleringsplanen.

Tømrer Prosjekt AS har i brev av 2.5.2013 trekt klagen mot reguleringsplanen.

**Vurdering/konklusjon:**
Klagene er levert innanfor lovbestemt frist og vilkåra for å handsame saka som klage er oppfylt. Tømrer Prosjekt AS har trekt tidlegare innsende klage.

Kommunen har vore i kontakt med Statens kartverk som informerer om at gnr. 31, bnr. 4 og framtidig frådelte parsellar frå denne har tinglyst vegrett over gnr. 31, bnr. 161 (tinglyst, dagboknr. 167861, datert 9.3.2009).

Eigarane av gnr. 31, bnr. 161, har såleis etter kommunen si vurdering ikkje grunnlag for å klage på reguleringsplanvedtaket i sak 45/13, ettersom 31/4 har tinglyst vegrett 31/161.

Innhaldet i klagen frå Halldis og Svein Lillerovde, gjeld same forhold som tidlegare eigar av gnr. 31, bnr. 37, tidlegare tok opp i merknader då planforslaget låg ute til offentleg ettersyn.

Etter rådmannen si vurdering inneheld ikkje klagen nye moment utover det som låg føre og har vore vurdert ved tidlegare handsaming av planen.

Rådmannen konkluderer difor med å tilrå at klagen frå Halldis og Svein Lillerovde og Anne Marte Berge mfl. vert avvist og at kommunestyret stadfestar sitt tidlegare vedtak i K-sak 45/13.

Fosnavåg, 14.05.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

# HERØY KOMMUNE
**Utviklingsavdelinga**

# SAKSPROTOKOLL

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | BSS | Arkivsaknr: | 2012/53 |
| | | Arkiv: | L12 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 45/13 | Formannskapet | 19.02.2013 |
| 29/13 | Kommunestyret | 28.02.2013 |

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR HJELMESETH 3. SLUTTHANDSAMING

**Tilråding:**

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, forslag til detaljreguleringsplan for Hjelmeseth 3, med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 15.1.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI, innan 3 veker frå kunngjering.

**Møtebehandling i Formannskapet – 19.02.2013:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 19.02.2013**

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, forslag til detaljreguleringsplan for Hjelmeseth 3, med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 15.1.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI, innan 3 veker frå kunngjering.

**Møtebehandling i Kommunestyret – 28.02.2013:**

Bjarne Kvalsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Hans ektefelle er grunneigar i området.
Han gjekk frå under handsamng av habilitet.
Bjarne Kvalsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, bokstav c.

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kommunestyret - 28.02.2013**

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, forslag til detaljreguleringsplan for Hjelmeseth 3, med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 15.1.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Tømrer Service AS, Røysbakken 5, 6100 Volda.
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.
- Statens vegvesen, Fylkeshuset, 6404 Molde.
- Utviklingsavdelinga, her.

**Vedlegg, prenta:**

1. Reguleringsplankart, sist datert 15.1.2013.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 15.1.2013.
3. Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 2.1.2013.

Innspel/merknader <u>ved</u> offentleg ettersyn mai/juni 2011:

4. Merknad frå Nedre Hjelmeseth 2 Borettslag, datert 1.6.2011.
5. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 20.6.2011.
6. Uttale frå Statens vegvesen, datert 21.6.2011.
7. Uttale frå anleggs- og driftsavdelinga, datert 12.7.2011.

Innspel/merknad <u>etter</u> offentleg ettersyn:

8. Merknad frå Francesco Murseli, e-post datert 2.2.2012.

**Vedlegg, uprenta:**

1. Uttale frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 20.6.2011.

**Saksopplysningar:**

<u>Planprosess:</u>

Det vart halde oppstartsmøte mellom Tømrer Service AS og kommunen 27.1.2010. Planarbeidet vart varsla igongsett, med frist sett til 16.3.2010, for å kome med innspel til planarbeidet. Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Statens vegvesen og Søre Sunnmøre Landbrukskontor kom med innspel ved oppstart av planarbeidet.

Formannskapet vedtok i møte 29.3.2011, sak F 98/11, å leggje forslag til detaljreguleringsplan med tilhøyrande dokument ut til offentleg ettersyn. Planen låg ute til offentleg ettersyn i tidsrommet 9. mai til 20. juni 2011. I samband med offentleg ettersyn kom det inn 4 innspel/merknader frå offentlege instansar og 2 innspel/merknader frå private.

<u>Innspel/merknader ved offentleg ettersyn:</u>

I samband med offentleg ettersyn kom det inn følgjande innspel/merknader er til planforslaget:

Nedre Hjelmeseth 2 Borettslag, datert 1.6.2011

Borettslaget gjer innleiingsvis merksam på at Christina Tollås ikkje har motteke varsel eller forslag til regulering. Borettslaget klagar på dette, då dei meiner Tollås vert sterkt berørt av planen.

Borettslaget viser til varselbrev frå Tømrer Prosjekt AS, til grunneigarar, naboar og gjenbuarar, datert 2.2.2010. Laget meiner varselet er mangelfullt. Dei meiner ordlyden i brevet er for diffus og generell til at den vanlege mann kan forstå kva det går ut på.

Borettslaget fokuserer elles på vegretten til området merka BB i regulerings-planforslaget, som er skildra i brev av 27.4.2010. Borettslaget stiller seg også undrande til at Tømrer Service AS vil nytte deira private parkeringsplass som vegrett til BB. Laget er sterkt i mot bygget sin storleik. Dei meiner at eigedommane deira vil bli forringa som følgje av planlagt bygg innanfor BB. Borettslaget foreslår at det vert lagt til rette for eit bygg av mindre format, med same byggeskikk og stil.

Kommentar:

Etter det kommunen kan sjå (jf. matrikkelen) er ikkje Christina Tollås grunneigar, nabo eller gjenbuar i området. Etter kommunen si vurdering var varselet som gjekk ut tilfredsstillande.

Kommunen ser ingen grunn til å kommentere vegretten til området BB, då vi meiner den er av privatrettsleg karakter. Det vert elles lagt til grunn at område A1 er vegareal som er forutsett å dekke tilkomsten til BK1 og BB. Reguleringsplanen fastsett utnyttingsgrad og maksimum høgder for bygg innanfor planområdet. Innanfor område BB (blokkbebyggelse) er det lagt til rette for oppføring av rekkjehus/lågblokk. Maksimum tillaten utnyttingsgrad (BYA) er sett til 50%. Bebyggelsen kan ha inntil 2 etasjar med maksimum gesimshøgde på 6,5 meter og maksimum mønehøgde på 9 meter. Desse høgdene er vanlege i reguleringsplanar i kommunen i dag. Utnyttingsgrada er noko høgare enn for andre område i kommunen. Kommunen ønskjer å fortette/leggje til rette for ei tettare utnytting på sentrale delar av Bergsøya. Etter det kommunen kjenner til, ligg det ikkje føre detaljerte teikningar for eit ev. bygg innanfor BB.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 20.6.2012 – motsegn

Fylkeskommunen reiser motsegn mot reguleringsplanforslaget med bakgrunn i at planen ikkje ivaretek fire automatisk freda kulturminne. Før omsynssoner og føresegner på tilfredsstillande vis er på plass i planframlegget vedrørande ID 144379 og 109899, kan ikkje dispensasjon fremjast for ID 144380 og 144381.

Kulturavdelinga er opne for å drøfte tilhøva knytt til ID 144379. Kulturavdelinga føreset at avgrensinga av dei automatisk freda kulturminna vert lagt inn på plankartet.

Statens vegvesen, datert 21.6.2011 – motsegn

Statens vegvesen reiser motsegn mot reguleringsplanframlegget og krev følgjande:

- Planområdet må utvidast mot nordaust og må omfatte gang- og sykkelveg langs fylkesveg 654 så langt den er innteikna på kommuneplanen sin arealdel. Statens vegvesen ønskjer at det vert lagt inn i føresegnene (i form av rekkjefølgjebestemmelsar) at gang- og sykkelvegen på strekninga skal vere utbygd før områda BK3 og BB kan takast i bruk.
- At det må gjennomførast ei analyse av noverande og framtidig ferdsel av mjuke trafikantar i forhold til tilkomst til skule- og servicetilbod. Dette som grunnlag for å kunne vurdere ei ev. etablering av planskild kryssing mellom gang- og sykkelvegane på nord- og sørsida av fylkesveg 654.
- Det må gjennomførast støyberekningar for område BB, med bakgrunn i at fylkesveg 654 vil få eit vesentleg større trafikkgrunnlag.

Felles kommentar til uttale frå fylkeskommunen og Statens vegvesen:

Med bakgrunn i motsegnene frå fylkeskommunen og Statens vegvesen, vart det halde drøftingsmøte mellom Statens vegvesen, fylkeskommunen/kulturavdelinga, tiltakshavar/Tømrer Service AS og Herøy kommune 19.10.2011. Målet med møtet var å drøfte gjennom og om mogleg finne løysingar i høve varsla motsegner.

I møtet konkluderte ein med følgjande:

1. Herøy kommune skal gi ei tilbakemelding til vegvesenet på korleis den «manglande» delen av gang- og sykkelvegen skal løysast som grunnlag for at vegvesenet skal vurdere å ev. trekkje motsegna knytt til utviding av planområdet.
2. Herøy kommune forplikta seg også til å gjennomføre ei analyse/nærare vurdering av trafikkmønsteret for gåande/syklande i området som grunnlag for ei endeleg avgjerd i spørsmålet om planfri kryssing av fylkesveg 654 kontra kryssing i plan.
3. Herøy kommune skulle også gjennomføre ei nærare vurdering av støyanalysen i høve til korleis konklusjonane frå denne er bygt inn i planforslaget.
4. Tømrer Service AS skulle utarbeide alternative skisser for område BK3, der det vert teke tilstrekkeleg omsyn til funnlokalitet 3, gjennom vurderingar basert på endra/utvida friområde, redusert byggjegrense mot fv 654 og redusert utnytting av området.

Herøy kommune vurderte nærare punkt 1 til 3 ovanfor, og sende brev til Statens vegvesen med oppmoding om trekking av motsegn. I brev frå Statens vegvesen av 6.12.2011, trekte vegvesenet delar av motsegna deira (det som galdt utviding av planområdet mot nordaust og kravet om utarbeiding av analyse av noverande og

framtidig ferdsel av mjuke trafikantar. Motsegna vart oppretthalden for rekkjefølgjekravet om samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.

Det er i reguleringsføresegnene lagt inn rekkjefølgjebestemmelse som krev at gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen (V5) og avkøyrsle mot Verket inkludert fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygt før bustadane på BK3 og BB kan takast i bruk. **Etter kommunen si vurdering er grunnlaget for motsegna frå Statens vegvesen borte.**

Tømrer Service AS utarbeidde ei skisse til utnytting av området. I skissa var funnområde med ID 144379 føreslege lagt inn som omsynssone D med ei tilhøyrande omsynssone C (på 8 meter) utanfor denne. ID 144380 var forutsett løyst gjennom dispensasjon og utgraving. Brev med skisse vart sendt til kulturavdelinga for innspel/merknader, medio november 2011. Møre og Romsdal fylkeskommune melde i brev av 21.11.2011, at dei vil kunne tilrå dispensasjon frå kulturminnelova for alle 3 lokalitetane innanfor reguleringsplanområdet, dvs. lokalitetane knytt til idnr. 144379, 144380 og 144381. Herøy kommune sende brev til Møre og Romsdal fylkeskommune 13.12.2011, der ein ba om at kulturavdelinga så snart som mogleg fremje søknad om dispensasjon frå kulturminnelova for dei tre lokalitetane. Plankart og føresegner vart endra i henhald til krav frå kulturavdelinga (lagt inn omsynssoner på plankartet og tilføyingar til føresegnene).

I brev av 1.2.2012 informerer kulturavdelinga om at det er påført skade på eit automatisk freda kulturminne (idnr.109888) utanfor planområdet. Skaden oppstod i samband med realisering av bustadprosjekt innanfor Hjelmeseth 4, i regi av Tømrerservice AS. Kulturavdelinga konkluderer i brevet med at dei har behov for ei nærare avklaring omkring skadesituasjonen på kulturminnet, før dei kan seie noko endeleg om forholdet til dei 3 kulturminna innanfor planområdet. Herøy kommune sende brev til kulturavdelinga 29.6.2012. I brevet ba kommunen om skriftleg tilbakemelding i høve til endeleg konklusjon i saka.

I brev av 13.7.2012, konkluderte kulturavdelinga med at dersom dei skal vurdere å fremje dispensasjonssøknad frå Kulturminnelova for ein eller fleire av kulturminna innanfor planområdet, må ein sikre fornminnet (idnr.109888) som ligg utanfor planområdet for Hjelmeset 3, ved å regulere til hensynssone C og D i planen.

Kommunen kom til, etter ei grundig vurdering, at ein vil utvide regulerings-planområdet. Plankart med utvida plangrense og omsynssone C og D, med tilhøyrande reguleringsføresegner, vart sendt ut på avgrensa høyring i november 2012.

Det kom ikkje inn merknader i samband med den avgrensa høyringa. Møre og Romsdal fylkeskommune formidla søknad om dispensasjon frå Kulturminnelova til Riksantikvaren 9.11.2012, med frist for tilbakemelding sett til 21.12.2012.

Møre og Romsdal fylkeskommune, gav i brev datert 2.1.2013, løyve til inngrep i dei tre automatisk freda kulturminna (Askeladden id.nr 144379, 144380 og 144381) innanfor planområdet, under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk gransking av kulturminna, før tiltak etter planen vert realisert. Kulturavdelinga presiserer at kostnadene ved arkeologisk gransking skal dekkjast av tiltakshavar. Universitetsmuseet har utarbeidd førebels prosjektplan og budsjett for utgraving av kulturminna. Utgravinga er førebels kostnadsrekna til 2 600 000,- (2012 og satsar). I desse kostnadene er det ikkje teke med utgifter til bortgraving av overliggjande myr. Maskinkostnader elles er heller ikkje medrekna.

Før Møre og Romsdal fylkeskommune kan godkjenne reguleringsplanen, må det takast inn ein del tekst i reguleringsføresegnene og gjerast tilføyingar i form av tekst på plankartet. Avgrensingane av kulturminna må også endrast, slik at dei er i samsvar med Askeladden sin siste versjon.

**Konklusjon -** merknad frå Statens vegvesen og Møre og Romsdal fk.:

Etter kommunen si vurdering er grunnlaget for motsegna frå Statens vegvesen borte.

Reguleringsføresegnene og reguleringsplankartet er endra i henhald til brev frå kulturavdelinga 2.1.2013. Tidlegare motsegn er etter kommunen si vurdering ikkje aktuell lenger.

Anleggs- og driftsavdelinga, datert 12.7.2011.

Avdelinga kjem med følgjande innspel/merknader til planforslaget:

- Det må gå klart fram av plankart og føresegner kva som er planlagt som offentlege trafikkareal.
- Kommunale vegar skal ha snuplass dimensjonert for liten lastebil eller lastebil.
- Dersom det er lagt til grunn at kommunen skal overta framtidig drift og vedlikehald av anlegg innanfor området, må det klart gå fram av rekkjefølgjeføresegnene at det må teiknast utbyggingsavtale med kommunen før opparbeiding/utbygging startar.
- Det må avklarast med Fylket/Statens vegvesen kva krav som vert stilt til avtale vedrørande bygging av fylkekommunal/statleg infrastruktur.
- Frisiktsoner må innteiknast på alle vegar på reguleringsplankartet.
- Dersom V2 skal vere offentleg må det innregulerast snuplass dimensjonert for lastebil i enden.

Kommentar:

Merknadene frå anleggs- og driftsavdelinga er i all hovudsak imøtekomne i planforslaget.

Innspel/merknad etter offentleg ettersyn:

Francesco Murseli, e-post datert 2.2.2012

Murseli (eigar av gnr. 31, bnr. 37) gir i e-posten uttrykk for at han er ueinig planforslaget, der innteikna gang- og sykkelveg kjem i konflikt med tomta deira.

Kommentar:

I reguleringsplanforslaget er det innteikna gang- og sykkelveg på sørsida av fylkesveg 654. Statens vegvesen krev at det vert lagt til rette for gang- og sykkelveg i området. Dette med bakgrunn i stor trafikk og mange mjuke trafikantar. Kanten av gang- og sykkelvegen vil kome om lag 1,5 meter frå huset på eigedommen.

Eventuelt krav om erstatning må fremjast innan 3 år etter at reguleringsplanen er godkjent, jf. kapittel 15 i plan- og bygningslova § vert å fremje i samband med realisering av gang- og sykkelvegen. Kommunen svara på e-posten 21.2. 2012. Etter den tid har det vore ein dialog / kontakt mellom kommunen og Murseli sin advokat. Dialogen har i hovudsak omhandla generelle prosedyrar knytt til grunnerverv og erstatning.

**Vurdering:**

Universell utforming:

Det er ikkje sett fram krav om at området skal vere universelt utforma. Byggjeområda innanfor området er forholdsvis flate noko som gjer at ein i stor grad vil kunne leggje til for universell utforming

Naturmangfaldlova §§ 8-12:

Etter naturmangfaldslova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde og vurdering av vektlegging skal gå fram av vedtaket.

Reguleringsplanforslaget er etter kommunen si vurdering ikkje i strid med naturmangfaldslova.

Barn og unge

Det er i planframlegget regulert inn 3 (0.8 daa, 0.5 daa og 0.3 daa) område for leik, med eit samla areal på 1,6 daa. Områda er godt eigna for leik. Det er relativt kort veg til barnehage, skule og idrettsanlegg.

Trafikktryggleik

Planforslaget legg til rette for bygging av gang- og sykkelvegsamband på sørsida av fylkesveg 654. Det er i reguleringsføresegnene lagt inn rekkjefølgjebestemmelse som krev at gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen (V5) og avkøyrsla mot Verket inkludert fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygt før bustadane på BK3 og BB kan takast i bruk.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av PBL § 12-12, forslag til detaljreguleringsplan for Hjelmeseth 3 med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist revidert 15.1.2013.

Fosnavåg, 18.01.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide




**Kartopplysninger**

Kilde for basiskart: Geovekst AS

Dato for basiskart: Mars 2013

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høydegrunnlag: NN 1954

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Ekvidistanse 1 meter

Kartmålestokk 1:1000 (A2)

0 10 20 30 40 m

Herøy kommune

**DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3**

**Hjelmeseth 3**

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201252**

Forslagstiller: **Tømrer Service AS**

Kartprodusent: **Tegra AS**

| | Revisjon av plankart | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| A | Utviding av planområde jf. krav frå kulturavdeling | 30.10.12 | AF |
| B | Endring av grensene for kulturminer ID 144380 og 144381 | 15.1.13 | AF |
| C | | | |

| SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN | SAK | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| **Kommunestyrets vedtak:** | **29/13** | **28.2.13** | **BSS** |
| 2. gongs behandling i Formannskapet | 45/13 | 19.2.13 | BSS |
| Offentlig ettersyn fra 09.5.2011 til 20.6.2011 | | | |
| 1. gongs behandling i Formannskapet | 98/11 | 29.3.11 | HR |
| Kunngjering av oppstart planarbeidet | | 29.1.10 | |

| PLANEN UTARBEIDET AV: Tegra AS | PLANNR. | TEGNNR. | SAKSBEH. |
|---|---|---|---|
| | | - | BSS |

# FØRESEGNER

## REGULERINGSPLAN FOR HJELMESET 3, GNR. 31 BNR. 2, 4 M.FL.

## HERØY KOMMUNE

Føresegner datert 7. 3.2011, revidert 19. 1.2012, 30.10.2012 og 15.1.2013.
Plankart, datert 19. 5.2011, revidert 12.11.2010, 7. 3.2011, 30.10.2012 og 15.1.2013.

Reguleringsføresegnene er heimla i plan- og bygningslova § 12-7.

### § 1 GENERELT

1.1 Desse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.

1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som er bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter samt vedtekter til plan- og bygningslova, vedtekne av kommunestyret i Herøy.

1.3 Etter at reguleringsplanen er vedteken er det innan planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med føresegnene.

1.4 Området er regulert til følgjande formål:

**Busetnad og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)**

- Bustadbebyggelse - frittliggande småhusbusetnad (BF)
- Bustadbebyggelse - konsentrert småhusbusetnad (BK)
- Bustadbebyggelse - blokkbebyggelse (BB)
- Leikeplass (L)

**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)**

- Felles avkøyrsle (A1)
- Køyreveg (V)
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – grøntareal (VAG)

**Landbruks-, natur- og friluftsformål (PBL § 12-5, nr. 5)**

- Landbruks-, natur- og friluftsområde

**Omsynssoner (PBL § 12-6, jf. PBL § 11.8)**

- Omsynssone Støy
- Omsynssone Frisikt
- Omsynssone Kulturmiljø

## § 2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Busetnad og anlegg

2.1.1 Busetnad og anlegg skal plasserast innanfor viste byggegrenser i felta. Mindre utbygg som trapp, karnapp, balkong, takutstikk og liknande kan ligge utanfor byggegrensa.

2.1.2 Ved utrekning av tomteutnytting (BYA) skal rettleiar for "grad av utnytting" til tekniske forskrifter leggast til grunn.

2.1.3 Kommunen skal ved behandling av byggemeldingar godkjenne busetnaden si utforming, materialbehandling og tilstelling av ubebygd areal samt sjå til at bygningar i same felt får ei harmonisk og god utføring med omsyn til takvinklar, materialbruk m.m. Tilsvarande krav gjeld også for garasjar, uthus og liknande.

2.1.4 Det skal ikkje gjevast byggeløyve før det ligg føre ein godkjend, samla situasjonsplan/utomhusplan for kvart område og som viser busetnaden, tilkomstar, parkering, gangvegar, stiar, leikeplassar samt terrengbehandling (eksisterande og ny kotering).

2.1.5 Som grenseverdiar for trafikkstøy for innandørs og utandørs bustadareal gjeld Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Ved byggemelding innanfor dei ulike delområda skal det dokumenterast tiltak mot støy som stettar desse krava. Skjermingstiltak i fasaden på nye hus skal utførast i samsvar med NS 8175 og T-1442. Er trafikksituasjonen på tilgrensande vegar endra etter at reguleringsplanen er godkjend så må det ved byggemelding vere utført ny støyutrekning og med tilhøyrande reviderte tiltak.

2.2 Parkering

2.2.1 For kvart husvære skal det setjast av 2 parkeringsplassar og der ein av desse plassane skal vere i garasje/carport. Garasjar/carportar kan ligge nærare veg enn byggegrensa viser dersom desse ligg inntil eller inngår som del av støyskjerminga for busetnaden. Kommunen si parkeringsvedtekt skal følgjast.

**§ 3 FRITTLIGGANDE SMÅHUSBUSETNAD (BF 1, BF 2,)**

3.1 I område for frittliggande småhusbusetnad kan det oppførast hus med inntil 2 einingar i kvart hus. Maks. tillate utnyttingsgrad ( BYA) er 35%.

3.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjar med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygninga.

3.3 Ved byggemelding for bustadhus skal det på situasjonsplanen visast plassering av garasje/carport, sjølv om dette ikkje skal oppførast samtidig med bustaden. Garasjar skal ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 36 grader. Garasjane/carportane skal ikkje overstige 45 m2 og det er ikkje tillate med innreidd loft eller med takvindauge på garasjar.

**§ 4 KONSENTRERT SMÅHUSBUSETNAD (BK 1, BK 2, BK 3)**

4.1 I område for konsentrert småhusbusetnad kan det oppførast bustadhus med inntil 4 einingar i kvart hus. På område BK 3 kan det oppførast maks. 16 husvære. Maks. tillate utnyttingsgrad (BYA) er 40 %.

4.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjar med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygning. Garasjar kan ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 22 grader. Garasjane/carportane skal oppførast som fellesanlegg.

4.3 Ved utbygging av område BK 3 skal det byggast støyskjerm mot Buholmvegen (FV 654). Støyskjermen skal ha ei høgde på minimum 2 m over terreng. Garasjar/carportar kan oppførast inntil støyskjerm eller inngå som ein del av støyskjermen. Det skal i tillegg og ved dokumentert behov iverksetjast støyreduserande tiltak i fasadar og på uteopphaldsplasssr slik at krava i T-1442 er stetta før bustadane vert tekne i bruk.

## § 5 BLOKKBEBYGGELSE (BB)

5.1 I område for blokkbebyggelse kan det oppførast rekkehus/lavblokk med inntil 17 husvære. Maks. tillate utnyttingsgrad ( BYA) er 50%.

5.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjer med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygninga. Garasjer skal ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 22 grader. Garasjene/carportane skal oppførast som fellesanlegg.

5.3 Ved utbygging av område BB skal det byggast støyskjerm mot Buholmvegen (FV 654) og Mjølstadnesvegen (FV 17). Støyskjermen skal ha ei høgde på minimum 2 m over terreng. Garasjar/carportar kan oppførast inntil støyskjerm eller inngå som ein del av støyskjermen. Det skal i tillegg og ved dokumentert behov iverksetjast støyreduserande tiltak i fasadar og på uteopphaldsplasssr slik at krava i T-1442 er stetta før bustadane vert tekne i bruk. Veranda på bustadbygget skal vende bort frå veg.

## § 6 LEIKEPLASSAR

6.1 Regulerte leikeplassar skal opparbeidast i samsvar med planen og tilsåast og beplantast slik at områda får ei tiltalande utforming. Areala ute i kvart einskildt område skal vere opparbeidd før busetnaden i feltet vert teke i bruk. Områda skal brukast til leik og det er berre tillate å setje opp utstyr eller anlegg som skal nyttast eller kan knytast til barneleik. Høge skjæringar og støttemurer skal sikrast med gjerde.

6.2 Leik 1 er felles for eigedomane som inngår i bustadområda BK 1 og BB. Det skal byggast støyskjerm mot Mjølstadnesvegen slik at krava i T-1442 vert stetta før leikeplassen vert teken i bruk.

6.3 Leik 2 er felles for eigedomane som inngår i bustadområda BF 1, BF 2 og BK 2.

6.4 Leik 3 er felles for eigedomane som inngår i bustadområdet BK 3. Det skal byggast støyskjerming mot Buholmvegen slik at krava i T-1442 vert stetta før leikeplassen vert teken i bruk. Området skal senkast til kote 5,5 og lukkast mot vegen med ein støyvoll på 1,5 m over planert terreng i kombinasjon med ein 1 m høg støyskjerm på toppen.

## § 7 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

7.1 Køyrevegar, gang- og sykkelvegar, busslomme og avkøyrsler skal leggast som vist på planen. V1, V4 og V5 samt gang- og sykkelvegen skal vere offentleg veg. V2, V3 og A1 skal vere privat veg. Grøfter, skråningar og anna trafikkareal skal tilplantast eller behandlast på ein tiltalande måte.

7.2 I frisiktsoner skal det ikkje vere sikthindringar i ei høgde på 0.5 m frå køyrebane. Det er ikkje tillate med beplanting og gjerde som hindrar fri sikt.

## § 8 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL

8.1 Naturleg vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje lov gjere inngrep i grunnen som kan skade automatisk freda kulturminne.

## § 9 OMSYNSSONER

9.1 Areal innanfor omsynssoner for støy kan ikkje reknast som uteopphaldsareal.

9.2 Innanfor omsynssoner for frisikt skal det ikkje vere sikthindring i ei høgde over 0,5 meter frå køyrebane.

9.3 Bevaring kulturmiljø (H570) og bandlegging (H730) (pbl §12-6, jf. §11-8c og d)
Innanfor området ligg automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 109888. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminner eller framkalla fare for at det kan skje.

9.4 For områda RpBg-ID144379 og RpBg-ID144380 gjeld følgjande:
Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplanen nordaust for nedre Hjelmeseth-vegen, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei berørte automatisk freda kulturminna (id.nr 144379 og 144380) i planområdet.

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltak skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

For område RpBg-ID144381 gjeld følgjande:
Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplanen sørvest for nedre Hjelmeseth vegen, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det berørte automatisk freda kulturminnet (id.nr 144381) i planområdet.

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltak skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

## § 10 REKKEFØLGJEBESTEMMELSAR

10.1 Før opparbeiding av området og bygging av bustadane kan starte må det ligge føre godkjent utbyggingsavtale med Herøy kommune.

10.2 Gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen (V5) og avkøyrsle mot Verket inkl. fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygt før bustadane på områda BK 3 og BB kan takast i bruk.

10.3 Før iverksetjing av bustadbygging på områda BK3 og BB skal registrerte automatisk freda kulturminne nærare undersøkjast og gravast ut. På plankartet er desse merka RpBg med slike ID nr: RpBg144379, RpBg144380 og RpBg144381. Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal Fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsetjast.

Godkjent i Herøy kommunestyre 28.2.2013, sak 29/13.

___________________ den ____/____20____

______________________________

rådmann/ordførar

# Klage vedrørende felles avkjørsel A1, reguleringsplan Hjelmeseth 3.

02.04.2013

Viser til reguleringsplankartet som er lagt ut på Herøy kommune si hjemmeside. Dette kartet er ikkje reelt i forhold til slik området A1 ser ut idag. Slik A1 er per dags dato vil vi påstå at A1 fungerer fint til parkering, og til å få bilane inn og ut av garasjen på ein forsvarlig måte. Derfor er det uaktuelt for oss å miste vår private parkeringsplass til fordel for innkjøring til område BB.

Viser til vedlagt bilder, der faktisk størrelse på A1 er oppmålt, og vi ha tegnet opp på oversiktskartet ca der grasasjen er idag.

Vil at kommunen skal komme å ta ei nøyaktig oppmåling av området pga vi i borettslaget Nedre Hjelmeseth 2 har absolutt ingen ønske om å miste vår private parkeringsplass.

Med vennleg helsing

Anne-Marte Berge

Fredrik Støylen

Hallgeir Espeseth

Vegard Moltu

E

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2012/53 Saksbeh. BSS
- 4 APR. 2013
Ark.kode P 212
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 30
Kassasjon

Herøy Kommune
Planavd.
6099 Fosnavåg

Svein og Halldis Lillerovde
6070 Tjørvåg

Tjørvåg 03.04.2013

**Klage på RP for Hjelmeset 3.**

Viser til RP hvor det er inntegnet ny gangvei langs FV 654 fra rundkjøring mot Mjølstadneset, fremover Berge.

På vår eiendom Gnr 31 / Bnr 37, er denne inntegnet med ca avstand 1,5 meter fra eksisterende hus.

Vi har vore i kontakt med Tømrer Service for å få klarlagt hvor høgt i terrenget denne eventuelt vil ligge, og fått opplyst ca høgde som fylkesvei.

Slik vi kan sjå , vil dette medføre at fortauet blir etablert i ei høgd som vil kunne ødelegge for kjellerarealet som er innreid.

Vi stiller oss undrende til dette, og etterlyser mer detaljert plan for høgd og utforming foran huset.

Videre ønskes det opplyst hvilke rettigheter vi har ifht erverving av grunn til etablering av fortau, samt eventuelt fråfall av beboelig areal i kjeller.

Kjeller er per i dag fullt innreid, og blir nytta som hybler, med fast inntekt.

MH,

Svein og Halldis Lillerovde

E

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 5. april 2013 08:01
**Til:** Arkiv
**Kopi:** Jarl Martin Møller
**Emne:** FW: 240 brev til Herøy kommune

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2012/53 | Saksbeh. JSS
-5 APR. 2013
Ark.kode P L12
Ark.kode S
J.nr | Dok.nr 32
Kassasjon

Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

*7008 1300*

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** Henning Heltne [mailto:Henning@mesterhussunnmore.no]
**Sendt:** 4. april 2013 16:17
**Til:** postmottak
**Emne:** 240 brev til Herøy kommune

Mvh

*Henning Heltne*
*Dagleg leiar / Byggmeister*
**Tømrer Service AS**
**Tømrer Prosjekt AS**
**Røysbakken 5**
**6100 Volda**
Tlf 700 55 910
Dir. 932 12 702
Fax 700 55 912
henning@mesterhussunnmore.no
www.mesterhussunnmore.no

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

04.04.2013

# Merknad til reguleringsplan Hjelmeset 3

Klagar: Tømrer Prosjekt AS eigar av tomt BB

Det klagast på rekkjefølgjeavgjersler §10.2 *"Gang og sykkelveg mellom Mjølstadnesvegen (V5) og avkjørsle mot Verket ink fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygt før bustadane på områda BK3 og BB kan takast i bruk"*

Grunnlag:
Rekkefølgjekrav §10.2 er ikkje i tråd med intensjonen i Pbl § 12-7 punkt 10.
For tomt BB så vil det vere tilfredsstillande at gang- og sykkelveg, samt fotgjengarovergangane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen ved tomta BB og fram til Nedre Hjelmesetveg, er etablert før bustader på område BB kan takast i bruk. Tekniske anlegg, samfunnstenester og vegnett vil då vere tilstrekkeleg etablert for å bygge ut denne tomta.

Å krevje at en gangveg skal byggast over 3 reguleringsplanar, samt over 10 forskjellege grunneigarar før bustader på tomt BB kan nyttast, er ikkje føremålsteneleg og legg unødig band på areal. Det vil også forseinke ei utbygging og vil hindre bustadygging i Herøy.

Krav i føresegner § 10.2 er heller ikkje i tråd med uttalingar og ny strategi som regjeringa har kome med, for å styrke viktigheita av bustadbygging, samt avgrense "unødvendige krav" og motsegn frå offentlege mynde.

Ein har spurt både Herøy kommune og Statens vegevesen / Møre og Romsdal fylke om når ein kan få bygd gangvegen i heile lengda. Vi får til svar at dette er uvisst og at ingen har lagt dette inn i sine budsjett.

Der vil ikkje vere noko samfunnsnyttige eller trafikkmessige argument for at gangvegen må byggast i heile si lengde før bustader på tomt BB kan flyttast inn i.

Evt. gangtrafikk frå område BB vil gå i nord og i vest retning og her vil det vere gangveg og fotgjengarovergang. Der vil ikkje vere noko grunnlag for gangtrafikk i austleg retning langs sørsida av Buholmvegen frå planområdet.

Om denne avgjersla kan endrast så tilbyr eigar av BB i denne omgang, å gi gratis grunn til gangveg samt bygge gangveg langs si tomt og fram til Nedre Hjelmesetveg i ein evt. utbyggingsavtale med Herøy kommune.

Vedlegg kartutsnitt med påteikning

Volda, 04.04.2013
Tømrer Prosjekt as

Henning Heltne
Byggmeister




## TEIKNFORKLARING

### BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)

- Boligbebyggelse - frittliggende småhusbebyggelse
- Boligbebyggelse - blokkbebyggelse
- Boligbebyggelse - konsentrert småhusbebyggelse
- Lekeplass

### SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 NR.2)

- Veg
- Gang/sykkelveg
- Kjøreveg
- Annen veggrunn - grøntareal

### LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL §12-5 NR.5)

- Landbruks-, natur-, og friluftsområder samt reindrift

### HENSYNSSONER (PBL §12-6)

- Sikringsone - Frisikt
- Støysone - Rød sone iht. T-1442
- Støysone - Gul sone iht. T-1442
- Angitthensynsone - Bevaring kulturmiljø
- Båndlegging etter lov om kulturminner

### Juridiske linjer og punkt

- Planens begrensning
- Formålsgrense
- Sikringsonegrense
- Støysonegrense
- Angitthensyngrense
- Båndlegginggrense nåværende
- Bestemmelsegrense
- Frisiktslinje
- Byggegrense
- Bebyggelse som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert fotgjengerfelt
- Regulert støyskjerm
- Målelinje/Avstandslinje
- Avkjørsel

**Eierform:**
o_ = Offentleg formål
f_ = Felles privat formål

**Kartopplysninger**

Kilde for basiskart: Geovekst AS
Dato for basiskart: Mars 2013
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
Høydegrunnlag: NN 1954

Basiskartet er teknet med svak gråfarge

Ekvidistanse 1 meter
Kartmålestokk 1:1000 (A2)
0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

**DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3**

**Hjelmeseth 3**

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201252**
Forslagstiller: **Tømrer Service AS**
Kartprodusent: **Tegra AS**

| | Revisjon av plankart | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| A | Utviding av planområde jf. krav frå kulturavdeling | 30.10.12 | AF |
| B | Endring av grensene for kulturminer ID 144380 og 144381 | 15.1.13 | AF |
| C | | | |

| SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN | SAK | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| Kommunestyrets vedtak | 29/13 | 28.2.13 | BSS |
| 2. gongs behandling i Formannskapet | 45/13 | 19.2.13 | BSS |
| Offentlig ettersyn fra 09.5.2011 til 20.6.2011 | | | |
| 1. gongs behandling i Formannskapet | 98/11 | 29.3.11 | HR |
| Kunngjering av oppstart planarbeidet | | 29.1.10 | |

| PLANEN UTARBEIDET AV: | PLANNR. | TEGNNR. | SAKSBEH |
|---|---|---|---|
| Tegra AS | | - | BSS |

HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

Halldis og Svein Lillerovde

6070 TJØRVÅG

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2012/53 | L12 | | UTV / BSS | 11.04.2013 |

## REGULERINGSPLAN FOR HJELMESETH 3 TILBAKEMELDING PÅ KLAGE

Viser til dykkar brev datert 3.4.2013, der de etterlyser meir detaljerte planar for gangveg og informasjon om kva rettar de som grunneigar har i høve til erverv av grunn til etablering av gangveg.

I kommuneplanens arealdel, som vart godkjent av kommunestyret i desember 2004, er det lagt opp til at det skal etablerast gang- og sykkelveg på båe sider av fylkesveg 654.

Dette vart lagt til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan for Hjelmseth 3. Statens vegvesen sette i samband med reguleringsplanarbeidet for Hjelmeseth 3 fram krav om at det må etablerast samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.

På reguleringsplankartet er det lagt inn gang- og sykkelveg langs heile fylkesvegen, jf. arealdelen og kravet frå Statens vegvesen.

Det er i reguleringsføresegnene til planen, lagt inn rekkjefølgjebestemmelsar som krev at gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen og avkøyrsle mot Verket (inkludert fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen) skal vere utbygt før bustadane innanfor for område BK3 og BB kan takast i bruk.

ei båtlengd føre

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no




Utsnitt av godkjend reguleringsplan for Hjelmeseth 3.

Med bakgrunn i ovannemnde, vil de ikkje kunne pårekne at klagen dykkar vert teken til følgje. Herøy kommune oppmodar dykk med dette om å trekkje klagen.

Det er pr i dag ikkje utarbeidd detaljerte teikningar for bygging av gang- og sykkelveg forbi eigedommen dykkar. Det vil bli gjort i samband med realisering av prosjektet. Kommunen kan såleis ikkje kome med meir konkret høgde og utforming av gang- og sykkelvegen no.

Jamfør § 15-2 i plan- og bygningslova, kan de som grunneigar kreve at det vert gjennomført ekspropriasjon straks for areal som er regulert til offentleg trafikkområde i godkjend reguleringsplan. Krav om innløysing må vere sett fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort godkjent.

Det vert også vist til § 15-3 i plan- og bygningslova, som omhandlar erstatning for tap ved reguleringsplan. Krav om erstatning må vere sett fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort godkjent.

I utgangspunktet er det Statens vegvesen som har ansvar for bygging av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.

Ettersom denne strekninga ikkje er gitt prioritet hos vegvesenet, vil truleg ei eventuell etablering av gang- og sykkelveg på strekninga skje gjennom eit samarbeid mellom utbyggar av bustader og kommunen/vegvesenet. Kommunen vil i den samanheng ta kontakt med den enkelte grunneigar for å forhandle om kjøp av grunn. Dersom ein ikkje kjem til semje, kan kommunestyret foreta ekspropriasjon for å gjennomføre reguleringsplanen.

Som nemnt ovanfor oppmodar Herøy kommune dykk om å trekkje klagen. Ta gjerne kontakt med sakshandsamar om de har behov for ytterlegare informasjon.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar
*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer*

Berit Sandvik Skeide
Sakshandsamar

**HERØY KOMMUNE**
Utviklingsavdelinga

Tømrer Prosjekt AS

Røysbakken 5
6100 VOLDA

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| 2012/53 | L12 | | UTV / BSS | 11.04.2013 |

# REGULERINGSPLAN FOR HJELMESET 3 TILBAKEMELDING MERKNAD

Viser til dykkar brev, datert 4.4.2013, der de klagar på godkjend reguleringsplan for Hjelmeset 3.

I kommuneplanens arealdel, som vart godkjent av kommunestyret i desember 2004, er det lagt opp til at det skal etablerast gang- og sykkelveg på båe sider av fylkesveg 654.

Dette vart lagt til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan for Hjelmseth 3. Statens vegvesen sette i samband med reguleringsplanarbeidet for Hjelmeseth 3 fram krav om at det må etablerast samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen før bustadane innanfor område BK3 og BB kan takast i bruk.

Med bakgrunn i ovannemnde, er det lagt inn gang- og sykkelveg langs heile fylkesvegen og det er lagt inn rekkjefølgjebestemmelsar som krev at gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen og avkøyrsle mot Verket (inkludert fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen) skal vere utbygt før bustadane innanfor for område BK3 og BB kan takast i bruk.

Plan- og bygningslova sin paragraf 12-7, punkt 10, fastset at det kan gjevast rekkjefølgjebestemmelsar knytt til samtidig ferdigstilling av m.a. gang- og sykkelvegar. Etter kommunen si vurdering er rekkjefølgjekravet heilt i tråd med intensjonen i PBL § 12-7, punkt 10.


Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

De hevdar at kravet i reguleringsføresegnene sin § 10 – 2 ikkje er i tråd med uttalelsar og ny strategi frå regjeringa, for styrke viktigheita av bustadbygging, samt avgrense «unødvendige krav» og motsegn frå offentlege mynde.

Bård Vegard Solhjell sende i februar i år brev til fylkesmennene og fylkeskommunane, der han informerer om at regjeringa har gått inn for at det skal gjennomførast forsøk i to til tre fylke med statleg samordning av innsigelsar (motsegner) til kommunale arealplanar. Etter det Herøy kommune kjenner til er skisserte forsøk ikkje sett i gong.

Det er korrekt oppfatta at det er uvisst når ein kan få bygd gangvegen i si heile lengde, slik at rekkjefølgjekravet vert oppfylt. Statens vegvesen krev at det skal byggjast gang- og sykkelveg langs heile strekninga. Det er eit krav ein må forhalde seg.

Med bakgrunn i ovannemnde, kan de ikkje pårekne at klagen dykkar vert teken til følgje. Herøy kommune oppmodar dykk om å trekkje klagen mot reguleringsplan for Hjelmeset 3.

Frist for å gje tilbakemelding om de trekkjer klagen er satt til 2 mai 2013.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jarl Martin Møller | Berit Sandvik Skeide |
| Avdelingsleiar | Sakshandsamar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer*

---

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 2. mai 2013 08:37
**Til:** Arkiv; Jarl Martin Møller
**Emne:** FW: RP Hjelmeset 3

Helsing

**HERØY KOMMUNE**
Postmottak

*7008 1300*

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** Slillero [mailto:slillero@tussa.com]
**Sendt:** 1. mai 2013 23:08
**Til:** postmottak
**Emne:** RP Hjelmeset 3

Herøy Kommune
Planavd
6099 Fosnavåg

Tjørvåg 01.05.2013

Reguleringsplan for Hjelmeset 3
Viser til dykkar brev datert 11.4.2013
Tilbaketrekking av klage vert ikkje vurdert før detaljert plantegning ligg føre.
MH
Halldis og Svein Lillerovde

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2012/53 Saksbeh. BSS
-3 MAI 2013
Ark.kode P 212
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr 38
Kassasjon

02.05.2013

**Merknad til reguleringsplan Hjelmeset 3**

Klagar: Tømrer Prosjekt AS eigar av tomt BB

Det vises til kommunens brev 11.04.2013
Vi velger herved å trekke vår klage på reguleringsplanen.

Volda, 02.05.2013
Tømrer Prosjekt as

Henning Heltne
Byggmeister

**Berit Sandvik Skeide**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | postmottak |
| **Sendt:** | 13. mai 2013 10:13 |
| **Til:** | Arkiv |
| **Kopi:** | Jarl Martin Møller; Berit Sandvik Skeide |
| **Emne:** | FW: Klage reguleringsplan Hjelmeseth 3 |

Helsing

**HERØY KOMMUNE**
Postmottak

*7008 1300*

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** Anne Marte Berge [mailto:amb@marinteknikk.no]
**Sendt:** 13. mai 2013 09:47
**Til:** postmottak
**Kopi:** hallgeir.espeseth@gmail.com; fredrik555@msn.com; moltu82@gmail.com
**Emne:** Klage reguleringsplan Hjelmeseth 3

Sameie fra Nedre Hjelmeseth 2 vil ikke trekke sin klage sendt 02.04.2013 til Herøy kommune;
Området A1 til Hjelmeseth 3 er for liten til å opprettholde parkeringsplassen, forsvarlig ut/inn kjøring av garasje og gjennomkjøring til nye boligområdet Hjelmeseth 3.

Best Regards


**MARIN TEKNIKK AS**

**ANNE-MARTE BERGE**
// NAVAL ARCHITECT, STRUCTURE & OUTFITTING

Phone: +47 70 08 34 34
Mobile: +47 95 22 61 37
Mail: amb@marinteknikk.no
Web: www.marinteknikk.no

// Marin Teknikk AS // Dragsund, NO-6080 Gurskøy // Norway // +47 70 08 34 00

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | HR | Arkivsaknr: | 2012/755 |
| | | Arkiv: | Q12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 136/13 | Formannskapet | 20.08.2013 |
| 100/13 | Kommunestyret | 29.08.2013 |

**REGULERINGSPLAN FOR FOR FV 654/NY INNFARTSVEG TIL FOSNAVÅG, ALT. 2. KLAGE PÅ KOMMUNESTYRET SI GODKJENNING I K-SAK 49/13.**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013**

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Norsk Ornitologisk Forening, datert 28.05.2013, inneheld nye moment eller nye faktaopplysnigar i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplanen for FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg vart vedteken i møte den 25.04.2013.

Med tilvising til ein omfattande og grundig planprosess med tilhøyrande konsekvensutgreiing, til Direktoratet for naturforvaltning si nyleg vedtekne grenseendring for Myklebustvatnet naturreservat samt til detaljtilpasningar i plan og føresegner som i siste del av planfasen har vore gjennomført i nært samarbeid med Fylkesmannen, meinar kommunestyret heilt klart at prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 har vore ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Kommunestyret kan med basis i desse vurderingane heller ikkje sjå at det er grunnlag for å gi klagen oppsettande verknad.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 49/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.

**Tilråding:**
**Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Norsk Ornitologisk Forening, datert 28.05.2013, inneheld nye moment eller nye faktaopplysnigar i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplanen for FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg vart vedteken i møte den 25.04.2013.**

**Med tilvising til ein omfattande og grundig planprosess med tilhøyrande konsekvensutgreiing, til Direktoratet for naturforvaltning si nyleg vedtekne grenseendring for Myklebustvatnet naturreservat samt til detaljtilpasningar i plan og føresegner som i siste del av planfasen har vore gjennomført i nært samarbeid med Fylkesmannen, meinar kommunestyret heilt klart at prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 har vore ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Kommunestyret kan med basis i desse vurderingane heller ikkje sjå at det er grunnlag for å gi klagen oppsettande verknad.**

**Klagen vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 49/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.**

Særutskrift:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Norsk Ornitologisk Forening, Sandgata 30B, 7012 Trondheim

**Vedlegg:**
**Kopi av protokoll og saksutgreiing K-sak 49/13.**
**Reguleringsføresegner FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg alt. 2, sist revidert 14.03.2013, og vedtekne i K-sak 49/13.**
**Planomtale FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg alt. 2, sist revidert 18.03.2013.**
**Kopi av brev frå Direktoratet for naturforvaltning til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (vedtak om grenseendring Myklebustvatnet naturreservat), datert 22.04.2013.**
**Klage m/vedlegg frå Norsk Ornitologisk Forening, datert 28.05.2013.**

**Som utrykt vedlegg:**
**Reguleringsplan for FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg alt. 2, vedteken i K-sak 49/13.**

**Saksopplysningar:**

## BAKGRUNN

Herøy kommunestyre godkjende i møte den 25.04.2013 detajreguleringsplan for FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg (K-sak 49/13) gjennom følgjande vedtak:

***Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova (1985) § 27-2.1, reguleringsplan for ny innfartsveg/FV 654 til Fosnavåg, alternativ 2, med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist endra 14.03.2013.***

***Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.***

Det har kome inn klage på plangodkjenninga frå Norsk Ornitologisk Forening (NOF) med brev av 28.05.2013. Klagen frå NOF skal på vanleg måte behandlast av formannskap og kommunestyre før oversending til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

## OM PLANPROSESSEN

Arbeidet med reguleringsplan for ny innfartsveg til Fosnavåg vart starta opp i 2006. Opprinneleg planforslag var basert på 2 alternativ, alt. 1 med veg på nordsida av Myklebustvatnet og alt. 2 med hovudsakleg bruk av eksisterande FV 654. Frå planlagt rundkøyring ved Herøy vidaregåande skule og via tunnell til sentrum var begge alternativa like. Som ein del av planprosessen vart det også gjennomført ei konsekvensutgreiing.

Reguleringsplanen har vore utlagt til offentleg ettersyn 2 gonger, første gong vinteren 2008 og der etter hausten 2009. Trass i motsegn frå Fylkesmannen vedtok kommunestyret reguleringsplanen etter alt. 1 i møte den 25.03.2010 (K-sak 42/10). Med brev av 21.01.2011 vedtok Miljøverndepartementet å ta motsegna frå Fylkesmannen til følgje, noko som innebar at reguleringsplanen etter alt. 1 ikkje vart stadfesta. Kommunestyret vedtok der etter i møte den 24.02.2011 (K-sak 18/11) å ta Miljøverndepartementet si avgjerd til vitande og vidareføringa av planarbeidet vart etter dette å basere på alt. 2.

Eit justert planforslag vart sendt på avgrensa høyring til aktuelle regionale høyringsinstansar samt til grunneigarar/naboar som vart berørt av justeringane med brev av 17.07.2012. Uttalefrist for den avgrensa høyringa vart sett til 31.08.2012.

Både Fylkesmannen og Fylkeskommunen har under heile prosessen kome med motsegn til planen, noko som også vart gjenteke i den siste avgrensa høyringa. Frå Fylkesmannen si side galdt dette konflikt med Myklebustvatnet naturreservat og for Fylkeskommunen konflikt med 3 automatisk freda kulturminne.

Parallelt med siste fase av planbehandlinga vart det gjennomført ein eigen prosess med endring av grensene for Myklebustvatnet naturreservat og Direktoratet for naturforvaltning (DNF) vedtok den 22.04.2013 endringar i verneforskrifta for naturreservatet. Det kan for øvrig nemnast at Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forurensningsdirektoratet vart samanslått til Miljødirektoratet frå 01.07.2013, men i denne saka nyttar ein likevel det tidlegare namnet på direktoratet. Dette med tilvising til at all korrespondanse (vedlegg) er knytta til tida før 01.07.2013 der det gamle namnet naturleg nok vart nytta.

Planforslaget, slik det var framlagt til sluttbehandlinga, var justert og tilpassa dei nye reservatgrensene. Fylkesmannen trekte på dette grunnlag motsegna slik at reguleringsplanen kunne eigengodkjennast.

Når det galdt dei automatisk freda kulturminna så vedtok Riksantikvaren å gi dispensasjon frå fredinga på nærare fastlagde vilkår. Nemnde vilkår vart tekne inn i reguleringsføresegnene til planen. Fylkeskommunen klargjorde på dette grunnlag, med brev av 16.04.2013, at dei ikkje lenger hadde merknader til planen og at den såleis kunne eigengodkjennast.

Kommunestyret godkjende reguleringsplanen i møte den 25.04.2013 (K-sak 49/13) og planvedtaket vart på vanleg måte annonsert med høve til å klage innan 28.05.2013.

Som nemnt innleiingsvis kom det inn klage frå NOF med brev av 28.05.2013. I tillegg til dette kom det dessutan innspel og/eller merknader frå Henrik Emhjellen (gnr. 37 bnr. 122), Ivan Myklebusthaug (gnr. 37 bnr. 387) og Sameiget Solberg Terrasse (gnr. 34 bnr. 131). Dei 3 innspela/merknadane er ikkje vurdert som klager og dei har for øvrig fått utfyllande svar på dei spørsmål dei stilte i høve plangodkjenninga. Ein har etter dette ikkje fått noko tilbakemelding der det vert signalisert usemje med denne vurderinga. Klagebehandlinga vert såleis avgrensa til klagen frå NOF.

## KLAGEN FRÅ NORSK ORNITOLOGISK FORENING, DATERT 28.05.2013

Vedlagt klagen følgjer:

- Myklebustvatnet – Verneverdi og forvaltningsmålsetjing, notat av Alv Ottar Folkestad, datert 22.04.2013.
- Kopi av høyringsbrev frå NOF avdeling Møre og Romsdal til Fylkesmannen, datert 23.02.2013, i tilknyting til framlegget om grenseendring for reservatet.
- Kopi av brev frå NOF til Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning, datert 24.04.2013, vedk. grenseendringa for reservatet.

Notatet frå Folkestad framstår som eit historisk tilbakeblikk med oppsummering av tidlegare dokumenterte verneverdiar i Myklebustvatnet. Dei 2 andre vedlegga er ikkje primært retta mot kommunen og gjeld i hovudsak den tidlegare prosessen med endringane i verneforskrifta og med det også grensene for Myklebustvatnet naturreservat. Denne prosessen har gått i regi av Fylkesmannen og endeleg vedtak er gjort av DNF. Frå kommunen si side ser ein ingen grunn til å kommentere dei faglege vurderingane og konklusjonane som er gjort av rette instansar i tilknyting til denne prosessen og klagebehandlinga vil såleis verte avgrensa til sjølve klagebrevet.

Klagen frå NOF har følgjande hovudkonklusjon:

***Vi vil med dette klage på nevnte vedtak under henvisning til Plan- og bygningslovens (pbl) § 12-12. Vi vil også særskildt vise til Naturmangfoldlovens (nml) §§ 8-12. Vår begrunnelse for klage er det vi med henvisning til ovenfor nevnte lover, betrakter som saksbehandlingsfeil som i sin tur har ført til vedtak på mangelfullt og sviktende grunnlag. Vi vil be om at vår klage får oppsettende virkning for iverksetting av tiltak etter planen.***

Klagen er nærare utdjupa og grunngjeven i 6 punkt. I punkt 1 vert det berre vist til at konsekvensane for naturverdiane i Myklebustvatnet har vore ein avgjerande premiss for val av vegtrasè og at endeleg val kom som ein følgje av motsegn frå miljøvernstyremaktene.

Under punkt 2 vert det vist til kva krav som skulle stillast til planprosessen vidare etter alt. 2. Det vert mellom anna peika på at DNF forutsette innhenting av meir kunnskap for detaljløysing av rundkøyring ved nordvestre hjørne av reservatet med sikte på å redusere konsekvensane og oppfylle krava i Naturmangfaldslova. Eit anna tema her går på metodar og tidsperiodar for gjennomføring av anleggsarbeidet slik at verneverdiane i reservatet vert minst mogleg skadelidande.

I punkt 3 vert det vist til Fylkesmannen si imøtegåing av ein av konklusjonane i konsekvensutgreiinga og vidare understreka at det har vore lenge kjendt at nordvestre del av reservatet hadde stor betydning for sky og sårbare artar. NOF etterlyser dette både i konsekvensutgreiinga og hos Fylkesmannen. Det vert elles på ny vist til at prinsippa i Naturmangfaldslova må ligge til grunn for utforming av løysingar for alt. 2 med rundkøyring i nordvestre hjørne av reservatet.

Punkt 4 omhandlar saksprotokoll og saksutgreiing i K-sak 49/13. NOF meinar at kommunen er for lettvint når det vert vist til Fylkesmannen sine avklaringar i grenseendringssaka og at dette ikkje kan vere i samsvar med dei presiseringar som vart gjort av overordna miljøvernstyresmakter tidlegare i planprosessen. Mangel på konkret gjennomgang basert på eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag, vert i tilsvarande saker og i følgje NOF, oppfatta som saksbehandlingsfeil.

I punkt 5 vert det på ny vist til DNF sine tidlegare innspel om tidsperiodar for anleggsarbeid og påpeikar at dette ikkje er følgd opp i dei godkjende reguleringsføresegnene. NOF meinar at også dette må oppfattast som ein saksbehandlingsfeil.

Også punkt 6 går mykje på presisering av kommunen sitt ansvar for å ta omsyn til naturmiljøet og verneverdiane gjennom tilpassing av anleggsarbeid til minst sårbare

periodar. NOF slår vidare fast at kommunen har lagt opp til full anleggsverksemd umiddelbart etter godkjenningsvedtaket og gjennom heile klagefristen og viser her til at det ved observasjonar ved Myklebustvatnet har påvist færre individ og redusert artsmangfald samanlikna med tidlegare år.

Som avslutning på klagen viser NOF til tidlegare uttalar i samband med grenseendringa i reservatet, som ligg ved klagen som vedlegg, og meinar at vurderingane og konklusjonane der også er høgst relevante for denne klage.

**Vurdering:**

Rådmannen vil innleiingsvis gi uttrykk for at dette framstår som ein noko underleg klage der store deler ber preg av ein omkamp om grenseendringssaka som vart vedteken av DNF i april i år. Mykje kritikk synest såleis å vere retta mot Fylkesmann og direktorat som hadde regien/gjorde vedtak i den saka. Frå kommunen si side har ein heile tida og i dialog med Fylkesmannen arbeidd med sikte på å finne løysingar som hadde minst mogleg skadeverknad for reservatet, men som samstundes innebar at ein fekk ein tilfredsstillande og etterlengta ny veg til sentrum.

Det er sjølvsagt heilt rett, slik det vert påpeika innleiingsvis i klagen (pkt. 1), at konsekvensane for naturverdiane i Myklebustvatnet har vore avgjerande for val av vertrasè. Fylkesmannen har heile tida vore klar på at vegløysinga må baserast på alt. 2 og det same har DNF og Miljøverndepartementet i deira behandling av Fylkesmannen si motsegn mot alt. 1. I brevet frå departementet av 21.01.2011 står det mellom anna: ***Miljøverndepartementet er samd i Fylkesmannen si vurdering av at alternativ 2 i rimeleg grad synest å løyse dei mest vesentlege trafikkutfordringane. Departementet rår kommunen til å arbeide vidare med ein reguleringsplan med utgangspunkt i alternativ 2. Utarbeiding av planen må skje i samarbeid med Fylkesmannen.*** Og det er nettopp dette kommunen har gjort etter at departementet konkluderte med å ikkje stadfeste planen for ny innfartsveg til Fosnavåg etter alt. 1.

Naturverdiane i Myklebustvatnet er kjende og godt dokumenterte (pkt. 2 og 3). Desse dokumenterte verdiane var naturleg nok også ein viktig del av faktagrunnlaget når konsekvensutgreiinga vart utarbeidd som ledd i planen i den første delen av planprosessen. At Fylkesmannen i brev av 13.03.2008 uttalar at konsekvensane for naturmiljøet etter alt. 2 bør justerast frå ubetydeleg/liten negativ konsekvens (konsekvensutgreiinga sin konklusjon) til middels/liten negativ konsekvens ser ikkje kommunen på som ein kritikk av faktagrunnlaget, men som ei anna vurdering av det tilgjengelege grunnlaget. I planprosessen som etter dette har pågått for alt. 2, har for øvrig den nemnde rundkøyringa ved Herøy vidaregåande skule vorte trekt så langt som mogleg frå vatnet i høve til kravde minimumsavstandar frå tunnellopninga. For å redusere inngrepa og skjerme aktiviteten i reservatet er dessutan vegfyllinga planlagt så bratt som mogleg (1:1,5) og det er lagt til rette for ein 1,5 meter høg natursteinsmur på utsida av gang-/sykkelvegen, jfr. reguleringsføresegnene § 5.3. Dette er tiltak som er gjennomført i nært samråd med Fylkesmannen, slik departementet har kravd.

Det er rett at vurderingane i høve til Naturmangfaldslova (pkt. 4) var relativt kortfatta i saksutgreiinga til K-sak 49/13. Dette hadde si naturlege forklaring i den omfattande prosessen med endring av grensene i naturreservatet som vart gjennomført i forkant av plangodkjenninga. I denne saka var grenseendringa som følgje av tilpassingar til

ny innfartsveg eit sentralt tema. Med tilgjengeleg faktagrunnlag og prosesstyring og godkjenning av rette formelle fagmynde (Fylkesmann og direktorat) må det vel frå kommunen si side vere grunnlag for å forutsette at omsynet til Naturmangfaldslova er ivareteke på ein tilfredsstillande og tilstrekkeleg måte.

Når det gjeld spørsmålet om innhald i plan og føresegner (pkt. 5) så vil ein frå kommunen si side berre understreke at ein har tilpassa seg Fylkesmannen sine krav og føringar gjennom planutforming/-avgrensing og reguleringsføresegner og at Fylkesmannen på dette grunnlag trekte motsegna mot planen.

Påstanden om at kommunen har iverksett anleggsarbeid på innfartsvegen (pkt. 6) er feil. Rett nok er det etablert eit massedeponi som delvis kjem inn på areal som kommunen har gjort avtale om å løyse inn til innfartsveg. Anlegget som pågår i området er imidlertid knytta til Campus Fosnavåg/nytt badeland og basert på reguleringsplanen for dette området.

Arkeologiske utgravingar i vegtrasèen er forventa gjennomført i løpet av oktober 2013 og der etter vil vegprosjektet verte førebudd oppstarta på normal måte med basis i detaljprosjektering og tilbodsrunde. Med tilpassingar til Myklebustvatnet naturreservat, eksisterande busetnad og tunnellinnslag mot sentrum har det ikkje vore så stort handlingsrom i denne saka. Når planen til slutt har funne si løysing innanfor desse strenge rammene og i nært samarbeid med Fylkesmannen, slik dette var forutsett/kravd, så kan det etter rådmannen sitt syn heller ikkje vere grunnlag for å gi klagen oppsettande verknad.

Når det gjeld vedlegga som NOF viser til avslutningsvis og som er retta mot den tidlegare gjennomførte grensejusteringsprosessen, ligg desse ved saka som trykte vedlegg. Som nemnt innleiingsvis meinar kommunen at desse har fått si grundige behandling i tilknyting til ovannemnde prosess og har utover det ingen ytterlegare kommentarar til denne delen av saka.

## Oppsummering/konklusjon

Rådmannen meinar heilt klart at tidlegare dokumenterte faktaopplysningar vedk. Myklebustvatnet naturreservat samt konsekvensutgreiinga som vart utarbeidd i den første delen av planfasen tilseier at det har vore eit tilfredsstillande kunnskaps-grunnlag som basis for dei vurderingar og avgjerder som er tekne i tilknyting til reguleringsplanen for ny innfartsveg til Fosnavåg. Det har såleis ikkje vore mangel på kunnskap om kvalitetane i reservatet og moglege skadeverknader ved tiltaket i den planprosessen som er gjennomført.

Rådmannen legg vidare til grunn at grenseendringsprosessen som vart gjennomført i regi av Fylkesmannen og med DNF som avgjerande mynde, og der grenseendring som følgje av innfartsvegen var eit sentralt tema, understrekar at omsynet til Naturmangfaldslova har vore tilfredsstillande ivareteke.

Kommunen har også følgt opp kravet frå Miljøverndepartementet om å utarbeide planen i samarbeid med Fylkesmannen og planløysinga har vorte tilpassa så langt dette var mogleg utan å gå på akkord med ein vegteknisk tilfredsstillande og trafikksikker veg. Gjennom ein 1,5 meters høg natursteinsmur som skjerm mot vatnet har også kommunen akseptert ekstrakostnader med sikte på å avgrense moglege uheldige konsekvensar av tiltaket.

Rådmannen meinar med tilvising til ovannemnde at prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 er ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Med basis i desse vurderingane er det etter rådmannen sitt syn heller ikkje grunnlag for å gi klagen oppsettande verknad.

Slik rådmannen vurderar klagen så inneheld den ikkje nye opplysningar og moment utover dei tema som har vore vurdert i tilknyting til tidlegare behandlingar av planen. Rådmannen konkluderer difor med å tilrå at klagen ikkje vert imøtekomen og at kommunestyret opprettheld sitt tidlegare vedtak i K-sak 49/13.

Fosnavåg, 15.07.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

# HERØY KOMMUNE
## Utviklingsavdelinga

# SAKSPROTOKOLL

| Sakshandsamar: | HR | Arkivsaknr:<br>Arkiv: | 2012/755<br>Q12 |
|---|---|---|---|

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 73/13 | Formannskapet | 16.04.2013 |
| 49/13 | Kommunestyret | 25.04.2013 |

**REGULERINGSPLAN FOR NY INNFARTSVEG/FV 654 TIL FOSNAVÅG - SLUTTBEHANDLING ETTER ALTERNATIV 2.**

**Tilråding:**
**Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova (1985) § 27-2.1, reguleringsplan for ny innfartsveg/FV 654 til Fosnavåg, alternativ 2, med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist endra 14.03.2013.**

**Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.**

Særutskrift:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Riksantikvaren – Direktoratet for kulturminneforvaltning, Pb. 8196 Dep., 0034 Oslo
Statens Vegvesen, Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
Advokatene Gjørtz & Co v/adv. Mette Loe, Postboks 837 Sentrum, 6001 Ålesund
Olav Arntsen, Postboks 229, 6099 Fosnavåg
Andor H. Leine, Mikkelhaugen 1, 6092 Fosnavåg
Olaug og Leifmar Andreassen, Vågsgata 25, 6090 Fosnavåg
Ivan Myklebusthaug, Myklebustvegen 11, 6091 Fosnavåg
Henrik Emhjellen, Elvenesvegen 64, 5223 Nesttun

**Møtebehandling:**

Ap, Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er part i saka. Ho fråtrer under behandling av habilitet.
Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav a.

Planleggar Hallvard Rusten frå utviklingsavdelinga orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 16.04.2013**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova (1985) § 27-2.1, reguleringsplan for ny innfartsveg/FV 654 til Fosnavåg, alternativ 2, med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist endra 14.03.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

**Møtebehandling:**

Ap, Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er part i saka. Ho fråtrer under behandling av habilitet.
Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav a.

Ap, Sofie M. Arntsen reiste habilitetsspørsmål då ho er part i saka. Ho fråtrer under behandling av habilitet.
Sofie M. Arntsen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav a.

Planleggar Hallvard Rusten frå utviklingsavdelinga orienterte.

Brev frå Direktoratet for Naturforvaltning til Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 22.04.13 vart delt ut i møte.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 4 røyster.

**Vedtak i Kommunestyret - 25.04.2013**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova (1985) § 27-2.1, reguleringsplan for ny innfartsveg/FV 654 til Fosnavåg, alternativ 2, med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist endra 14.03.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

**Vedlegg:**
1 **FV 654 - Ny innfartsveg til Fosnavåg - vertikalnivå 2**
2 **FV 654 - Ny innfartsveg til Fosnavåg - vertikalnivå 1**
3 **Reguleringsføresegner FV 654 - Ny innfartsveg til Fosnavåg, sist rev. 14.03.2013**
4 **FV 654 Innfartsveg Fosnavåg - planomtale, sist rev. 18.03.2013**
5 **Uttalar/merknader frå høyringsorgan og privatpersonar**

**Uttalane/merknadane frå høyringsorgan og privatpersonar omfattar følgjande:**

- Kopi av brev/uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 03.10.2012, og kopi av brev frå Fylkesmannen til Direktoratet for naturforvaltning, datert 05.12.2012.
- Kopi av brev/uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 30.08.2012, kopi av dispensasjonssøknad til Riksantikvaren, datert 31.08.2012, og kopi av brev frå Fylkeskommunen av 17.10.2012.
- Kopi av brev/uttalar frå Riksantikvaren, datert 09.10.2012 og 17.10.2012.
- Kopi av uttale frå Statens vegvesen, datert 31.08.2012.
- Kopi av brev/merknad frå adv. Mette Loe på vegne av Mildrid Knutsen, datert 21.08.2012.
- Kopi av brev/merknad frå Olav Arntsen, datert 15.08.2012.
- Kopi av brev/merknad frå Andor H. Leine, datert 22.08.2012.
- Kopi av brev/merknad frå Olaug og Leifmar Andreassen, datert 24.08.2012.
- Kopi av brev/E-post frå Ivan Myklebusthaug, datert 26.08.2012.
- Kopi av brev/merknad frå Henrik Emhjellen, datert 29.08.2012.

**Saksopplysningar:**

**BAKGRUNN FOR SAKA**

Arbeidet med reguleringsplanen for ny innfartsveg til Fosnavåg vart starta opp i 2006. Planarbeidet var i utgangspunktet basert på følgjande 2 alternativ:

- Alternativ 1 med ny veg frå rundkøyringa på Hjelmeset, langs nordsida av Myklebustvatnet og i tunnell til Fosnavåg via rundkøyring ved Herøy vidaregåande skule.
- Alternativ 2 med bruk av eksisterande FV 654 forbi Myklebust og med nedkøyring mot same rundkøyring og tunnell som vist til i alternativ 1.

Som ein del av planarbeidet vart det også gjennomført ei konsekvensutgreiing. Reguleringsplanen har vore utlagt til offentleg ettersyn 2 gonger, seinast hausten 2009. Fylkesmannen har gjennom heile prosessen gått i mot og kome med motsegn til alternativ 1 med tilvising til inngrepa i Myklebustvatnet naturreservat. Kommunestyret vedtok likevel reguleringsplanen etter alternativ 1 i møte den 25.03.2010 (K-sak 42/10), noko som innebar at endeleg avgjerd måtte takast av Miljøverndepartementet.

Med brev av 21.01.2011 vedtok Miljøverndepartementet å ta motsegna frå Fylkesmannen (dåverande Møre og Romsdal einskapsfylke) til følgje, noko som

innebar at reguleringsplanen etter alternativ 1 ikkje vart stadfesta. Saka vart etter dette behandla av kommunestyret i møte den 24.02.2011 (K-sak 18/11) der Miljøverndepartementet si avgjerd vart teken til vitande og elles bede om at planarbeidet vart vidareført med utgangspunkt i alternativ 2.

Eit justert planforslag vart sendt på avgrensa høyring til aktuelle regionale høyringsinstansar samt til grunneigarar/naboar som vart berørt av justeringane med brev av 17.07.2012. Uttalefrist for den avgrensa høyringa vart sett til 31.08.2012. Fylkesmannen og Fylkeskommunen kom også no med motsegn til planen og det har i etterkant vore arbeidd med mindre justeringar av planen med sikte på at motsegnene kunne trekkjast. Etter tilråding frå Fylkeskommunen har no Riksantikvaren på visse vilkår gjeve dispensasjon frå den automatiske fredinga av 3 påviste kulturminne. Tilsvarande har Fylkesmannen klargjort at han vil trekkje si motsegn straks Direktoratet for naturforvaltning godkjenner dei justerte grensene for Myklebustvatnet naturreservatet. Reguleringsplanen basert på alternativ 2 er etter dette klar for politisk sluttbehandling.

## PLANEN OG PLANPROSESSEN ETTER MILJØVERNDEPARTEMENTET SI AVGJERD AV 21.01.2011

Vedtaket som vart oversendt frå Miljøverndepartementet med brev av 21.01.2011 hadde følgjande ordlyd:

***I medhald av § 27-2 i plan-og bygningslova av 14. juni 1985 finn Miljøverndepartementet ikkje å kunne stadfeste reguleringsplan for riksveg (no fylkesveg) til Fosnavåg i Herøy kommune med alternativ 1. Motsegna frå Møre og Romsdal einskapsfylke er dermed teken til følgje.***

Kommunestyret sitt vedtak i den påfølgjande behandlinga i K-sak 18/11 lydde som følgjer:

***Kommunestyret tek til vitande Miljøverndepartementet sitt vedtak om ikkje å stadfeste reguleringsplan for ny innfartsveg til Fosnavåg etter alternativ 1, slik dette går fram i brev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 21.01.2011.***

***Kommunestyret ber om at planarbeidet for innfartsvegen vert vidareført med utgangspunkt i aternativ 2.***

Med basis i ovannemnde vedtak har det så vore arbeidd vidare med plansaka. Det har i denne samanheng også vore halde ei rekkje møte med impliserte offentlege partar for å avklare ulike detaljar i tilknyting til planutforminga. Følgjande føringar har mellom anna vore lagt til grunn for dette arbeidet:

- Fylkesmannen sine signal om å stille seg positiv til å godkjenne reguleringsplanen etter alternativ 2 og til å ta initiativ overfor Direktoratet for Naturforvaltning med sikte på å få gjennomført den formelle justeringa av grensene for Myklebustvatnet naturreservat.
- Fylkeskommunen sine signal om å stille seg positiv til å tilrå ein dispensasjon frå Kulturminnelova med sikte på å frigi dei automatisk freda kulturminna.

Det må også nemnast at det parallelt med innfartsvegplanen har vore arbeidd med ein reguleringsplan for Campus Fosnavåg. Denne planen, som no er godkjend, legg

opp til ei vesentleg utvikling av badeland innanfor kulturhus-/idrettsaktivitetsområdet på Bergsøy.

Eitt sentralt tema har i denne samanheng vore å få klargjort for bruk av dei betydelege overskotsmassene i Campus-området til bygging av første del av innfartsvegen frå FV 654 og ned til rundkøyringa før tunnellinnslaget. Eit anna viktig moment har vore å sikre ein alternativ tilkomst til Campus-området for å ta unna den forventa trafikkveksten til/frå området.

Med ei slik etappevis utbygging, der fullføringa av innfartsvegen (hovudtunnell mot parken og sidetunnell mot Fosnavåg hamn) vil kome i ein seinare fase, har Statens Vegvesen kravd at tilknytinga mot eksisterande FV 654 i første omgang må baserast på eit kryss og ikkje som direkteføring slik tidlegare plan viste.

Den justerte planen som låg til grunn i samband med den avgrensa høyringa, hadde elles følgjande endringar i høve til tidlegare forslag:

- Starten på innfartsvegen i den sørlege delen av planområdet tek utgangspunkt i kryss med dagens FV 654.
- Rundkøyringane på begge sider av hovudtunnellen er utvida noko etter krav frå vegvesenet.
- Det var forutsett voll på søraustsida av veg/gangveg mellom FV 654 og rundkøyringa som skjerm mot reservatområdet.
- Vegen frå tunnellinnslaget ved Fosnavåg hamn og til tilknytinga med Gerhard Voldnes veg er justert litt sørover.
- Tilkomsten til parkeringsplassen i den nordlege delen av planområdet er retta opp og det er foreteke ei mindre justering av gangsambandet frå parkeringsplassen mot sentrum.

I tillegg til dette var også lineføringa på hovudtunnellen justert noko og rundkøyringa i fjellet var utvida. Dei sistnemnde justeringane har imidlertid ingen konsekvens for tiltak «i dagen».

I den avgrensa høyringa vart aktuelle regionale høyringsinstansar invitert til å uttale seg saman med samtlege grunneigarar og naboar som kunne verte berørt av dei ovannemnde justeringane. Det er motteke uttale frå følgjande offentlege høyringsinstansar:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Riksantikvaren
- Statens vegvesen.

I tillegg til dette er det motteke merknad/innspel frå privatpersonar eller frå advokat på vegne av privatpersonar slik dette følgjer nedanfor:

- Adv. Mette Loe på vegne av Mildrid Knutsen
- Olav Arntsen
- Andor H. Leine
- Olaug og Leifmar Andreassen
- Ivan Myklebusthaug
- Henrik Emhjellen

I det som no følgjer vil dei ulike uttalane/merknadane verte kommentert i den rekkefølgje dei er oppsett ovanfor.

**Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Fylkesmannen har kome med uttale med brev av 03.10.2012. Hovudkonklusjonen i denne uttalen er at planforslaget legg opp til altfor store fyllingar innanfor Myklebustvatnet naturreservat. Det må etter Fylkesmannen sitt syn finnast meir arealeffektive løysingar gjennom kombinasjon med mur i staden for rein fylling. Inntil slike endringar er nærare vurdert presiserte Fylkesmannen at dei framleis har motsegn til planen.

Det vert elles peika på at det må leggast inn føresegner som regulerar bruken av gatelys slik at lysstrålen vert vendt bort frå naturreservatet. Eksempel på dette kan i følgje Fylkesmannen vere at ein nyttar låge lysportar eller lys som vert innebygt i støyskjermen.

Etter dette utarbeidde Asplan Viak AS ulike alternative løysingar for avgrensing av fyllingsarealet og som vart oversendt Fylkesmannen saman med ulike andre etterspurte og klargjerande opplysningar.

Fylkesmannen har ei tid arbeidd med eit framlegg til grenseendringar for Myklebustvatnet naturreservat. Dette omfattar både den delen av reservatområdet som ligg innanfor planlagt ny innfartsveg og ein del mindre justeringar på øvrige deler av området. I brev til Direktoratet for naturforvaltning av 05.12.2012 tilrådde Fylkesmannen at ei løysing basert på vegskråning med helning 1:1,5, mur som skjerm mot reservatområdet på toppen av skråninga og ei eiga sone langs foten av fyllinga for bruk under anleggsarbeidet.

Forslaget til grenseendringar i naturreservatet har vore utlagt til offentleg ettersyn med høyringsfrist 22.02.2013. Ei tilråding om endra grenser er no oversendt direktoratet til endeleg avgjerd. I E-post den 06.03.2013 uttalar Fylkesmannen at motsegna til planen vil verte trekt straks direktoratet har fatta vedtak i grenseendringssaka.

**Kommentarar/vurderingar:** I planforslaget som no vert framlagt for sluttbehandling, har ein tilpassa seg krava frå Fylkesmannen og planområdet ligg såleis utanfor den foreslåtte justerte reservatgrensa. Når det gjeld anleggsbeltet langs foten av vegfyllinga er det i reguleringsføresegnene presisert at dette skal tilstellast, tilplantast med stadeigen vegetasjon og inngå som ein naturleg del av det tilstøytande arealet (reservatområdet) etter at anleggsarbeidet er avslutta. Det er i føresegnene vidare klargjort at det på utsida av gang-/sykkelvegen langs ny FV 654 (mot vatnet) skal førast opp ein natursteinsmur med ei høgde på 1,5 meter over vegbanenivået som skjerming mot Myklebustvatnet naturreservat og at belysninga av anlegget skal utførast slik at lysstrålen vender bort frå reservatet.

Med tilvising til ovannemnde legg ein frå kommunen si side til grunn at synspunkta til Fylkesmannen no er tekne omsyn til i planen og at motsegna vil verte trekt straks det ligg føre ei endeleg formell avklaring frå Direktoratet for naturforvaltning.

**Uttalar frå Møre og Romsdal Fylkeskommune/Riksantikvaren**

Med brev av 30.08.2012 opplyste Fylkeskommunen at utsendt plan var i konflikt med 3 automatisk freda kulturminne og at planen difor måtte behandlast som ei dispensasjonssak etter kulturminnelova. Inntil slik dispensasjon evt. låg føre ville Fylkeskommunen oppretthalde motsegna til planen.

Fylkeskommunen sende søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8.4 til Riksantikvaren med brev av 31.08.2012. I brevet/søknaden vart det konkludert med at det av omsyn til området sin topografi, eksisterande utbygt areal og naturvernsona kring Myklebustvatnet ville vere umogleg å løyse konfliktene gjennom ei justering eller flytting av vegtrasèen. Fylkeskommunen tilrådde difor at det vart gjeve dispensasjon frå kulturminnelova for dei 3 lokalitetane.

I brev frå Riksantikvaren til Fylkeskommunen av 09.10.2012 vart dispensasjon innvilga som omsøkt. Eit vilkår for dispensasjonen var at reguleringsføresegnene måtte innehalde ei formulering om at arkeologiske utgravingar skulle vere gjennomført før utbygging av nye veg- og trafikkanlegg innanfor planområdet. Riksantikvaren viste elles til kulturminnelova § 10 om at utgiftene knytta til utgravingane skal dekkast av tiltakshavar, ei utgraving som for øvrig var kalkulert å koste inntil 20 mill. kr.

Etter dette tok ordføraren kontakt med Riksantikvaren og orienterte nærare om rekkefølgja på utbygginga av dei ulike delane av innfartsvegprosjektet. Det vart i denne samanheng klargjort at 2 av funnlokalitetane låg innanfor den vegstrekninga som no var aktuell for utbygging medan det innanfor området for den tredje lokaliteten ikkje ville vere aktuelt med utbygging i denne omgang. I eit nytt brev frå Riksantikvaren av 17.10.2012 vart dei kravde formuleringane i føresegnene moderert i tråd med dette.

Med brev av 17.10.2012 oversende så Fylkeskommunen den endelege stadfestinga på at motsegna kunne trekkast og planen godkjennast under føresetnad av at følgjande formuleringar vart tekne inn i reguleringsføresegnene:

***Før utbygging av ny innfartsveg frå eksisterande FV 654 til rundkøyring før tunnellinnslag og vidare samanknyting med Campus Fosnavåg skal det gjennomførast arkeologiske undersøkjingar av dei automatisk freda kulturminna id 109889 og 109890 på gnr. 37 bnr. 5 i planområdet.***

***Før utbygging av nye veg- og trafikkanlegg mellom Gerhard Voldnes veg/Nørvågvegen og tunnellinnslag skal det gjennomførast arkeologiske undersøkjingar av det automatisk freda kulturminnet id 109891 på gnr. 34 i planområdet.***

***Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal Fylkeskommune i god tid før tiltaka skal gjennomførast slik at omfanget av dei arkeologiske utgravingane for kvart av delområda kan fastsetjast.***

Det vert dessutan kravd at område med automatisk freda kulturminne skal visast som bestemmelsesområde (føresegnområde) på plankartet og med ei utstrekning lik avmerkinga i Askeladden.

**Kommentarar/vurderingar:** I forkant av innsendinga av dispensasjonssøknaden hadde Fylkeskommunen jamnleg kontakt med kommunen for å få på plass naudsynt dokumentasjon som skulle følgje søknaden. Som nemnt ovanfor inneber no den kravde formuleringa i reguleringsføresegnene at utgravinga ved Fosnavåg hamn kan vente til det er aktuelt å realisere denne delen av prosjektet. Dette er det største og klart mest omfattande funnområdet. For dei 2 andre og mindre funnområda, som ligg innanfor den vegstrekninga det no er aktuelt å bygge ut, må utgraving gjennomførast som ledd i realiseringa av denne delen av prosjektet.

Dei kravde formuleringane er no tekne inn i reguleringsføresegnene og funnområda er avmerka i plankartet i tråd med kravet frå Fylkeskommunen/Riksantikvaren. Med desse justeringane skulle forholdet til Fylkeskommunen vere avklara og planen kan eigengodkjennast også med omsyn til Fylkeskommunen sine ansvarsområde.

**Uttale frå Statens Vegvesen**

Statens vegvesen uttalar innleiingsvis at dei i all hovudsak sluttar seg til planutforminga i det utsende planutkastet med tilvising til at høyringa i denne omgang gjeld arealbruken i «dagen». I det vidare planarbeidet forutset imidlertid vegvesenet at følgjande detaljar vert nærare vurdert og avklara:

- Reguleringsføremål – føremålsfargar – på areal som ligg innanfor tunnelltraseèen.
- Regulering av FV 654 Skarabakken med sikte på gjennomføring av mellombelse utbetringstiltak.
- Byggegrense langs Skarabakken.
- Frisiktsoner privat veg på toppen av Skarabakken.
- Behov for anleggsbelte, massedeponi, riggplass m.m. i samband med gjennomføringa av regulert arealbruk.
- Basiskart – oppdatering i høve til faktiske forhold.

Når det elles gjeld arealbruken innanfor tunnelltraseèen så meinar vegvesenet at det må avklarast kva restriksjonar og krav som må setjast i høve bruken på grunnen over planlagt tunnelløysing. Avslutningsvis presiserar vegvesenet at dei forutset at både plankartet og føresegnene vert meir gjennomarbeidd og avklara.

**Kommentarar/vurderingar:** Frå kommunen si side vil ein innleiingsvis understreke at planprosjektet ***Ny innfartsveg til Fosnavåg*** har vore arbeidd med som eit fellesprosjekt mellom Statens Vegvesen og Herøy kommune og med 2 representantar frå kvart organ i ei plan-/prosjektgruppe. Det primære var her dei nye vegane og tunnellane, men det var naturleg nok viktig å få med eksisterande vegnett og mellomliggande arealbruk for å illustrere samanhengen i dei ulike delane av planen.

Når det gjeld dagens veg, Skarabakken, har det aldri vore noko forutsetning om at ein gjennom denne planen skal legge grunnlaget for nye tiltak. Her har det i hovudsak vore meir tale om å vise dagens situasjon utan å gå for sterkt inn i detaljar som kunne føre til forseinkingar av planprosessen i høve til det primære formålet. Dette har såleis heller ikkje vore tema i uttalane frå vegvesenet i tilknyting til tidlegare offentlege ettersyn/høyringar. Kommunen har som målsetjing å legge grunnlaget for mellombelse utbetringstiltak i Skarabakken (jfr. K-sak 51/12) gjennom eit sjølvstendig prosjekt i samarbeid med Statens Vegvesen.

Den no justerte planen inneheld for øvrig reguleringsformål m.v. for dei areala som ligg innanfor tunnelltraseèen slik vegvesenet etterlyser. Plankartet/basiskartet er også oppdatert i høve til faktiske forhold og tilsvarande er naudsynte frisiktsoner på plass.

Når det gjeld byggegrenser for eksisterande offentleg vegnett (inkl. FV 654) er det, med eit par unntak, klargjort gjennom reguleringsføresegnene at desse skal behandlast i samsvar med reglane i veglova. Unntaka gjeld området avsett til kombinert formål bustad/forretning der byggegrensa mot FV 654 vil vere identisk med formålsgrensa mellom byggeområda og henholdsvis fortau og annan veggrunn og mot Igesundvegen av planområdegrensa. For vegen mellom tunnellinnslag og Gerhard Voldnes veg går byggegrensa delvis i planområdegrensa og delvis i formålsgrensa mellom annan veggrunn og byggeområda. Dette er også nærare klargjort i reguleringsføresegnene. Byggegrensa mot bustadområde B3 for ny veg mellom FV 654 og rundkøyringa vil vere 25 meter frå midtline veg, noko som er godt innanfor indre fyllingsfot for den relativt høge jord-/støyvollen.

For planlagt ny veg frå FV 654 mot rundkøyring og vidareføring mot tunnell og Campus Fosnavåg er det sett av areal til eit anleggsbelte utanfor planlagt fyllingsfot mot Myklebustvatnet. Planen inneheld for øvrig eit friluftsareal med status som føresegnområde som i ein anleggsfase er forutsett å kunne nyttast til mellom anna riggplass og midlertidig massedeponi.

Utover dette set naturleg nok eit nærsentrumstiltak som dette med tilleggsutfordringar som følgje av nærleiken til Myklebustvatnet klare avgrensingar for kva som er mogleg å få til tett inntil anlegget. Første fase av utbygginga er imidlertid forutsett kombinert/samordna med utbygginga på Campus-området og vil såleis få felles riggplass med dette området.

Når det gjeld områda over tunnelltraseèen så er også desse vist som føresegnområde og det er klargjort i reguleringsføresegnene at det her ikkje kan iverksetjast bygge- eller anleggstiltak av noko slag utan naudsynt avklaring/godkjenning frå kommunen og/eller frå Statens Vegvesen.

**Adv. Mette Loe på vegne av Mildrid Knutsen**

Mildrid Knutsen er eigar av gnr. 34 bnr. 335, ein bustadeigedom som er lokalisert like sør for tunnellinnslaget frå Fosnavåg hamn/Gerhard Voldnes veg. I merknaden framført av adv. Loe vert det lagt til grunn at alternativ 2 inneber at vegen kjem nærare busetnaden enn for alternativ 1 og det vert vidare forutsett at det må kunne ligge føre meir egna trasèval som betre skjermar eksisterande busetnad mot auka trafikk med tilhøyrande ulemper.

Med tilvising til ei vegføring tett inntil bustadhuset legg adv. Loe vidare til grunn at det vil måtte verte naudsynt med innløysing av areal frå gnr. 34 bnr. 335 og at tiltaket vil innebere ein verdireduksjon for eigedomen. På vegne av grunneigaren etterlyser advokaten ei klargjering av nemnde verdireduksjon som vert påført eigedomen som følgje av trasèvalet og korleis dette er tenkt erstatta.

Avslutningsvis vert det påpeika som viktig for grunneigaren at det vert framlagt tilfredsstillande planar for skjermings-/dempingstiltak i forhold til støy, støv og andre miljømessige ulemper som er forventa påført som følgje av den nye innfartsvegen.

**Kommentarar/vurderingar:** Innleiingsvis vil ein understreke at det er ingen skilnad på alternativ 1 og alternativ 2 for innfartsvegen i denne delen av planområdet. Samanlikna med planforslaget som tidlegare låg ute til offentleg ettersyn er det heller inga endring i lineføringa på vegen i det den passerar bustadhuset på gnr. 34 bnr. bnr. 335. Endringa skjer på siste del av strekninga fram mot kryss med Gerhard Voldnes veg der vegen er trekt noko mot sør.

Realiseringa av denne delen av planen ligg nok ein del fram i tid og ein er såleis primært oppteken av å finne løysingar for dei nærområda som planen får konsekvensar for samtidig som ein sikrar den framtidige realiseringa av prosjektet. Det ligg imidlertid ikkje til planvurderingane å ta stilling til evt. innløysing av grunn eller vurderingar omkring evt. verdireduksjon på eigedomar. Dette er tema som må takast opp og vurderast i tilknyting til seinare grunnforhandlingar evt. skjønn.

Når det gjeld skjermingstiltak mot støy, støv m.v. så er det i reguleringsføresegnene til planen nedfelt at det skal byggast mur eller kombinasjon mur/skjerm frå tunnellportalen og forbi gnr. 34 bnr. 335. Det er i føresegnene vidare presisert at fram til planen skal iverksetjast og meir detaljerte tekniske avklaringar er gjennomført for denne delen av planområdet, skal det vere høve til å foreta vanleg vedlikehald og naudsynte oppgradingar på bustadhuset på eigedomen. Den einaste avgrensinga ligg i at det ikkje vil vere høve til å føre opp tilbygg som reduserar avstanden til planlagt tunnelltrasè.

Frå kommunen si side legg ein såleis til grunn at ein gjennom plan og føresegner har avgrensa påreknelege ulemper for eigedomen så langt dette er mogleg og at eigaren av bustadhuset er sikra rimeleg handlefridom i påvente av den framtidige realiseringa av vegprosjektet.

**Olav Arntsen**

Olav Arntsen er eigar av gnr. 34 bnr. 130, 155 og 458 i Fosnavåg og eigedomane er lokalisert vest for den planlagde rundkøyringa i parken. Sjølve bustadhuset står på gnr. 34 bnr. 130. I merknaden viser for øvrig Arntsen til at bnr. 155 vert vesentleg redusert av ein gang- og sykkelveg utan skjerming mot hagen. Han etterlyser også spørsmål om støyvoll, om gang- og sykkelvegen skal gå under den forlenga Igesundvegen og om kva som i tilfelle vert nivået på køyrevegen framfor deira eigedom.

På vestsida av eigedomen viser Arntsen til planlagt parkeringsplass som går heilt i hans grense. Her krev han skjerming eller buffersone. Med erfaring frå eksisterande parkeringsplass i nærområdet, der avstanden til hagegjerdet er ca. 4 meter, meinar Arntsen at det absolutt er behov for skjerming/buffer. Han viser til at det trass i denne avstanden har oppstått brøyteskade på hagegjerdet.

Arntsen understrekar at han krev erstatning for dei delane av eigedomen som vert brukt til veggrunn samt erstatning for forringa buforhold og verdireduksjon på eigedomen. Han viser også avslutningsvis til at han tidlegare ikkje har motteke noko dokument i tilknyting til tidlegare høyringar om saka.

**Kommentarar/vurderingar:** For å starte med det siste så kan det opplysast at denne reguleringsplanen er behandla etter tidlegare plan- og bygningslov. Når det gjeld reguleringsplanarbeid heiter det der at grunneigarar og rettigheitshavarar bør, så vidt mogleg, varslast, men dette er ikkje tale om noko nabovarsling som for eit

bygge-/anleggsprosjekt. Det er svært mange som direkte og/eller indirekte ville verte berørt av det aktuelle vegprosjektet, avhengig av kva løysingar som vart vald. Planprosjektet har difor vore varsla på lovleg måte gjennom annonsering i media og informasjon på kommunen si nettside. I denne siste fasen med avgrensa høyring har ein derimot varsla direkte dei grunneigarane som får auka/endra inngrep i sine eigedomar eller der det har skjedd endringar i nærområda til eigedomane som følgje av dei siste planjusteringane.

Til den no konkrete saka kan det opplysast at det ikkje er lagt opp til nye eller utvida inngrep i eigedomen til Arntsen samanlikna med tidlegare plan. Det planlagde inngrepet skjer no som tidlegare på den sørlege delen av gnr. 34 bnr. 458 og i nordaustleg hjørne av gnr. 34 bnr. 155. Som følgje av utvidinga av rundkøyringa har imidlertid gang-/sykkelvegen kome noko nærare eigedomsgrensa til gnr. 34 bnr. 130 på strekninga fram mot kryssinga av den planlagt vidareførte vegen mot Igesund. Det er derimot rett at den austlege delen av parkeringsplassen no går i grensa til Arntsen medan det her var ein buffer på 3 meter i tidlegare plan. Dette er retta opp i planen som no vert lagt fram for sluttbehandling.

Ein vil dessutan også gi Arntsen medhald i behovet for skjerming/buffer mot hagen langs gang-/sykkelvegstrekninga. På deler av den aktuelle strekninga er no denne vegen flytta litt bort frå grensa mot gnr. 34 bnr. 155. Eit mindre inngrep i hjørnet av sistnemnde eigedom vert imidlertid ikkje mogleg å unngå av omsyn til vegføringane med tilhøyrande støyvoll/mur. I reguleringsføresegnene er det vidare presisert at det på sør- og austsida av eigedomen til Arntsen (mot gang-/sykkelvegen) skal etablerast skjermingstiltak i ei høgde på inntil 1,8 meter over vegbanenivået.

I planen er det for øvrig lagt opp til at vegen nordover frå rundkøyringa skal tilknytast Rådhusgata og rundkøyringa vert liggande på om lag same nivå som denne gata. Gang-/sykkelvegkryssinga på vestsida av rundkøyringa går i plan og ikkje som undergang. Det er såleis ikkje tale om noko nemneverdig oppfylling av terrenget som følgje av vegen. Frå tunnellinnslaget og fram til rundkøyringa er det for øvrig forutsett ein voll evt. i kombinasjon med skjerm/mur på 3,3 meter over vegbanenivået på begge sider av vegen som skjerming mot tilstøytande busetnad.

Dei øvrige momenta som Arntsen tek opp, går på erstatningar for inngrep, verdireduksjon på eigedomen m.v. Dette er tema som ikkje kan løysast gjennom planen, men må takast opp og vurderast i tilknyting til seinare grunnforhandlingar evt. skjønn.

**Andor H. Leine**

Andor Leine er eigar av gnr. 37 bnr. 50, som ligg på austsida av FV 654, rett før den planlagde nedkøyringa mot rundkøyringa ved Herøy vidaregåande skule og Campus-området. Innleiingsvis viser Leine til at når vegen langs nordsida av Myklebustvatnet (alternativ 1) ikkje vert realisert så vil han få auka ulemper som følgje av auka trafikk. Dette ser han på som ein verdireduksjon for eigedomen, noko han vil ha kompensert. Han forventar også at kommunen syter for nausynt skjerming mot støy og innsyn som følgje av ny innfartsveg.

Mellom bustadhuset og eksisterande gang-/sykkelveg forbi eigedomen ligg tomtearealet på eit vesentleg lavare nivå enn tilstøytande veg. Leine ønskjer at dette arealet vert oppfylt til eit høveleg nivå. Alternativt, dersom storparten av hagen/eigedomen vert bandlagt til vegareal, ønskjer han forhandlingar med sikte på innløysing av eigedomen.

**Kommentarar/vurderingar:** Regulert vegareal (annan veggrunn) på vestre del av tomta til Leine er noko redusert samanlikna med tidlegare plan. Med no framlagde løysing vil imidlertid eksisterande gang-/sykkelveg forbi eigedomen gå som før utan behov for ytterlegare fysiske inngrep. På nordsida er det forutsett eit utvida inngrep som følgje av kryssløysinga frå FV 654. Dette området er imidlertid delvis skjerma frå bustadhuset av ein markert haug. Å fylle opp det lave partiet av hagen hans, slik han ønskjer, kan greitt kombinerast med anleggsarbeidet på vegen og har ingen negative konsekvensar for planen, men dette bør løysast i tilknyting til grunnforhandlingar/evt. skjønn.

Det vil for øvrig ikkje verte nokon auka trafikk forbi gnr. 37 bnr. 50 som følgje av gjennomføringa av planen når ein då ser bort frå den vanlege auken som følgje av ei naturleg trafikkutvikling. Einaste endringa vert at trafikken vil fordele seg noko mellom eksisterande og ny veg, men det er etter at eigedomen er passert. Å samanlikne framtidig trafikk med den reduksjon som kunne forventast ved ein evt. veg langs nordsida av Myklebustvatnet vert etter kommunen sitt syn eit galt utgangspunkt for vurdering av evt. auka trafikkulemper.

I tillegg til den ovannemnde reduksjonen i regulert trafikkareal på Leine sin eigedom forutset den no framlagde planen at det skal etablerast skjerming i form av ein 1,5 meter høg natursteinsmur på utsida av gang-/sykkelvegen. Denne vil strekke seg så lagt opp mot krysset med dagens FV 654 som mogleg utan å kome i konflikt med frisiktsona i krysset.

**Olaug og Leifmar Andreassen**

Olaug og Leifmar Andreassen er eigarar av gnr. 34 bnr. 201 og 383, ein eigedom som er lokalisert delvis over og delvis like nord for tunnellinnslaget mot Fosnavåg hamn. Dei viser til at det tidlegare har vore klarlagt at garasjen på eigedomen måtte rivast. Då planen sist var ute til offentleg ettersyn viser dei vidare til tilbakemelding om at garasjen vil kunne setjast opp på same stad som før etter at anleggsarbeidet er ferdig. Dei krev no eit skriftleg svar på korleis dette er tenkt ordna.

I merknaden forutset dei elles at avstanden mellom hus og køyrebane vert uendra. Dette representerar den einaste parkeringsplassen for bilar ved huset deira som i dag inneheld 3 bueiningar. Dei viser til at det er god plass til veg og fortau på motsatt side av vegen. Både hus, parkeringsplass og garasje er i følgje Andreassen oppsett etter vegvesenet sine reglar og krav.

**Kommentarar/vurderingar:** Med tilvising til kommentarane til uttalen frå vegvesenet har det aldri vore noko forutsetning om at ein gjennom denne planen skal legge grunnlaget for nye tiltak på eksisterande FV 654. Her har det i hovudsak vore meir tale om å vise dagens situasjon utan å gå for sterkt inn i detaljar som kunne føre til forseinkingar av planprosessen i høve til det primære formålet. I føresegnene til planen er det mellom anna presisert at «før iverksetjing av utbetringstiltak på dagens FV 654 må det gjerast særskilde vurderingar og evt. naudsynte planjusteringar med omsyn til breiddeutvidingar på køyreveg og tilstøytande fortau, kryssingspunkt for gåande m.v.» I medhald av denne planen vil det såleis ikkje verte iverksett tiltak som reduserar dagens avstand mellom køyrebana og huset til Andreassen.

I arbeidet med reguleringsplanen har det heile tida vore lagt til grunn at garasjen må fjernast som følgje av arbeidet med tunnellinnslaget. Dette må sjølvsagt erstattast i ei eller anna form og ein ser ikkje bygging av ny garasje som noko stort problem

etter at tunnellportalen har kome på plass. Noko nærare detaljering av korleis dette skal utførast er imidlertid vanskeleg å fastslå i dag. Dette må avklarast i tilknyting til seinare grunnforhandlingar og førebuast i tilknyting til detaljprosjekteringa av denne delen av anlegget.

Med tilvising til at realiseringa av denne delen av planen ligg ein del fram i tid kan det for øvrig nemnast at ein har vore oppteken av å finne løysingar for dei nærområda som planen får konsekvensar for samtidig som ein sikrar den framtidige realiseringa av prosjektet. Det er såleis i føresegnene presisert at i perioden fram til planen skal iverksetjast og meir detaljerte tekniske avklaringar er gjennomført for denne delen av planområdet, skal det vere høve til å foreta vanleg vedlikehald og naudsynte oppgradingar på bustadhuset på gnr. 34 bnr. 383. Den einaste avgrensinga ligg i at det ikkje vil vere høve til å føre opp tilbygg som reduserar avstanden til planlagt tunnelltrasè. Denne presiseringa er gjort med bakgrunn i at deler av bustadhuset ligg innanfor område regulert til annan veggrunn.

**Ivan Myklebusthaug**

Ivan Myklebusthaug er eigar av gnr. 37 bnr. 387. Eigedomen, som er lokalisert på nordsida av vegen ned mot rundkøyringa, ligg innanfor reguleringsplanområdet, men vert ikkje berørt av konkrete anleggstiltak ved gjennomføringa av prosjektet. I den oversende E-posten/merknaden stiller Myklebusthaug spørsmål om når nabovarsel for tiltaket vert utsendt, om det vil verte halde noko informasjonsmøte om planen og om det foreligg noko kartlegging av eksponeringa av svevestøv som følgje av den nye vegen.

**Kommentarar/vurderingar:** Dette er i hovudsak same spørsmåla som Myklebusthaug stilte då planen låg ute til offentleg ettersyn hausten 2009. Myklebusthaug vil vere nabo til det aktuelle veganlegget med ein avstand på om lag 34 meter frå senterline planlagt veg til næraste hjørne på bustadhuset. Langs nordsida av vegen er det imidlertid i planen forutsett ein 4,4 meter høg (over vegbanenivå) jord-/støyvoll som aukar til 6,2 meter når vegen nærmar seg rundkøyringa.

Nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova vil verte utsendt i forkant av at sjølve anleggsarbeidet skal oppstartast. I denne omgang gjeld imidlertid saka ei avgrensa høyring for planen der varselet har gått til dei grunneigarane som får auka/endra inngrep i sine eigedomar eller der det har skjedd endringar i nærområda til eigedomane som følgje av dei siste planjusteringane.

Då planen låg ute til første gongs offentleg ettersyn vinteren 2008 vart det samstundes halde eit ope informasjonsmøte om planen. Planforslaget inneheld den gong dei same elementa som no forbi eigedomen til Myklebusthaug.

I tilknyting til planarbeidet har det også vore gjennomført ei konsekvensutgreiing. Basert på dei støyutrekningane som der var gjennomført vil støynivået på Myklebusthaug sin eigedom ligge innafor det akseptable for uteområde. Når det gjeld svevestøv, som Myklebusthaug spør spesielt om, så var konklusjonen at Folkehelsa sine grenseverdiar for dette kunne verte overskridne langs eksisterande veg (altså noverande FV 654, som ligg vest for gnr. 37 bnr. 387) dersom ny utbygging ikkje vart gjennomført og ved tunnellmunningane ved utbygging av ny veg.

Med tilvising til ovannemnde er det ikkje foreslått endringar i planen som følgje av merknaden frå Ivan Myklebusthaug.

**Henrik Emhjellen**
Henrik Emhjellen er saman med Sigmund og Kjellmar Emhjellen eigar av gnr. 37 bnr. 122. Eigedomen, som er lokalisert sør for planlagt avkøyring frå FV 654, grensar inntil reguleringsplanområdet og vert såleis ikkje berørt av konkrete anleggstiltak ved gjennomføringa av prosjektet. Innspelet/merknaden frå Emhjellen er av meir generell karakter. Han er oppteken av at det vert minst mogleg støy og evt. andre ulemper som følgje av veganlegget og viser elles til ein muntleg avtale med eigar av gnr. 37 bnr. 5 om utfylling i skråninga nord for eigedomen.

**Kommentarar/vurderingar:** Frå kommunen si side kan ein ikkje sjå at det er grunnlag for særskilde kommentarar til innspelet frå Emhjellen. Bakgrunnen for at Emhjellen no er varsla i samband med den avgrensa høyringa for planen er at slikt varsel har gått til dei grunneigarane som får auka/endra inngrep i sine eigedomar eller der det har skjedd endringar i nærområda til eigedomane som følgje av dei siste planjusteringane.

Når det gjeld evt. utfylling av skråninga nord for eigedomen så vil deler av det aktuelle området (inntil gnr. 37 bnr. 122) verte oppfylt som følgje av vegskråninga. Forklaringa på nemninga «annan veggrunn», som Emhjellen etterlyser, er såleis i dette tilfellet vegskråninga utanfor køyreveg og gang-/sykkelveg.

Med tanke på vern mot støy m.v. kan for øvrig opplysast at det, samanlikna med utsendt planforslag, no er lagt opp til ein 1,5 meter høg natursteinsmur på utsida av gang-/sykkelvegen (mot vatnet) i staden for voll. Det er elles ikkje foreslått endringar i planen som følgje av merknaden frå Henrik Emhjellen.

## AVSLUTTANDE KONKLUSJON/OPPSUMMERING

I den planen som no vert lagt fram for sluttbehandling er det ikkje gjort prinsipielle eller andre vesentlege endringar samanlikna med den planen som vart utsendt på avgrensa høyring i juli 2012. Endringane/justeringane kan oppsummerast som følgjer:

- Plangrensa i sør er tilpassa justert reservatgrense mot Myklebustvatnet og det er i reguleringsføresegnene innarbeidd forutsetningar om skjerming og belysning i tråd med krava frå Fylkesmannen.
- Plankartet er påført område for automatisk freda kulturminne og det er innteke formuleringar/rekkefølgjekrav i reguleringsføresegnene i tråd med krav frå Fylkeskommunen/Riksantikvaren.
- Langs fyllingsfoten for ny FV 654 er det lagt inn anleggsbelte og sikra framtidig bruk av dette arealet som vilkår knytta til eit føresegnområde.
- Bruken av areala over tunnelltraseèn med tilhøyrande sikringssone samt for friluftsområde ved rundkøyringa i sør er sikra gjennom formuleringar knytta til føresegnområde.
- Det er gjort mindre endringar når det gjeld parkeringsplass og gang-/sykkelveg i den nordlege delen av planområdet for betre å ivareta omsyna til eigedomane 34/130, 155 og 458.
- Det er foreteke ei mindre justering av plangrensa heilt sør i planområdet som tek betre omsyn til eigedomen 37/50.

- Reguleringsføresegnene er klargjort med omsyn til krav til høgder og utforming når det gjeld dei ulike skjermingstiltaka i planen og når det gjeld byggegrenser for offentlege vegar «i dagen».

I tillegg til dette er det berre foreteke ein del mindre klargjeringar i føresegnene og med tilhøyrande tilpassingar mellom plankart og føresegner. Reguleringsplanen er elles framstilt i 2 plan, eitt for areala «i dagen» og eitt for tunnellareala.

**Konsekvensar for støy:**
Med utgangspunkt i dei støyvurderingane som har vore gjennomført som del av planprosessen og med tilvising til dei støyskjermingstiltaka som no ligg inne i plan og føresegner legg ein frå kommunen si side til grunn at støyproblematikken er ivareteken på ein tilfredsstillande måte for alle i nærområda til dei nye tiltaka som følgjer av planen.

**Konsekvensar for naturmangfaldet:**
Med tilvising til dei avklaringane som har vore gjennomført overfor Fylkesmannen (jfr. også brev frå Fylkesmannen til Direktoratet for naturforvaltning av 05.12.2012) legg ein vidare til grunn at dei ulike tiltaka som følgjer av planen ikkje vil vere i strid med naturmangfaldslova.

**Konsekvensar for folkehelsa:**
Planen legg grunnlaget for ein betre og sikrare tilkomst til eit utvida kulturhus-/idrettsaktivitetsområde og badeland og vil såleis både direkte og indirekte verke positivt for folkehelsa.

**Konsekvensar for beredskap:**
Full utbygging i samsvar med planen vil ha stor betydning for beredskapen i Fosnavåg sentrum og for Nerlandsøya. Dette med tilvising til at planen legg til rette for alternativ vegføring (tunnell) til/frå sentrum.

**Konsekvensar for drift:**
Hovudelementa i dei nye tiltaka som skal gjennomførast etter planen, er fylkesvegar. Utan at det heilt konkret er fastslått korleis dei ulike elementa i planen skal finansierast er det såleis vanskeleg å ha noko klare standpunkt om moglege driftskonsekvensar.

Rådmannen tilrår med dette at Reguleringsplan for ny FV 654 Innfartsveg til Fosnavåg med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist endra 14.03.2013, vert godkjendt i medhald av plan- og bygningslova (1985) § 27-2.1.

Fosnavåg, 02.04.2013

Erlend Krumsvik Jarl Martin Møller

Saksbehandlar: Hallvard Rusten

# HERØY KOMMUNE

## REGULERINGSPLAN FOR FV 654 – NY INNFARTSVEG TIL FOSNAVÅG

## REGULERINGSFØRESEGNER

### § 1 PLANOMRÅDE
Desse reguleringsføresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet.

### § 2 REGULERINGSFORMÅL, OMSYNSSONER OG FØRESEGNOMRÅDE

#### 2.1 Reguleringsformål
Planen er i medhald av Plan- og bygningslova § 12-5 delt inn i følgjande arealformål:

1. **Bygningar og anlegg:**
   - Bustader - frittliggjande småhus (B1-B10)
   - Kontor/forretning (K)
   - Undervisning (Skule)
   - Religionsutøving (kyrkje/bedehus)
   - Bustad/forretning (BF)

2. **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:**
   - Køyreveg (V)
   - Fortau
   - Gang-/sykkelveg (GS)
   - Annan veggrunn – tekniske anlegg (AVT)
   - Kollektivhaldeplass (busslomme)
   - Parkering (PP)

3. **Grøntstruktur:**
   - Park (P)

5. **Landbruks-, natur-, friluftsområde og reindrift:**
   - Friluftsområde (FRI 1-FRI 4)

#### 2.2 Omsynssoner
Innanfor planområdet er det i medhald av Plan- og bygningslova § 12-6 vist følgjande omsynssoner:

- Omsynssone/faresone høgspenningsanlegg (H 370)
- Omsynssone/sikringssone frisikt (H 140)

#### 2.3 Føresegnområde
Innanfor planområdet er det i medhald av Plan- og bygningslova § 12-7 vist følgjande føresegnområde:

- Føresegnområde anleggsbelte (RpBO_1)
- Føresegnområde tunnelltrasè (RpBO10_1 – RpBO10_5)
- Føresegnområde kulturminne RpBO-ID109889, ID109890 og ID109891)
- Føresegnområde anleggs- og riggområde (RpBO_2)

## § 3 FELLESFØRESEGNER

### 3.1 Generelt
Etter at reguleringsplanen med føresegner er godkjend og stadfesta, kan det ikkje gjerast private avtalar som er i strid med planen og/eller føresegnene.

### 3.2 Krav til byggesøknad
Ved oppføring av nye bygningar og/eller påbygg/tilbygg skal det i samband med byggesøknad ligge føre teikningar som m.a. viser høgde på bygget/bygga og tilpassing til eksisterande bygg i same område.

Forøvrig gjeld plan- og bygningslova § 29-4 om bygningen si plassering, høgde og avstand frå nabogrense. Interne og private vegar inngår i formålet.

### 3.3 Byggegrenser
Byggegrense mot ny FV 654 er vist på plankartet. For området avsett til kombinert formål bustad/forretning er byggegrensa mot FV 654 identisk med formålsgrensa mellom byggeområde og fortau og mot Igesundvegen med planområdegrensa.

For ny veg mellom tunnellinnslag og Gerhard Voldnes veg er byggegrensa på deler av strekninga identisk med planområdegrensa og elles med formålsgrensa mellom annan veggrunn og byggeområda. For øvrige eksisterande offentlege vegar, der byggegrenser ikkje er vist, gjeld reglane i Veglova.

### 3.4 Utnyttingsgrad
Utnyttingsgrad er påført plankartet. Tillaten utnytting er oppgitt som utbygt areal i prosent av tomtearealet, BYA. Utbygt areal er definert i NS 3940.

### 3.5 Gesims- og byggehøgder
For gesims- og byggehøgder gjeld reglane i plan- og bygningslova § 29-4. Måling av gesimshøgde er definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova.

### 3.6 Parkering
I kombinerte område med bustader skal parkerings-/biloppstillingsplassar etablerast i samsvar med dei kommunale parkeringsvedtektene.

## § 4 BYGNINGAR OG ANLEGG

### 4.1 Bustader - frittliggande småhus (B1-B10)
Maksimal utnyttingsgrad pr. tomt er BYA = 40%. I område B1 kan naudsynt areal til bustadføremål nyttast til etablering av støyvoll.

Bruken av B6 må sjåast i samanheng med arealbruken i tilstøytande areal. Området inngår forøvrig i føresegnområde for kulturminne, RpBO10-ID109891, og kan ikkje takast i bruk før det er gjennomført arkeologiske undersøkjingar av det automatisk freda kulturminnet, jfr. rekkefølgjekrava i § 10.

### 4.2 Kontor - forretning (K)
Bruken av området må sjåast i samanheng med arealbruken i tilstøytande areal. Området inngår forøvrig i føresegnområde for kulturminne, RpBO10-ID109891, og kan ikkje takast i bruk før det er gjennomført arkeologiske undersøkjingar av det automatisk freda kulturminnet, jfr. rekkefølgjekrava i § 10.

### 4.3 Undervisning (skule)
Parkering og evt. interne vegar inngår i formålet.
Maksimal utnyttingsgrad er BYA = 65%.

### 4.4 Religionsutøving (kyrkje)
Parkering og evt. interne vegar inngår i formålet.
Maksimal utnyttingsgrad er BYA = 65%.

### 4.5 Religionsutøving (bedehus)
Parkering og evt. interne vegar inngår i formålet.
Maksimal utnyttingsgrad er BYA = 65%.
Bustadområdet B8 vest for bedehuset skal ha tilkomst over området.

### 4.6 Bustad/forretning
Området gjeld eksisterande område med bustad og forretning.
Maksimal utnyttingsgrad pr tomt er BYA = 60%.

## § 5 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
Formålet omfattar også areal som naturleg høyrer til vegen eller trafikkområdet, som grøft, støyvollar og -skjermar, skjering og fylling. Slike areal skal opparbeidast og ferdigstillast på ein god estetisk måte samtidig med veganlegget.

### 5.1 Køyreveg (V)
For eksisterande FV 654 viser planen dagens situasjon og har elles som hovudformål å vise samanhengen mellom eksisterande og ny veg og samanhengen i arealbruken mellom vegane.

Før iverksetjing av utbetringstiltak på dagens FV 654 må det gjerast særskilde vurderingar og evt. naudsynte planjusteringar med omsyn til breiddeutvidingar på køyreveg og tilstøytande fortau, kryssingspunkt for gåande m.v.

Belysninga på ny FV 654 mellom eksisterande FV 654 og rundkøyringa skal etablerast slik at lysstrålen vender bort frå naturreservatet.

### 5.2 Gang- og sykkelveg (GS)
Det er høve til å bruke gang- og sykkelvegar som tilkomst til eigedomar der anna tilkomst ikkje eksisterer. Det vil likevel ikkje vere høve til å nytte gang-/sykkelvegane til parkering.

Langs nord- og vestsida av gangvegen frå parkeringsplassen ved Djupedalen skal det etablerast skjermingstiltak mot eigedomane 34/130 og 34/155 i ei høgde på inntil 1,8 meter over vegbanenivået.

### 5.3 Annan veggrunn – tekniske anlegg (AVT)
Innanfor område for "Annan veggrunn – tekniske anlegg" kan det i naudsynt utstrekning byggjast støyvollar og andre skjermingstiltak. Langs nordvestsida av ny FV 654 frå eksisterande FV 654 og til rundkøyringa skal det byggast jordvoll med ei høgde på 4,4 meter over vegbanenivået og vidare herifrå mot tunnellinnslaget skal høgda aukast til 6,2 meter.

På søraustsida av gang-/sykkelveg langs ny FV 654 skal det førast opp natursteinsmur med ei høgde på 1,5 meter over vegbanenivået som skjerming mot Myklebustvatnet naturreservat.

Frå tunnellinnslaget og fram mot rundkøyringa før sentrum skal det byggast jordvoll evt. i kombinasjon med skjerm/mur på begge side av vegen med ei høgde på 3,3 meter over vegbanenivået.

Frå tunnellinnslaget mot hamna skal det byggast mur eller kombinasjon mur/skjerm frå tunnellportalen og i tilstrekkeleg lengde (for skjerming av tilstøytande busetnad) i retning kryss med Gerhard Voldnes veg.

2 bustadhus (gnr. 34 bnr. 335 og gnr. 34 bnr. 383) ligg delvis innanfor reguleringsformål annan veggrunn ved tunnellinnslag mot hamna. Fram til planen skal iverksetjast og meir detaljerte tekniske avklaringar er gjennomført for denne delen av planområdet vil det vere høve til å foreta vanleg vedlikehald og naudsynte oppgraderingar på dei aktuelle bustadhusa. Det vil imidlertid ikkje vere høve til å føre opp tilbygg som reduserar avstanden til planlagt tunnelltrasè.

### 5.4 Parkeringsplass (PP)

Plassen skal nyttast til offentleg parkering.

## § 6 OFFENTLEGE FRIOMRÅDE

### 6.1 Park (P)

Dette gjeld den attverande delen av dagens park. Området skal opparbeidast og tilplantast og som før nyttast til leik og rekreasjon.

## § 7 LANDBRUKS-, NATUR-, FRILUFTSOMRÅDE OG REINDRIFT

### 7.1 Friluftsområde (FRI 1-FRI 4)

Det er ikkje høve til bygging og/eller deling av grunneigedom i friluftsområde. Det kan ikkje etablerast leike- eller ballplass. Det er ikkje høve til oppfylling av terreng eller uttak av masse. Etablering av turstiar/-løyper kan vurderast i kvart enkelt område.

For FRI 1 gjeld særskilde vilkår om bruk i anleggsperioden for del av ny FV 654, jfr. § 9.4, føresegnområde anleggs- og riggområde

## § 8 OMSYNSSONER

### 8.1 Omsynssone/faresone høgspenningsanlegg (H 370)

Innanfor omsynssone høgspentanlegg kan det ikkje iverksetjast bygge- eller anleggstiltak av noko slag utan godkjenning frå eigar av høgspentanlegget.

### 8.2 Omsynssone/sikringssone frisikt (H 140)

Frisiktsoner er vist på plankartet. I frisiktsoner skal det ikkje vere sikthindrande vegetasjon eller andre innretningar høgare enn 0,5 m over terrenget. Oppstamma enkelttre kan aksepterast.

## § 9 FØRESEGNOMRÅDE

### 9.1 Føresegnområde anleggsbelte

Dette gjeld deler av område avsett til «annan veggrunn – tekniske anlegg» i tilknyting til ny FV 654 vest for Myklebustvatnet og er merka RpBO_1 på plankartet. Området kan nyttast som transport- og arbeidssone i tilknyting til anleggsarbeidet på ny FV 654. Etter avslutta anleggsarbeid skal området tilstellast, tilplantast med stadeigen vegetasjon og inngå som ein naturleg del av det tilstøytande arealet.

### 9.2 Føresegnområde tunnelltrasè

Dette gjeld områda over tunnelltrasèane med naudsynte sikringssoner, på plankartet merka som RpBO10_1, RpBO10_2, RpBO10_3, RpBO10_4 og RpBO10_5. Innanfor desse områda kan det ikkje iverksetjast bygge- eller anleggstiltak av noko slag utan naudsynt avklaring/godkjenning frå kommunen og/eller Statens Vegvesen.

### 9.3 Føresegnområde kulturminne

Dette gjeld område med funn av automatisk freda kulturminne, på plankartet merka som RpBO-ID109889, RpBO-ID109890 og RpBO-ID109891. Tiltak innanfor desse områda skal berre skje med basis i rekkefølgjekrava i § 10.

### 9.4 Føresegnområde anleggs- og riggområde

Friluftsområdet merka FRI 1, også merka RpBO_2 på plankartet, kan nyttast til riggplass og midlertidig masselagring i samband med bygging/etablering av innfartsvegen (ny FV 654). Det kan ikkje nyttast til steinknusing eller anna støyande aktivitet som kan vere til ulempe for naboane. Etter avslutta anleggsperiode skal området tilstellast og tilbakeførast til det regulerte formålet.

## § 10 REKKEFØLGJEKRAV

Før utbygging av ny innfartsveg frå eksisterande FV 654 til rundkøyring før tunnellinnslag og vidare samanknyting med Campus Fosnavåg skal det gjennomførast arkeologiske undersøkjingar av dei automatisk freda kulturminna id 109889 og 109890 på gnr. 37 bnr. 5 i planområdet. På plankartet er desse merka **rpBO** med slike ID nr: rpBO-109889 og rpBO-109890.

Før utbygging av nye veg- og trafikkanlegg mellom Gerhard Voldnes veg/Nørvågvegen og tunnellinnslag skal det gjennomførast arkeologiske undersøkjingar av det automatisk freda kulturminnet id 109891 på gnr. 34 i planområdet. På plankartet er dette merka **rpBO** med slik ID nr: rpBO-109891.

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaka skal gjennomførast slik at omfanget av dei arkeologiske utgravingane for kvart av delområda kan fastsetjast.

**Reguleringsføresegnene er sist endra 14.03.2013 og**
**vedtekne av Herøy kommunestyre i møte den 25.04.13 (K-sak 49/13)**

**Fosnavåg, den 00.00.2013.**

**Arnulf Goksøyr**
**Ordførar**

HERØY KOMMUNE



Herøy Kommune

# FV 654 Innfartsveg Fosnavåg - planomtale

Rev.: 2013-03-18

Dato: 2012-10-12

# DOKUMENTINFORMASJON

| | |
|---|---|
| Oppdragsgiver: | Herøy Kommune |
| Rapporttittel: | FV 654 Innfartsveg Fosnavåg - planomtale |
| Utgave/dato: | Rev.: 2013-03-18 / 2012-10-12 |
| Arkivreferanse: | - |
| Lagringsnavn | rapport |
| Oppdrag: | 512654 – Rv 654 Herøy kommune - Innfartsveg Fosnavåg |
| Oppdragsbeskrivelse: | Utarbeiding av planprogram som grunnlag for Konsekvensutredning og reguleringsplan for ny innfartsveg til Fosnavåg. Problemstillingene omfatter støy, luftforurensing, naturmiljø, kulturmiljø, trafikksikkerhet og nytte/kostnadsvurderinger. |
| Oppdragsleder: | Alf Idar Småge |
| Fag: | Veg |
| Tema | Fjellanlegg; Forurensning; Natur og miljø; Støy / akkustikk; Trafikk / transport; Veganlegg; Sikkerhet; Kommuneplanlegging |
| Leveranse: | Detaljplan (PBL); Kart og presentasjon; Konsekvensutredning; Program / rammebetingelser; Rapport / utredning; Undersøkelse |
| Skrevet av: | Toril Nyland |
| Kvalitetskontroll: | Yngvild Meinseth |
| Asplan Viak AS | www.asplanviak.no |

# FORORD

Herøy kommune har i samarbeid med Statens vegvesen utarbeidd reguleringsplan for FV 654 på strekninga Hjelmeset - Fosnavåg. Formålet med planarbeidet har vore å legge til rette for ny innfartsveg til Fosnavåg sentrum.

Arbeidet med reguleringsplanen vart starta i januar 2006 og enda i ein reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing (KU). Fylkesmannen i Møre og Romsdal kom med motsegn mot det tilrådde alternativet, alternativ 1, på grunn av konflikt med Myklebustvatnet naturreservat. Miljøverndepartementet støtta Fylkesmannen i dette synet og det vidare arbeidet med basis i alternativ 1 vart etter dette avslutta.

Det planframlegget som no ligg føre er laga på grunnlag av det utgreiingsarbeidet som var gjort i 2006 og 2007 og som ei bearbeidd utgåve av alternativ 2.

Forslaget til reguleringsplan med konsekvensutgreiing var første gong utlagt til offentleg ettersyn i perioden januar-mars 2008. Eit justert planforslag vart seinare utlagt til 2. gongs offentleg ettersyn i perioden november-desember 2009. Som følgje av ytterlegare justeringar av planen og no med utgangspunkt i alternativ 2, vart forslaget sendt på ei avgrensa høyring til regionale styresmakter og berørte private partar i juli-august 2012.

Forslaget til reguleringsplan med konsekvensutgreiing er utarbeidd av Asplan Viak AS i samarbeid med Statens vegvesen og Herøy kommune. Under arbeidet med reguleringsplanen har ein hatt følgjande kontaktpersonar/saksansvarlege for oppdragsansvarleg og samarbeidspartar:

- Asplan Viak AS v/Alf Idar Småge, tlf 91378731, alfidar.smaage@asplanviak.no
- Statens vegvesen v/ Terje Lindstad, tlf 71274194 , terje.lindstad@vegvesen.no
- Herøy kommune v/ Hallvard Rusten, tlf 92400701, hallvard.rusten@heroy.kommune.no

Molde, 18.03.2013

Alf Idar Småge
Oppdragsansvarleg

Yngvild Meinseth
Kvalitetssikrar

## INNHHALD


1 Planområdet ..... 4

1.1 Eksisterande situasjon ..... 4

1.2 Tilhøvet til andre planar: ..... 5

2 Planprosessen ..... 7

2.1 Historikk ..... 7

2.2 Geologi ..... 9

2.3 Rundkøyring i tunnel ..... 9

2.4 Innkomne merknader ..... 9

3 Planframlegget ..... 10

3.1 Planavgrensing ..... 10

3.2 Gjennomføring av planen ..... 11

3.3 Reguleringsføremål ..... 15

3.4 Verknader av planen ..... 16

3.5 Risiko og sårbarheit ..... 26

4 Sluttkommentar ..... 29


Grunnlagsdokument for planomtalen har elles vore:

1. Reguleringskart.
2. KU-dokument datert november 2007.
3. Søknad om fravik for bygging av kryss i tunnel, datert 05.08.2011.
4. Søknad om fravik for bygging av kryss i tunnel, saksframlegg og vedtak. Sak Sa-5711 A
5. Geologirapport – utdrag. Rapport nr 2011058109-00, datert 29.07 2011.
6. Motsegn frå einskapsfylket, datert 13.03.2008.
7. Motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 03.10.2012.
8. Innkomne merknader.

# 1 PLANOMRÅDET

## 1.1 Eksisterande situasjon

Føremålet med å lage ny reguleringsplan for innfartsveg til Fosnavåg er å legge til rette for ein trafikksikker veg der ein samstundes unngår Skarabakken, som skaper problem for trafikkavviklinga.

Eksisterande situasjon vart omtala i konsekvensutgreinga frå 2007. I hovudsak er situasjonen uendra sidan den gongen. Det har imidlertid skjedd og er fortsatt på gang ei omfattande utbygging når det gjeld skule, idrettsanlegg, kulturhus og badeanlegg. Dette har auka trafikken i området der standarden på det lokale vegnettet er låg. Den auka aktiviteten knytt til kulturhus og badeanlegg og som medfører auka transport med bil, skjer i stor grad utanom skuletida, slik at konfliktane mellom biltrafikk og gåande og syklande er mindre enn den ville ha vore ved samanfall i tid.

I følgje offisielle tal var årsdøgntrafikken (ÅDT) i 2007 på strekninga Hjelmeset – Myklebust mellom 6000 og 7000 og med 6% tungtrafikk. I Nasjonal vegdatabank er ÅDT i 2011 på 6250, der av 6% tunge køyrety. Det har med andre ord ikkje vore vesentleg auke i trafikken på strekninga sidan konsekvensutgreiinga vart laga.

I tillegg til vanskelege stigningstilhøve og dårlege tilhøve for gåande og syklande i Skarabakken er strekninga mellom Myklebust og Hjelmeset prega av randbusetnad og næringsaktivitet tett inntil vegen. Det fører til dårleg trafikktryggleik og dårleg trafikkavvikling.

I perioden 1996 – 2005 skjedde det i gjennomsnitt 2,2 ulykker med personskade som vart melde til politiet. I åra etter 2005 har det gjennomsnittleg vore 1,8 ulykker/år. Det er små tal som gjer det vanskeleg å trekkje sikre konklusjonar, men det kan sjå ut som det har vore ein nedgang i talet på ulykker, noko som samsvarar med ein generell trend for landet som heilskap. Ingen er drepne på strekninga etter 2005.

## 1.2 Tilhøvet til andre planar

### 1.2.1 Nasjonal transportplan

Sidan konsekvensutgreiinga vart utarbeidd i 2007 har dåverande riksveg 654 fått endra status til fylkesveg og evt. investeringar må etter dette skje med basis i Møre og Romsdal fylkeskommune sine budsjett, evt. i kombinasjon med bompengar.

### 1.2.2 Fylkesdelplan transport

Ny innfartsveg til Fosnavåg inngår ikkje i fylkeskommunen sitt investeringsprogram for perioden 2012-2021.

### 1.2.3 Kommuneplanen

Gjeldande kommuneplan, vedteken i 2004, viser to alternativ for ny fylkesveg (tidlegare riksveg) nord for Myklebustvatnet etter det som er kalla alternativ 1. Sjølv om den no aktuelle reguleringsprosessen for ny innfartsveg har konkludert med at dette alternativet for tida er uaktuelt, vil det likevel verte foreslått å inngå i den justerte arealdelen av kommuneplanen.

### 1.2.4 Reguleringsplanar

Følgjande gjeldande reguleringsplanar vert råka av, eller vert liggande like inntil det aktuelle planområdet:

- Reg.plan Fosnavåg sentrum, vedteken 27.03.87, men der det seinare er gjennomført fleire reguleringsendringar.
- Reg.plan Herøy kyrkje/Vågsskaret, vedteken 07.03.02, K-sak 16/02.
- Reg.plan Fosnavåg sentrum aust – parkeringsanlegg, vedteken 22.10.09, K-sak 113/09.
- Reg.plan Campus Fosnavåg, vedteken 26.04.12, K-sak 69/12.
- Tidlegare planar, reg.plan Idrettsområdet Bergsøy, vedteken 16.09.04 (K-sak 117/04) og reg.plan Parkeringsplass m.v. Herøy kulturhus, vedteken 10.02.05 (K-sak 7/05), er oppheva med bakgrunn i godkjenninga av Campus Fosnavåg.

### 1.2.5 Stadanalyse Fosnavåg

Det er utarbeidd ein stadanalyse for Fosnavåg. Av stadanalysen går det mellom anna fram at vegane har vore viktige strukturerande element for busettinga i Fosnavåg by. Ny innfartsveg kan endre trafikkbiletet vesentleg og legge sterke føringar for vidare utvikling av Fosnavåg by.

### 1.2.6 Rikspolitiske retningsliner

Følgjande rikspolitiske retningsliner er relevante for det tiltaket som dette planprogrammet tek føre seg:

***Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging*** er generelle og omfattar mellom anna følgjande aktuelle hovudprinsipp:

- Planlegging av utbyggingsmønsteret og transportsystemet bør samordnast slik at det vert lagt tilrette for mest mogleg effektiv, trygg og miljøvennlig transport og slik at transportbehovet kan avgrensast. Det bør leggast vekt på å få til løysingar som kan gi korte avstandar i daglige gjeremål og effektiv samordning mellom ulike transportmåtar.

- Utbyggingsmønster og transportsystem bør utformast slik at ein unngår omdisponering av store, samanhengande areal med dyrka eller dyrkbar mark av høg kvalitet. Innanfor gangavstand frå stasjonar/knutepunkt på hovudårene for kollektivtrafikknettet kan utbyggingsomsyn tilleggast større vekt enn vern, under føresetnad av at det vert planlagd konsentrert utbygging og vert teke omsyn til kulturmiljø og grøntstruktur.

- Regionale publikumsretta offentlege eller private servicetilbod skal lokaliserast ut frå ei regional heilskapsvurdering tilpassa eksisterande og planlagd senterstruktur og kollektivknutepunkt.

***Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga.*** [2]
Interessene til barn og unge betyr i denne samanhengen at ein gjennom planlegging syter for at det finst areal i nærmiljøet til barna der dei kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø - areal som er sikra mot trafikkfare, forureining, støy og anna helsefare.

Bygging av ny innfartsveg til Fosnavåg vil krevje løyve og godkjenning etter følgjande lovverk:

- Naturmangfoldsloven – Søknad om dispensasjon frå vernevedtak.
- Plan- og bygningsloven:
  Godkjent reguleringsplan frå kommunen
  Godkjent konsekvensutgreiing frå kommunen
  Byggeløyve frå kommunen
- Veglova – løyve frå Statens vegvesen til å gjennomføre vegtiltaka.
- Oreigningslova – oreigningsløyve dersom minneleg avtale ikkje vert oppnådd med grunneigarar og rettshavarar som vert råka.
- Kulturminnelova – for frigjeving av evt. kulturminne.

# 2 PLANPROSESSEN

## 2.1 Historikk

Det har i mange år vore arbeidd med planar for og tankar omkring ny innfartsveg til Fosnavåg. Ulike alternativ har vore vurdert, men spørsmålet om endeleg lineval fekk vel sin konklusjon gjennom den ajourførte arealdelen av kommuneplanen som vart vedteken i desember 2004.

I januar 2006 vart det etablert ei arbeidsgruppe med 2 representantar frå Vegvesenet og 2 representantar frå kommunen som skulle ha ansvaret for den vidare klargjering av og framdrift for prosjektet. Kommunen har i dette arbeidet vore representert med ordførar og utviklingsleiar. Vegvesenet har hatt sekretariatsansvaret for prosjektet, medan den formelle behandlinga av reguleringsplanen med tilhøyrande prosedyrar har vore handtert av kommunen.

I november 2007 var reguleringsplan og konsekvensutgreiing, grunnlagsdokument 2, ferdig med tilrådd val av trasè mellom Hjelmeset og Herøy vgs på nordsida av Myklebustvatnet, kalla alternativ 1. Trasèen var på enkelte parti innafor grensa til Myklebustvatnet naturreservat. Figuren viser tilrådd alternativ og er henta frå konsekvensutgreiinga.



*Figur 1 Alternativ 1*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kom med motsegn mot planen undervegs i planprosessen. I brev av 21.01.2011 klargjer Miljøverndepartementet vedtaket sitt om at dei ikkje kan stadfeste reguleringsplanen for ny innfartsveg til Fosnavåg etter alternativ 1 og at motsegna frå dåverande Møre og Romsdal einskapsfylke vert teken til følgje. Departementet tilrår i brevet at kommunen arbeider vidare med reguleringsplanen med utgangspunkt i alternativ 2 og at dette skjer i samarbeid med Fylkesmannen. Kommunestyret behandla etter dette plansaka i møte den 24.02.2011 (K-sak 18/11) og gjorde då slikt vedtak:

**Kommunestyret tek til vitande Miljøverndepartementet sitt vedtak om ikkje å stadfeste reguleringsplan for ny innfartsveg til Fosnavåg etter alternativ 1, slik dette går fram i brev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 21.01.2011. Kommunestyret ber om at planarbeidet for innfartsvegen vert vidareført med utgangspunkt i alternativ 2.**

Det vart etter dette sett i gang arbeid med reguleringsplan etter alternativ 2. Dette alternativet skil seg frå alternativ 1 ved at det her berre er ein kort omkøyringsveg frå Myklebust til rundkøyringa ved Herøy vgs. Frå denne rundkøyringa og vidare mot sentrum med arm til Vågen er planen i all hovudsak identisk med alternativ 1. Figuren under viser alternativ 2.



*Figur 2 Alternativ 2*

Det har ikkje vore annonsert nokon ny oppstart i det planen vil verte sluttført som del av den opprinnelege prosessen. Planendringane har vore sendt på ei avgrensa høyring til berørte grunneigarar og impliserte høyringsorgan. Det vert teke sikte på å legge fram planen for sluttbehandling i medhald av tidlegare lovverk.

## 2.2 Geologi

Statens vegvesen gjennomførte i 2011 ei ingeniørgeologisk vurdering av fjellkvalitet og fjelloverdekking med bakgrunn i det pågåande reguleringsarbeidet. Rapporten peikar på at tunnellretningane er ugunstige i høve til til sprekkeretningar i fjellet, noko som kan føre til auka sikringsbehov. Rapporten førte til at veglinene vart justerte noko for å auke overdekking og unngå svake soner. Kjelde: Statens vegvesen Ingeniørgeologisk rapport for reguleringsplan. Nr. 2011058109-001, grunnlagsdokument 5.

## 2.3 Rundkøyring i tunnel

For å få til ei betre veg-/trafikkløysing for verksemdene inne i Vågen og få mest mogleg trafikk til å nytte det nye veganlegget er det regulert inn ein tunnellarm frå rundkøyringa inne i fjellet til Vågen. I følgje vegnormalane skal kryss i tunnell unngåast. Unntak skal handsamast som fråvik tidleg i planfasen. Statens vegvesen Region midt sende difor fråvikssøknad til Vegdirektoratet i august 2011, grunnlagsdokument 3. Fråviksgruppa i Statens vegvesen tilrådde fråvik overfor fylkeskommunen i brev av den 07.10.2011. Saka vart handsama i Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune i sak Sa-57/11 A 2. november 2011 og samrøystes vedteken, grunnlagsdokument 4.

## 2.4 Innkomne merknader

I tilknyting til den siste avgrensa høyringa, som vart utsendt med brev av 17.07.2012, kom det inn uttalar frå 3 regionale høyringsorgan. Både Fylkesmannen og Fylkeskommunen opprettheld sine motsegner inntil naudsynte avklaringar har kome på plass. Vegvesenet hadde også ein del synspunkt på ulike forhold i planen, men utan at det vart fremja motsegn. Dei private merknadane vil verte behandla i saksutgreiinga i samband med sluttbehandlinga av planen.

### 2.4.1 Fylkesmannen

Fylkesmannen meinte framleis at vegen tok for mykje areal av verneområdet. Etter ein del avklaringar med tilpassing av vegfylling og skjerming mot vatnet har ein imidlertid kome fram til ei ny vernegrense som kan aksepterast. Forslaget til ny vernegrense for Myklebustvatnet naturreservat (gjeld også grensejusteringar i andre deler av vatnet) har etter dette vore på høyring og Fylkesmannen har varsla at motsegna vil verte trekt når Direktoratet for naturforvaltning har godkjent dei nye grensene for verneområdet.

### 2.4.2 Fylkeskommunen

Motsegna frå Fylkeskommunen var basert på at planen kom i konflikt med 3 automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen tilrådde dispensasjon overfor Riksantikvaren, noko som vart stadfesta der ifrå, seinast i brev av 17.10.2012. Fylkeskommunen har på dette grunnlag opplyst at motsegna kan trekkast under føresetnad av at ein del klargjerande formuleringar vert tekne inn i reguleringsføresegnene.

# 3 PLANFRAMLEGGET

## 3.1 Planavgrensing

Planframlegget omfattar noverande FV 654 frå Myklebust til Igesundsvegen i sentrum. Det omfattar også ny veg frå Myklebust til planlagt rundkøyring ved Herøy vgs, med arm til skule- og kulturområdet og tunnel til parken der det er tilknyting til eksisterande vegsystem. Frå rundkøyring inne i tunnellen går arm ut til Gerhard Voldnes veg i Vågen.

Avgrensing av planområdet er vist nedanfor.



*Figur 3 Planavgrensing*

## 3.2 Gjennomføring av planen

### 3.2.1 Etappe 1

Gjennomføring av planen vil skje i etappar. Reguleringskartet viser difor første etappe på strekninga frå Myklebust til skule- og kulturområdet, der det vert bygd ny tilkomstveg, og som vert knytt saman med ny tilkomst til området frå Lisjebøvegen. Denne vegen vert tilknytt FV 654 i eit T-kryss på Myklebust. Samtidig vert vert det lagt til rette for etappe 2 i same området ved at det vert fylt opp for rundkøyringa ved Herøy vgs og etablert støyvollar m.m. Dette er vist på detaljteikning i figuren nedanfor.



*Figur 4 Etappe 1*

### 3.2.2 Etappe 2

*Myklebust – Herøy vgs*

I etappe 2 vert rundkøyringa ved Herøy vgs, tunnelane og nye kryss og vegarmar i sentrum fullført. Krysset mellom ny og eksisterande veg på Myklebust vert lagt om slik at den nye vegen vert gjennomgåande. Det er lagt til rette for at det kan byggjast gs-veg med gode stigningstilhøve mellom noverande veg og Herøy vgs over tunnelportalen.



*Figur 5 Etappe 2 Myklebust – Herøy vgs*

Det er gjort grunnundersøkjingar langs traséen. Desse viser at det er til opp til 5m djupne til fjell og at grunnen består av til dels blaute massar. Det bør difor utførast geotekniske vurderingar før ein legg ut store fyllingar.

*Vågen*

Frå rundkøyringa inne i fjellet kjem det ei arm ut i Vågen og som vert knytt til Gerhard Voldnes veg i eit T-kryss. Det vert utfordrande å få til tunnelpåhogg her fordi det vert liten overdekning og det må reknast med betongportal som vist på figuren nedanfor. I denne samanheng vil det sjølvsagt måtte gjerast grundige vurderingar med tanke på moglege konsekvensar for omkringliggjande busetnad.




*Figur 6 Etappe 2 Vågen*

*Parken*

Tunnelen munnar ut midt i parken og vert knytt til vegnettet i ei rundkøyring i eit nytt kryss mellom Igesundvegen og Rådhusgata. I Djupedalen er det lagt ut eit parkeringsareal nær viktige sentrumsfunksjonar.




*Figur 7 Parken - sentrum*

Etter at etappe 2 er gjennomført vil eksisterande FV 654 berre ha funksjon som avlastningsveg og som tilkomstveg for eigedomane langs traseèn samt til bruk for gåande og syklande. Dette bør følgjast opp av tiltak som nedsett fart og fartsdemparar i naudsynt omfang slik at ein oppnår eit trafikkmiljø som samsvarar med den nye funksjonen.

Det er ikkje lagt til rette for at gåande og syklande skal nytte tunnellen og den vil på vanleg måte verte skilta med forbod mot gang- og sykkeltrafikk.

## 3.3 Reguleringsføremål

### 3.3.1 Arealoppgåve

Planen omfattar areal både på bakken og under bakken. Arealbruk og omfang (da) fordelt på hovudføremål og underføremål går fram av tabellen nedanfor.

| Areabruks-føremål i planen | Bebyggelse og anlegg | Samferdsels-anlegg og teknisk infrastruktur | Grøn-struktur | LNF-område | Omsyns-soner | Føresegn-område |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Over bakken | | | | | | |
| Bustad – frittliggjande småhus | 47,90 | | | | | |
| Undervisning | 3,12 | | | | | |
| Kyrkje/anna religionsutøving | 2,86 | | | | | |
| Bustad/forretning | 5,80 | | | | | |
| Kontor | 0,29 | | | | | |
| Køyreveg | | 21,75 | | | | |
| Fortau | | 3,95 | | | | |
| Gang- og sykkelveg | | 3,66 | | | | |
| Annan veggrunn - teknisk anlegg | | 22,64 | | | | |
| Parkering | | 1,46 | | | | |
| Kollektiv-haldeplass | | 0,36 | | | | |
| Park | | | 7,16 | | | |
| Friluftsformål | | | | 33,41 | | |
| Frisikt | | | | | 0,57 | |
| Høgspennings-anlegg | | | | | 7,96 | |
| Anleggsbelte | | | | | | 2,53 |
| Tunnelltrasè | | | | | | 35,79 |
| Kulturminne | | | | | | 2,29 |
| Anleggs- og riggområde | | | | | | 4,65 |
| **Sum** | **59,97** | **53,82** | **7,16** | **33,41** | **8,53** | **45.26** |
| Under bakken | | | | | | |
| Køyreveg | | 10,64 | | | | |
| Annan veggrunn | | 28,07 | | | | |
| **Sum** | | **38,71** | | | | |

## 3.4 Verknader av planen

### 3.4.1 Innleiing

Som nemnt tidlegare er verknadane av dette planalternativet grundig omtala i konsekvensutgreiinga frå 2007. I det som følgjer vil ein kort referere konklusjonane for dei enkelte tema som vart utgreidd for alternativ 2 og som svarar til det planframlegget som no ligg føre. Der det er tilhøve som skil seg frå situasjonen då KU-dokumentet vart utarbeidd, vil dette verte særskildt omtala. Meir fullstendig informasjon finst i KU-dokumentet.

### 3.4.2 Konsekvensar for landskap

Tiltaket vil råke Fosnavågs einaste opparbeidde grøntområde, parken, som ligg i eit klart definert landskapsrom omkransa av fleire bygningar. Tiltaket inneber ny veg frå Myklebust til skule- og kulturområdet med tunnellportalen nedanfor kyrkja, i Vågen og i parken. Portalområda representerer i større grad punktinngrep og dermed avgrensa visuelle influensområde. Samla vil alternativ 2 gi middels negativ konsekvens for landskap (- -)

### 3.4.3 Konsekvensar for naturmiljø

Vegen mellom Myklebust og skule-/kulturområdet kunne i utgangspunktet ikkje byggjast utan at anlegget kom innanfor gjeldande grense til Myklebustvatnet naturreservat.



*Figur 8 Myklebustvatnet naturreservat*

I konsekvensutgrreiinga er naturreservatet karakterisert slik:

*Heile Myklebustvatnet fyller ein viktig funksjon for bevaring av biologisk mangfald (både flora og fauna). Området oppnår høgaste verdiklasse (svært viktig/nasjonalt viktig (verdi A)). Vurdert etter statens vegvesen si Handbok 140, er verdien "stor". Området har ei særstilling som eit av dei mest velutvikla næringsrike låglandsvatna i fylket.*

Inngrepet som følgde av planframlegget som vart utsendt på avgrensa høyring, var noko større en i det opphavelege alternativ 2 fordi rundkøyringa måtte hevast og det er regulert inn støyvoll mot reservatet. Omfanget av fyllingar vart difor meir omfattande. Konsekvensutgreiinga hadde følgjande konklusjon for alternativ 2:

*Ei utbygging som følgjer alternativ 2 vil ikkje føre med seg uroing av særleg omfang. Omfanget for naturmiljø er vurdert som "intet-lite negativt". Samanhalde med dei store verdiane i området (høgaste verdiklasse) tilseier dette ubetydelig-liten negativ konsekvens (0 / - ) for naturmiljøet. Tiltak som reduserer forstyrring frå trafikk og visuell ferdsle vil redusere konsekvensen til "ubetydelig". Kompenserande tiltak som eventuelt vert gjennomførte, kan føre til positiv konsekvens for naturmiljøet.*
*Samla vil alternativ 2 gi ubetydelig / liten negativ konsekvens (0 / - ) for naturmiljø.*

Fylkesmannen meinte forøvrig i brev, datert 13.03.2008, at konsekvensen burde endrast til middels/liten konsekvens.

Illustrasjonen nedanfor viser konflikten mellom reguleringsplanen og naturvernområdet etter at det er gjort justeringar i utforminga av veganlegget. Justeringane innebar at skjermingsvoll mot reservatet vart erstatta med natursteinsmur i same høgde og at helninga på vegskråninga vart endra frå 1:2 til 1:1,5.



*Figur 9 Arealkonflikt mellom naturreservat og regulert vegføremål*

Ovannemnde konflikt er no forutsett avklara ved at Fylkesmannen har foreslått å endre vernegrensene for Myklebustvatnet naturreservat slik at heile veganlegget vert liggande utanfor dei nye vernegrensene.

Det positive ved tiltaket er elles no at ein får fastlagt ei permanent skjerming mot reservatet i form av ein natursteinsmur. I tillegg kan sjølvsagt også skråninga tilplantast med stadeigen vegetasjon slik at dyre- og fuglelivet i reservatet får ei nytterlegare reduksjon i eksponeringa frå aktiviteten på vegen.

I anleggsfasen vil det verte støy frå anleggsmaskinar og sprengingsarbeid og det vil vere ferdsel av folk i randsona til reservatet, noko som kan verke forstyrrande. Vatn brukt i samband med tunnelldrifta vil verte samla opp slik at det ikkje er grunn til å pårekne at forureina vatn skal renne ut i naturreservatet.

### 3.4.4 Konsekvensar for nærmiljø

Dette er eit svært samansett og omfattande tema som i konsekvensutgreiinga vart handsama i deltema og delområde og der etter oppsummert i ein samla konklusjon. Samla vil alternativ 2 gi liten negativ konsekvens for nærmiljø.

Barn og unge sine interesser er i stor grad knytt til det å kunne ferdast trygt til fots og på sykkel til skule, leike- og idrettsområde og til vener, samt at område for leik og opphald ikkje vert attbygd. Lisjebøvegen med bustader, skule, kulturhus og idrettsanlegg vil verte knytt til sentrum via Skarabakken, der trafikken etter bygging av tunnelane vil verte svært liten og der ein kan innføre tiltak som gjer at farten kan tilpassast den nye funksjonen som tilkomstveg i bustadområde. Trafikktryggleik er ein prissett konsekvens og inngår i vurderinga i det kapitlet.

Parken er eit skjerma, attraktivt opphaldsareal som ved gjennomføring av planen vil verte vesentleg redusert. Opphaldskvaliteten vil såleis verte redusert og med det ha negativ verknad også for barn og unge. Inngrep i parken er også nemnt som negativ verknad under «Landskap».

*Universell utforming*

Stigning på vegar er i stor grad styrt av terrenget, tilgjengeleg areal og krav i normalar. Så langt råd er planen utforma med tanke på å gi mjuke trafikantar så gode tilhøve som dei ytre rammene gjev rom for. Utgangspunktet for universell utforming er her at det skal leggjast til rette for *flest mogleg*. Universell utforming på meir detaljert nivå, som nedsenking av kantstein og bruk av taktilt belegg, må handterast i gjennomføringsfasen.

### 3.4.5 Konsekvensar for kulturminne

*Automatisk freda kulturminne*

Tiltaket er i konflikt med automatisk freda kulturminne på Myklebust (Myklebust 1 og 2) og ved tunnellinnslaget i Vågen (Fosnavåg hamn). Illustrasjon frå konsekvensutgreiinga viser dei undersøkte lokalitetane på side 21.

Konklusjonen er at konsekvensen for Myklebust 1 er liten til middels negativ og for Myklebust 2 liten negativ. For lokaliteten Fosnavåg hamn er konsekvensen vurdert som svært stor negativ. Samla konsekvens for automatisk freda kulturminne er *liten negativ konsekvens.*

Ved gjennomføring av planen må dei aktuelle områda gravast ut og frigjevast for utbygging. Dette er no avklara gjennom dispensasjonen frå Riksantikvaren og dei føringar som der er gitt gjennom reguleringsføresegnene til planen.




*Figur 10 Registrerte lokalitetar for automatisk freda kulturminne Myklebust og Vågen*

*Etterreformatiske kulturminne*

Dette gjeld kulturminne nyare enn 1537 (reformasjonen). Konsekvensane for slike kulturminne er, med unntak av inngrepet i parken, karakterisert som ubetydelege. Inngrepet i parken vert vurdert å gjere det vanskelegare å sjå samanheng og heilskap i byplanen og er såleis vurdert som middels negativ.

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at alternativ 2 samla gjev *liten negativ* konsekvens for slike kulturminne.

### 3.4.6 Konsekvensar for forureining

*Støy*

Det er tre område som får ein forverra støysituasjon. Dette gjeld området frå Myklebust til skule- og kulturområdet, i Vågen, der den eine tunnelarmen kjem ut, og i sentrum ved parken, der armen mot nord munnar ut. I det som følgjer er framtidig støysituasjon for kvart av desse områda omtala og illustrert med støysonekart. Hus med støyfølsam bruk som vert liggjande innafor gul og raud sone, må utgreiast nærare i samband med gjennomføring av tiltaka.

Støy er utgreidd for full utbygging sidan etappe 1, ny veg til skule- og kulturområdet, vil ha relativt lite trafikk samanlikna med når etappe 2 er ferdig. Trafikktala som er brukte i berekningane, går fram av figurane. I gul sone ligg støynivået $L_{den}$ 55 – 60 dBA, i raud sone er $L_{den}$ 60 – 65 dBA. Når det gjeld regelverket i detalj, viser ein til retningslinene i T-1442. (http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/lover_regler/retningslinjer/2012/retningslinje-stoy-arealplanlegging.html?id=696317 ).

*Myklebust - skuleområdet*

Det er lagt inn støyskjerming (mur) mot naturreservatet og støyvoll mot busetnaden mellom dagens innfartsveg og ny veg. Dette gjer at austfasaden av eitt hus vert liggjande i grensa mot gul sone. Herøy vgs vert også liggjande tett oppunder grensa for 55 dBA. For eksisterande bustader langs dagens FV 654 vert situasjonen stort sett uendra, men støynivåa er høge og det bør gjerast ei nærare utgreiing av støysituasjonen som del av utbyggingnga. Første byggjetrinn vil ikkje utløyse behov for utgreiing av støytiltak.

For naturreservatet ligg 55 dB-kota i det som er regulert til trafikkføremål. Sjølve reservatet får derfor ikkje støy over 55 dB.




*Figur 11 Støysonekart Myklebust - Herøy vgs ved gjennomføring av etappe 2*

*Vågen*

I Vågen vert det ein ny støysituasjon når trinn 2 vert gjennomført. Det er ingen bustader som inngår i framtidig situasjon som vil få støy over 55dBA. Støysonekartet nedanfor illustrerer støytilhøva.




*Figur 12 Støysonekart Vågen ved gjennomføring av etappe 2*

*Parken*

Områda i og rundt parken vil få ein heilt ny støysituasjon når etappe 2 vert gjennomført. Trafikkmønsteret i sentrum vert endra ved at dagens FV 654 vert avlasta for trafikk medan Igesundvegen inn mot parken og den sørlege delen av Rådhusgata får meir trafikk og høgare støynivå. Støysonekartet nedanfor viser situasjonen når tiltaket er realisert.

I reguleringsplanen er det regulert inn trafikkareal på kvar side av vegen mellom tunnelmunningen og rundkøyringa der det er forutsett bygd støyvollar og eventuelt andre former for støyskjerming. Støytiltak i dette området bør sjåast som ein heilskap i samanheng med vidare bruk av parken. Bygningar med støyfølsam bruk i gul og rød må utgreiast nærare i samband med gjennomføring av etappe 2.




*Figur 13 Støysonekart Parken ved gjennomføring av etappe 2*

*Luftforureining*

Konsekvensutgreiinga oppsummerar temaet slik:

*Resultata viser at SFT/Folkehelsa sine grenseverdiar for Pm10 berre er overskridne ved dagens situasjon utan bygging av tunnellar og ved tunnelmunningane ved utbygging. Langs dagens riksveg vil det ikkje vere konsentrasjonar over grensverdiane etter at tunnelane er bygde. For NO2 vil konsentrasjonen ikkje overstige grenseverdiane.*
*Konklusjon: Samla har tiltaket ingen konsekvens.*

Det kan synest sjølmotseiande at tiltaket ikkje har nokon konsekvens når SFT/Folkehelsa (SFT er no KLIF) sine grenseverdeiar er overskridne, men forklaringa er at KLIF sine grenseverdiar ikkje er krav, men tilrådingar.

### 3.4.7 Konsekvensar for næringslivet

I samband med arbeidet med KU og reguleringsplanen i 2006 – 2007 vart det gjennomført ei spørjeundersøkjing mellom næringsdrivande på Eggesbønes/Myklebust. Svara viste at det var ein viss frykt for tap av omsetning dersom innfartsvegen vart lagd utanom dei etablerte næringsområda. Det var også ei viss frykt for at ein ved ei eventuelt bompengefinansiering kunne miste omsetning ut av kommunen.

I planframlegget etter alternativ 2 vil innfartsvegen følgje eksisterande veg til forbi næringsområdet på Myklebust. Situasjonen er dermed uendra for Eggesbønes/Myklebust og tiltaket vil såleis uansett ikkje ha konsekvensar for næringslivet.

### 3.4.8 Konsekvensar for trafikktryggleik

I følgje Norsk vegdatabank har det i perioden 2007 – 2011 vore 6 politimelde trafikkulykker på det vegnettet som direkte er omfatta av tiltaket. Ulykkene er plotta på figuren nedanfor.



*Figur 14 Registrerte trafikkulykker 2005 - 2011*

Dei fordeler seg slik på ulykkestype og tal på ulykker:

| Ulykkestype | Talet på ulykker |
|---|---|
| Forgjengar kryssa utanfor merka gangfelt | 1 |
| Einsleg køyrety utfor vegen | 2 |
| Kryssande køyreretning | 3 |

I desse ulykkene var det 8 skadde, av desse 1 alvorleg og 7 lettare skadde.

Det er ikkje rekna på ulykkeskostnad i samband med denne fasen av planarbeidet. Talet på ulykker og skadegrad heng nøye saman med trafikkmengde og fart. Skarabakken og Lisjebøvegen vil verte avlasta for trafikk. På den positive sida vil ein difor få tryggare tilhøve for gåande og syklande på eksisterande vegnett. Ein må imidlertid rekne med at det vil kunne skje ulykker på dei nye veglenkene som vil trekkje i motsett retning.

I konsekvensutgreiinga frå 2007 vart konsekvensen for trafikktryggleiken for alternativ 2 vurdert til 0, dvs inga endring. Det er ikkje grunn til å konkludere særleg annleis no.

### 3.4.9 Konsekvensar for tids- og køyretidskostnader

Konsekvensutgreiinga konkluderer med samla sett *ingen konsekvens* for tids- og køyretidskostnader.

### 3.4.10 Føresetnader for barn og unge sin bruk av området

Gjennomføring av reguleringsplanen vil føre til at FV 654 mellom Myklebust og sentrum får endra funksjon til å bli tilkomstveg, og som tidlegare nemnt, verte avlasta for trafikk. Det gjer at ein står friare til å innføre tiltak som tilpassar fartsnivået til den nye funksjonen. På Lisjebøvegen har det på enkelte strekningar vore fartsdempande tiltak i mange år. Reguleringsplanen inneheld også gang- og sykkelveg frå Myklebust og skuleområdet og kulturhus/badeland og ein snarveg mellom FV 654 over uteområdet til Herøy vgs. I sum gjer dette at barn og unge kan ferdast friare og tryggare på eiga hand.

### 3.4.11 Universell utforming

Tiltak i planen skal utformast med tanke på universell utforming i meininga *tilgjengeleg for flest mogleg.* Stigning på gangvegen mellom Myklebust og skuleområdet er større enn det som er tilrådd ut frå omsyn til universell utforming, men er gitt av terrenget. Elles vil universell utforming vere eit tema ved utforming av detaljar i byggeplanen.

## 3.5 Risiko og sårbarheit

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

**Plan- og bygningslova § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga:**

***§ 4-3. Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse***
*Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.*

*Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarhetsanalyser.*

Føremålet er å gi grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan også oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

**Bruk av sjekklista**
Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplansaker, men den som skal utarbeide arealplanar og planstyresmakta må i kvart tilfelle vurdere om bruk av denne sjekklista er føremålstenleg. Einkvar står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gir størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande ROS-vurdering av dei avdekte forholda. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko- og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Når sjekklista er gjennomgått må dette dokumenterast i saksframstillinga som ei stadfesting av at risikoen i det aktuelle området er vurdert. Når uakseptabel risiko vert påvist, eller dersom den som utarbeider planen er usikker på om det føreligg uakseptabel risiko, må det hentast inn tilstrekkeleg fagkyndige vurderingar før planen vert vedteken eller byggeløyve vert gitt. Utfylt sjekkliste er vist på side 28.

**Aktuelle lenker:**

Miljøverndepartementet:

- Plan- og bygningslova
- Rundskriv T-5/97 Arealplanlegging og utbygging i fareområde
- Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven
- Veileder til forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven

Direktoratet for byggkvalitet:

- Byggjereglar på ein stad
- Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift / TEK10)
- Rettleiar til byggteknisk forskrift (TEK10)
- Temarettleiar HO-1/2008: Utbygging i fareområde

Noregs vassdrags- og energidirektorat:

- Retningslinjer 2-11. Flaum- og skredfare i arealplanar

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap:

- Samfunnstryggleik i arealplanlegging. Kartlegging av risiko og sårbarheit
- Retningslinjer for fylkesmannens bruk av motsegn for å ivareta samfunnstryggleik i arealplanlegginga
- Rettleiar om GIS i samfunnstryggleik og arealplanlegging
- Havnivåstiging i norske kystkommunar
- Handtering av havnivåstiging i kommunal planlegging

Statens strålevern:

- Busetnad nær høgspentanlegg - informasjon til kommunar og utbyggjarar
- Radon i inneluft – helserisiko, målingar og mottiltak

Noregs geologiske undersøking:

- Nasjonal skreddatabase på nett: www.skrednett.no

**Namn på tiltak/plan:**.......................................................................................................

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

| Emne | | Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold? | Nei | Ja |
|---|---|---|---|---|
| Naturgitte forhold | a | Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred? | x | |
| | b | Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø? | x | |
| | c | Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? | x | |
| | d | Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar? | x | |
| | e | Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus? | x | |
| | f | Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging? | x | |
| | g | Treng det takast særskilte omsyn til radon? | x | |
| | i | Anna (spesifiser)? | | |
| Omgivnad | a | Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken? | x | |
| | b | Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)? | x | |
| | c | Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område? | x | |
| | d | Anna (spesifiser)? | | |
| Verksemdsrisiko | a | Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg? | x | |
| | b | Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder utgjere risiko? | x | |
| Brann/ulykkes-beredskap | a | Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? | x | |
| | b | Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy? | x | |
| Infrastruktur | a | Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området? | x | |
| | b | Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko? | | x |
| | c | Er det transport av farleg gods til/gjennom området? | | x |
| Kraftforsyning | a | Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner? | | x |
| | b | Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster? | x | |
| | c | Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området? | x | |
| Vassforsyning | a | Er det mangelfull vassforsyning i området? | x | |
| | b | Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga? | x | |
| Sårbare objekt | a | Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området:<br>- elektrisitet ?<br>- teletenester?<br>- vassforsyning?<br>- renovasjon/spillvatn? | x | |
| | b | Er det spesielle brannobjekt i området? | x | |
| | c | Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området? | | x |
| Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk | a | Gruver: opne sjakter, steintippar etc.? | x | |
| | b | Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.? | x | |
| | c | Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering? | x | |
| | d | Anna (spesifiser)? | | |
| Ulovleg verksemd | a | Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål? | x | |
| | b | Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken? | x | |

Sjekklista er gjennomgått den 18/03 -13 av *sign*: Hallvard Rusten

# 4 SLUTTKOMMENTAR

Reguleringsplanen er eit resultat av ein omfattande prosess som har vist at det er særs lite handlingsrom for å få til ny innfartsveg. Terrenget og bebygd areal er slik at det er vanskeleg å sjå andre løysingar enn tunnel for å knytte saman Myklebust – Eggesbønes –Hjelmeset med sentrum på ein måte som gjev tilfredstillande transportkvalitet. Krav til geometrisk utforming og geologiske tilhøve reduserer moglege traséval. Den løysinga som ein står att med etter planprosessen er i praksis den einaste moglege.

Løysinga inneber konflikt med automatisk freda kulturminne og Myklebustvatnet naturreservat. Når det gjeld dei automatisk freda kulturminna er det etablert praksis at areal vert frigjeve etter at dei er grundig kartlagde og evt. utgravne. Løysinga på denne konflikten har såleis i praksis enda med eit spørsmål om økonomi dersom det ikkje dukkar opp unike funn.

Med naturreservatet stiller det seg annleis. Vern er i utgangspunktet meint å skulle vere permanent. Dersom vernevedtak skal ha nokon verdi kan det såleis ikkje vere lettvint å få oppheva vedtak eller få dispensasjon frå vedtak. I lovverket er det imidlertid opning for at det kan gjerast unntak frå vernevedtak dersom det ikkje er i strid med føremålet til vedtaket og det ikkje påverkar verneverdiane i nemneverdig grad. I Møre og Romsdal fylke (Einskapsfylket) si fråsegn til det tidlegare planframlegget, datert 13.03.2008, vart arealet der det i utgangspunktet var overlapp mellom vegføremål i reguleringsplanen og naturreservatet, vurdert som «ikkje umisteleg for mangfald og biologisk funksjon i verneområdet». Saka har såleis fått si løysing ved at vernegrensene for naturreservatet er endra og at ny innfartsveg kan framførast inntil den nye justerte vernegrensa i det aktuelle området.

(h)

DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr. | Saksbeh. HR
25 APR. 2013
Ark kode P
Ark kode S
J nr. | Dok nr
Kassasjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Deres ref.: | Vår ref. (bes oppgitt ved svar): **2012/16688 NAT-VE-HEH** | Dato: **22.04.2013**
Arkivkode: **423.1/15**

# Vedtak om grenseendring - Myklebustvatnet naturreservat i Herøy kommune, Møre og Romsdal

Direktoratet for naturforvaltning viser til tidlegare korrespondanse i saka, sist ved Fylkesmannen si oppsummering av høyring om grenseendring i brev av 7.mars 2013.

**Bakgrunn**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjort framlegg om grenseendring for Myklebustvatnet naturreservat, ved reduksjon av reservatarealet med tilsaman om lag 6 daa. Av desse ligg 3-4 daa nordvest i reservatet. Årsaka til framlegget er knytt til planlagt ny innfartsveg FV 654 til Fosnavåg i Herøy kommune. Bakgrunnen for plan om ny innfartsveg er at vegsystemet i Fosnavåg sentrum ikkje har stor nok kapasitet. Særleg av omsyn til tungtransporten vinterstid har ein behov for ny vegtrase som fyller moderne krav til stigningstilhøve, trafikktryggleik og trafikkavviklingskvalitet. Fleire traséforslag har vore framlagt, mellom anna det såkalla alternativ 1 som ville ha gått langs den nordlege avgrensinga av reservatet på så godt som heile strekninga frå aust til vest, til saman 20-27 dekar. Det vart lagt ned motsegn til dette alternativet og Miljøverndepartementet tok denne til følgje i vedtak 21.01.2011. Det vart i same vedtak opna for at ein kunne gå vidare med alternativ 2. Dette alternativet ville i stor grad følgje eksisterande innfartsveg og kreve 1-2 dekar av arealet i reservatet. I samband med motsegnsvedtaket vart det sagt at: *«Departementet rår kommunen til å jobbe vidare med ein reguleringsplan med utgangspunkt i alternativ 2. Utarbeiding av planen må skje i samarbeid med fylkesmannen. Det må takas særleg omsyn til randsonene og dei særlege verdiane i nordaust som eit avsondra retrettområde for kravfulle fugleartar i reservatet.»*

I samband med arbeidet opplyser Fylkesmannen at det ikkje har lukkast å få fram noko alternativ utan at dette krev endring av grensa for naturreservatet, og arbeidet med alternativ 2 har vist at dette krev noko meir areal enn ein først har trudd. Forslaget følgjer framleis i stor grad eksisterande innfartsveg, men rundkjøringa med gang- og sykkelveg vil kome litt inn i reservatet i nord-vestre hjørne. Dette kjem av terrenget på staden, kulturminne som gjer at ein ikkje kan legge vegen meir mot vest, og behovet for sikker gangveg mellom områda vest for Myklebustvatnet og skolar/idrettsanlegg som ligg i nord. Det framlegget som no vert tilrådd, er det som krev minst mogleg areal, og som elles har ei utforming med minst mogleg negativ verknad på verneverdiene. Ein har gått inn for eit alternativ med ei fylling med stigning 1:1,5. I grenseendringsframlegget er det lagt ei sone utanfor fyllingsfoten på ca 5 meters breidde for anleggsarbeid, slik at vegen krev reduksjon av reservatet med om lag 3-4 dekar. Fylkesmannen gjer framlegg om at dette arealet vert teke ut av verneområdet ved ei endring av forskrifta.


| Besøksadresse: | Telefon: | Videokonf: | Internett: | Saksbehandler: |
|---|---|---|---|---|
| Brattørkaia 15 | 73 58 05 00 | 73 90 51 40 | www.dirnat.no | Helene Mokkelbost |
| **Postadresse:** | **Telefaks:** | | **E-post:** | **Telefon:** |
| Postboks 5672 Sluppen | 73 58 05 01 | | Postmottak@dirnat.no | 48 01 15 72 |
| N-7485 Trondheim | | | | |

I samband med vegarbeidet er det oppdaga mindre avvik mellom kartet i kgl.res og oppmerka grense. Desse avvika utgjer om lag 1-2 daa. Fylkesmannen ber om at også dette vert retta opp, slik at reservatet vert redusert med totalt ca 6 daa. Det vert og tilrådd ei oppdatering av eigedomsoversikta, sjå under.

**Høyringsfråsegner**
Fylkesmannen sitt grenseendringsframlegg vart sendt på høyring 10.januar med frist til 22.februar 2013. Det kom inn 5 høringsfråsegner, der tre hadde merknader mot framlegget. Vi viser til fylkesmannens si oppsummering i brev dagsett 7.mars 2013 til direktoratet. Høyringsfråsegnene viser til at reservatet har vore og er sterkt utsett for arealpress og at forvaltninga av området er utfordrande.

*Alice og Arne Heskestad* eig bustad-/fritidseigedommen gnr 37 bnr 171. Framlegget til grenseendring vil føre til at om lag 170 m² av eigedomen vert grensejustert ut av reservatet og at ca 30 m² anna areal på eigedomen vil komme innafor reservatet. Dei viser til at areal i hagen vil kome innafor reservatgrensa og kome i konflikt med vass- og avløpsleidningar på eigedomen.

*Naturvernforbundet* viser til at området har vore forvalta etter ein bit-for-bit-strategi, og at det er uheldig at reservatet har fått utvikle seg i negativ retning. Presset på våtmarker er generelt stort, og miljøvernstyresmaktene bør difor ikkje legge opp til reduksjon av slike areal, men heller sjå på moglegheitene for å utvide reservatet. Når ein no legg opp til ei grenseendring, er det ikkje berre arealet som blir regulert som har noko å seie, men og at det blir borte eit bufferareal. Det vert vidare vist til at fleire raudlista artar (bl.a myrrikse, vassrikse, grashoppesangar) er knytt til reservatet og ein del av desse må ein rekne med blir påverka av reguleringstiltaket, sjølv om dei ikkje akkurat hekkar i arealet som går bort. Det står ikkje noko i høyringsdokumentet om kva undersøkingar som ligg til grunn for å vurdere verneverdiane, og på dette punkt er sjølve saksutgreiinga vesentlig for svak.

*Norsk ornitologisk forening (NOF) avdeling Møre og Romsdal* viser til at reservatet er sterkt pressa frå før og heller burde utvidast langs nordsida av vatnet, bl.a for å få med område med purpurlynghei og annan kravfull vegetasjon. Myklebustvatnet er freda ut frå at området er av nasjonal verdi som våtmark. All vurdering av endringar må difor i utgangspunktet vere forplikta i høve til verneformålet. Den aktuelle delen av reservatet har vore den mest stabile og minst påverka av forstyrringar, og det viktigaste hekkeområdet for ikkje mindre enn 11 fugleartar som er oppførte på den norske raudlista, bl.a åkerrikse, knekkand og myrrikse. Kravet til kunnskapsgrunnlaget er ikkje oppfylt, og då burde ein legge føre-var-prinsippet til grunn (nml § 9). Heller ikkje nml § 10 er vurdert, og det blir feil å ikkje følgje opp etter §§ 11 og 12. Når det gjeld nml § 10 er det mellom anna ikkje gjort noko form for vurdering av kva ringverknader terrenginngrep i det aktuelle området vil ha for den tilgrensande delen av reservatet, dels gjennom arealreduksjon, men ikkje minst gjennom terrenginngrep som vil skiple det som finst av naturlege vassvegar inn til reservatet.

NOF stiller spørsmål ved om høyringa er reell ut frå dei sterke føringane Miljøverndepartementet har lagt til grunn i si behandling av reguleringsplanen for innfartsveg til Fosnavåg. Dei undrast vidare over påstanden om at restareala får større verdi når ein tek ut noko av arealet i nord-vest.

Fylkesmannen viser til at *Heskestad* vil få redusert det samla arealet av naturreservatet på eigedommen ved endringsframlegget. Det vil ikkje bli problem å forvalte tekniske installasjonar på arealet på ca 30 m² som framleis vil vera innanfor reservatet.

Når det gjeld fråsegnene frå *Naturvernforbundet* og *NOF Møre og Romsdal* er Fylkesmannen samd i at det er knytt utfordringar til forvaltninga av naturreservatet. Fylkesmannen er også samd i at presset på nærområda til Myklebustvatnet har vore stort, og at det vil ha verknad på vernekvalitetane. Forvaltningsplan for området vil kome på plass i løpet av 2013. Denne planen, samt meir midlar til skjøtsel og restaurering gjer det lettare å få til økonomisk tyngre tiltak enn før.

Organisasjonane dreg fram 10-11 våtmarkstilknytta, raudlista fugleartar som kan bli påverka av grenseendringa, og bygging av veg og rundkøyring. Det vert peika på at det nordvestre hjørnet av reservatet har ein særleg verdi for dette fuglelivet. Fylkesmannen kan ikkje sjå at desse artane sine beite- og hekkeområde vert omfatta av grenseendringa. Dei fleste av desse artane er knytte til ope vassflate og sumpvegetasjonen nær denne. Dette gjeld m.a. knekkand, stjertand, skeiand, snadderand, sivhøne og dvergdykkar. Fleire av desse artane er raudlista pga. låg førekomst, t.d. myrrikse, medan andre er i sterk tilbakegang som vipe, hettemåse og fiskemåse. Kvalitetane for desse fugleartane er særleg knytt til vatnet i nord-vest.

Det vert også peika på raudlista naturtypar som er påverka av grenseendringa. Av dei truga naturtypane vert ca. 0,5 daa kystlynghei (EN) teke ut. Dette er delar av ein usamanhengande førekomst i nordvest. Ingen andre raudlista naturtypar er å finne i arealet som vert foreslått teke ut. Andre areal er gjengroande beitemark og eit myrsig sentralt i hjørnet. Det er ein liten førekomst med sitkagran i området.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at vassavrenninga gjennom området skulle bli endra av tiltaket slik NOF framhevar. Terrenget fell slik at dette vil kome same veg. Fylkesmannen har elles sett til at overflatevatn frå utbyggingsområde framleis vert ført til vatnet, og vil framleis gjere dette.

Fylkesmannen er samd i at forstyrring frå trafikk på den nye vegen og ferdsel på gangvegen er eit usikkerheitsmoment. Dette er eit tema der ein manglar nok kunnskap. Det blir difor gjort avbøtande tiltak gjennom avskjerming og tilrettelegging for vegetasjonsetablering i skråninga mot rundkøyringa.

**Direktoratet si vurdering**
Myklebustvatnet naturreservat i Herøy kommune i Møre og Romsdal, vart oppretta ved kgl.res. 27.05.1988 (FOR 1988-05-27 nr 0382). Føremålet med vernet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv, jf. forskrifta kap III. Av forskriftas kap II går det fram at naturreservatet dekkjer et totalareal på ca 324 dekar, og at grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:2.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987. Ny oppmåling med dagens metodar syner at det reelle arealet er på ca 315 daa.

Naturreservatet omfatter tre tjønner i delvis gjengroing, sumpområde, lynghei og noko gjengroande slåtte- og beitemark. Området krev ein meir aktiv skjøtsel. På grunn av si plassering er reservatet utsatt for påverknader. Gjennom åra både før og etter vernevedtaket er det bygd hus og andre anlegg inn mot reservatgrensa, og reservatet framstår som inneklemt og påvirka av kanteffektar. Til dømes er det lagt ein fotballbane tett innpå grensa til reservatet.

Avklaringa av hovudprinsippa for val av trasé for innfartsveg til Fosnavåg er gjort av Miljøverndepartementet i handsaminga av motsegna til reguleringsplanen, jf brev av 21.01.2011. Direktoratet skal på eige grunnlag vurdere om direktoratet har mynde til å vedta grenseendringa og eventuelt om vilkåra for å gjera vedtak om ei grenseendring er til stades.

Direktoratet er i delegasjonsbrev frå Miljøverndepartementet 3.november 1988 gjeve mynde til m.a å gjera «retting av feil og unøyaktigheter i beskrivelse av det vernede området» og «grenseendringer som omfatter mindre arealer (utvidelser eller innskrenkninger)». Delegasjonsbrevet gjeld mynde etter naturvernlova. Etter overgangsføresegna i naturmangfaldlova (nml) § 77, gjeld avgjerder om delegering av mynde heimla i naturvernlova framleis.

Etter nml § 7 skal dei miljørettslege retningslinene i nml §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde. Dei nemnde paragrafane seier at avgjerder skal bygge på vitskapleg kunnskap om naturen og effektar av påverknad (§8), at ein skal vere føre-var for å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet (§9), at påverknad skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet

er eller vil bli utsett for (§10), at kostnadar ved påverknadar på miljøet skal berast av den ansvarlege for tiltaket (§11) og det skal takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering som gir det beste samfunnsfaglege resultatet (§12).

Direktoratet legg til grunn at eksisterande og tilgjengeleg kunnskap som vart samla inn i samband med verneprosessen, tilgjengeleg kunnskap i Artskart, konsekvensutgreiinga for innfartsvegen utarbeidd av Asplan Viak samt opplysningar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samband med dei føreslåtte endringane, samla sett oppfyller krava sett i nml § 8. Vi syner til utgreinga over og fylkesmannen si utgreiing i saka.

Høyringsrunden, som innsigelsessaka, syner at grenseendringa til dels er konfliktfylt. Fylkesmannen har kommentert dei fråsegnene som er komne. Vårt syn er at kritikken i desse fråsegnene like mykje gjeld forvaltninga av området som den aktuelle grenseendringa.

Vegtraseen er vedteken og vil måtte gå forbi reservatet. Det er heilt klart knytt utfordringar til forvaltninga av reservatet på grunn av plasseringa. Busetting, vegar, idrettsanlegg og andre anlegg gjer reservatet klart påverka av omgjevnadane. Den samla belastninga på reservatet er stor og er noko ein skal ta omsyn til slik nml § 10 krev. I denne saka meiner vi hovudårsakene til påverkninga vil vera andre enn grenseforslaget og vegprosjektet.

Grenseendringa grunna vegen gjeld eit areal på 3-4 daa. Fylkesmannen ser ikkje på det konkrete arealet som så verdfullt at det har negative verknader for reservatet å endre grensa: Leveområda til raudlista fugleartar vert ikkje grensa ut. Av dei truga naturtypene vil ein usammanhengande førekomst på om lag 0,5 daa kystlynghei gå tapt. Naturtypen vil framleis finnast i stort omfang i reservatet. Effektane av (omfanget er omtala som «intet-lite negativt» i Asplan Viak si konsekvensutgreiing) forstyrring frå trafikk og ferdsle er noko usikkre. Avbøtande tiltak i form av voll, støyskjerming og vekster sett i samanheng med føre-var-prinsippet jf nml § 9 inneber at vi samla sett meiner dette er ei forsvarleg løysing.

Betre skjøtsel av eit område er i seg sjølv ikkje noko argument for ei grenseendring, men er ei opplysning i saka mellom anna for vurdering av den samla belastninga. Vi viser her til Fylkesmannen si fråsegn om ein meir aktiv skjøtsel som restaurering av vasslekasje frå nedre tjønna, fjerning av framande artar som parkslirekne, rynkerose, platanlønn og sitkagran, samt rydding av andre tre og buskar.

Direktoratet er usikker på kva fylkesmannen meiner med si utsegn om at fjerning av eit areal vil gje resten av arealet ein tilsvarande større verdi. Reduksjon av arealet til eit verneområde skal ikkje lett kunne skje, og aldri med ein argumentasjon om at reduksjonen gir restarealet auka verdi. Det er i samband med høyringa nemnt andre prosjekt med spørsmål om ytterlegare innskrenkning av arealet. Direktoratet finn det derfor naudsynt å markere at ytterlegare reduksjon av reservatet sitt areal ikkje kan påreknast.

Endringane grunna vegen gjeld eit mindre areal (3-4-daa av eit totalareal på 315 daa) og har ingen verknad, basert på den kunnskap ein har i dag, for verneverdiar eller verneføremål. Prosessen har gjeve auka fokus på reservatet og kor viktig det er at området for framtida blir skjøtta meir aktivt. Direktoratet konkluderer med at endringane ligg innanfor rammene som er gjeve i delegasjonsbrev av 3.11.88, og vedtar desse.

<u>Øvrige endringar</u>
Når det gjeld grenseendringane på ca 2 daa grunna betre målemetodar, ser vi på dette som ei retting som er omfatta av delegert mynde.

Det er i samband med gjennomgangen av grensene til reservatet gjort ei oppdatering av eigedomsoversikta. Denne syner at følgjende gårds- og bruksnr skal ut av forskrifta, då dei ikkje er omfatta av vernet: 31/2, 26, 39, 60;37/1, 28, 42, 56, 73; 142/180, 258, 259, 270, 295, 309 og 310.

Vidare skal følgjende gårds- og bruksnr inn i forskrifta då dei er omfatta av vernet: 29/2, 9, 14, 18, 21; 37/67 og 100.

**Vedtak**
Direktoratet for naturforvaltning gjer følgjande endringar i verneforskrift for Myklebustvatnet naturreservat:

***Forskrift om endring av forskrift om vern av Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune, Møre og Romsdal***

*Med heimel i naturmangfaldlova § 77, kgl.res 3.juli 1987 nr 572 om delegering av mynde etter naturvernlova m.v til Miljøverndepartementet for fredningsvedtak, og delegasjonsbrev frå Miljøverndepartementet av 3.november 1988, vert forskrift av 27.mai 1988 nr 382 om Vern av Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune, Møre og Romsdal endra slik:*

I

*Kap II, skal lyde:*

*Det freda området berører følgjande gnr/bnr:*

*29/2, 9, 14, 18, 21, 38, 181, 183, 184, 186, 188; 31/1, 4, 21, 32; 37/2, 3, 5, 6, 9, 12, 26, 40, 67, 100, 171, 229, 270, 273, 314, 318, 323, 396, 409 og 412.*

*Reservatet dekkjer eit areal på ca 315 dekar.*

*Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:4.000, datert Direktoratet for naturforvaltning april 2013. Kartet og fredingsføresegnene blir oppbevarte i Herøy kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.*

*Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.*

II

*Forskrifta trer i kraft straks.*

**Videre saksgang**
Fylkesmannen vert med dette bede om å kunngjere forskriftsendringa lokalt. Dei nye grensene skal digitaliserast og lagrast på SOSI-format. Fylkesmannen skal deretter oversende fila til direktoratet.

Statens kartverk vert bede om å tinglyse endra verneforskrift.

Direktoratet sørger for kunngjering på Lovdata.

DIREKTORATET FOR
NATURFORVALTNING

Med helsing
**Direktoratet for naturforvaltning**

Berit Lein
Direktør avdeling for naturbruk og vern

Knut Fossum

Vedlegg:
Nytt vernekart

Kopi med vedlegg:
Miljøverndepartementet, postboks 8013 Dep, 0030 Oslo
Herøy kommune, postboks 274, 6099 Fosnavåg



325800
326000
326200
326400
6915800
6915600
6915400
6915200
Verneplan for våtmark
i Møre og Romsdal
Myklebustvatnet naturreservat
Herøy kommune, Møre og Romsdal fylke
Reservatgrense
0
50
100 Meter
Målestokk 1:4000
N
Kartgrunnlag: FKB kartdata
Kartproduksjon: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Direktoratet for naturforvaltning, april 2013

**Norsk Ornitologisk Forening (NOF)**
Sandgata 30 B
N-7012 Trondheim
e-post: nof@birdlife.no internett: www.birdlife.no

Telefon: (+ 47) 73 84 16 40
Bankgiro: 4358.50.12840
Org. nr.: 970 089 748 NVA

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Deres ref. | Deres kontaktperson | Vår ref. | Vår kontaktperson | Dato |
|---|---|---|---|---|
| | | 2013-503/350.6 | Alv Ottar Folkestad | 28.05.2013 |

**Reguleringsplan for ny innfartsveg til Fosnavåg. Klage på vedtak i Herøy kommunestyre 25.04.2013 om godkjenning av reguleringsplanen**

Vi viser til kunngjøring på Herøy kommunes nettside om ovenfor nevnte vedtak, høringsfrist 28.05 2013.

***Klage:***
***Vi vil med dette klage på nevnte vedtak under henvisning til Plan- og bygningslovens (pbl) § 12-12. Vi vil også særskilt vise til Naturmangfoldlovens (nml) §§ 8-12. Vår begrunnelse for klage er det vi med henvisning til ovenfor nevnte lover, betrakter som saksbehandlingsfeil som i sin tur har ført til vedtak på mangelfullt og sviktende grunnlag. Vi vil be om at vår klage får oppsettende virkning for iverksetting av tiltak etter planen.***

Vi vil utdype vår begrunnelse og konklusjon med følgende:

1. Under saksprosessen som har pågått over en lang periode, har en avgjørende premiss for valg av veitrasé vært konsekvensene for naturverdiene i Myklebustvatnet naturreservat. Endelig valg av trasé kom etter innsigelse fra miljøvernmyndighetene, jfr. brev fra DN til Miljøverndepartementet 15.12.2010.
2. Under oppfølging av premissene for å gå videre med det såkalte alternativ 2 for innfartsveien, er det fra miljøvernmyndighetene klargjort hvilke krav som må stilles til planprosess videre og til vilkår for oppfølging av en eventuelt godkjent reguleringsplan. Vi henviser her spesielt til e-post fra Direktoratet for naturforvaltning v/ Erik Stabell til Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 02.03 2011, der det først presiseres at DN legger til grunn at det må innhentes mer kunnskap for detaljløsning for rundkjøring ved nordvestre hjørne av reservatet for å kunne minimere konsekvensene for naturverdiene i reservatet og oppfylle kravene i naturmangfoldlovens §§ 8-12. Videre sies det i nevnte e-post at etter vedtak av plan må kommunen finne fram til på hvilken måte og i hvilke tidsperioder det kan gjennomføres anleggsarbeid i nærområdet til og evt. i naturreservatet og samarbeide med Fylkesmannens miljøvernavdeling om det. Arbeid må gjøres i tidsperioder når det gjør minst skade på verneverdiene i reservatet. Avslutningsvis sies det at naturmangfoldloven også må legges til grunn for å fastlegge på hvilken måte anleggsarbeidet skal legges opp, og med henvisning til nml § 12.
3. I konsekvensutredningen for innfartsveien, alternativ 2, har Asplan Viak AS konkludert med at dette alternativet har ubetydelig konsekvens for naturmiljøet, og under forutsetning av

kompenserende tiltak til og med positiv konsekvens. Dette imøtegås at Fylkesmannen i uttalelse datert 13.03 2008, som konkluderer med middels/(liten) negativ konsekvens. Under henvisning til kartlegging av verneverdier og funksjon av lokaliteten forut for forslag om vern, ble det så tidlig som i 1976 konkludert med at det aktuelle delområdet rundt nordvestre hjørne av vannet hadde en helt åpenbar betydning som tilbaketrekningsområde for sky og sårbare fuglearter ved forstyrring i andre deler av vannet. Dette var en viktig begrunnelse for at lokaliteten ble underlagt midlertidig vern på våren 1977. Dette burde være tilgjengelig kunnskap også i dag, og det er vanskelig å forstå at dette kan ha vært benyttet under konsekvensutredningen og heller ikke av Fylkesmannen i 2008 og i 2013. I så fall er det vår oppfatning at konklusjonen måtte ha gitt betydelig skjerpet, forventet negativ konsekvens, eller i beste fall at nml § 9 om «føre-var»-prinsippet måtte legges til grunn. I DNs brev til MD 15.12 2010 påpekes det at det i plansaka ikke er gjort særskilt greie for oppfølging av prinsippa i nml §§ 7-12, bl.a. om det foreligger et godt nok kunnskapsgrunnlag. Det understrekes her at prinsippa i nml §§ 8-12 må legges til grunn for eventuelt videre planarbeid bl.a. for utforming av løsninger for alternativ 2 med rundkjøring ved nordvestre hjørne av reservatet.

4. I saksprotokoll for reguleringsplan for ny innfartsvei, alternativ 2, datert 02.04 2013 er det vist til at planforslaget nå ligger utenfor reservatets grenser og at det er tilpasset Fylkesmannens krav om bl.a. retning på gatelys, bruk av natursteinmur o.l., men vurdering av konsekvenser for b.la. naturmangfoldet er avspist med en tilvising til de avklaringer som er gjort over for Fylkesmannen. Kommunen legger derfor til grunn at de ulike tiltaka som følger av planen, ikke vil være i strid med naturmangfoldloven. Dette kan umulig være i samsvar med de presiseringer som ble gjort av overordnet miljøvernmyndighet tidligere i planprosessen, og det er definitivt ikke i samsvar med det krav som stilles i andre reguleringsplansaker, bl. a. av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men også generelt i tilsvarende saker av fylkesmenn. Her presiseres det i flere saker at tilsvarende mangel på konkret gjennomgang basert på et tilfredsstillende kunnskapsgrunnlag, er saksbehandlingsfeil.
5. Med henvisning til e-post fra DN v/ Erik Stabell 02.03 2011 om kommunens ansvar for å ta hensyn til verneverdiene i reservatet når det gjelder tidsrom for anleggsarbeid bl.a. kan vi konstatere at det finnes ingen oppfølging av dette i de godkjente reguleringsbestemmelsene, verken under hensynssoner, samferdselsanlegg eller rekkefølgekrav. Etter vår oppfatning må også dette oppfattes som saksbehandlingsfeil.
6. Herøy kommune har heller ikke fulgt opp overordnet myndighets presisering av kommunens ansvar for å ta hensyn til naturmiljøet og verneverdiene for tilpassing av anleggsarbeid til perioder da det kan forventes minst negative konsekvenser. Vi konstaterer at kommunen har lagt opp til full anleggsvirksomhet umiddelbart etter godkjenningsvedtak og gjennom hele perioden for klagefrist. Observasjoner av fugl i og ved Myklebustvatnet i vår har vist minimale mengder og minimal artsmangfold sammenlignet med tidligere år. Dette gir all grunn til bekymring for konsekvensene av de tiltak som er vedtatt og igangsatt.

Vi finner det naturlig å henvise også til våre uttalelser i forbindelse med spørsmålet om grensejusteringer av reservatet og vernereglene, jamfør vedlegg 1, 2 og 3. Oppsummeringer og vurderinger/konklusjoner i disse vedleggene er etter vår mening høyst relevante også som grunnlag for vår klage.

For Norsk Ornitologisk Forening

Kjetil Aa. Solbakken

Kjetil Aa. Solbakken, generalsekretær

Alv Ottar Folkestad

Alv Ottar Folkestad, saksbehandler

Vedlegg:
1. Myklebustvatnet Verneverdi og forvaltingsmålsetjing.
2. Høyringsbrev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om grenseendringar Myklebustvatnet naturreservat.
3. Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune – høring av forslag til grenseendring - Brev fra NOF.

*Kopi til:*
Miljøverndepartementet
Direktoratet for naturforvaltning
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Norges naturvernforbund

## MYKLEBUSTVATNET I HERØY

### Verneverdi og målsetjing for vern

Dette fuglevatnet i Herøy kommune, Møre og Romsdal hadde merkeleg nok falle utafor all interesse frå fuglefolk i distriktet fram til 1970-talet, sjølv om det allereie frå 1950-talet hadde vore relativt stor, organisert og målretta feltaktivitet frå den interessegruppa som etter kvart vart til lokal avdeling av Norsk Ornitologisk Forening i distriktet. Eit par rapportar om toppand i hekketida i vatnet, som knapt var avmerkt som vatn på eksisterande kart, var alt som fanst, også det utan å gje mistanke om at det her kunne vere eit fuglevatn av stor interesse. Heller ikkje målretta kartlegging av viktige våtmarker langs Norskekysten frå Vestlandet til Finnmark i 1972 evna å få med anna enn eit kort besøk ved vatnet 26.10 det året. Først i 1973 vart lokaliteten besøkt i hekketid (08.05 1973), men vatnet sitt reelle potensiale vart ikkje avslørt, sjølv om det vart notert som ein god grasand- og vadefugllokalitet, med indikasjon på hekkande toppende. På det tidspunktet var det uvanleg både i distriktet og i landsdelen. Meir systematisk kartlegging av hekkande fugl i Myklebustvatnet 1974 (10.05-01.08) avslørte til slutt at denne lokaliteten var einestående som hekkelokalitet for både vanlege og kravfulle våtmarksfugleartar. Dette utløyste målretta kartlegging av arts-utval og funksjon/verdi av lokaliteten dei etterfølgjande åra. Norsk Ornitologisk Forening summerte resultata i ein rapport som vart send over til Miljøverndepartementet: «Myklebustvatnet i Herøy. Ei oversikt over flora og fuglefauna – vurdering av verneverdi og vernetiltak», datert 17. mars 1976 og med 2 sider supplement til artslista datert 21. juni 1976. Jamfør og rapporten «Registrering av ornitologisk viktige våtmarker i Norge. Sluttrapport over registreringsarbeid utført for Miljøverndepartementet frå 1972», datert 30. juni 1977 og den offisielle versjonen «Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge», Miljøverndepartementet juni 1978, der Myklebustvatnet er framheva som viktig fuglevatn. Dette vart avgjerande for at Myklebustvatnet vart mellombels verna frå 30. mars 1977, i vente på at arbeidet med ein verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal skulle verte sluttført. Systematisk innsamling av data om hekkande fugl i vatnet vart supplert år for år fram til utkastet til verneplan låg føre (og også i åra etter). I framlegget til verneplanen for våtmarker, datert juli 1982, og med planvedtak i mai 1988, var Myklebustvatnet framheva som ein hekkelokalitet av nasjonal verdi og med ein hekkefuglfauna som knapt hadde sitt sidestykke i Norge. Jamfør dei ovafor nemnde rapportane og «Framlegg til verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal» (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1982).

Det har i NOFs arkiv ikkje vore råd å finne kopi av den ovafor nemnde rapporten til MD om Myklebustvatnet frå 1976, der det meir detaljert er summert opp registreringsresultat frå perioden 1974-76, men med vising til MD-rapporten «Ornitologisk viktige våtmarker i Norge», datert juni 1978 og gjennomgang av summariske dagboksoversikter frå Myklebustvatnet for perioden 1974-1981, er det i tabell 1 summert opp talgrunnlag for estimering av hekkebestandar av særleg viktige fugleartar i vatnet i perioden 1973-1981, som var grunnlaget for verdivurdering og prioritering i ein verneplansamanheng. To grupper våtmarksfuglar merker seg ut som einestående i norsk samanheng:

*Grasender*, der alle artar som er påvist hekkande i Norge, også er funne hekkande i Myklebustvatnet, openbert årleg eller så godt som årleg i den aktuelle perioden, fleire av dei, også av dei mest kravfulle, i veritable bestandar (stokkand inntil 20-25 par, krikkand inntil 18 par og skeiand inntil 6 par).

*Riksefuglar*, der det er sterke indikasjonar på at alle artar påvist hekkande i Norge også hekka i Myklebustvatnet i den aktuelle perioden, dei fleste av dei i etablerte bestandar (vassrikse inntil 5 territoriehevdande samstundes, myrrikse med 3 spelande på ein gong, sivhøne med 10-11 par påvist og sothøne med inntil 7 par hekkande, samstundes som åkerrikse var årviss i fleire år).

Ut over dette er ei lang rekkje andre fugleartar påvist hekkande. Av særleg interesse må nemnast dvergdykkar allereie på 1970-talet (påvist hekkande i Norge for første gong i 1973 bl.a. i Ålesund). Vidare ei rekkje vadefuglartar, med inntil 7-8 par tjeld, 15-18 par viper, hekkeindikasjonar for brushane (brushaneleik), 2 par raudstilk årvisst, antydningsvis minst 10 par enkeltbekkasin, nær 200 par fiskemåse, territoriehevdande sørleg gulerle (ssp. flava) og blåstrupe fleire år, grashoppesongar, inntil rundt 10 par sivsongar, inntil 7 par tornsongar, fleire par buskskvett og inntil 7-8 par sivsporv. Dette er i hovudsak våtmarksfugleartar eller fugleartar som finn spesielt gode vilkår i næringsrike våtmarker og som er med på å understreke naturfagleg karakter og verdi av Myklebustvatnet med randsoner.

Dei seinare åra har artssamansetjinga av fugl i Myklebustvatnet endra seg ein del. Verdt å merke seg er at medan dvergdykkar allereie på 1970-talet hadde adferd som kunne gje mistanke om hekking, har arten dei siste åra hatt klar, territoriell adferd nær årleg og hekkar etter alt å døme. Arten har no først og fremst tilhald i nordvestre del av vatnet. Over ein periode på 1980- og 1990-talet var songsvane talrik overvintrar, med inntil 98 individ opptalt på ein gong i utlaupsosen. I denne perioden beita svanene ned og tynna kraftig ut i delar av vegetasjonen. Seinare har grågåsa invadert vatnet som hekkefugl og er no ved sida av fiskemåse den mest talrike fuglearten (rundt 30 par). I tillegg har grashoppesongar vore regelmessig påvist, openbert som hekkefugl, og med vestre og nordvestre delar av reservatet som dei viktigaste områda.

Konklusjonen bygt på artsutval, bestandstettleik og lokaliteten sin funksjon både isolert og som den openbert viktigaste for å halde oppe bestandar av kravfulle våtmarksfugleartar i distriktet, var klar og eintydig:

*Dette var ein lokalitet som merkte seg ut som einestående i nasjonal målestokk og som såleis hadde klar, nasjonal verneverdi. Føremålet med vern var følgjeleg å sikre verdien og funksjonen av denne lokaliteten for framtida.*

Det er viktig å legge til at frå 1980-åra og framover har vatnet og reservatet vore under kontinuerleg press frå utbygging og inngrep, først og fremst i sørlege del, der utlaupet vart flytta vestover allereie før den endelege fredinga var vedteken, men på vilkår av ny og solid demning/utlaupskum som skulle halde vassnivået på same nivå som tidlegare. Dette har ikkje fungert etter vilkåra, og det har vore store og aukande lekkasjar i det nye utlaupsområdet slik at vassnivået i sørlege del av reservatet over lang tid stort sett har vore 40-50 cm lågare enn føresetnaden (målt til 45 cm lågare den 21.04 2013). Dette har ført til store, negative endringar for fugl i heile den delen av reservatet som er direkte påverka av for låg vass-stand. Utbyggingar inntil nordgrensa av reservatet har i sin tur ført til skipla vassvegar frå nedbørsfeltet nord for vatnet og samstundes sterkt auka menneskeleg aktivitet nærare inn til område som tidlegare var bra skjerma. Til no har vernevedtaket og vernereglane for Myklebustvatnet naturreservat, og som følgje av manglande handheving, ikkje greidd å demme opp for ei utvikling som over tid ikkje har vore i samsvar med verneføremålet for vatnet:

«... å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv».

*Tabell 1: Utvalde fugleartar oppsummerte i dagboksnotatar frå Myklebustvatnet for perioden 1973-1981.*

| Art | 1973 | 1974 | 1975 | 1976 | 1977 | 1978 | 1979 | 1980 | 1981 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Dvergdykkar | | | | 1 ad | | | | 1ad | |
| Gråhegre | 4 ind | 5 ind | 8 ind | 3 ind | | 3 ind | | 1 ind | 3 ind |
| Songsvane | | | | 12 ind | | 9 ad | 19 ind | 2 par | 17 ind |
| Grågås | | | | 3 ind | | | | | |
| Sædgås | | | | 1 ind | | | | | |
| Stokkand | 10 par | 10 par | 15 par | 21 par | 10 par | 15 par | 10 par | 15 par | 20 par |
| Krikkand | 5+ par | 7 par | 9 par | 10 par | 8 par | 18 par | 10 par | 11 par | 16 par |
| Stjertand | | | 1 par | 1 par | 2 par | 1 par | | 1 par | |
| Snadderand | | | | | | | | | |
| Brunnakke | | 2 par | 2 par | 2 par | 2 par | 2 par | | 1 par | 1 par |
| Knekkand | | 2 par | 1 par | 1 par | 1 par | 1 par | | 1 par | 1 par |
| Skeiand | | 1 par | 1 par | 3 par | 3 par | 6 par | 6 par | 4 par | 3 par |
| Taffeland | | | | | | | | 1 ho | |
| Toppand | 1 par | 3 par | 2 par | 2 par | 3 par | 3 par | 4 par | 3 par | 3 par |
| Kvinand | | | | 1 par | 1 ind | | | | 1 par |
| Siland | | | 2 par | 2 par | 1 par | 1 par | | 1 par | 2 par |
| Åkerrikse | | 1 spel | 1 spel | | | | | | |
| Vassrikse | | 5 par | 1 spel | 1 spel | | 1 spel | | | |
| Myrrikse | | | 1 spel | | | 1 spel | | | |
| Sivhøne | | 2 par | 4 par | 4 par | 1 ind | 1 par | | | |
| Sothøne | | 5 par | 5 par | 2 par | | | | | 1 par |
| Tjeld | 4 par | 6 par | 7 par | 7 par | 7 par | 8 par | 5 par | 4 par | 5 par |
| Vipe | 4-5par | Fl.par | 10 par | 16 par | Fleire | 9 par | Mange | 8 par | 18 par |
| Brushane | | 1 hane | | | | | | | |
| Raudstilk | 2 par | 1 par | 2 par | 1 par | 1 par | 2 par | 2 par | 2 par | 2 par |
| Storspove | | | 1 par | 1par | | 1 par | 1 par | 1 par | 1 par |
| Enkeltbekkasin | Fl par | Fl par | 5 par | 10 par | Fleire | Mange | Fleire | Mange | Mange |
| Hettemåse | | | (1) par | 1 par | 1 ad | 2 par | 1 par | 1 ad | 2 par |
| Fiskemåse | Talrik | 150 par | 175 par | Talrik | 135 par | 60 reir holme | Talrik | 65 par | Talrik |
| Makrellterne | | Fl par | 1 par | 1 ind | 1 ad | 2 ind | Fleire | Fl.ind | |
| Tyrkerdue | | | 1-2 p. | 1 par | 1 ind | 2 par | Høyrt | Høyrt | Høyrt |
| Hubro | | | | | | 1 død | | | |
| Gulerle | | (1) par | (1) par | | | | | | 1 ind |
| Grashoppesongar | | | | | | | | 1 par | |
| Sivsongar | | 1 par | 3 par | 3 par | 10 par | 6 par | 2 par | 8 par | 2 par |
| Tornsongar | | 2 par | 7 par | 2 par | 1 par | 2 par | 3 par | 2 par | Fleire |
| Buskskvett | | 1 par | 2 par | 2 par | Fl.par | 2 par | | 2 par | Fleire |
| Blåstrupe | | (1) par | | | | | | 1 par | |
| Ringtrost | | | 1 par | | | | | | Høyrt |
| Bergirisk | | Fl.par | Fl.par | Fl.par | Fl.par | Fl.par | Fleire | Fleire | Fleire |
| Sivsporv | | 3 par | 7 par | 4 par | 2 par | 5 par | 4 par | 4 par | 2 par |
| Padde | | Høyrt | | | | | | | |
| Turar | 1 | 7 | 10 | 13 | 10 | 18 | 5 | 11 | 11 |

PS! For sivhøne (inntil 10-11 territorier) og sothøne (inntil 7 territorier) var den reelle bestanden i 1974-76 høgare enn det som går av dei reine dagbokstala.

*Fordeling av fugl i dei ulike delområda av Myklebustvatnet:*

Materialet innsamla i perioden 1974-1981 gav også grunnlag for å vurdere korleis Myklebustvatnet blei brukt av dei ulike fugleartane, kva delar som vart nytta til ulik tid av døgnet og sesongen til næringssøk, hekking og reiraktivitet, og gjennom oppvekst av ungar og ungfugl. Allereie den gongen var området under sterkt press frå menneskeleg aktivitet og arealbruk, og arealet vart inndelt i fem ulike område slik det fall naturleg i høve til topografi, vegetasjon og menneskeleg påverknad. Dette vart og summert og presentert i NOFs rapport til Miljøverndepartementet 1976, men i mangel av tilgjengeleg kopi er det i tabell 2 presentert fordeling av korleis dei ulike fugleartane er noterte i perioden 1974-1981, bygt på det som finst av kvantifiserte og områdefesta observasjonar i summariske dagboksnotatar frå perioden. Det er påfallande at for det store fleirtalet av artar, også av dei vanlegaste og mest talrike, merker nordvestre del av Myklebustvatnet seg ut som langt det mest brukte, både i løpet av døgnet og i sesongen. Fleire av dei mest sky og sårbare artane var naturleg nok heilt eller i all hovudsak knytte til dette området. Det gjeld både ender, riksefuglar, vadefuglar og fleire småfuglartar knytte til sumpområde og frodig buskvegetasjon. På den andre sida var artar som er karakteristiske i kulturlandskap og som lett tilpassar seg eller nyttar seg av menneskeskapte område og næringskjelder, dei som også var mest talrike i dei menneskenære delane av Myklebustvatnet, særleg langs utlaupsområdet (Dæmingane, verkstadområdet langs riksvegen). Det vart vidare påvist at grasendene i stor grad nytta lyngheiområda rundt vatnet som reirområde, dels i betydeleg avstand frå vatnet, og at nyklekte kull vandra inn til vatnet frå det kringliggande landskapet, også gjennom hagar og over vegar. Det er kjent at fleire andeartar og rikser søkjer inn mot måsekoloniar for å dra fordel av måsane sitt koloniforsvar mot predatorar, slik det og låg til rette med tette fiskemåsekoloniar i Myklebustvatnet. Av riksefuglane var reir og reirområde hos sivhøne og sothøne lokalisert til frodig siv- og sumpvegetasjon innafor det som var lågvass-stand, hos sothøne relativt nær ope eller halvope vatn, hos sivhøne spreidd i vegetasjonsområda heilt inn til grensa mot fastmark. For dei tre andre rikseartane vart det ikkje søkt etter reir (av omsyn til fuglane sjølve), men for åkerrikse er reirområda lokalisert til grasrikt kulturlandskap og var openbert å finne på den nordlege delen av kulturmarka langs vestsida av vatnet, og mest sannsynleg i den frodigaste vegetasjonen i overgangen mellom fastmark og sumpmark. Vassrikse og myrrikse er begge artar som legg reiret i frodig sumpmarksvegetasjon.

Av fugleartar som er påvist hekkande eller som sannsynleg hekkar/har hekka i/ved Myklebustvatnet, er 18 artar å finne på Norsk raudliste oppdatert i 2010: 1 art innan kategorien CR (kritisk trua), 2 artar i kategorien EN (truga), 10 artar i kategorien NT (nær truga) og 5 artar i kategorien VU (sårbar), jamfør tabell 2. Av desse hadde 11 av artane tyngdepunktet av førekomstane lokalisert til den nordvestre delen av reservatet.

Eiksund, den 22. april 2013

Alv Ottar Folkestad

Alv Ottar Folkestad

Tabell 2: Fordeling av fugl fem delområde i Myklebustvatnet etter dagboksnotatar 1973-1981

| Art/raudliste 2010 | Sør | Midt | Vest | Aust | Nordvest |
|---|---|---|---|---|---|
| Dvergdykkar NT | | | | 100% | |
| Gråhegre | | | | | |
| Songsvane | | | | 33,3% | 66,7% |
| Grågås (NB!) | | | | | 100% |
| Sædgås | 100% | | | | |
| Stokkand | 10,5% | 21% | 0,8% | 19,4% | 48,4% |
| Krikkand | 23,2% | 17,4% | 3% | 24,6% | 31,9% |
| Stjertand NT | | | | | 100% |
| Snadderand NT | | | | 50% | 50% |
| Brunnakke | 25% | 25% | | 25% | 25% |
| Knekkand EN | 40% | 10% | | 20% | 30% |
| Skeiand NT | 13,6% | 18,6% | 3,4% | 27,1% | 37,3% |
| Taffeland | | | | 100% | |
| Toppand | | 23,4% | 3,1% | 46,9% | 23% |
| Kvinand | | | | 100% | |
| Siland | | 85,7% | | 14,3% | |
| Åkerrikse CR | | | | | 100% |
| Vassrikse VU | | | | | |
| Myrrikse EN | | | | | 100% |
| Sivhøne NT | | 34,6% | | 23,1% | 42,3% |
| Sothøne | 3,6% | 28,6% | | 46,4% | 23% |
| Tjeld | 30,8% | 11,5% | 3,8% | 23% | 30,8% |
| Vipe NT | 20% | 8% | 8% | 4% | 60% |
| Brushane VU | | | | | |
| Raudstilk | 30% | | | 20% | 60% |
| Storspove NT | | | | 33,3% | 66,7% |
| Enkeltbekkasin | | | | | |
| Hettemåse NT | | | | | |
| Fiskemåse NT | | | | | |
| Makrellterne VU | | | | | |
| Tyrkerdue VU | | | | | |
| Hubro | | | | | |
| Gulerle | | | | | |
| Grashoppesongar VU | | | 100% | | |
| Sivsongar | 37,3% | 11,8% | 17,6% | 5,9% | 27,5% |
| Tornsongar | | 50% | 50% | | |
| Buskskvett | | | | | 100% |
| Blåstrupe | | 100% | | | |
| Ringtrost | | | | | |
| Bergirisk NT | | | | | |
| Sivsporv | 14,3% | | 28,6% | | 57,1% |
| Padde | | | | | 100% |
| 28 artar validert | 3 | 3 | 1 | 6 | 18 |

PS! Dvergdykker har dei siste åra vore knytt til nordvestre del av vatnet. Grågåsa er no talrik hekkefugl som hekkar rundt heile vatnet og med mange par i sør.

*NOF avdeling Møre og Romsdal*
*v/ Olav Runde*
*Kveldsro*
*6096 Runde*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset

6404 Molde

Dykkar ref. 2011/2312/OLBE/432.4 23. februar 2013

**Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune – høyring om framlegg til grenseendring**

Dykkar brev av 08.01.2013. Brev og tittelsida av høyringsdokumentet har høyringsfrist 22.02 2013, medan høyringsdokumentet seier at framlegget skal ligge ute til offentleg ettersyn i perioden 10.01-22.02.2013 og at merknader skal sendast innan 23. februar 2013 (understreka). Vi har derfor lagt til grunn at fristen er 23. februar.

Innleiingsvis undrar vi oss over det som er sagt i avsnittet om bakgrunn for endringar så langt det gjeld dei formelle føresetnadene for høyringa. Det er sagt at miljøverndepartementet i si handsaming av saka 21.01 2011 opna for et det kunne arbeidast vidare med alternativ B for trasévalg for innfartsveg til Fosnavåg. Det er naturleg å spørje om det i realiteten betyr at noverande høyring er ein rein formalprosess utan realitetsvurdering, men etter som framlegg om grense-endring er lagt ut til vanleg offentleg ettersyn og med formell høyringsfrist, føreset vi at høyringa er reell også i høve til korleis ein trasé B vil kunne få verknader for reservat og verneverdiar og at traséval ikkje er endeleg.

Viktig for oss, som vi og meiner miljøstyresmaktene er forplikta til, er at Myklebustvatnet er freda i medhald av Naturvernlova, no overført til Naturmangfoldloven, og ut frå at området er av nasjonal verdi som våtmark. All vurdering av endringar må derfor i utgangspunktet vere forplikta i høve til verneføremålet: «Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv». Som våtmarksområde var Myklebustvatnet i si tid vurdert som einestående i Møre og Romsdal når det galdt konsentrasjon og artsmangfald av hekkande våtmarksfugleartar, og spesielt av dei mest kravfulle av desse artane. Det galdt særleg for grasender, dykkender og riksefuglar, der ingen andre våtmarksområde i fylket hadde tilsvarande artsmangfald og bestandstettleik, og knapt nok andre vatn i Norge kunne vise noko liknande. I tillegg til dette var artsrikdomen av våtmarkstilknytt fugl generelt stor for eit så avgrensa område. Myklebustvatnet vart derfor rangert blant dei absolutte topplokalitetane av verneverdige våtmarker i Møre og Romsdal.

Då er det med undring vi merkar oss vurderingane i avsnitt 3 i høyringsdokumentet, som er sagt å vere vurdert etter Naturmangfoldloven sine §§ 8-12 med referanse til at det er desse paragrafane som skal leggast til grunn etter § 7 for utøving av offentleg mynde.

Etter § 8 skal offentlege avgjerder så langt rimeleg bygge på vitskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon, utbreiing av naturtypar, økologisk tilstand, saman med effekten av påverknader. Det må vere heva over tvil at slike krav i alle fall må ha stor tyngde når det gjeld vurdering av inngrep i

prioriterte og naturfreda område. I høyringsdokumentet er det berre referert til arealreduksjon innafor reservatgrensene, at tilsvarande type av areal finst andre stader i reservatet, og at det ikkje er raudlista artar eller naturtypar i områda. Det er ikkje med eitt ord nemnt noko om artane sin bestandssituasjon, økologisk tilstand, eller kva effekt dei planlagde inngrepa vil føre til. Dels er dette direkte feilinformasjon, etter som denne delen av reservatet har vore den mest stabile, og den delen av reservatet som har vore minst påverka av forstyrringar, samstundes som dette hjørnet av reservatet også i alle år har vore det viktigaste hekkeområdet for ikkje mindre enn 11 fugleartar som er oppførte på den norske raudlista for fugl i 2010-utgåva. I tillegg kjem hettemåse som utan tvil vil kome med på raudlista ved neste revisjon. Særleg merkar vi oss artane åkerrikse som kritisk truga (CR), knekkand og myrrikse som truga (EN), medan stjertand, skeiand, snadderand, sivhøne, fiskemåse, dvergdykker og vipe er nær truga (NT) og vassrikse er sårbar (VU). Ferskvatn og våtmark er å finne i raudlista for norske naturtypar. I tillegg og svært alvorleg etter vår oppfatning er at det heilt manglar bestands- og trendvurderingar og ei vurdering av forventa effektar av dei planlagde inngrepa. Etter vår oppfatning kan det ikkje vere tvil om at her manglar det kunnskapsgrunnlaget for vurderingane som § 8 i Naturmangfoldloven krev. Dette er krav som skal leggast til grunn for vurderingar av arealbruk generelt, og då må det tilsvarande vere ein langt meir alvorleg svikt når det ikkje vert lagt til grunn for område som er freda i medhald av lov. Dette så mykje meir som at «føre-var-prinsippet» etter nml § 9 heller ikkje er lagt til grunn slik lova krev dersom kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg, ein situasjon som etter vår oppfatning ikkje under noko omstende skulle kunne leggast til grunn for å vurdere inngrep i naturfreda område. Tvert om er det i siste avsnitt av høyringsdokumentet, kapittel 3, sagt at § 9 ikkje kjem til bruk i denne saka. Det ville vere rett dersom krava etter § 8 var oppfylte, men ikkje slik høyringsdokumentet er lagt fram no.

Tilsvarande er heller ikkje krava etter nml § 10 oppfylt (økosystemtilnærming og samla belastning). Her er det ikkje gjort noko form for vurdering av kva ringverknader terrenginngrep i det aktuelle området vil ha for den tilgrensande delen av reservatet, dels gjennom arealreduksjon, men ikkje minst gjennom terrenginngrep som vil skiple det som finst av naturlege vassvegar inn til reservatet og korleis dette i neste omgang til måtte få følgjer for vass- og mineralnæringsbalansen innafor tilgrensande del av reservatet. Med eit planframlegg som vil innebere ei avskjering og fullstendig skipling av dei bekkane som i dag renn inn i reservatet frå terrenget rundt det nordvestre hjørnet av reservatet, vil dette vere eit så alvorleg inngrep at det i seg sjølv ikkje skulle kunne aksepterast av omsyn til verneføremål og verneverdiar. Om det i det heile skulle kunne vurderast, måtte det i alle fall i fullt monn følgjast opp etter nml §§ 11 og 12, medan fylkesmannen si vurdering seier at desse paragrafane ikkje kjem til bruk. På nytt står vi over for det vi meiner må vere svært alvorlege feilvurderingar og som igjen er ein direkte følgje av ikkje å følgje opp nml § 8 sitt krav om kunnskapsgrunnlaget. Vi stiller oss endå meir undrande til vurderingane i det nest siste avsnittet i kapittel 3 i høyringsdokumentet når det er sagt at om ei fjernar delar av arealet vil resten av reservatet få tilsvarande større verdi. Dette må vere sviktande logikk. Det kan umogeleg vere slik at totalverdien av eit reservat vil vere uendra ved reduksjon av arealet. Det som her er nemnt om aktiv skjøtsel og restaurering av vasslekkasje frå nedre del av reservatet, er tiltak som er naudsynte som følgje av inngrep, dels med Herøy kommune som ansvarleg, dels av private, der vilkåra for inngrep ikkje har vore følgde opp, og der forvaltingsstyresmaktene ikkje har vore i stand til å fremje krav om utbetring av skadar som har fått lov til å utvikle seg over ein periode på 25 år (området verna i 1988).

Vi meiner vidare det og må vere rett til å vurdere saka i lys av korleis verneområda generelt har vorte forvalta i Møre og Romsdal, spesielt korleis områda verna etter «Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal» har vorte forvalta og korleis tilstanden for desse verneområda er i dag. Det er med sorg vi må konstatere at svært få av dei 41 områda som vart freda etter Naturvernlova i denne planen, i dag

kan seiast å ha same eller auka verdi og funksjon i høve til det som var status då verneplanen vart vedteken i mai 1988. Dei aller fleste av områda har fått redusert funksjon og verdi, i svært stor grad som følgje av terrenginngrep og menneskeleg aktivitet. Det som verre er, i mange tilfelle også som følgje av at det vart lagt til grunn kompromissløysingar for å løyse konflikter, og som seinare har synt seg å få negative følgjer for naturverdiane, medan dei knapt evna å redusere konfliktnivået. Det har og vore tilfelle for Myklebustvatnet, og på ein måte som gjer at både artsmangfald og bestandar av våtmarksfugl har vore sviktande over mange år. Det understrekar endå sterkare enn då verneplanen for våtmarker vart lagt fram i si tid, at presset på våtmarkene er større enn nokon gong, at det er desto viktigare å ta vare på verdien av det som framleis fins, men og at det hastar over måte sterkt å få sett i verk tiltak for å få attende status som var grunnlaget for vernet, helst også betre tilstanden. Jamfør og norsk raudliste for truga naturtypar, med både ferskvatn, strandsoner og våtmarker. Det seier seg sjølv at i ein slik situasjon kan det ikkje vere rett at forvaltingsstyresmaktene legg til rette for ytterlegare inngrep, arealreduksjon og planar i dei få og små områda som har vore verna (og dels vanskjøtta) over ein periode på 25 år, slik tilfellet er for Myklebustvatnet.

***Konklusjon:***

Ut frå det som er sagt framanfor, finn NOF avdeling Møre og Romsdal på prinsipielt grunnlag og ut frå dei faktiske tilhøva i saka, på det sterkaste å måtte gå imot framlegget til grenseendring for Myklebustvatnet naturreservat i Herøy kommune. Dette var ein av topplokalitetane i verneplanen for våtmarker i Møre og Romsdal og ein lokalitet som merka seg ut også nasjonalt. Det kan ikkje aksepterast at når verneområdet ikkje har vore forvalta etter føresetnaden, blir det brukt som argument for å kunne gje rom for terrenginngrep som i seg sjølv, også utafor reservatet, nødvendigvis vil måtte få merkbare følgjer innafor reservatet. Vi vil summere dette i følgjande punkt:

1. Vi vil på det sterkaste gå imot ei kvar form for reduksjon av Myklebustvatnet naturreservat og inngrep i nærområdet. Lokaliteten er sterkt pressa frå før og burde heller utvidast langs nordsida av vatnet, bl.a. for å få med område med purpurlynghei og annan kravfull vegetasjon.
2. Ikkje under noko omstende kan det aksepterast at saka vert realitetshandsama så lenge krava etter Naturmangfoldloven ikkje er stetta, med særleg vekt på §§ 8, 10, 11 og 12.
3. Uavhengig av høyringa må restaureringstiltak straks setjast i verk, først og fremst når det gjeld vasslekkasje og vassnivå i nedre del av reservatet.
4. Kommunen signaliserer nye vegplanar som vil kunne innebere inngrep i reservatet. Det er viktig at forvaltingsstyresmaktene gjer det klart at naturreservat ikkje skal kunne fungere som reserveareal for lokale utbyggingar, men representerer ein arealressurs av nasjonal verdi som også lokalsamfunnet burde kunne sjå som ein ressurs ut over byggegrunn.

For NOF avdeling Møre og Romsdal

Olav Runde, leiar
-sign-

Alv Ottar Folkestad
-sakshandsamar-

**Norsk Ornitologisk Forening (NOF)**
Sandgata 30 B
N-7012 Trondheim
e-post: nof@birdlife.no internett: www.birdlife.no

Telefon: (+ 47) 73 84 16 40
Bankgiro: 4358.50.12840
Org. nr.: 970 089 748 NVA

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Direktoratet for naturforvaltning
PB 5672 Sluppen
7485 Trondheim

| Deres ref. | Deres kontaktperson | Vår ref. | Vår kontaktperson | Dato |
|---|---|---|---|---|
| | | 2013-503/350.6 | Alv Ottar Folkestad | 24.04.2013 |

# Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune – høring av forslag til grenseendring

Vi viser til ovenfor nevnte sak, som etter det vi har fått opplyst, er til behandling i DN før eventuell sluttbehandling i Miljøverndepartementet. Vi tar utgangspunkt i høringsdokument fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal med frist 23. februar i år, til høringssvar fra vår fylkesavdeling i Møre og Romsdal, og kommentarer fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal i oversendelsesbrev til Direktoratet for naturforvaltning datert 07.03 2013. I tillegg viser vi til vedlagte notat fra NOF avd. Møre og Romsdal v/ A. O. Folkestad med oppsummering av kunnskapsgrunnlaget for Myklebustvatnet, slik det var forut for vedtak om midlertidig vern i mars 1977 og fredning etter Naturvernloven i mai 1988. Notatet har også enkelte opplysninger om situasjon og funksjon etter fredningstiltak ble satt i verk.
På prinsipielt grunnlag og i forhold til fakta, mener vi høringsbrevet fra NOF avd. Møre og Romsdal på en saklig og faktabasert måte setter søkelyset på viktige forutsetninger for at en slik sak skal kunne realitetsbehandles. Det gjelder kravet om kunnskapsbaserte beslutninger, det gjelder kravet om faktabaserte konsekvensvurderinger, og det gjelder formalgrunnlaget for et slikt forslag. NOF sentralt deler fullt ut NOF avd. Møre og Romsdals vurderinger og kommentarer i deres høringssvar. Det forbauser oss ikke så rent lite at Fylkesmannen ikke realitetsvurderte de innspill som kom, men i en sumvurdering feier kommentarene til side som lite relevante for sakens problemstillinger, deriblant også eventuelle konsekvenser for funksjon og verdi av hele naturreservatet, og det mest utsatte delområdet spesielt. NOF sentralt finner det derfor nødvendig å følge opp saken direkte over for overordnet miljøvernmyndighet, både på direktoratsnivå og i miljøverndepartementet.

*NOFs vurderinger:*
Som nevnt, finner vi innspillet fra NOF avd Møre og Romsdal dekkende for vår oppfatning av at kunnskapsbasert vurdering uansett må legges til grunn for eventuelle endringer av fredningsvedtak i medhold av gjeldende lovverk. Vi vil derfor innledningsvis innstendig be om at overordnet fagmyndighet sørger for å få gjort det som Fylkesmannen i Møre og Romsdal ikke har gjort av eget initiativ.
Etter vår oppfatning gjelder det følgende:

1. *Dokumentasjon av behovet for grensejusteringer ut over det som gjelder oppretting av unøyaktigheter i grensemerking i forhold til formalgrunnlaget.*

Sakens bakgrunn er kommunalt initiativ for å gjennomføre to tiltak som vil medføre omfattende terrenginngrep i et område som har avrenning til naturreservatets nordvestre hjørne, dels også innenfor reservatets grenser:
a. Plan for utbygging av er større badelandsanlegg i tilknytning til sentralt idretts- og kulturområde i kommunen. Planen er vedtatt og grunnarbeid satt i gang. Arealmessig ligger dette utenfor reservatets grenser, men vil kunne ha ringvirkninger innenfor reservatet.
b. Trasé for ny innfartsvei til kommunesenteret Fosnavåg basert på tunnelløsning med innslag nordvest for naturreservatet. Planene er ikke formelt godkjente, men er i avsluttende kommunal godkjenningsprosess. Kommunens hovedalternativ (A) ble avvist av miljøvernmyndighetene, men miljøverndepartementet åpnet for at kommunen/veivesenet skulle kunne gå videre med et alternativ B vest for naturreservatet. Her regner vi med som selvfølgelig at også et alternativ B må oppfylle krav til at terrenginngrep ikke må føre til merkbare, negative konsekvenser for naturreservatet, både for tilgrensende delområder og som helhet. Dette er så langt vi forstår, ikke avklart, og det er ikke nevnt eller henvist til i Fylkesmannens høringsdokument på forslag til grenseendringer. I Fylkesmannens høringsdokument er det således ikke gitt noen konkret behovsdokumentasjon for hvorfor det er nødvendig med grenseendringer og heller ikke om og eventuelt i hvilken grad det er stilt betingelser for at de planlagte, omfattende terrenginngrepene (delvis igangsatt) ikke skal kunne gi negative ringvirkninger for reservat og verneverdier.

2. *De planlagte terrenginngrepene og medfølgende aktivitet i og nær reservatet og hvordan dette vil kunne påvirke verneverdier og verneformål.*

I stadsbudsjettet for 2013 vart det sett av 205 millionar kroner til styrking av kommunalt barnevern. Fylkesmannen har ansvar for søknadsbehandling og fordeling av midlar i sitt fylke. Herøy kommune søkte om tilskot for dekning av ei fagstilling i barnevernet. Viser til sak. 2013/223. Handsama i Formannskapet 19.02.13 og Kommunestyret 28.02.13.

Kommunen fekk tildelt 60 % stilling gjeldane frå 01.04.13. og lønsmidlar til stillinga kr. 287 285 gjeldane frå 01.04.13. og ut året 2013.

Stillinga er midlertidig, men ein reknar med at kommunen vil motteke vidare statlege lønsmidlar for 2014, slik at stillinga vert vidareført. Stillinga er utlyst som midlertidig stilling.

Herøy kommune vart og innvilga kompetansemidlar på kr.40.000 til styrking og vidareutvikling av tverrfaglege team.

**Helsestasjon**
I stadsbudsjettet for 2013 vart det og sett av midlar til Førebyggande helsearbeid i Helsestasjons- og skulehelsetenesta. Midlane fordelast av Helsedirektoratet. Kommunen søkte og fekk tildelt kr. 200.000-. i 2013. Det er ein føresetnad at midlande brukast til å auke ressursen i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Kommunen fekk og midlar til det same formålet i 2012.

Kommunen ønskjer å opprette ei midlertidig stilling på 20 % for dei tilførte midla. Sjølv om stillinga er midlertidig, reknar ein med at kommunen vil motteke vidare statlege midlar for 2014, slik at stillinga då vert vidareført. Stillinga er ikkje utlyst, men det er tilset midlertidig vikar som er utdanna helsesøster.

**Vurdering og konklusjon:**
**Barnevern**
Det er viktig at utsette barn og unge i Herøy får nødvendig hjelp, og at barnevernet følgjer opp krava i barnevernslova. Å få tilført ny 60 % stilling vil bety svært mykje for arbeidet som barnevernet skal utføre for dei mest sårbare barna. Det vil også gje moglegheit for å styrke det tverrfaglege samarbeidet.

**Helsestasjon**
Det er viktig å styrke helsestasjon og skulehelsetenesta særleg i eit førebyggjande perspektiv. Ein kvar styrking av tilbodet til denne gruppa sjåast på som positivt og viktig, særleg med tanke på lengre sikt. Ei oppretting av 20 % midlertidig stilling med arbeidsområde først og fremst helsestasjonen, men og skulehelsetenesta er dermed viktig.

Konsekvensar for folkehelse:
På lengre sikt regner ein med at det vil ha positiv effekt på folkehelsa, og då særleg for dei utsette barn.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen særlege konsekvensar

Konsekvensar for drift:
Ved denne styrkinga av drifta vil ein mellom anna kunne drive det tverrfaglege arbeidet på ein enda betre måte.

Fosnavåg, 26.06.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Inger Marie Tofthagen |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | JMM | Arkivsaknr: | 2013/519 |
| | | Arkiv: | L05 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 10/13 | Valnemnd | 29.08.2013 |
| 106/13 | Kommunestyret | 29.08.2013 |

## VAL AV TO REPRESENTANTAR FRÅ FORMANNSKAPET TIL ARBEIDSGRUPPE FOR BYUTVIKLINGSPROSJEKT - FOSNAVÅG BY.

**Tilråding:**

2 representantar frå Formannskapet til arbeidsgruppe for «Byutviklingsprosjekt – Fosnavåg by» vert valde:

Særutskrift:
Dei valde
Fellessekretariatet
Utviklingsavdelinga

**Vedlegg:**

**Saksopplysningar:**
Vedtak i F-sak 87/13:
Formannskapet vedtek å starte opp «Byutviklingsprosjekt – Fosnavåg by» og gjer Fylgjande vedtak:

1. Formannskapet skal vere styringsgruppe for «Byutviklingsprosjekt – Fosnavåg by».
2. Det vert satt ned arbeidsgruppe for å følgje opp prosjektet med følgjande Representantar: Ordførar, varaordførar, **2 medlemer frå Formannskapet**, rådmann, representant frå næringslivet, representant frå fylkeskommunen og Representant frå Utviklingsavdelinga. Valnemnda vel dei 2 representantane.
3. Ein forutsetter at prosjektet vert finansiert med tilskot frå fylkeskommunen og RDA-midlar.
4. **Valnemnda kjem med tilråding av to representantar frå Formannskapet**

**Vurdering og konklusjon:**

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 16.07.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Hilde B. Skinnes

HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | HS | Arkivsaknr: | 2013/234 |
| | | Arkiv: | 033 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 11/13 | Valnemnd | 29.08.2013 |
| 107/13 | Kommunestyret | 29.08.2013 |

**PERMISJON FRÅ POLITISKE VERV.**

**Tilråding:**

Gry Cecilie Sydhagen får permisjon frå politiske verv frå 1. september 2013 og ut valperioden i henhold til Kommunelova §15, punkt 2.

Medlem i kommunestyret: Ny fast medlem (H) Stian Sævik Elveseter og ny 18. varamedlem (H) Asbjørn M. Endresen.

Varamedlem i Formannskapet:

Varamedlem i Valstyret:

Leiar i Komite for næring, kultur og idrett:

Særutskrift:
Søkjar
Leiar for Høgre, Ann-Kathrin (Tine) Storøy, Nedre Hjelmeseth 13, 6092 Fosnavåg
Fellessekretariatet
Dei valde

**Vedlegg:**

Søknad – u.off. §13.

**Saksopplysningar:**
Gry Cecilie Sydhagen har søkt om permisjon frå politiske verv frå 1. septemer 2013 og ut valperioden.

Ho har desse verva:
Medlem i kommunestyret
Varamedlem i formannskapet
Varamedlem i valstyret
Leiar i komite for næring, kultur og idrett

**§ 15.** *Uttreden. Suspensjon.*

2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.

**§ 16.** *Opprykk og nyvalg.*

1. Har medlemmer forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.

2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.

3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges ny leder.

5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.

**Vurdering og konklusjon:**

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 19.07.2013

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik<br>Rådmann | Olaus-Jon Kopperstad<br>Avd. leiar |

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 169/13 Unni Hjørdis Evensen og Roar Evensen 11/143 - Rammeløyve for oppføring av to rorbuer. 14.05.2013 00:00:00

DS 170/13 Amalie Leikanger/Ole-Ottar K. Høgstavoll 46/71/2 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - utviding terrasse. 21.05.2013 00:00:00

DS 171/13 Bjørg Sæter -78/8 - Løyve til riving av eldre bygningar 21.05.2013 00:00:00

DS 172/13 Gnr 60 Bnr 46 - Frådeling av bustadtomt 22.05.2013 00:00:00

DS 173/13 Søknad om å ta skjenkeløyvet ut av lokalet i samband med Maritim sommarfestival - Hotel Neptun 23.05.2013 00:00:00

DS 174/13 Gnr 9 Bnr 12 -Frådeling av 2 bustadtomter 05.06.2013 00:00:00

DS 175/13 Aksel Lervik 48/82 - Løyve til tiltak fylling, båtsoppstillingsplass. 06.06.2013 00:00:00

DS 176/13 Peter Lind 8/44 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - tilbygg til løe. 20.06.2013 00:00:00

DS 177/13 Kristin Rønnestad - 37/81 og 94 - Takoverbygg 21.06.2013 00:00:00

DS 178/13 Ole-Anton Arhaug 16/58 - Løyve til tiltak - ny uteplass/altan. 12.07.2013 00:00:00

DS 179/13 Unni Hjørdis Evensent - 11/51 - ferdigattest 26.06.2013 00:00:00

DS 180/13 Svar på søknad om skjenkebevilling - enkeltanledning/ambulerende 26.06.2013 00:00:00

DS 181/13 Helge Sande 14/8 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - utfyllyng av nausttomt og utlegging av flytebrygge 03.07.2013 00:00:00

DS 182/13 Herøy Byggsenter as - 23/2 - opparbeiding av tomter/planering 02.07.2013 00:00:00

DS 183/13 Kristin M Rønnestad - 37/81 og 94 - Ferdigattest 03.07.2013 00:00:00

DS 184/13 Herøy kommune 36/16 - Igangsetjingsløyve - nytt kloakk renseanlegg. 05.07.2013 00:00:00

DS 185/13 Kjetil Jøsok og Magnar Jøsok - 82/45 og 46 - Utvida fylling i sjø 17.07.2013 00:00:00

DS 186/13 Herøy Byggsenter AS  24/85 - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket 28.07.2013 00:00:00

DS 187/13 Karl Kristian Storøy 16/118 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus 30.07.2013 00:00:00

DS 188/13 Geir Knotten 45/166 - Rammeløyve bustadhus 29.07.2013 00:00:00

DS 189/13 Tømrer Prosjekt AS  29/346 - Løyve til oppføring av tomannsbustad med garasje 07.08.2013 00:00:00

DS 190/13 Kjøp av gnr 29 bnr 349 på Bergsøya 14.08.2013 00:00:00

DS 191/13 Kjøp av tomt gnr 12 bnr 309 14.08.2013 00:00:00

DS 192/13 Frode Njål Hide - 35/158 - Overbygg terrasse 24.04.2013 00:00:00

DS 193/13 Huldal barnehage SA  34/508,365  - Løyve til tiltak - tilbygg barnehage. 13.05.2013 00:00:00

DS 194/13 Endre Rolf Riise - 26/88 - Løyve til oppføring av einebustad 21.05.2013 00:00:00

DS 195/13 Erik Andre Bakke 29/140 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett. 05.06.2013 00:00:00

DS 196/13 Kjøp av boligtomt. 45/158 Dragsund 07.06.2013 00:00:00

DS 197/13 Maria Elena Nilsen 31/40 Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg til bustadhus, riving av gamal garasje og bygging ny garasje 17.06.2013

00:00:00

DS 198/13 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket 20.06.2013 00:00:00

DS 199/13 Fosnavåg Vekst AS 34/5 mfl - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket 21.06.2013 00:00:00

DS 200/13 Gnr 22 Bnr 20,34 og 35- Frådeling av næringsareal 21.06.2013 00:00:00

DS 201/13 Gnr 37 Bnr 5 og 26 - Frådeling av veggrunn 21.06.2013 00:00:00

DS 202/13 Maria Lewell og Arild Helsem Kvalsund - 4/328 - Endra plassering av bygg 24.06.2013 00:00:00

DS 203/13 Peter Lind 8/44 - Løyve til tiltak, oppføring av garasje 26.06.2013 00:00:00

DS 204/13 Ferdigattest - 22/58 - MMC Tendos as 28.06.2013 00:00:00

DS 205/13 Terje Lima - 30/94 - Oppføring av Garasjebygg 28.06.2013 00:00:00

DS 206/13 Torunn Torgersen Bjørlykke og Jan Erik Bjørlykke - 34/538 og 54 - Endring av tidlegare gitt løyve 12.06.2013 00:00:00

DS 207/13 Jon Kvalsund 5/52,53 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg og levegg. 28.06.2013 00:00:00

DS 208/13 Linda Arnesen og Endre Tjervåg 56/94 - Løyve til tiltak - oppføring av garasje. 01.07.2013 00:00:00

DS 209/13 Stian Kvalsvik 37/240 Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg og fasadeendring. 02.07.2013 00:00:00

DS 210/13 Fluda Eiendom as - 25/47 - Tilbygg 03.07.2013 00:00:00

DS 211/13 Eileen Gjerde og Frode Rougnø - 45/170- Rammeløyve 28.06.2013 00:00:00

DS 212/13 Gnr 26 Bnr 169 - Frådeling av tilleggsareal tilgnr 26 bnr 73 16.05.2013 00:00:00

DS 213/13 Gnr 60 Bnr 252 - Frådeling av nausttomt 16.05.2013 00:00:00

DS 214/13 Gnr 79 Bnr 31 -Frådeling av tilleggsareal til gnr 79 bnr 134 16.05.2013 00:00:00

DS 215/13 Maria Lewell og Arild Helsem Kvalsund 4/328 - Løyve til oppføring av bustadhus m/garasje 06.05.2013 00:00:00

DS 216/13 Gnr 60 Bnr 22 - Frådeling av bustadtomt. 21.06.2013 00:00:00

DS 217/13 Gnr 24 Bnr 2 - Deling av tomt til høgdebasseng. 10.07.2013 00:00:00

DS 218/13 Gnr 25 Bnr 9 og bnr 11 - Frådeling av 2 bustadtomter. 25.06.2013 00:00:00

DS 219/13 ferdigattest - 38/280 08.07.2013 00:00:00

DS 220/13 Guttorm Rabben - 59/50 - Løyve til endring 08.07.2013 00:00:00

DS 221/13 Øyvind Jøsok - 86/1 og 17 - sel 10.07.2013 00:00:00

DS 222/13 Sidsel Skorpen - 36/97 seksjon 4 - tilbygg carport 12.07.2013 00:00:00

DS 223/13 Aurvoll og Furesund AS  35/148 og 34/399 - Løyve til tiltak - masseutskifting 12.07.2013 00:00:00

DS 224/13 Kirsti Hammerø og John Normann Pettersen - 22/56 - Ferdigattest 15.07.2013 00:00:00

DS 225/13 Serveringsløyve - Det Lille Hjørnet 15.07.2013 00:00:00

DS 226/13 Siv Midtlien/Are Pilskog  82/5 - Løyve til tiltak - oppføring av naust 17.07.2013 00:00:00

DS 227/13 Mellombels bruksløyve - 29/151- 2 etg Bergsøy Klubbhus 17.07.2013 00:00:00

DS 228/13 Vegard Hide 4/303 - Løyve til oppføring av garasje 22.07.2013 00:00:00

DS 229/13 Eva Janne Djupvik 44/7 - Løyve til oppføring av nytt tilbygg 23.07.2013 00:00:00

DS 230/13 Pål-Ove Husøy 4/318 - Løyve til oppføring av nytt bustadhus 23.07.2013 00:00:00

DS 231/13 Herøy Byggsenter AS  4/307 - Igangsettingsløyve resterende arbeid 28.07.2013 00:00:00

DS 232/13 Herøy Byggsenter AS  4/306 - Igangsetjingsløyve resterande delar av tiltaket 28.07.2013 00:00:00

DS 233/13 Bente Larsen Nerland  16/131 - Løyve til utviding av terrasse 30.07.2013 00:00:00

DS 234/13 Geir Knotten 45/166 - Igangsettingsløyve for grunnarbeid 31.07.2013 00:00:00

DS 235/13 Ørsta Byggservice AS 37/493 - Løyve til oppføring av 2-manns bustad med carport m/bod 08.08.2013 00:00:00

DS 236/13 Arne Sandvik 83/101 - Ferdigattest fritidsbustad 30.07.2013 00:00:00

DS 237/13 Herøy Byggsenter as - 24/85 - Igangsetting delar av tiltak 15.07.2013 00:00:00

DS 238/13 Gnr 4 Bnr 4 -Frådeling av grunn til gravplass 21.06.2013 00:00:00

DS 239/13 Andre Nerlid Gjerde - 58/39 - ferdigattest 01.07.2013 00:00:00

DS 240/13 Rune Moltu - 54/71 - Igangsettingsløyve byggearbeid naust 12.07.2013 00:00:00

DS 241/13 Gnr 6 Bnr 32 - Løyve til tiltak- påbygg bustadhus 26.07.2013 00:00:00

DS 242/13 Jan Erik Sundnes 25/7 - Løyve til deling grunneigedom - tilleggsareal til gnr 25 bnr 16 31.07.2013 00:00:00

DS 243/13 Søknad om utvida skjenketid f.o.m. 31.08.2013 t.om. 01.09.2013 til kl. 02:00 05.08.2013 00:00:00

DS 244/13 Roar Sandvik - 40/74 - Igangsettingsløyve 19.08.2013 00:00:00

DS 245/13 Søknad om utvida skjenketid 14.06. - tom 16.06. 2013 - Fosnavåg Brygge 24.05.2013 00:00:00

DS 246/13 Åslaug Hildre 45/156 - Løyve til tiltak, oppføring av bustadhus. 14.06.2013 00:00:00

DS 247/13 Bygg & System Eigedom AS  23/29 - Løyve til endring av fasade 27.05.2013 00:00:00

DS 248/13 Einedalen skule - 24/74 - Løyve til grunnarbeid og betongarbeid for nytt tilbygg 27.05.2013 00:00:00

DS 249/13 Gnr 31 Bnr 7 og 9 - Frådeling av 3 bustadtomter 24.05.2013 00:00:00

DS 250/13 Vegard Sævik/Johanne Leine Sævik  26/207 - Igangsettingsløyve for deler av grunnarbeid - fjerning av jordmasser på tomta 07.06.2013 00:00:00

DS 251/13 Jarleif Igesund 31/7 - Løyve til opparbeiding av bustadtomt 27.05.2013 00:00:00

DS 252/13 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS  29/329 - Igangsettingsløyve for deler av betongarbeidet 13.06.2013 00:00:00

DS 253/13 Igangsettingsløyve for riving av bygning på gnr 29 bnr 71 08.06.2013 00:00:00

DS 254/13 Gnr 76 Bnr 105 - Frådeling av areal til sameiget på Budaneset. 12.07.2013 00:00:00

DS 255/13 Trond Nærø 37/389  - Løyve til tiltak - oppføring av leveggar m/takoverbygg som tilbygg til bustadhus 12.07.2013 00:00:00

DS 256/13 Gnr 62 Bnr 27 - Frådeling av 3 nausttomter 16.07.2013 00:00:00

DS 257/13 Kjøp av gnr 26 bnr 200 Leinøy 16.07.2013 00:00:00

DS 258/13 Einedalen skule 24/74 - Oppføring av tilbygg - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket 16.08.2013 00:00:00

DS 259/13 Petter Oskar Pettersen Notø  40/6 - Rammeløyve for oppføring av fritidsbustad 05.07.2013 00:00:00

DS 260/13 Bård Kvalsund og Siv Jensen  -29/296 - Utekjøkken 12m2 19.08.2013 00:00:00

DS 261/13 Geir Knotten 45/166 - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket 16.08.2013 00:00:00

DS 262/13 Svein Olav Hatlen - 30/74 - Drivhus 16.08.2013 00:00:00

DS 263/13 Meison Mosavi og Nazem Ali Razi  21/12  - Frådeling av tilleggsareal til gnr 21, bnr 29 og 30 25.10.2012 00:00:00

DS 264/13 Arne Andreas Kvalsund 4/127 - Bruksendring 14.05.2013 00:00:00

DS 265/13 Knut Tandberg  79/107  - Løyve til tiltak - tak over del av veranda. 16.07.2013 00:00:00

DS 266/13 John Arne og Irene Winsnes 81/1 - Feridattest 29.05.2013 00:00:00

DS 267/13 Havyard House 34/526 - Ferdigattest for ombygging av 1.etg til kontor 18.06.2013 00:00:00

DS 268/13 Andre Fugledal Kvalsund 4/304 - Mellombels bruksløyve for 1.etg og garasje 01.08.2013 00:00:00

DS 269/13 Aina og Oddvin Nilsen  36/116 - Mellombels bruksløyve. 17.07.2013 00:00:00

DS 270/13 Oddlaug og Johannes Kleppa 6/12 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg 19.07.2013 00:00:00

DS 271/13 John Arne 81/1 - Ferdigattest 29.05.2013 00:00:00

DS 272/13 Per-Arne Herskedal - Løyve til til tiltak - Garasje og hagestove - Gnr. 36 bnr. 85 seksjon 2. 29.11.2012 00:00:00

DS 273/13 Asbjørn Myklebust - Løyve til tiltak - Rehabilitering skorstein - Gnr. 37 bnr. 334 i Herøy. 06.12.2012 00:00:00

DS 274/13 Delegert vedtak - sal av gnr. 26 bnr. 208 på Leine til Eldar og Inger-Lise Lillerovde 03.02.2012 00:00:00

DS 275/13 Helge Toreson Remøy 38/233 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg bustadhus 22.05.2013 00:00:00

DS 276/13 Serverings- og/eller skjenkebevilling 13.06.2013 00:00:00

DS 277/13 Einedalen skule 24/74 - Mellombels bruksløyve for tilbygg 19.08.2013 00:00:00

Referatsaker

Referatsaker

Stiftinga Sunnmøre Museum

Postadresse: Stiftinga Sunnmøre Museum
Postboks 6607 Hatlane
6024 Ålesund

TLF: 70 17 40 00

Bankkonto: 3900 30 59 840
Foretaksregisteret NO 98 9377132 MVA

www.sunnmore.museum.no

Referatskriv
kommunestyret

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/34 Saksbeh. HS
19 JUNI 2013
Ark.kode P 033
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 32
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Borgundgavlen 17.06.2013

Unnateke off.leit jf.off.l.§

**Årsrekneskap 2012 frå Stiftinga Sunnmøre Museum**

Vedlagt følgjer årsrekneskap med notar, revisjonsmelding, styret si årsmelding og årsmøtereferat for rekneskapsåret 2012 for Stiftinga Sunnmøre Museum.

Med vennleg helsing
Stiftinga Sunnmøre Museum

Randi Muldal

Randi Muldal
Lønn- og personalmedarbeider

**Stiftinga Sunnmøre Museum**
RESULTATREKNESKAP 2012

| | Note | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|
| Eigeninntekt | | 4 141 005 | 4 913 789 |
| Prosjekttilskot | | 2 277 808 | 1 035 346 |
| Ordinære Offentlege Driftstilskot | 2 | 22 046 866 | 21 634 666 |
| Andre Offentlege Tilskot | | 284 580 | 100 080 |
| **Sum driftsinntekter** | | **28 750 259** | **27 683 881** |
| | | | |
| Beholdningsendring Varelager | | 15 461 | 314 163 |
| Varekostnad museumsbutikk | | 137 873 | 108 961 |
| Varekostnad museumskafe | | 458 076 | 639 860 |
| Løn- og personalkostnad | 8 | 19 865 458 | 18 404 792 |
| Avskrivningar | 3 | 405 175 | 359 851 |
| Drift av lokaler | | 1 374 621 | 1 366 514 |
| Vedlikehald lokaler | | 534 581 | 1 251 676 |
| Husleige | | 521 122 | 574 294 |
| Andre driftskostnader | | 5 352 590 | 4 338 184 |
| **Sum driftskostnader** | | **28 664 957** | **27 358 295** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **85 302** | **325 586** |
| | | | |
| Finansinntekter | | 144 139 | 100 467 |
| Finanskostnader | | 44 379 | 49 329 |
| **Sum Finanspostar** | | **99 760** | **51 138** |
| | | | |
| **Årsresulat** | | **185 062** | **376 724** |
| | | | |
| **Overføringar** | 7 | **185 062** | **376 724** |

Stiftinga Sunnmøre Museum
BALANSE PR. 31.12

| EIGNELUTAR | Note | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|
| Bygninger / Samlingar / Inventar og utstyr | 3,9 | 2 691 086 | 2 708 361 |
| **SUM ANLEGGSMIDLAR** | | **2 691 086** | **2 708 361** |
| | | | |
| **Varer** | | **136 811** | **152 272** |
| | | | |
| Kundefordringar | | 163 492 | 195 893 |
| Tilskot | | 90 000 | 0 |
| Forskot / Interim | 5 | 699 029 | 967 110 |
| **Sum fordringar** | 4 | **952 521** | **1 163 003** |
| | | | |
| **Bankinnskot, kontantar o.l.** | 6 | **4 713 870** | **6 697 060** |
| | | | |
| **SUM OMLØPSMIDLAR** | | **4 713 870** | **6 697 060** |
| | | | |
| **SUM EIGNELUTAR** | | **8 494 288** | **10 720 696** |

**Stiftinga Sunnmøre Museum**
BALANSE PR. 31.12

| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | **Note** | **2012** | **2011** |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital oppstart | | 200 000 | 200 000 |
| Eigenkapital opptent | | 3 543 982 | 3 358 921 |
| **SUM EIGENKAPITAL** | 7 | **3 743 982** | **3 558 921** |
| Langsiktig Gjeld | 10 | 0 | 652 813 |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **652 813** |
| Leverandørgjeld | | 1 095 059 | 1 164 754 |
| Skuldig offentlege avgifter | | 921 917 | 981 852 |
| Anna kortsiktig gjeld | 11 | 2 733 330 | 4 362 356 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **4 750 306** | **6 508 962** |
| **SUM GJELD** | | **4 750 306** | **7 161 775** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **8 494 288** | **10 720 696** |

Ålesund 26.februar 2013

Direktør
Gunnar Braaten

Styreleiar
Ragna Dahl Grønnevet

Styrenestleiar
Jørgen Holte

Styremedlem
Kirsti Indreeide

Styremedlem
Eldar Høidal

Styremedlem
Anne Dyb Liaaen

Styremedlem
Bjørn Nedreskodje

Styremedlem
Robert Voldnes

STIFTINGA SUNNMØRE MUSEUM

# NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2012

## Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.
Desse prinsippa er brukt:

Salsinntekter resultatførest ihht oppteningsprinsippet, når vara er levert eller tenesten er utført.
Driftstilskot vert bruttoført. Detter inneber at driftstilskota blir periodisert og inntektsført over heile driftsåret.
Tilskot til kjøp av samlingar og tilskot til kjøp av aktiverte eigedelar blir nettoført i balansen
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell innan eit år etter balansedato.
Varer blir verdsett til lågaste verdi av innkjøpsprisen etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi.
Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande verdi etter frådrag for avsetjing til tap
Varige driftsmidlar er i balansen vurdert til kostpris, og blir avskrevne lineært over den økonomiske levetida.

Det gjerast oppmerksam på at SSM i 2012 har 12 museumseiningar, medan det i 2011 var 13.

## Note 2 - Ordinære Offentlege Driftstilskot

| | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Kulturdepartementet | 12 526 000 | 12 149 000 |
| Fiskeridepartementet | 1 041 666 | 1 041 666 |
| Møre og Romsdal Fylkeskommune | 5 195 200 | 5 031 000 |
| Kommunane | 3 284 000 | 3 413 000 |
| **Sum** | **22 046 866** | **21 634 666** |

## Note 3 - Driftsmidlar/Samlingar

| | Bygg/Anlegg | Samlingar | Inv. /Utstyr | **SUM** |
|---|---|---|---|---|
| Innkjøpskostnad 01.01. | 35 808 655 | 4 595 799 | 727 816 | 41 132 270 |
| Årets tilgang | 3 800 322 | | 387 901 | 4 188 223 |
| Årets avgang | | | | 0 |
| Akk.avskriv.pr 31.12. | 4 539 565 | | 675 917 | 5 215 482 |
| Inv.tilskot ført til frådrag 01.01 | 30 002 415 | 3 611 188 | | 37 413 925 |
| Årets inv.tilskot ført til fradrag | 3 800 322 | | | |
| Bokført verdi pr 31.12. | 5 066 997 | 984 611 | 439 800 | **2 691 086** |
| Årets avskriving | 282 450 | 0 | 122 725 | **405 175** |
| Årets avskriving i % | 5 % | 0 % | 10 og 20 % | |

Årets tilgang og årets investeringstilskot ført til fradrag gjeld oppføring av båthus.

## Note 4 - Fordringar

| | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Fordringar som forfell seinare enn eitt år: | 0 | 0 |
| Kundefordringar | 188 492 | 220 893 |
| Tilskot offentlege | 90 000 | 0 |
| Avsetting til tap på fordringar | -25000 | -25000 |
| **Sum fordringar** | **253 492** | **195 893** |

Note 5 - Forskot og Interim

| | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Forskotsbetalt kostnad | 526 279 | 348 865 |
| Forskotsbetalt forsikring | 22 750 | 425 039 |
| Anna fordring | 150 000 | 193 206 |
| **Sum forskot / Interim** | **699 029** | **967 110** |

Note 6 - Bankinnskot og bundne midlar

| | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Omløpsmidlar; bankinnskot og kasser | 4 713 870 | 6 697 060 |

Pr 31.12.2012 har SSM bundne midlar med kr **628 035,-**.
Skuldig skattetrekk pr 31.12.2012 utgjer kr 609 927,-.
Det ligg i tillegg foreløpige restriksjonar på kr 18 408,- som er relatert til "Havfiskeflåtens Utvikling".

Note 7 - Eigenkapital

| | Eigenkapital 31.12 | Eigenkapital 0101 |
|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL INNSKOT** | 200 000 | 200 000 |
| **EIGENKAPITAL OPPTENT** | 3 543 982 | 3 358 921 |
| **SUM EIGENKAPITAL** | 3 743 982 | 3 558 921 |

Note 8 - Tilsatte, godtgjørelser m.v.

Det er registrert følgende lønnskostnader for stiftinga dei siste to åra:

| | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Løn/ Honorar | 14 885 115 | 14 215 993 |
| Arbeidsgjevaravgift | 2 381 861 | 2 237 364 |
| Refusjonar frå NAV | -347 923 | -457 652 |
| Pensjonkostnader | 2 184 964 | 1 943 267 |
| Ekstraordinær Pensjonskostnad | 365 980 | |
| Sosiale kostnader/Forsikringar | 395 460 | 465 821 |
| Sum lønskostnader | 19 865 457 | 18 404 793 |
| Gjennomsnittleg tal på årsverk | 44 | 36 |
| Sjukefråvær | 4,90 % | 6,50 % |

**Ytingar til leiande personar:**
Det er i 2012 utbetalt kr **664 296** i løn til direktør, og kr **5 295** i anna godtgjersle.
Direktør har og dekket mobiltelefon.
Det er avsett kr 156 700 til honorar til SSM sitt styre.

**Tenestepensjon**
SSM kjøper si tenestepensjonsording i Storebrand Livsforsikring AS. Ordninga heiter **"OFFENTLEG TENESTEPENSJON"** og vilkåra samsvarar med det offentleg tilsette har.
Ordninga vart sett i verk frå 01.01.2003, og ved utgangen av 2012 var det 65 personer med i ordninga.

| | | |
|---|---|---|
| Samla pensjonspremie i 2012 : | kr | 2 591 830,- |
| Premiefond pr 31.12.2012 : | kr | 733 236,- |
| Avkastning frå fondet i 2012: | kr | 26 969,- |

**Honorar for revisjon:**
Det er for 2012 kostnadsført kr **87 000** i revisjonshonorar.

## Note 9 - Pantsettingar

Riksantikvaren har pant i fiskekuttaren " HELAND" som sikkerheit for overførte tilskot.
Bokført verdi av båten utgjer etter frådrag for tilskot kr 585 578,-.

## Note 10 - Langsiktig Gjeld

| | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Lån i Sparebanken Møre | 0 | 652 813 |

## Note 11 - Anna Kortsiktig Gjeld

| | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Påleggstrekk | | -8 000 |
| Løn skuldig | | 25 419 |
| Feriepengar skuldig | 1 476 296 | 1 530 228 |
| Påløpt kostnad | 322 738 | 399 212 |
| Tilskot Ny Båthall | | 1 397 229 |
| Tilskot eksterne Prosjekt | 934 296 | 1 010 269 |
| **Sum** | **2 733 330** | **4 354 357** |

# STIFTINGA SUNNMØRE MUSEUM
## STYRET SI ÅRSMELDING 2012

Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) driv museumsverksemd og er regionmuseum for Sunnmøre. Museet har hovudsete i Borgundgavlen i Ålesund. Ved utgangen av 2012 omfatta regionmuseet 12 museumseiningar.

SSM mottar driftstilskot frå det offentlege, men har òg eigne inntekter. Museet utviser streng budsjettkontroll, og har eit driftsnivå som er tilpassa tilgjengelege midlar. I 2012 har styret hatt seks møte, og handsama til saman 47 saker. Styret har dessutan vore samla til eit to-dagars styreseminar.

Reglar og instruksar for internkontroll er vidareutvikla. Det er ikkje rapportert om skadar på arbeidsplassen. Sjukefråveret har vore 5.09 % av total arbeidstid.

SSM arbeider konsekvent for at det ikkje skal vere skilnad på personalet grunna kjønn. Av museet sine 46 tilsette, er 21 kvinner. Verksemda si drift forureinar ikkje det ytre miljø utover det som må sjåast som naturleg for denne type verksemd.

Styret prioriterer å ha fast tilsette ved dei ulike avdelingane. Samstundes vert det lagt vekt på å leggje til rette for samarbeidsprosjekt mellom avdelingane. Det viktigaste samarbeidstiltaket i året som gjekk, var førebuinga til nasjonaljubileet i 2014. Dette såkalla «Prosjekt 2014» har tre ulike satsingsområde: Det første er ferdiggjering av utstilling og formidlingstilbod ved Fyrmuseet i Dalsfjorden. Utstillinga, om fyr og fyrbygging, vart opna den 8. november. Samstundes har det vore arbeidd med utvikling av formidlingstilbod omkring den innsatsen fyrbyggarane gjorde for å knyte Norskekysten saman.

Det andre satsingsområdet er registrering og formidling av maritime kulturminne langs Flåværleia. Arbeidet med Flåværleia, som er eitt av dei representative områda i Kystverket sin landsverneplan for maritim infrastruktur, skal vere SSM sitt bidrag til Kystverksmusea sin felles nettportal, Kystreise.no.

Den tredje satsinga er etablering av ny formidling ved Middelaldermuseet i Borgundkaupangen. Ei ny utstilling skal gi større innsikt i, og ei djupare forståing av, historia til denne aller først byen på våre kantar av landet.

Arbeidet med faglege handlingsplaner er vidareført i 2012. Dette året har det vore lagt vekt på i få på plass sikringsplanar, både på overordna nivå, og for dei ulike avdelingane.

Det nye verne- og formidlingsbygget, som huser Borgundknarren, Kvalsundskipet og Fjørtoftbåten, stod ferdig i juni, og vart offisielt opna den 13. august. Det er midlar frå Stiftelsen Kjell Holm og frå Sparebanken Møre som har gjort det mogleg å få dette praktbygget på plass.

SSM hadde 80 980 besøkjande i 2012. Dette er ei lita auke frå året før, og syner at musea innafor SSM-paraplyen jamt over har klart å halde fast ved den gode utviklinga i besøkstala dei seinaste åra.

I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det med dette stadfesta at føresetnadene for framleis drift er til stades og lagt til grunn ved framlegging av årsrekneskapen.

Rekneskapen for 2012, etter avskriving, syner eit årsresultat på kr. 185 062,-. Styret kjenner ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på museet sin rekneskap. Det har ikkje inntreffe tilhøve etter rekneskapsåret sin slutt som har innverknad på rekneskapen.

Borgundgavlen, den 26. februar 2013.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ragna Dahl Grønnevet<br>Styreleiar | Jørgen Holte<br>nestleiar | Anne Dyb Flaaen | Bjørn Nedreskodje |
| Robert Voldnes | Kirsti Indreeide | Ingvill Wille | Ivar Gunnar Braaten |

Til styret i Stiftinga Sunnmøre Museum

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Sunnmøre Museum, som viser eit overskot på kr 185 062. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012, resultatrekneskap, for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

*Styret sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga si interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Stiftinga Sunnmøre Museum per 31. desember 2012, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Fråsegn om andre tilhøve

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

*Konklusjon om forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Ålesund, 27. februar 2013
BDO AS

Erik Langlo-Johansen
Statsautorisert revisor

**Referat frå årsmøtet i Stiftinga Sunnmøre Museum**

Tid: Onsdag 20.mars 2013
Stad: Sunnmøre Museum, Borgundgavlen

Før årsmøtet orienterte prosjektleiar Eivind Dahl om planane for etablering av eit mobilt vitensenter for Møre og Romsdal, med base i Borgundgavlen.

Etter foredraget fekk delegatane servert middag i kafeen, som også var møterommet for sjølve årsmøtet.
Styreleiar Ragna Dahl Grønnevet ønskte velkomen til årsmøtedeltakarane og gav ordet vidare til ordstyrar Helge Håberg, som i 2012 vart valt for to år.

**Sak 01/13 Godkjenning av innkalling. Registrering av møtedeltakarar.**

Det var ingen merknader til innkallinga.

Gjennom opprop vart følgjande registrert som frammøtte:
Kirsti Dale, Ålesund kommune
Helge Håberg, Herøy kommune
Julianne Høistad Aakre, Haram kommune
Arild Ringdal, Stranda kommune
Robert Warberg, Vanylven kommune
Svein Linge, Norddal kommune
Terje Vadset, Skodje kommune
Dag Vaagen, Sande kommune
Dan Helge Bjørneset, Volda kommune
Ewa Hildre, Møre og Romsdal fylke
Magnhild Vatne, Stiftinga Sunnmøre Museum
Dagfinn Ullaland, Stiftinga Sunnmøre Museum
Liv Ingebrigtsen, Aalesunds Museum
Idar Valkvæ, Godøy Kystmuseum
Otto Magne Strømmegjerde, Norsk Møbelfaglig Senter
Anne-Karin Watters, Sykkylven Naturhistoriske Museum
Lars Peder Barstad, Volda Bygdetun
Asgeir Kvernberg, Storfjordens Venner
Kjell Viken, Dalsfjord Fyrmuseum
Jonny Finnes, Sunnmøre Museumslag

**Sak 02/13 Val av referent og to til å skrive under protokollen.**
Magnhild Vatne, tilsetterepresentant, vart vald til referent.
Kirsti Dale og Idar Valkvæ vart vald til å skrive under protokollen.

**Sak 03/13 Val av to til å telle stemmer ved val.**
Ewa Hildre og Svein Linge vart vald til å telle stemmer ved val.

**Sak 04/13. Administrasjon si årsmelding for Stiftinga Sunnmøre Museum.**
Direktør Ivar Gunnar Braaten la fram årsmeldinga. Han peika mellom anna på dei fire hovudområda i museet sitt arbeid – forvaltning, forsking, formidling og fornying. Gjennom felles arbeid med dette er det mogleg å vere desentralisert utan å vere fragmentert. Forvaltninga av samlingane sikrar at gjenstandane, også foto, vert tekne vare på, registrerte og slik gjort tilgjengeleg for alle på nett. Konsolideringa har også lagt til rette for styrking av formidlingsaktiviteten, som no er mangfaldig.
Han peika også på at det overordna i 2014-satsinga er farleia som ein del av nasjonsbygginga. Det vert arbeidd med tre delprosjekt; Dalsfjord fyrmuseum, Flåværsleia og Borgundkaupangen.
Til slutt tok han fram arbeidet med den nye båthallen i Borgundgavlen som eit godt gjennomført prosjekt frå fleire hald.
Årsrapporten vart samrøystes godkjent.

**Sak 05/13 Styret si årsmelding for 2012.**
Styreleiar Ragna Dahl Grønnevet las opp årsmeldinga i sin heilskap.
Årsmeldinga for 2012 vart samrøystes godkjent.

**Sak 06/13 Rekneskap for 2012.**
Økonomiansvarleg Christel Martinussen gjekk gjennom rekneskapen, og svarte på spørsmål undervegs. Økonomien til SSM er sunn.
Det skal leggast ved ein eigen note til årsrekneskapen, vedkomande bruk av avsetningar.
Rekneskap for 2012 vart samrøystes godkjent.

**Sak 07/13 Val av leiar, nestleiar, styremedlemer og varamedlemer.**
Arne Tunheim la fram valkomiteen si innstilling til val av nytt styre.

Følgjande styremedlemer var på val:
Styremedlem Jørgen Holte
Styremedlem Robert Voldnes
Styremedlem Kirsti Indreeide

Valkomitteen si innstilling:
Styremedlem Jørgen Holte (attval)
Styremedlem Robert Voldnes (attval)
Styremedlem Kirsti Indreeide (attval)
Alle vart samrøystes vald.

Valkomiteen si innstilling til styreleiar og nestleiar:
Styreleiar Ragna Dahl Grønnevet
Nestleiar Jørgen Holte
Samrøystes vald etter valkomiteen si innstilling.

Valkomiteen si innstilling til varamedlemer var:
1. Monica Linge Marcelli, Ålesund (ny)
2. Bodil Skare, Sæbø (attval)
3. Marit Ulstein Farstad, Brattvåg (attval)

Ingen andre forslag kom opp. Forslag frå valkomiteen vart samrøystes vedteke. Styremedlemer veljast for ein periode på to år, styreleiar og varamedlemer veljast for ein periode på eitt år.

**Det nye styret for Stiftinga Sunnmøre Museum ser slik ut:**
Styreleiar: Ragna Dahl Grønnevet, Ålesund
Nestleiar: Jørgen Holte, Volda
Styremedlem: Robert Voldnes, Fosnavåg
Styremedlem: Kirsti Indreeide, Norddal
Styremedlem: Anne Dyb Liaaen, Ålesund
Styremedlem: Bjørn Nedreskodje, Skodje

Varamedlemer:
1. Monica Linge Marcelli, Ålesund
2. Bodil Skare, Sæbø
3. Marit Ulstein Farstad, Brattvåg

**Sak 08/13 Val av revisor. Godtgjersle til revisor, v/styreleiar.**
Styret foreslår at årsmøtet gjer attval av BDO som revisor for SSM. Godtgjersle etter rekning.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Sak 09/13 Godtgjersle til tillitsvalde.**
Arne Tunheim la fram valkomiteen si innstilling til godtgjersle for tillitsvalde i 2013.
Innstillinga var slik:

| | |
|---|---|
| Styreleiar: | 38 000 kr pr år |
| Nestleiar: | 28 000 kr pr år |
| Styremedlemer: | 18 500 kr pr år |
| Varamedlemer: | 380 kr pr time + to timar ekstra til førebuingar |
| Felles: | Reisegodtgjersle etter staten sine satsar |

Framlegget frå valkomiteen vart samrøystes vedteke av årsmøtet.

**Sak 10/13 Val av valkomite med leiar og to andre medlemer**
Valkomiteen består av:
Arne Tunheim, Godøy, leiar
Linda Strand Kjerstad
Henry Jøsokbakke, Herøy
Valkomiteen vart samrøystes attvald.

Avslutning

Det var elles ingen kommentarar eller merknadar frå årsmøtelyden. Ordstyrar avslutta årsmøtet med å takke for frammøtet.

Styreleiar Ragna Dahl Grønnevet avslutta møtet med å takke for tilliten.

Magnhild Vatne
ref.

Idar Valkvæ

Kirsti Dale

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Kommunestyret

Frå: Rådmannen

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2012/664 | Q12 | 26.06.2013 |

## BESTILLING AV ARKEOLOGISK UTGRAVING - INNFARTSVEG FRÅ MYKLEBUST TIL CAMPUS.

### Reguleringsplan.

Reguleringsplan for Innfartsveg til Fosnavåg vart godkjent i kommunestyret 25/4-2013. Vedtak om godkjend plan er kunngjort på vanleg måte og det er kome inn ei klage til planen innan klagefristen. Klagen er fremja av Norsk ornitologisk foreining og klagen vert handsama i løpet av hausten 2013.

I reguleringsplanen for Innfartsvegen er det tatt inn rekkjefølgje bestemmelsar som krev at arkeologiske funn innan planområdet skal undersøkjast før ein kan realisere vegen.

### Riksantikvaren sine krav.

I første omgang tek ein sikte på å realisere delarm frå Myklebust til Campus området og innan denne delarma er der to lokalitetar som må undersøkjast. Riksantikvaren legg opp til ein todelt- undersøkelse for å sikre ein mest mogleg målretta og ressurseffektiv undersøking.

Etter Riksantikvaren sine beregningar vil ein full undersøkelse av dei 2 lokalitetane vere i storleik kr 3 825 000 (2013 kroner), men kostnadane kan verte vesentleg mindre dersom den første undersøkelsen avdekkjer at det ikkje er grunnlag for å ta ei full «utgraving». Ein viser ellers til Riksantikvaren sitt brev datert 14.06.2013 med budsjett og prosjektplan.

### Økonomi.

I sak 33/12 i komite for næring, kultur og idrett vart det løyvd 10,0 mill. kr frå RDA midlane til innfartsveg Fosnavåg. Søknaden la til grunn at løyvinga gjaldt bygging av delarm frå Myklebust til Campus området.

Kommunen har no inngått grunnkjøpsavtaler innanfor reguleringsplanen for Innfartsveg i det omsøkte området og forhandlingsresultatet viser ein kvadratmeterpris (m2) på kr 187,50. Arealet som vert innløyst til innfartsveg utgjer ca 22000 m2 til ein kostnad på ca 4,2 mill kr. Ein har lagt til grunn at grunnkjøpskostnadar skulle dekkjast av løyvingar frå RDA.

Rådmannen vurderer det vidare til at kostnadar med naudsynte arkeologiske registreringar for å få bygd vegen til Campus området og ligg innanfor løyvingane som er gjeve i sak 33/12 frå komite for næring, kultur og idrett . Ein legg derfor til grunn at arkeologiske undersøkelsar vert dekt av desse midlane inntil kr 3 825 000.-.

Sidan arkeologiske registreringskostnadar ikkje er direkte nemnt i løyvinga frå komite for næring, kultur og idrett ber Rådmannen om tilbakemelding frå kommunestyret om naudsynte arkeologiske registreringar ligg innanfor løyvingane som er gjeve i sak 33/12.

Med omsyn til arkeologiske registreringar har kommunen tidlegare bedt om at Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer desse undersøkelsane. Fylkestinget har med vedtak den 19 juni 2013 sak 41/13 avslått ein slik søknad med følgjande vedtak:

***Vedtak i fylkestinget - 19.06.2013***

*Møre og Romsdal fylkeskommune finn ikkje å kunne gå inn med økonomisk støtte til arkeologiske utgravingar i samband med ny innfartsveg til Fosnavåg, så lenge dette ikkje er eit prioritert vegprosjekt for fylkeskommunen.*

*Alle kostnader knytt til prosjektet vert å rekne som ein del av kommunen sitt bidrag i tilknyting til den samla realiseringa av ny innfartsveg til Fosnavåg.*

*Prioritering av vidare framdrift for FV654 Innfartsveg til Fosnavåg blir å kome tilbake til ved seinare oppdatering av investeringsprogrammet for fylkesvegar.*

## Framdrift.

Rådmannen har vore i dialog med Riksantikvaren med omsyn til å få iverksetje undersøkelsane snarast råd. Riksantikvaren melder tilbake at dei legg vekt på at dette tiltaket har stor samfunnsmessig betydning og vil prioritere dette arbeidet. Pga. sterk oppdragsmengde må dei likevel ha svar innan 2 juli 2013 om dei skal ta til på arbeidet. Arbeidet (fase 1) kan gjennomførast iløpet av sommaren eller tidleg haust 2013. Dersom det vert krevd full undersøkjelse tek Riksantikvaren sikte på å vere ferdig før mai 2014.

## Konklusjon:

Ein ber om tilbakemelding på om ein kan bestille arkeologisk undersøkjelsar som vist ovanfor og at desse kostnadane kan dekkast av tidlegare løyving, jfr. sak 33/12 i komite for næring, kultur og idrett .

Med helsing

Rådmannen

SAKSHANDSAMAR
Jostein Gundersen

VÅR REF.
12/02221-8

DYKKAR REF.

ARK. P - Plansaker

312 Herøy kom. - MR

INNVALSTELEFON
98202848

DYKKAR DATO

VÅR DATO
14.06.2013

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2012/664 Saksbeh. JMM
13 JUNI 2013
Ark.kode P Q12
Ark.kode S
J.nr Dok.nr. 7
Kassasiar

**Realisering av reguleringsplan for Fv 654 Ny innfartsveg til Fosnavåg, Herøy kommune, Møre og Romsdal.**
**Vedtak om utgifter til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 10 første ledd**

Vi syner til dykkar e-post til Møre og Romsdal fylkeskommune av 26. april som gjeld gjennomføring av arkeologisk utgraving av automatisk freda kulturminne, id 109889 og 109890 på gnr 37 bnr 5, Bostad, i Herøy kommune. Vi syner og til Universitetsmuseet i Bergen sin oversending av 12. juni til Riksantikvaren, med forslag til prosjektplan og budsjett for dei arkeologiske undersøkingane.

Saka gjeld realisering av tiltak innafor stadfesta reguleringsplan for Fv 654 Ny innfartsveg til Fosnavåg i Herøy kommune. Reguleringsplanen vart stadfesta av Herøy kommune 25. april, med m.a. følgjande reguleringsføresegner:

> *§ 10 Rekkefølgjekrav*
> *Før utbygging av ny innfartsveg frå eksisterande FV 654 til rundkøyring før tunnellinnslag og vidare samanknyting med Campus Fosnavåg skal det gjennomførast arkeologiske undersøkingar av dei automatisk freda kulturminna id 109889 og 109890 på gnr. 37 bnr. 5 i planområdet. På plankartet er desse merka **rpBO** med slike ID nr: rpBO-109889 og rpBO-109890.*

Kostnader til særskilt gransking av automatisk freda kulturminner som nemnt i kulturminnelova § 8 skal dekkjast av tiltakshavar. Dette følgjer av kulturminnelova § 10 første ledd første punktum. Det er Riksantikvaren som fattar vedtak om omfanget av ei slik gransking, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv etter kulturminnelova § 12 nr. 1.

Universitetsmuseet i Bergen har utarbeidd forslag til prosjektskildring og omfang/kostnader for arkeologisk gransking av kulturminna. Riksantikvaren har vurdert forslaget, og sluttar seg til dette. Det er ein del usikkerhet knytt til omfanget av eit kulturlag på den eine av lokalitetane (id 109889, også omtalt som lok 2), og Universitetsmuseet i Bergen legg derfor opp til ei to-trinns undersøking av denne for å sikre at undersøkinga blir mest mogleg målretta og ressurseffektiv.

**Vedtak:**

> *I medhald av kulturminnelova § 10 første ledd første punktum og reguleringsføresegnene § 10 i reguleringsplan for Fv 654 Ny innfartsveg til Fosnavåg, fastsetter Riksantikvaren at Herøy*

*kommune, ved realisering av tiltak etter reguleringsplanen på gnr 37, bnr 5, skal koste den naudsynte arkeologiske granskinga av id 109889 og 109890, jf. vedlagte prosjektplan datert xx. Granskinga kjem på maksimalt kr 3 825 000,-, (2013 kroner og satsar)jf. vedlagt budsjett.*

**Klagehøve**
